



DET KONGELEGE BARNE-  
OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENT

# Prop.1 S

(2016–2017)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

---

**FOR BUDSJETTÅRET 2017**

Utgiftskapitler: 800–873, 2530

Inntektskapitler: 3842, 3847, 3855, 3856, 3858



# Innhald

<b>Del I</b>	<b>Innleiande del</b> .....	9	Kap. 3847 EUs ungdomsprogram .....	67
			Kap. 848 Barneombodet .....	67
<b>1</b>	<b>Hovudmål og politiske prioriteringar</b> .....	11	<i>Programkategori 11.20 Barnevernet</i> .....	70
1.1	God og effektiv forvaltning .....	12	Kap. 853 Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker .....	87
1.2	Trygge rammer for familiare .....	12	Kap. 3853 Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker .....	88
1.3	Eit samfunn med like mogleg- heiter og utan diskriminering .....	14	Kap. 854 Tiltak i barne- og ungdoms- vernet .....	88
1.4	Gode oppvekst- og levekår for barn og ungdom .....	15	Kap. 855 Statleg forvaltning av barne- vernet .....	91
1.5	Utsette barn og ungdom får omsorg, tryggleik og høve til utvikling .....	15	Kap. 3855 Statleg forvaltning av barne- vernet .....	93
1.6	Ei sterk stilling for forbrukarane ..	17	Kap. 856 Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar .....	94
<b>2</b>	<b>Oversikt over budsjett- forslaget</b> .....	18	Kap. 3856 Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar .....	94
2.1	Forslag til utgifter og inntekter fordelte på kapittel og post- grupper .....	18	Kap. 858 Barne-, ungdoms- og familie- direktoratet .....	95
2.2	Postar med stikkordet kan overførast .....	21	Kap. 3858 Barne-, ungdoms- og familie- direktoratet .....	96
2.3	Meirinntektsfullmakter .....	22	<i>Programkategori 11.30 Forbrukarpolitikk</i> .....	97
<b>3</b>	<b>Oppmodingsvedtak</b> .....	23	Kap. 860 Forbrukarrådet .....	109
<b>Del II</b>	<b>Nærmare om budsjett- forslaget</b> .....	25	Kap. 862 Positiv miljømerking .....	110
			Kap. 865 Forbrukarpolitiske tiltak .....	110
<b>4</b>	<b>Nærmare om budsjett- forslaget</b> .....	27	Kap. 867 Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukartvistutvalet .....	112
			Kap. 868 Forbrukarombodet .....	112
<b>Programområde 11</b> .....		27	Kap. 3868 Forbrukarombodet .....	115
<i>Programkategori 11.00 Administrasjon</i> .....		27	<i>Programkategori 11.40 Likestilling og ikkje-diskriminering</i> .....	116
Kap. 800 Barne- og likestillings- departementet .....		30	Kap. 870 Sekretariatet for Likestillings- og diskrimineringsnemnda .....	126
Kap. 3800 Barne- og likestillings- departementet .....		31	Kap. 871 Likestilling og ikkje- diskriminering .....	127
<i>Programkategori 11.10 Familie og oppvekst</i> ...		32	Kap. 872 Nedsett funksjonsevne .....	130
Kap. 840 Tiltak mot vald og overgrep .....		54	Kap. 873 Likestillings- og diskrimine- ringsombodet .....	132
Kap. 841 Samliv og konfliktløysing .....		56	<b>Programområde 28</b> .....	135
Kap. 842 Familievern .....		58	<i>Programkategori 28.50 Stønad ved fødsel og adopsjon</i> .....	135
Kap. 3842 Familievern .....		59	Kap. 2530 Foreldrepengar .....	138
Kap. 843 Adopsjonsstønad .....		59		
Kap. 844 Kontantstøtte .....		60		
Kap. 845 Barnetrygd .....		61		
Kap. 846 Familie og oppvekst .....		62		
Kap. 847 EUs ungdomsprogram .....		67		

<b>Del III</b>	<b>Omtale av særlege tema</b> .....	141	<b>7</b>	<b>Forenklingsarbeid, modernisering, effektivisering og betre gjennomføringskraft</b> ..	154
<b>5</b>	<b>Likestilling i budsjettet og oppfølging av aktivitets- og rapporteringspliktene</b> .....	143	<b>8</b>	<b>Omtale av klima- og miljø-relevante saker</b> .....	156
5.1	Familie- og oppvekstområdet .....	143	8.1	Omtale av klima- og miljø-relevante saker på forbrukarområdet .....	156
5.2	Barnevernsområdet .....	144	8.2	Mål for det vidare arbeidet på forbrukarområdet .....	156
5.3	Status i departementet og dei underliggjande verksemdene for 2015 .....	144	<b>9</b>	<b>Arbeid med menneskerettar</b> ...	157
5.4	Barne- og likestillingsdepartementet .....	148	<b>10</b>	<b>Oppfølging av FNs berekraftsmål</b> .....	159
5.5	Barne-, ungdoms- og familie-etaten (Bufetat) .....	149	<b>11</b>	<b>Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemdar</b> .....	162
5.6	Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker .....	149	11.1	Likestillings- og diskrimineringsombodet .....	162
5.7	Forbrukarombodet .....	149	11.2	Forbrukarrådet .....	166
5.8	Barneombodet .....	150	<b>Forslag</b> .....	170	
5.9	Likestillings- og diskrimineringsombodet .....	150			
5.10	Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukartvistutvalet .....	150			
5.11	Sekretariatet for Likestillings- og diskrimineringsnemnda .....	151			
5.12	Andre kommentarar til omtalen ...	151			
<b>6</b>	<b>Forsking og utvikling</b> .....	152			

## Oversikt over bokser

Boks 1.1	Regjeringa si hovudsatsing på familie- og oppvekstområdet vil i 2017 vere å .....	14	Boks 1.4	Regjeringa si hovudsatsing på barnevernsområdet vil i 2017 vere å .....	16
Boks 1.2	Regjeringa si hovudsatsing på likestillings- og diskrimineringsområdet i 2017 vil vere å .....	14	Boks 1.5	Regjeringa si hovudsatsing på forbrukarområdet vil i 2017 vere å .....	17
Boks 1.3	Regjeringa si hovudsatsing på barne- og ungdomsområdet vil i 2017 vere å .....	15			

## Figuroversikt

Figur 4.1	Prosentdel barn med kontantstøtte. Fylkesvise tal. ....	34
-----------	---	----

## Tabelloversikt

Tabell 3.1	Oversikt over oppmodingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer .....	23	Tabell 5.6	Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker (deltid, tilsettingsforhold, permisjon, legemeldt sjukefråvær, kjønn) per 31.12.2015. Prosent. ....	146
Tabell 4.1	Barn med kontantstøtte. Månadlege gjennomsnitt .....	34	Tabell 5.7	Forbrukarombodet (kjønn, lønn, stilling) per 31.12.2015. Prosent og tal (N). ....	146
Tabell 4.2	Barn som får bidrag/forskot på bidrag gjennom det offentlege, etter alder og storleiken på det gjennomsnittlege bidraget (kroner) .....	39	Tabell 5.8	Forbrukarombodet (deltid, tilsettingsforhold, permisjon, legemeldt sjukefråvær, kjønn) per 31.12.2015. Prosent. ....	147
Tabell 4.3	Aktiviteten ved kritesentera 2011–2015 .....	45	Tabell 5.9	Barneombodet (kjønn, lønn) per 31.12.2015. Prosent og tal (N). ....	147
Tabell 4.4	Incestsentera. Talet på brukarar fordelt på kvinner og menn i perioden 2011–2015 ..	46	Tabell 5.10	Barneombodet (deltid, tilsettingsforhold, permisjon, legemeldt sjukefråvær, kjønn) per 31.12.2015. Prosent. ....	147
Tabell 4.5	Talet på barn med rett til stønad i 2015. Prognosar for 2016 og 2017 .....	60	Tabell 5.11	Likestillings- og diskrimineringsombodet (kjønn, lønn, stilling) per 31.12.2015. Prosent og tal (N). ....	147
Tabell 4.6	Forslag til satsar for kontantstøtte i 2017 (kroner) .....	61	Tabell 5.12	Likestillings- og diskrimineringsombodet (deltid, tilsettingsforhold, permisjon, legemeldt sjukefråvær, kjønn) per 31.12.2015. Prosent. ....	148
Tabell 4.7	Forslag til satsar for barnetrygd for 2017 (kroner) .....	61	Tabell 5.13	Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukartvistutvalet (kjønn, lønn) per 31.12.2015. Prosent og tal (N). ....	148
Tabell 4.8	Talet på barn med rett til barnetrygd i 2015. Prognosar for 2016 og 2017 .....	61	Tabell 5.14	Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukartvistutvalet (deltid, tilsettingsforhold, permisjon, legemeldt sjukefråvær, kjønn) per 31.12.2015. Prosent. ....	148
Tabell 4.9	Talet på stønadsmottakarar i 2015. Prognosar for 2016 og 2017 .....	62	Tabell 11.1	Utgifter og inntekter etter art ....	162
Tabell 4.10	Fødslar og bruk av foreldrepengeordninga 2012–2015 .....	136	Tabell 11.2	Inntekter etter inntektskjelde ...	164
Tabell 5.1	Barne- og likestillingsdepartementet (kjønn, lønn, stilling) per 31.12.2015. Prosent og tal (N). ....	144	Tabell 11.3	Kontantbeholdninga til verksemda per 31. desember med spesifikasjon av dei formåla kontantbeholdningane skal nyttast til .....	165
Tabell 5.2	Barne- og likestillingsdepartementet (deltid, tilsettingsforhold, permisjon, legemeldt sjukefråvær, kjønn) per 31.12.2015. Prosent. ....	145	Tabell 11.4	Utgifter og inntekter etter art ....	166
Tabell 5.3	Barne-, ungdoms- og familie-etaten (kjønn, lønn, stilling) per 31.12.2015. Prosent og tal (N). ....	145	Tabell 11.5	Inntekter etter inntektskjelde ...	168
Tabell 5.4	Barne-, ungdoms- og familie-etaten (deltid, tilsettingsforhold, permisjon, legemeldt sjukefråvær, kjønn) per 31.12.2015. Prosent. ....	145	Tabell 11.6	Kontantbeholdninga til verksemda per 31. desember med spesifikasjon av dei formåla kontantbeholdningane skal nyttast til .....	169
Tabell 5.5	Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker (kjønn, lønn, stilling) per 31.12.2015. Prosent og tal (N). ....	146			





DET KONGELEGE BARNE-  
OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENT

# Prop. 1 S

(2016–2017)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

---

**FOR BUDSJETTÅRET 2017**

Utgiftskapitler: 800–873, 2530

Inntektskapitler: 3842, 3847, 3855, 3856, 3858

*Tilråding frå Barne- og likestillingsdepartementet 16. september 2016,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*





*Del I*  
*Innleiande del*



## 1 Hovudmål og politiske prioriteringar

Barne- og likestillingsdepartementet (BLD) har eit overordna ansvar for familie og samliv, barn og unges oppvekst og levekår, barnevern, likestilling, ikkje-diskriminering og forbrukarinteresser.

Regjeringa har som mål å skape trygge rammer for familiane og for barns oppvekst. Regjeringa vil at alle barn og unge skal kunne delta i samfunnet, uavhengig av bakgrunnen og livssituasjonen til foreldra eller kvar i landet dei bur. Det er òg viktig at barn og unge får høve til å delta og ha innverknad, både i samfunnet og i eigne liv.

Barn og ungdom skal ha trygge og gode liv. Ingen barn skal oppleve vald og overgrep. Vald og overgrep i nære relasjonar er eit alvorleg samfunns- og folkehelseproblem. Omfattande tiltak er allereie sett i gang i denne regjeringsperioden, men det er fortsatt store utfordringar på dette feltet. Regjeringa vil vidareføre og styrkje innsatsen for å førebyggje og kjempe mot vald i nære relasjonar og styrkje varetakinga av barn utsett for vald og overgrep. Hausten 2016 legg regjeringa derfor fram ein opptrappingsplan mot vald og overgrep i ein eigen proposisjon til Stortinget. Regjeringa vil leggje til rette for ei styrking av skulehelsetenesta og helsestasjonane, og styrkje behandlingstilbodet til valdsutsette og til unge overgripingar, kompetansen i tenestene, det foreldrestøttande arbeidet i kommunane, Statens barnehus, dialoggrupper i mottak, offeromsorg samt kunnskapsutvikling på feltet. Vidare vil regjeringa styrkje tilskotet til Stine Sofie Senteret og innsatsen mot mobbing. Regjeringa vil òg understreke det tydelege ansvaret offentleg sektor har for å avdekke vald og overgrep.

Den norske offentlegheita har blitt kjent med mange alvorlege sakar der barn og ungdom har vore utsett for grov vald, seksuelle overgrep og alvorleg omsorgssvikt. Eit spørsmål er korleis tenesteapparatet kunne ha førebygd og forhindra slike tilfelle. Eit utval som skal gå gjennom slike sakar blei satt ned i 2015, og skal etter planen levere si utgreiing innan sommaren 2017.

I det førebyggjande arbeidet er det viktig med sektorovergripande samhandling og kunnskapsutveksling. Der familien ikkje strekk til, har samfunnet ei plikt til å gi barn og unge trygge og gode omsorgstilbod og oppvekstvilkår. Det er eit viktig

mål for regjeringa at barnevernet over heile landet skal kunne gi rett hjelp til utsette barn og unge tidleg. Barnevernet og familievernet skal saman med kommunale tenester førebyggje før situasjonen blir alvorleg.

Den historiske satsinga på familievernet under denne regjeringa har auka kapasiteten til å drive førebyggjande arbeid i samarbeid med kommunale familieretta tenester. I 2017 skal det arbeidast vidare med å utvikle og etablere eit tilbod i familievernet til valdsutsette barn og familiar og til unge og vaksne valdsutøvarar.

Arbeidet med å implementere programmet *Nurse Family Partnership*, med tidleg intervensjon for førstegongsforeldre som treng ekstra oppfølging, held fram i 2017.

Alle barn og unge i Noreg som treng hjelp på grunn av forhold som kan skade helse og utvikling, skal få nødvendig hjelp og omsorg. Barnevernet skal møte barn og foreldre på ein omsorgsfull måte. Det er kommunane som best kjenner behova til det enkelte barnet. Overføring av oppgåver frå staten til kommunane kan derfor bidra til betre kvalitet i tenestetilbodet.

Regjeringa tek våren 2017 sikte på å leggje fram ein proposisjon om ei kvalitets- og strukturreform for barnevernet, med mål om å styrkje arbeidet med utsette barn og familiar i kommunane og med mål om å gi kommunane betre moglegheter og sterkare insentiv til å byggje opp førebyggjande, tverrfaglege og tilpassa tilbod. Reforma vil innehalde endringar i ansvarsdelinga mellom stat og kommune og særskilde kvalitets- og kompetansetiltak som skal gi barn og familiar betre og meir samordna tenester.

Dei fleste barn i Noreg veks opp i trygge familiar med gode økonomiske vilkår. Samtidig er det familiar som fell utanfor på grunn av dårlege levekår, svak økonomi eller begge delar. Dette rammar barna. Det er nødvendig med ein brei og samordna innsats for å motverke barnefattigdom. Det er utarbeida indikatorar slik at kommunane skal få meir kunnskap om omfang og utvikling av barnefattigdom. På barnefattigdomsfeltet har det gjennom fleire år vore tilskotsordningar for ferie- og fritidstiltak. Desse ordningane er styrkte i takt med utvik-

linga på barnefattigdomsområdet. Løyvinga til den nasjonale tilskotsordninga mot barnefattigdom er no på eit historisk høgt nivå. Løyvinga er auka med om lag 85 prosent i regjeringsperioden.

Regjeringa la i 2015 fram ein strategi, *Barn som lever i fattigdom – Regjeringens strategi (2015–2017)*, som er sentral i det vidare arbeidet. Som ei oppfølging av strategien har kommunane, frivillige organisasjonar og staten gått saman om ein felles innsats, *Fritidserklæringa*. Målet er at alle barn, uavhengig av den økonomiske og sosiale situasjonen til foreldra, skal kunne delta regelmessig i ein organisert fritidsaktivitet.

Diskriminering er eit brot på menneskerettane som rammar både den enkelte og samfunnet. Likestilling inneber at individa skal ha like rettar, plikter og moglegheiter på alle område i livet, uavhengig av mellom anna kjønn, alder, etnisitet, religion, seksuell orientering og funksjonsevne. Regjeringa har som mål at både kvinner og menn skal kunne delta fullt ut i arbeidslivet og få brukt og utvikla evnene sine på ulike arenaer.

Forbrukarpolitikken skal gi forbrukarane ei sterk stilling i marknaden. Det føreset at forbrukarane har gode rammesvilkår og rettar, at dei har tilgang til gode og effektive system for å løyse tvistar, og at dei får informasjon som gir dei grunnlag for å ta opplyste og ansvarlege val. Regjeringa vil i tråd med dette utvikle gode digitale løysingar for informasjon til forbrukarane, arbeide for gode forbrukarrettar i Noreg og EU, medrekna gode ordningar for å løyse forbrukartvistar utanfor rettsapparatet. Regjeringa vil òg vidareutvikle og effektivisere det forbrukarpolitiske verkemiddelapparatet. Dette skal gi grunnlag for sterkare fagmiljø, betre ressursutnytting og eit betre servicetilbod til forbrukarane.

Forslaget til statsbudsjett 2017 for BLD omfattar programområde 11 Barn og likestilling og programområde 28 Foreldrepengar.

BLD har desse hovudmåla for politikkområda:

1. God og effektiv forvaltning
2. Trygge rammer for familiane
3. Eit samfunn med like moglegheiter og utan diskriminering
4. Gode oppvekst- og levekår for barn og ungdom
5. Utsette barn og ungdom får omsorg, tryggleik og høve til utvikling
6. Ei sterk stilling for forbrukarane

## 1.1 God og effektiv forvaltning

Departementet vil utvikle vidare ei effektiv forvaltning med høg kvalitet gjennom god styring, organisering og drift av sektoren.

Velfungerande og effektive etatar er viktige for å nå måla for sektoren. Departementet har ei målretta styring og oppfølging av underliggjande etatar for å medverke til dette.

BLD har eit samordningsansvar for fleire viktige område som også gjeld andre departement. Ei god samordning er avgjerande for gjennomføringa og resultatane av politikken til regjeringa.

## 1.2 Trygge rammer for familiane

Familiane er dei sterkaste sosiale fellesskapane vi har, og viktige berarar av tradisjon, kultur og læring. Regjeringa vil styrkje familien si stilling i samfunnet. Familien gir rammer kring oppveksten til barn og unge.

Ein god og heilskapleg familiepolitikk legg grunnlaget for livskvalitet og gir helsemessige og samfunnsøkonomiske gevinstar. Familiepolitikken til regjeringa byggjer på at familiane tek dei beste vala sjølve. Familieretta ordningar skal derfor vere fleksible og gi valfridom. Trygge foreldre som meistrar eigne liv gir trygge barn. Familiar som strever skal få rett hjelp til rett tid.

På det familiepolitiske området er hovudsatsinga til regjeringa familievern tenesta. Regjeringa vil bygge politikken for familievern rundt eit prinsipp om førebyggjande arbeid og tidleg innsats for å sikre gode oppvekstsvilkår. Tenesta har fått eit historisk økonomisk løft og er sidan regjeringsskiftet styrkt med over 90 mill. kroner ut frå ei totalramme på knappe 370 mill. kroner i 2013. Fleire behandlarstillingar har redusert ventetida for å få time, tilbodet er blitt meir likeverdig på landsbasis, og kapasiteten i arbeidet mot vald og høgkonflikt er auka. Det utoverretta, førebyggjande arbeidet og samarbeidet med dei kommunale, familieretta tenestene er styrkt. I 2016 blei budsjettet til familievernet auka med 5 mill. kroner for å gi fleire barn tilbod om samtalar i samband med samlivsbrot. Denne innsatsen vil bli ført vidare i 2017.

Arbeidet med å implementere programmet *Nurse Family Partnership*, med tidleg intervensjon for førstegongsforeldre som treng ekstra oppfølging, held fram i 2017.

Barn og ungdom skal ha trygge og gode liv. Ingen barn skal oppleve vald og overgrep. Omfattande tiltak er allereie satt i gang i denne regjeringsperioden. Dette gjeld mellom anna styrking av familievern tenesta sitt valdsarbeid, Alternativ til vold og Statens barnehus. Regjeringa har oppretta nye tilskotsordningar retta mot kommunane til foreldrestøttande arbeid og til utvikling av kommunane sitt arbeid knytt opp mot sårbar familier. Ei

ny tilskotsordning til valdsutsette barn er oppretta, og det er gitt tilskot til Stine Sofie Senteret – eit meistringssenter for valdsutsette barn. Det har òg vore ei stor auke i dei frie inntektane til kommunane begrunna med ei ønskt styrking av helsestasjons- og skulehelsetenesta. I tillegg kjem øyremerkta midler til same område og til rekruttering av psykologar i kommunane. Viktige lovendringar er vedteke, herunder auka strafferamme for grov mishandling i nære relasjonar og utvida høve til å pålegge hjelpetiltak. Regjeringa har òg fremma forslag om å tydeliggjere ansvaret for å avdekkje og avverge vald og overgrep i helse- og omsorgstenesta. Endringar i rammeplanane for lærarutdanningane skal sikre at lærarar får grunnleggjande kompetanse om vald og overgrep og korleis dette kan avdekkast.

Regjeringa vil vidareføre og styrkje innsatsen for å førebyggje og kjempe mot vald i nære relasjonar og styrkje varetakinga av barn som er utsette for vald og overgrep. Hausten 2016 legg regjeringa derfor fram ein opptrappingsplan mot vald og overgrep i ein eigen proposisjon til Stortinget. Regjeringa føreslår ei tverrdepartemental satsing på 176 mill. kroner i 2017. På BLDs område føreslår regjeringa å auke løvinga til:

- familievernet ytterlegare for å styrkje kompetansen om vald i familiar
- tilskotsordninga til foreldrestøttande tiltak i kommunane, særleg retta mot kommunar som busett nykomne flyktningar
- Stine Sofie Senteret
- informasjonstiltak om vald og overgrep

Opptrappingsplanen inneheld òg satsingar for 2017 på ansvarsområda til andre departement. På Helse- og omsorgsdepartementet sitt område er det mellom anna lagt til rette for å styrkje skolehelsetenesta og helsestasjonane, betre behandlingstilbodet til unge overgripapar, auke kompetansen om vald og overgrep i helsetenesta og greie ut korleis ein kan få til eit forløp for valdsutsette og overgripapar. På budsjettet til Justis- og beredskapsdepartementet er det mellom anna føreslått å styrkje løyvinga til Statens barnehus, offeromsorg, dialoggrupper mot vald i mottak, og å auke løyvinga for å sikre at Noreg kan delta i undersøkinga *EU Kids Online*. På Kunnskapsdepartementet sitt budsjett føreslår ein å styrkje innsatsen mot mobbing. Sjå nærmare omtale i Prop. 1 S (2016–2017) for desse departementa. Regjeringa vil trappe opp innsatsen mot vald og overgrep ytterlegare i planperioden.

Regjeringa vil i opptrappingsplanen òg gjere tydeleg ansvaret for arbeidet mot vald og over-

grep i offentleg sektor, til dømes i helsestasjonar, familievern, skolar og barnehagar. Med opptrappingsplanen svarer regjeringa på oppmodingsvedtak nr. 623 av 8. juni 2015 frå Stortinget.

Regjeringa vil følgje opp utgreiinga frå Barnevoldsutvalget som etter planen skal liggje føre innan sommaren 2017. Eit utval alvorlege saker, der barn og ungdom har vore utsette for vald og seksuelle overgrep, skal evaluerast. Målet er å avdekkje svikt og utfordringar i det offentlege hjelpeapparatet.

Regjeringa vil at foreldra skal vere likestilte som omsorgspersonar og ha like rettar. Samtidig skal ein sørgje for at omsynet til det som er best for barnet, alltid veg tyngst i saker om kor barnet skal bo fast og samvær. Regjeringa har fremma ein lovproposisjon med forslag til endringar i barnelova for å leggje til rette for likestilt foreldreskap.

Forslag om endringar i reglane om barnebidrag og bidrag etter fylte 18 år, og forslag knytt til reglane om fordeling av foreldrepengar ved samlivsbrot har vore på høyring. Departementet arbeider med oppfølginga av desse høyringane.

Barn og familiar er ulike og har ulike behov. Familiene må sikrast fleksibilitet og fridom til å velje dei løysingane som passar best for dei. Det er derfor viktig med gode velferdsordningar for barnefamiliane. Regjeringa har sett ned eit offentleg utval som skal gå igjennom stønadane og tenestetilbodet til familiar med barn under 18 år. Utvalet skal drøfte kva som bør vere målsetjingane med støtta til barnefamiliane, og vurdere behov for endringar i ordningane, mellom anna for å redusere barnefattigdom og bidra til god ressursbruk. Utvalet skal levere utgreiinga si i mars 2017. Det er 20 år sidan sist stønadane til barnefamiliane blei greidde ut av eit offentleg utval – i NOU 1996: 13 *Offentlige overføringer til barnefamiliane*.

Regjeringa har sendt på høyring fleire forslag til endringar i trygdeordningar i lys av auken i talet på asylsøklarar. Eitt av forslaga er å innføre eit butidskrav på fem år for mottakarar av kontantstøtte. For innvandrarar med kort butid i Noreg kan kontantstøtta hindre integrering av vaksne og barn, til dømes ved at ho svekkjer insentiva til å delta i arbeidslivet, og ved at barn ikkje går i barnehage.

Regjeringa la i april 2016 fram Meld. St. 24 (2015–2016) *Familien – ansvar, frihet og valgmuligheter*. Regjeringa vil gjennomføre tiltak i samsvar med meldinga og Stortingets behandling.

NOU 2014: 9 *Ny adopsjonslov* har vore på brei høyring, og departementet arbeider med å følgje opp høyringa med sikte på å fremme eit forslag til ny adopsjonslov.

**Boks 1.1 Regjeringa si hovudsatsing på familie- og oppvekstområdet vil i 2017 vere å**

Starte gjennomføring av opptrappingsplanen mot vald og overgrep, på BLDs budsjett ved å

- styrke familieverntenesta sitt arbeid med familiar som lever med vald gjennom å auke løyvinga med 4 mill. kroner
- auke løyvinga til tilskotsordninga til foreldrestøttande tiltak i kommunane med 7 mill. kroner
- auke løyvinga til tilskot til Stine Sofie Sentret med 5 mill. kroner
- auke løyvinga til informasjonstiltak om vald og overgrep og følgjeevaluering av opptrappingsplanen med 3 mill. kroner

### 1.3 Eit samfunn med like moglegheiter og utan diskriminering

Alle skal ha like moglegheiter og fridom til å treffe egne val. Regjeringa vil styrkje likestillinga og skape eit betre diskrimineringsvern for alle. Eit samfunn med like moglegheiter og utan diskriminering blir skapt gjennom positive og stimulerande verkemiddel og gjennom eit betre diskrimineringsvern. Fråvær av diskriminering er ein føresetnad for eit inkluderande samfunn og for deltaking. Alle skal sikrast like rettar og høve til å ha innverknad på sitt eige liv.

Diskriminering er eit brot på menneskerettane som rammar både den enkelte og samfunnet. I dag blir omgrepet «likestilling» nytta i vidare forstand enn likestilling mellom menn og kvinner. Det handlar òg om likestilling når det gjeld funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder, etnisitet og religion. BLD har ei koordineringsrolle overfor andre departement i arbeidet med å fremme likestilling og hindre diskriminering på dei ulike grunnlaga.

I 2016 presenterte BLD Meld. St. 7 (2015–2016) *Likestilling i praksis – Like muligheter for kvinner og menn*. Meldinga løftar fram utfordringar knytte til likestilling på sentrale samfunnsområde: oppvekst og utdanning, arbeidsliv, vald og overgrep, helse og næringsliv og entreprenørskap. Både manns- og minoritetsperspektiva er gjennomgåande. Meldinga presenterer strategiar og verkemiddel som skal bidra til eit meir likestilt samfunn. Stortinget behandla meldinga 14. april

2016. Sjå òg omtale under programkategori 11.40 Likestilling og ikkje-diskriminering.

Regjeringa tek sikte på å leggje fram eit forslag om ei ny, felles likestillings- og diskrimineringslov for Stortinget våren 2017. Målet er eit styrka og meir brukarvennleg, oversiktleg og samanhengande vern mot diskriminering. Regjeringa vil på grunnlag av utgreiinga *Utredning av håndhevings- og virkemiddelapparatet på likestillings- og ikke-diskrimineringsområdet* (PwC, 2016), leggje fram forslag til ei ny organisering av handhevingsapparatet.

Det er eit mål å fremme deltaking og likestilling for personar med nedsett funksjonsevne. Den 29. januar 2016 blei *Regjeringens handlingsplan for universell utforming* (2015–2019) fremma. I planen er hovudvekta lagd på IKT og velferdsteknologi. I tillegg blir tiltak på sentrale område som transport, bygningar og uteområde følgde opp.

Regjeringa har sett ned eit utval som skal sjå på grunnleggjande rettar for menneske med utviklingshemming, jf. omtale under Programkategori 11.40. Utvalet overleverte utredninga si 3. oktober 2016.

Det er framleis behov for å styrkje dei grunnleggjande rettane til LHBTI-personar og motverke diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk. Regjeringa har derfor lagt fram *Trygghet, mangfold, åpenhet. Regjeringens handlingsplan mot diskriminering på grunnlag av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk* (2017–2020).

Ytringar som spreier hat mot andre menneske, er forbodne etter norsk lov, og skal ikkje tolererast. Regjeringa skal leggje fram ein strategi mot hatefulle ytringar.

**Boks 1.2 Regjeringa si hovudsatsing på likestillings- og diskrimineringsområdet i 2017 vil vere å**

- leggje fram forslag om ei ny, felles likestillings- og diskrimineringslov
- følgje opp likestillingsmeldinga
- følgje opp regjeringa sin handlingsplan for universell utforming 2015–2019
- følgje opp regjeringa sin handlingsplan mot diskriminering på grunnlag av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk 2017–2020
- leggje fram ein strategi mot hatefulle ytringar

## 1.4 Gode oppvekst- og levekår for barn og ungdom

Eit overordna mål for barne- og ungdomspolitikken er å gi barn og unge gode og trygge oppvekst- og levekår. Sentralt står arbeidet med å verne barn mot omsorgssvikt og overgrep. Det er viktig å leggje til rette for brei deltaking for å motverke utanforskap og ekstremisme. Aktiv medverknad frå barn og unge bidreg til eit levande demokrati for framtida.

Regjeringa følgjer opp strategien *Barn som lever i fattigdom – Regjeringens strategi (2015–2017)*. Strategien tek utgangspunkt i at barnefattigdom er eit samansett problem. Ikkje alle barn i låginntektsfamiliar har nødvendigvis dårlege levekår, men samspelet mellom sosiale, helsemessige og økonomiske utfordringar over tid forsterkar ofte kvarandre og aukar risikoen for marginalisering og fattigdom. Strategien mot barnefattigdom inneheld 64 tiltak for å førebyggje barnefattigdom og dempe negative konsekvensar av å vekse opp i fattige familiar. Eit viktig mål er å hindre at fattigdom går i arv. At foreldra arbeider er den viktigaste faktoren for at barn ikkje skal vekse opp i fattigdom. Talet på låginntektsfamiliar aukar. Aukening i talet på låginntektsfamiliar har i hovudsak skjedd i familiar med innvandrarakgrunn. Over halvparten av alle barn i økonomisk utsette familiar har innvandrarakgrunn.

Som ledd i strategien, er løyvinga til fleire tilskotsordningar på fattigdomsfeltet auka. Løyvinga til den nasjonale tilskotsordninga mot barnefattigdom er no på eit historisk høgt nivå. Regjeringa føreslår ei løyving på over 178 mill. kroner for 2017. Det inneber at løyvinga til ordninga er auka med om lag 85 prosent i regjeringsperioden.

Løyvinga til tilskotsordningane *Støtte til oppfølgings- og losfunksjon for ungdom, Foreldrestøttande tiltak og Tiltak for å følgje opp barn av psykisk sjuke og rusmisbrukarar* er òg auka vesentleg i regjeringsperioden.

Som ei oppfølging av strategien har kommunane, frivillige organisasjonar og staten gått saman om ein felles innsats, *Fritidserklæringa*, for at alle barn, uavhengig av den økonomiske og sosiale situasjonen til foreldra, skal kunne delta regelmessig i ein organisert fritidsaktivitet.

Det er viktig å leggje til rette for meir erfaringsutveksling om arbeid mot barnefattigdom i samarbeid med kommunar og frivillige organisasjonar. Som ledd i dette arbeidet er det utvikla eit sett indikatorar på kommunenivå. Indikatorane er utforma slik at kommunane skal få større oversikt over utsette barnefamiliar. Ei rettleiing og andre

pedagogiske verktøy som kommunane kan nytte i arbeidet mot barnefattigdom, vil ferdigstillast i 2017.

Dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane er viktige arenaer for demokratiutvikling og eit viktig verkemiddel for å få barn og unge til å delta og engasjere seg. Regjeringa vil halde fram med å støtte det lokale, nasjonale og internasjonale arbeidet til organisasjonane.

### Boks 1.3 Regjeringa si hovudsatsing på barne- og ungdomsområdet vil i 2017 vere å

- følgje opp *Fritidserklæringa*, som seier at alle barn skal kunne delta regelmessig i ein organisert fritidsaktivitet
- gi kommunane betre kunnskap, kompetanse og redskaper i arbeidet mot barnefattigdom
- halde fram med å støtte arbeidet til dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane

## 1.5 Utsette barn og ungdom får omsorg, tryggleik og høve til utvikling

Alle barn og unge i Noreg som treng hjelp på grunn av forhold som kan skade helsa og utviklinga deira, skal få nødvendig hjelp og omsorg. Betre samordning mellom tenestene for barn og unge er viktig. Arbeidet med å styrkje skole- og utdanningstilbodet til barn og unge med tiltak i barnevernet vil halde fram. Det vil òg den særlege satsinga på helsetenester til barn i barnevernet og tilbodet til barn og unge med psykiske lidningar og vanskar.

Barnevernlova gjeld alle barn som oppheld seg i landet. Barnevernlovutvalet har gått gjenom barnevernlova og lagt fram forslag til ei ny lov. Målet er betre rettstryggleik og eit meir forståeleg og tidsriktig lovverk. Regjeringa vil følgje opp forslaget på eigna måte.

Regjeringa er særleg oppteken av at det skal leggjast meir vekt på førebygging og tidleg innsats i arbeidet med utsette barn og familiar. Det er kommunane som best kjenner behova til det enkelte barnet. Regjeringa tek sikte på å leggje fram for Stortinget ei kvalitets- og strukturreform for barnevernet våren 2017. I høyringa om

reforma er det foreslått at kommunane får større fagleg og økonomisk ansvar for barnevernet.

Det er eit potensial for betring i dagens samhandlingsløysingar mellom forvaltingsnivåa på barnevernsområdet. Det manglar eit felles fagsystem og digitale løysingar for samhandling mellom stat, kommune og aktørar som barnevernet samarbeider med. I samband med at regjeringa legg fram for Stortinget ei kvalitets- og strukturreform for barnevernet, vil departementet i 2017 arbeide for betre digital samhandling i barnevernet.

God fagleg og kunnskapsbasert praksis er avgjerande for å kunne gi hjelp som verkar. Kvalitet og forsvarleg praksis i tenestene er knytt til kompetanse og kunnskap. Regjeringa vil i 2017, som del av kvalitets- og strukturreforma i barnevernet, setje inn ei satsing på kvalitet og kompetanse i kommunane. Viktige mål vil vere å heve kvaliteten i kommunanes styring av barnevernet, undersøkings- og hjelpetiltaksarbeidet i barnevernstenestene som er retta mot særskilde målgrupper, og samarbeidet mellom barnevernet og andre tenester. Satsinga vil innehalde opplærings- og oppfølgingstiltak retta mot tenestene, men inneber også eit langsiktig arbeid for å utvikle betre system for rettleiing, arbeidsstøtte og vidareutdanning.

For å stimulere til at fleire tilsette i kommunalt barnevern og barnevernsinstitusjonar gjennomfører relevant og tilrådd vidareutdanning blei det etablert ei tilskotsordning til barnevernfaglege vidareutdanningar i 2016. Regjeringa foreslår å inkludere vidareutdanninga om barnevernet i eit minoritetsperspektiv i tilskotsordninga frå 2017.

Det er behov for å fortsetje å byggje opp kunnskap om kva som gir god og treffsikker hjelp. Det er viktig for det enkelte barn og familie, men det er også lønnsamt i eit samfunnsøkonomisk perspektiv. Regjeringa ønskjer derfor å styrkje forskingsinnsatsen på området, og foreslår å styrkje programmet HELSEVEL. Programmet sitt hovudmål er å medverke til god kvalitet, kompetanse og effektivitet i helse-, omsorgs- og velferdstenestene gjennom forskning og innovasjon.

For dei fleste som kjem i kontakt med barnevernet, er det nok med hjelpetiltak i heimen for å betre foreldrekompetansen og gi omsorg eller avlastning. Stortinget slutta seg i 2015 til forslaget om å utvide høvet til å påleggje hjelpetiltak. Formålet med lovendringa, som tredde i kraft i 2016, er å betre situasjonen for barnet og å førebyggje meir inngripande tiltak som omsorgsovertaking. I arbeidet med eit meir kunnskapsbasert barnevern og betre tilpassa hjelp til barn og familiar er ein nasjonal plan på hjelpetiltaksområdet under utvikling.

Arbeidet med å følgje opp tiltak i Meld. St. 17 (2015–2016) *Trygghet og omsorg – Fosterhjem til barns beste* er viktig. Departementet er i gang med å vurdere korleis tiltak som blei vedtatt i samband med Stortinget si behandling av meldinga skal følgjast opp.

Regjeringa har starta ein gjennomgang av eit utval akuttsaker og saker om omsorgsovertaking i barnevernet. Gjennomgangen skal gi kunnskap om behandlinga av enkeltsaker og avdekkje kva som eventuelt sviktar, og kvifor svikt kan oppstå. Statens helsetilsyn har fått i oppdrag å utføre denne gjennomgangen.

Opplysningsplikta til barnevernet er svært viktig for at samfunnet skal kunne verne barn mot ulike former for vald, overgrep og omsorgssvikt. Departementet arbeider med forslag om å forenkle og klargjere dagens reglar, slik at innhaldet i opplysningsplikta blir lettare tilgjengeleg.

Det vil framleis vere aktivitetsvekst i det statlege barnevernet i 2017. For å imøtekomme denne veksten foreslår regjeringa å styrkje det statlege barnevernet. Veksten vil primært bli dekkja ved kjøp av private barnevernstiltak.

Tilstrøyminga av einslege, mindreårige asylsøklarar auka kraftig hausten 2015 og har ført til ein kraftig aktivitetsvekst i omsorgssentera for denne gruppa. Regjeringa ønskjer å gjere regelverket om bu- og omsorgstilbodet til einslege, mindreårige asylsøklarar under 15 år meir fleksibelt og betre tilpassa ulike situasjonar. Departementet har sendt forslag til ny lov på høyring. Regjeringa ønskjer også å leggje om dagens ordning med refusjon av utgifter til kommunale

#### **Boks 1.4 Regjeringa si hovudsatsing på barnevernsområdet vil i 2017 vere å**

- leggje fram for Stortinget ei kvalitets- og strukturreform for barnevernet
- styrkje kvaliteten og kompetansen i det kommunale barnevernet gjennom ei satsing på 20 mill. kroner
- kompensere for venta vekst i det statlege barnevernet med 60 mill. kroner. Veksten vil primært bli dekkja ved kjøp av private barnevernstenester
- starte oppfølginga av tiltak frå Stortinget si behandling av Meld. St. 17 (2015–2016) *Trygghet og omsorg – Fosterhjem til barns beste*



barnevernstiltak for einslege, mindreårige asylsøkjjarar og flyktingar til ei ordning med fast tilskot. Det vil gi kommunane større fleksibilitet. Kommunane får òg høve til å dra nytte av eventuelle stordriftsfordeler dersom dei buset fleire barn.

## 1.6 Ei sterk stilling for forbrukarane

Forbrukarpolitikken skal gi forbrukarane ei sterk stilling i marknaden gjennom gode rammevilkår og rettar, tilgang til gode og effektive system for å løyse tvistar, og informasjon som gir grunnlag for opplyste og ansvarlege val.

Regjeringa legg i forbrukarpolitikken særleg vekt på

- gode forbrukarrettar i Noreg og EU
- eit sterkt og effektivt forbrukarapparat
- ein betre digital kvardag for forbrukarane

Forbrukarane handlar og hentar informasjon på Internett i større grad enn før. Regjeringa vil derfor medverke til at det blir utvikla fleire gode digitale informasjonsløysingar tilpassa behova til forbrukarane. Forbrukarrådet vil lansere ein portal for daglegvarer, sjå omtale av vedtak nr. 436, 3. mars 2015 under programkategori 11.30, delmål 6.3. Forbrukarrådet vil òg lansere ein ny marknadsportal som skal hjelpe forbrukarane til å gjere gode val ved kjøp av handverkartenster.

Under Finansportalen (*finansportalen.no*) vil Forbrukerrådet lansere ein ny modul for pensjonsprodukt. Denne vil gjere det enklare for forbrukarane å ta informerte val i marknaden for slike produkt.

For å avgrense omfanget av gjeldsproblem i private hushald, vil regjeringa våren 2017 legge fram ein lovproposisjon som opnar for at finansbransjen kan etablere ei registeringsordning for forbrukskredittar (gjeldsregister).

Ei ny lov om klageorgan for forbrukarsaker som regulerer dei nye meklingsoppgåvene til Forbrukarrådet og gir reglar for godkjenning av nemnder og meklingsorgan, blei vedtatt våren

2016. Lova opnar òg for at norske forbrukarar kan nytte den nye, nettbaserte klageportalen som EU har etablert. BLD er i gang med å førebu ein lovproposisjon om å endre reglane for telefonsal slik at dei gir betre vern mot slik marknadsføring.

Eit sterkt og effektivt forbrukarapparat er ein viktig føresetnad for å møte utfordringane som forbrukarpolitikken og forbrukarane står overfor. I rapporten *Gjennomgang av det statlige forbrukerapparatet* frå våren 2015 konkluderer Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) med at Forbrukarrådet og Forbrukarombodet kvar for seg oppnår gode resultat, men at apparatet samla sett er fragmentert og lite kostnadseffektivt. På grunnlag av rapporten har regjeringa bestemt at dei ti regionkontora Forbrukarrådet har, skal grupperast om til tre større einingar i Tromsø, Stavanger og Skien. Større einingar skal gi sterkare fagmiljø, høgare effektivitet og eit betre servicetilbod til forbrukarane. Regjeringa har òg bestemt at det skal etablerast ei hospiteringsordning med 3–5 kontorplassar for Forbrukarrådet på Svalbard. Endringane skal vere gjennomførte innan 1. mai 2017.

For å klargjere rolla til Forbrukarombodet som tilsynsorgan og å styrkje forbrukarvernet, vil BLD hausten 2016 legge fram eit høyringsnotat om å endre reglane for ombodet og Marknadsrådet si handheving av reglane i marknadsføringslova.

### **Boks 1.5 Regjeringa si hovudsatsing på forbrukarområdet vil i 2017 vere å**

- arbeide for gode forbrukarrettar i Noreg og EU
- vidareutvikle og effektivisere det forbrukarpolitisk verkemiddelapparatet
- arbeide for at forbrukarane skal få ein enklare digital kvardag

## 2 Oversikt over budsjettforslaget

### 2.1 Forslag til utgifter og inntekter fordelte på kapittel og postgrupper

#### Utgifter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
<b>Administrasjon</b>					
800	Barne- og likestillingsdepartementet	173 800	175 348	162 237	-7,5
	<i>Sum kategori 11.00</i>	<i>173 800</i>	<i>175 348</i>	<i>162 237</i>	<i>-7,5</i>
<b>Integrering og mangfold</b>					
820	Integrerings- og mangfoldsdirektoratet	207 194	252 460		-100,0
821	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrere	7 756 965	9 375 776		-100,0
822	Opplæring i norsk og samfunns-kunnskap for voksne innvandrere	1 836 416	2 031 258		-100,0
	<i>Sum kategori 11.05</i>	<i>9 800 575</i>	<i>11 659 494</i>		<i>-100,0</i>
<b>Familie og oppvekst</b>					
840	Tiltak mot vald og overgrep	121 115	178 858	181 180	1,3
841	Samliv og konfliktløsning	26 930	34 380	33 124	-3,7
842	Familievern	471 740	485 550	500 847	3,2
843	Adopsjonsstønad	5 932	13 421	13 797	2,8
844	Kontantstøtte	1 640 026	1 510 000	1 539 000	1,9
845	Barnetrygd	15 112 878	15 170 000	15 180 000	0,1
846	Familie- og oppveksttiltak	46 193	424 754	458 046	7,8
847	EUs ungdomsprogram	231 757	8 049	8 212	2,0
848	Barneombodet		13 623	15 595	14,5
849	Likestillings- og diskriminerings-ombodet	53 981			
	<i>Sum kategori 11.10</i>	<i>17 710 552</i>	<i>17 838 635</i>	<i>17 929 801</i>	<i>0,5</i>
<b>Barnevernet</b>					
850	Barneombodet	13 656			
852	Adopsjonsstønad	11 798			

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
853	Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker	195 667	197 483	225 178	14,0
854	Tiltak i barne- og ungdomsvernet	1 784 478	2 461 585	1 375 174	-44,1
855	Statleg forvaltning av barnevernet	6 342 813	6 409 911	6 683 361	4,3
856	Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar	397 541	1 391 839	1 083 662	-22,1
857	Barne- og ungdomstiltak	328 345			
858	Barne-, ungdoms- og familie- direktoratet	262 391	268 130	273 614	2,0
859	EUs ungdomsprogram	7 137			
	<i>Sum kategori 11.20</i>	<i>9 343 826</i>	<i>10 728 948</i>	<i>9 640 989</i>	<i>-10,1</i>
	<b>Forbrukarpolitikk</b>				
860	Forbrukarrådet	142 160	155 183	158 244	2,0
862	Positiv miljømerking	7 145	7 352	7 558	2,8
865	Forbrukarpolitiske tiltak	13 317	19 798	18 787	-5,1
866	Statens institutt for forbruksforskning	27 013			
867	Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukartvistutvalet	9 552	10 445	11 498	10,1
868	Forbrukarombodet	24 233	23 274	27 115	16,5
	<i>Sum kategori 11.30</i>	<i>223 420</i>	<i>216 052</i>	<i>223 202</i>	<i>3,3</i>
	<b>Likestilling og ikkje-diskriminering</b>				
870	Sekretariatet for Likestillings- og diskrimineringsnemnda		5 850	6 431	9,9
871	Likestilling og ikkje-diskriminering		46 535	48 682	4,6
872	Nedsett funksjonsevne		239 673	246 311	2,8
873	Likestillings- og diskriminerings-ombodet		52 856	54 065	2,3
	<i>Sum kategori 11.40</i>		<i>344 914</i>	<i>355 489</i>	<i>3,1</i>
	<i>Sum programområde 11</i>	<i>37 252 173</i>	<i>40 963 391</i>	<i>28 311 718</i>	<i>-30,9</i>
	<b>Stønad ved fødsel og adopsjon</b>				
2530	Foreldrepengear	19 303 648	20 338 000	20 829 000	2,4
	<i>Sum kategori 28.50</i>	<i>19 303 648</i>	<i>20 338 000</i>	<i>20 829 000</i>	<i>2,4</i>
	<i>Sum programområde 28</i>	<i>19 303 648</i>	<i>20 338 000</i>	<i>20 829 000</i>	<i>2,4</i>
	<i>Sum utgifter</i>	<i>56 555 821</i>	<i>61 301 391</i>	<i>49 140 718</i>	<i>-19,8</i>

Rekneskap 2015 gjeld gammal budsjettstruktur. 1. april 2016 blei òg ansvaret for integrerings saker overført frå BLD til JD.

**Inntekter fordelt på kapittel**

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
<b>Administrasjon</b>					
3800	Barne- og likestillingsdepartementet	33			
	<i>Sum kategori 11.00</i>	33			
<b>Integrering og mangfold</b>					
3820	Inkluderings- og mangfalddirektoratet	1 322			
3821	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrara	255 496	351 583		-100,0
3822	Opplæring i norsk og samfunns-kunnskap for vaksne innvandrara	317 768	333 878		-100,0
	<i>Sum kategori 11.05</i>	574 586	685 461		-100,0
<b>Familie og oppvekst</b>					
3842	Familievern	280	677	696	2,8
3847	EUs ungdomsprogram		2 300	2 364	2,8
	<i>Sum kategori 11.10</i>	280	2 977	3 060	2,8
<b>Barnevernet</b>					
3850	Barneombodet	3			
3853	Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker	232			
3855	Statleg forvaltning av barnevernet	1 281 442	1 515 451	1 453 855	-4,1
3856	Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjara	310 800	1 217 364	930 193	-23,6
3858	Barne-, ungdoms- og familie-direktoratet	2 056	446	458	2,7
3859	EUs ungdomsprogram	3 684			
	<i>Sum kategori 11.20</i>	1 598 217	2 733 261	2 384 506	-12,8
<b>Forbrukarpolitikk</b>					
3868	Forbrukarombodet	353			
	<i>Sum kategori 11.30</i>	353			
	<i>Sum programområde 11</i>	2 173 469	3 421 699	2 387 566	-30,2
	<i>Sum inntekter</i>	2 173 469	3 421 699	2 387 566	-30,2

Rekneskap 2015 gjeld gammal budsjettstruktur. 1. april 2016 blei òg ansvaret for integreringssaker overført frå BLD til JD.

### Utgifter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)					
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
01–23	Drift	7 751 725	9 124 267	8 771 022	-3,9
30–49	Nybygg og anlegg	71 231	56 233	7 639	-86,4
50–59	Overføringer til andre statsregnskaper	246 280	231 540	243 502	5,2
60–69	Overføringer til kommuner	11 574 514	14 005 708	1 758 471	-87,4
70–98	Overføringer til private	36 912 071	37 883 643	38 360 084	1,3
Sum under departementet		56 555 821	61 301 391	49 140 718	-19,8

Rekneskap 2015 gjeld gammel budsjettstruktur. 1. april 2016 blei òg ansvaret for integreringssaker overført frå BLD til JD.

### 2.2 Postar med stikkordet kan overførast

Under Barne- og likestillingsdepartementet blir stikkordet foreslått knytta til desse postane utanom postgruppe 30–49

(i 1 000 kr)				
Kap.	Post	Nemning	Overført til 2016	Forslag 2017
840	73	Tilskot til sentre for valdsutsette barn		20 420
846	60	Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn	12 155	29 789
846	79	Tilskot til internasjonalt ungdomssamarbeid mv.	3 151	8 656
847	01	Driftsutgifter		8 212
854	72	Tilskot til forskning og utvikling i barnevernet		72 804
855	21	Spesielle driftsutgifter	1 010	23 162
865	21	Spesielle driftsutgifter	3 496	2 187
865	79	Rammeprogrammet til EU om forbrukarpolitikk	1 252	5 973
871	21	Spesielle driftsutgifter	465	9 634
871	79	Internasjonalt likestillings- og ikkje-diskrimineringsarbeid	6 552	3 546
872	71	Universell utforming og auka tilgjenge	6 552	27 534

### 2.3 Meirinntektsfullmakter

---

Stortinget samtykkjer i at Barne- og likestillingsdepartementet i 2017 kan:

---

overskride løyvinga på	mot tilsvarande meirinnekt under
kap. 842 post 01	kap. 3842 post 01
kap. 847 post 01	kap. 3847 post 01
kap. 855 post 01	kap. 3855 postane 01, 02 og 60
kap. 856 post 01	kap. 3856 post 01
kap. 858 post 01	kap. 3858 post 01
kap. 868 post 01	kap. 3868 post 01

---

Meirinntekt som gir grunnlag for overskriding skal òg dekkje meirverdiavgift knytt til overskridinga, og gjeld derfor òg kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltingsorgana som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift.

Merinntekter og eventuelle mindreinntekter er teke med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.

### 3 Oppmodingsvedtak

Det er i budsjettproposisjonen omtalt oppmodingsvedtak som Barne- og likestillingsdepartementet har hovudansvar for. Dei går fram av tabellen nedanfor.

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Omtalt side
2012–2013	106	Visjon – eit universelt utforma samfunn	120
2013–2014	357	Utval – rettane til personar med nedsett funksjonsevne	119
2013–2014	440	Melding om fosterheim	72
2014–2015	47	Auka rekruttering fosterheim	72
2014–2015	218	Samtaletime familievernet	41
2014–2015	219	Auka rekruttering fosterheim	72
2014–2015	436	Informasjonsportal for daglegvarer	106
2014–2015	623	Opptrappingsplan mot vald og overgrep	47
2014–2015	666	Opplysningsplikta til barnevernet	83
2015–2016	68	Butidskrav kontanstøtte	36
2015–2016	159	Familie eller nære nettverk som fosterheimar	72
2015–2016	435.3	Differensiert tilbod til barn – omsorgssenter	79
2015–2016	435.4	Støtteapparat/rettleiingsteneste fosterforeldre	78
2015–2016	435.5	Refusjon einslege, mindreårige asylsøkjjarar	79
2015–2016	602	Utgreiing om likestilling	122
2015–2016	603	Trepartssamarbeid	122
2015–2016	611	Likestillingsvurdering av statsbudsjettet	122
2015–2016	740	Bruk av tvang i barnevernet	76
2015–2016	741	Barn som har gjort eller har vore utsatt for overgrep og barn med traumer	48
2015–2016	742	Fosterheim med barn som har nedsett funksjonsevne	76
2015–2016	743	Forskning biologiske barn som fosterbror/-søster	76
2015–2016	744	Oppvekst adopterte barn	76
2015–2016	745	Pålagde barnevernstiltak under svangerskap	76
2015–2016	746	Årleg rettleiing fosterforeldre	76
2015–2016	747	Rammevilkår fosterforeldre	76
2015–2016	748	Pensjonsvilkår fosterforeldre	77

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodningsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Omtalt side
2015–2016	749	Fosterheimskontraktane	77
2015–2016	750	Forsking ettervern	77
2015–2016	752	Uføretrygd fosterforeldre	77
2015–2016	753	NOU fosterheim	77
2015–2016	754	Nasjonalt kartleggingssystem	77
2015–2016	755	Vurdere familie eller nettverk som fosterheim	77
2015–2016	756	Tilsyn barnevern	77
2015–2016	757	Søsken i same fosterheim	78
2015–2016	785	Kroppspress	51
2015–2016	811	Innsynsrett i barnevernssaker	84
2015–2016	820	Barnevernsinstitusjon barn/ungdom som utfører seksuelle overgrep	78
2015–2016	832	Levekårkartlegging fleirlingfamiliar	36
2015–2016	890	Lov om etikkinformasjon	108



*Del II*  
*Nærmere om budsjettforslaget*



## 4 Nærmare om budsjettforslaget

### Programområde 11

#### Programkategori 11.00 Administrasjon

##### Hovudinnhald og prioriteringar

Under Programkategori 11.00 Administrasjon ligg lønns- og driftsutgifter til departementet og utgifter til stillingar som departementet finansierer i Europakommisjonen.

##### Mål

For 2017 blir desse måla prioriterte:

Hovudmål	Delmål
1. God og effektiv forvaltning	1.1: Effektiv organisering og drift av departementet 1.2: Effektiv organisering og drift av underliggjande verksemder

##### Resultatrapport og strategiar

###### Delmål 1.1: Effektiv organisering og drift av departementet

Resultatrapport 2015/2016

1. april 2016 blei ansvaret for integreringssaker overført frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD) til Justis- og beredskapsdepartementet (JD). Regjeringa la fram Prop. 59 S (2015–2016), jf. Innst. 194 S (2015–2016) om budsjettendringar som følgje av dette. Endringane er førte vidare i forslaget til 2017-budsjettet.

Departementet har i 2016 revidert fleire interne strategiar for vidareutvikling av departementet og dei tilsette.

Målet for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i BLD er å førebyggje uønskete hendingar og minske konsekvensane dersom slike hendingar skulle oppstå. BLD har ikkje sektoransvar for samfunnskritisk infrastruktur og heller ikkje ansvar for objekt det er samfunnskritisk å sikre. BLD har likevel sektoransvar for område der det

er viktig å vere budd på uønskete hendingar. Departementet har i 2015 og 2016 arbeidd systematisk med å utvikle feltet vidare.

Strategiar og tiltak for 2017

Departementet skal vere eit utviklingsorientert og effektivt fagleg sekretariat for den politiske leiinga. Departementet skal også vere ein tydeleg etatsstyrar og ta hand om forvaltingsoppgåvene på ein god måte.

Som tiltak for å førebu oss på kritiske hendingar i framtida vil BLD i 2017 mellom anna

- delta på øvingar for å teste eigen beredskap og evaluere øvingane med sikte på læring og forbedring i planverket
- samarbeide med underliggjande etatar for å få betre oversikt over risiko og sårbarheit i sektoren

Alle statlege verksemder skal i 2016 ta i bruk digital post til innbyggjarane. Det gjeld utsending av post til innbyggjarar som har valt digital postkasse, og som ikkje har reservert seg. På BLDs

område fører dette til at budsjetttramma er redusert med 1,9 mill. kroner i 2017.

Regjeringa innfører frå 2017 ein forenkla modell for premiebetaling til Statens pensjonskasse (SPK) for dei verksemdene som ikkje betaler premie i dag. Verksemdene er kompenserte for den ansåtte utgiftsauken i budsjettforslaget. Saka er nærmare omtalt i Gul bok 2017.

Avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma held fram i 2017.

### **Delmål 1.2 Effektiv organisering og drift av underliggjande verksemder**

Desse verksemdene ligg under BLD per 1. oktober 2016: Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker, Forbrukarrådet, Forbrukarombodet, Barneombodet, Likestillings- og diskrimineringsombodet, Sekretariatet for Likestillings- og diskrimineringsnemnda og Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukarvistutvalet. Under presenterer departementet dei viktigaste gjennomførte utviklingsprosjekta og tiltaka i førre periode og dei viktigaste planlagde utviklingsprosjekta og tiltaka i 2017.

#### Resultatrapport 2015/2016

Departementet har i 2015 og 2016 arbeidd systematisk for å vidareutvikle styringa av verksemdene.

#### *Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir)*

I 2015 har Bufdir gjennomført organisatoriske endringar som vil gjere direktoratet betre rusta til å løyse oppgåvene sine og sørgje for ei tydeleg ansvarsdeling mellom rolla som etatsstyrar og rolla som fagdirektorat. Den 1. oktober 2015 blei det oppretta ein stab for etatsstyring og ei stabseining som har fått overført ansvar for strategisk personalarbeid- og informasjonsteknologi frå Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) senter for administrasjon (BSA). Den nye organiseringa skal styrkje rolla som etatsstyrar, den faglege styringa av regionane og den strategiske styringa av IKT og HR i direktoratet.

Som ledd i utviklingsstrategien for etaten blei det i 2015 oppretta ulike miljø for spisskompetanse for å bidra til kvalitet i tenestene på desse områda:

- tilbud til familiar med vald (Region aust)
- tilbud frå familievernnet til barn og familiar med høgt konfliktnivå etter samlivsbrot (Region Midt-Noreg og Region nord)

- tilbud til foreldre som er fråtekne omsorga for egne barn (Region vest)
- akuttarbeid i beredskapsheimar og institusjonar (Region sør)
- grupperettleing for fosterheimar (Region sør)
- tryggleik for barn og tilsette på barnevernsinstitusjonar (Region aust)

Bufetat har endra organiseringa av inntaks- og fosterheimstenestene frå 1. oktober 2015. Det er no éi inntakseining og éi fosterheimseining i kvar region. Nasjonalt inntaksteam gir støtte ved plasseringar etter barnevernlova §§ 4-24 og 4-26. Eininga for inntaksstøtte gir støtte der det skal gjennomførast krevjande kjøp frå private leverandørar. Fosterheimstenesta skal i tillegg til å rekruttere og drive opplæring av fosterheimar formidle fosterheimar etter oppmoding frå kommunane.

Parallelt med etableringa av regionale einingar for inntak og fosterheimstenester er det utarbeidd rutinar for arbeidet med inntak og formidling. Arbeidsflyten i fagsystemet til Bufetat støttar opp om desse rutinane og vil gjere at arbeidet med inntak og formidling blir meir likt over heile landet.

Etaten har over mange år effektivisert drifta, noko som kjem til syne ved at aktivitetsveksten har vore større enn den reelle veksten i utgifter. Frå 2009 til 2015 auka aktiviteten, målt i tal på opphaldsdagar, med 25 prosent, medan dei reelle utgiftene auka med 6 prosent i same periode. I 2015 heldt nedgangen i utgifter per opphaldsdag fram. Ressursbruken i Bufetat og Bufdir, målt i årsverk, er redusert med i underkant av 20 prosent sidan 2010. I 2015 blei talet på årsverk redusert med 4 prosent, samtidig som bemanninga ved familievernkontora og omsorgssentera er styrkt.

#### *Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker*

I 2015 fekk fylkesnemndene inn til saman 5 463 saker. Det var ein liten nedgang frå 2014, da dei fekk inn 5 831 saker. Lang saksbehandlingstid for saker med forhandlingsmøte har vore ei utfordring i fleire år. Resultata frå 2015 viser at den positive utviklinga med lågare saksbehandlingstid frå 2013 og 2014 held fram. Saksbehandlingstida for saker med forhandlingsmøte er redusert med gjennomsnittleg 8 dagar samanlikna med 2014, og frå 2013 til 2015 er saksbehandlingstida redusert med vel 20 dagar – frå 97 til 77 dagar. På same tid er det færre saker med forhandlingsmøte som er behandla seinare enn 16 veker etter at saka er komen til fylkesnemnda.

I tillegg til saksbehandlinga er det i 2015 arbeidd med fleire prosjekt og oppgåver som er

nødvendige for kvaliteten og den vidare utviklinga av fylkesnemndene:

- Eit nytt saksbehandlingssystem er teke i bruk, og den vidare utviklinga held fram. Det nye systemet fører til ei meir effektiv saksbehandling.
- Oppfølginga av Riksrevisjonens forvaltingsrevisjon og regjeringa si evaluering av fylkesnemndene starta i 2015. Det blir arbeidd målretta for kortare saksbehandlingstid og meir effektive rutinar og for utjamning av forskjellar i saksbehandlingstid mellom fylkesnemndene.
- Ei ny heimeside, *www.fylkesnemndene.no*, er lansert. Ho bidreg til å gi informasjon til allmenta om aktiviteten til fylkesnemndene.
- Det er sett i gang eit forsøk med samtaleprosess i fylkesnemndene, slik barnevernlova § 7-25 opnar for. Samtaleprosess kan heilt eller delvis bidra til ei løysing av saka til beste for barnet.

#### *Forbrukarapparatet*

Ved budsjettbehandlinga hausten 2013 (Innst. 14 S (2013–2014)) blei regjeringa bedt om å gå gjenom innretninga av det forbrukarpolitiske verkemiddelapparatet. Som ein del av oppfølginga gav BLD Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) i oppdrag å vurdere mellom anna oppgåvene til Forbrukarrådet og forholdet mellom rådet og Forbrukarombodet.

I rapporten *Gjennomgang av det statlige forbrukerapparatet* frå våren 2015 konkluderer Difi med at Forbrukarrådet og Forbrukarombodet kvar for seg oppnår gode resultat, men at apparatet samla sett er fragmentert og lite kostnadseffektivt. I rapporten gir Difi òg uttrykk for at forvaltingsoppgåvene Forbrukarrådet har i tilknytning til klagebehandling og meklung, bør skiljast frå dei interessepolitiske.

I tillegg blei det i 2015 teke initiativ til ein gjennomgang av systemet for handheving og sanksjonar etter marknadsføringslova (sjå omtale under Programkategori 11.30, delmål 6.1).

#### *Forbruksforskning og verksemdsområdet til SIFO*

Ved budsjettbehandlinga hausten 2013 bad fleirtalet i familie- og kulturkomiteen på Stortinget (Høyre og Fremskrittspartiet) regjeringa om å vurdere verksemdsområdet til Statens institutt for bruksforskning (SIFO).

Både styret i SIFO og BLD vurderte at det ville vere krevjande å vidareføre SIFO som eit lite, sektortilknytt institutt under departementet. Det blei

derfor sett i gang ein prosess mellom Høgskolen i Oslo og Akershus (HiOA) og SIFO for å slå instituttet saman med høgskolen.

Med grunnlag i kongeleg resolusjon av 25. september 2015 blei SIFO frå 1. januar 2016 ein del av HiOA.

#### *Strategiar og tiltak for 2017*

Målet er at departementet skal gi tydelege styringssignal og unngå unødig detaljstyring, og at verksemdene skal få det handlingsrommet dei treng i oppgåveløysinga. Dette vil medverke til ei meir effektiv drift av dei underliggjande verksemdene.

#### *Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir)*

Omstillingsarbeidet og effektiviseringa i Bufdir vil halde fram i 2017.

Det er stor politisk einigheit om at brukaren skal stå i sentrum for tenesteutviklinga, og at det offentlege skal samarbeide godt. Dette krev digitale løysingar, høve til sikker deling av informasjon og betre involvering av brukarane. Bufdir vil i 2017 starte med å kartleggje digitale behov i samband med framtidige strukturendringar som vil påverke ansvarsdelinga i barnevernet.

#### *Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker*

Fylkesnemndene skal sikre rettstryggleiken for barn, ungdom og familiane deira, og saksbehandlinga skal vere trygg, rask og gi tillit, jf. barnevernlova § 7-3. Dette inkluderer likeverdig saksbehandling av høg kvalitet for å kome fram til rettsriktige avgjerder som er til beste for barnet.

Sentrালেininga for fylkesnemndene skal framleis leggje til rette for å få ned saksbehandlingstida, jamne ut forskjellar i saksbehandlingstida og auke produktiviteten i nemndene. Ulike tiltak for betre utnytting av ressursane vil bli sette i verk, mellom anna skal ein ambulerande nemndleiar ta seg av saker der behova er størst.

I 2017 skal nemndene vidareutvikle og implementere eit sikkert elektronisk system for ekstern dokumentutveksling, sjå også Strategiar og tiltak, delmål 5.1.

#### *Forbrukarapparatet*

På grunnlag av rapporten *Gjennomgang av det statlige forbrukerapparatet* frå våren 2015 har regjeringa bestemt at dei ti regionkontora til Forbrukarrådet skal gjerast om til tre større einingar

i Tromsø, Stavanger og Skien. Større einingar skal gi sterkare fagmiljø, høgare effektivitet og eit betre servicetilbod til forbrukarane. Omorganiseringa skal òg medverke til eit klarare organisatorisk skilje mellom forvaltingsoppgåvene som er knytte til klagebehandling og mekling, og dei interessepolitiske oppgåvene. Medan oppgåvene som er knytte til klagebehandling og mekling, skal reindyrkast ved dei regionale einingane, skal hovudkontoret i Oslo drive heile det interessepolitiske arbeidet.

Omorganiseringa inneber at forbrukarkontora i Sarpsborg, Gjøvik, Oslo, Kristiansand, Bergen, Trondheim og Bodø blir lagde ned. Stillingsane ved desse kontora, om lag 40 totalt, blir flytta til dei tre attverande einingane. Dei tilsette det gjeld, vil få tilbod om arbeid ved desse kontora. Regjeringa har bestemt at det skal opprettast ei hospiteringsordning med 3–5 kontor plassar for Forbrukarrådet på Svalbard. Omorganiseringa skal vere gjennomført innan 1. mai 2017.

### Nærmare om budsjettforslaget

Utgifter under programkategori 11.00 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
800	Barne- og likestillingsdepartementet	173 800	175 348	162 237	-7,5
	Sum kategori 11.00	173 800	175 348	162 237	-7,5

### Kap. 800 Barne- og likestillingsdepartementet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Driftsutgifter	163 120	163 599	152 486
21	Spesielle driftsutgifter	10 680	11 749	9 751
	Sum kap. 0800	173 800	175 348	162 237

#### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal dekkje lønn og andre driftsutgifter i departementet og hospitering i andre institusjonar. Løyvinga er auka med 15 mill. kroner som følge av innføring av forenkla modell for premiebetaling til Statens pensjonskasse. Posten er redusert mellom anna som følge av at budsjettmidlar er flytta til Justis- og beredskapsdepartementet grunna at ansvaret for integreringssaker blei overført dit 1. april 2016.

Departementet føreslår ei løyving på 152,5 mill. kroner i 2017.

#### Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga skal dekkje utgifter til utgreiingsprosjekt i departementet og til tenestemenn som er lånte ut til Europakommisjonen. Løyvinga kan òg nyttast til støtte til andre tiltak innanfor ansvarsområda til departementet.

Departementet føreslår ei løyving på 9,8 mill. kroner i 2017. Det er ein reduksjon på om lag 2 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2016. Den viktigaste årsaka til reduksjonen er at utgreiingsmidlar er flytta til Justis- og beredskapsdepartementet som følge av at ansvaret for integreringssaker blei overført dit 1. april 2016.

**Kap. 3800 Barne- og likestillingsdepartementet**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Tilfeldige inntekter	33		
	Sum kap. 3800	33		

## Programkategori 11.10 Familie og oppvekst

### Hovudinnhald og prioriteringar

Regjeringa har som mål å styrkje stillinga til familien i det norske samfunnet. Familien er eit sterkt og grunnleggjande sosialt fellesskap. Familien skaper ei trygg ramme kring oppveksten til barn og unge.

Regjeringa vil arbeide for at alle barn og unge skal ha likeverdige tilbod, og leggje til rette for at dei skal kunne utvikle seg, utan omsyn til kva bakgrunn og livssituasjon foreldra har, og kvar i landet dei bur.

Ein god og heilskapleg familiepolitikk legg grunnlaget for livskvalitet og gir helsemessige og samfunnsøkonomiske gevinstar. Familiepolitikken til regjeringa byggjer på at familiane tek dei beste vala sjølve. Familieretta ordningar skal derfor vere fleksible og gi valfridom. Trygge foreldre som meistrar eigne liv gir trygge barn. Familiepolitikken skal leggje til rette for likestilling mellom foreldra, både i heimen og i arbeidslivet. Familiar som strever skal få rett hjelp til rett tid.

*Meld. St. 24 (2015–2016) Familien – ansvar, frihet og valgmuligheter*

Regjeringa la i april 2016 fram Meld. St. 24 (2015–2016) *Familien – ansvar, frihet og valgmuligheter*. Regjeringa vil gjennomføre tiltak i samsvar med meldinga og Stortingets behandling.

### *Familieverntenesta*

Familieverntenesta er hovudsatsinga til regjeringa på det familiepolitiske området.

Samfunnsoppdraget til familievernnet er å medverke til gode og trygge oppvekstkår for barn og å førebyggje konflikhtar og negative samspelsmønstre i familiar. Gjennom lågterskeltilbodet medverkar familieverntenesta til å oppretthalde og utvikle stabile familieliv, førebyggje samlivsbrot og ta vare på foreldreskapet etter samlivsbrot til beste for barna.

Familieverntenesta har fått eit historisk økonomisk løft og er sidan regjeringsskiftet styrkt med over 90 mill. kroner frå ei totalramme på om lag 370 mill. kroner i 2013. Styrkinga av familievern-

tenesta har ført til oppretting av nye behandlarstillingar som vil redusere ventetida for å få time, sikre eit meir likeverdig tilbod på landsbasis, auke kapasiteten i arbeidet mot vald og høgkonflikt og styrkje det utoverretta, førebyggjande arbeidet og samarbeidet med dei kommunale familieretta tenestene. Eit godt familievern må vere tilpassa behovet til den enkelte familie. Regjeringa vil byggje politikken for familievern rundt eit prinsipp om førebyggjande arbeid og tidleg innsats for å sikre gode oppvekstvilkår. Regjeringa føreslår å styrka familieverntenesta sitt arbeid med familiar som lever med vald gjennom å auke løyvinga med 4 mill. kroner i budsjettet for 2017.

### *Opptrappingsplan mot vald og overgrep*

Omfattande tiltak mot vald og overgrep er allereie satt i gang i denne regjeringsperioden, sjå omtale under delmål 2.3. Regjeringa vil vidareføre og styrkje innsatsen for å førebyggje og kjempe mot vald i nære relasjonar og styrkje varetakinga av barn utsett for vald og overgrep. Hausten 2016 legg regjeringa derfor fram ein opptrappingsplan mot vald og overgrep i ein eigen proposisjon til Stortinget, jf. oppmodingsvedtak nr. 623 frå Stortinget. Regjeringa føreslår ei tverrdepartemental satsing på 176 mill. kroner i 2017 som legg til rette for styrking av skolehelsetenesta og helsestasjonane, og som styrkjer behandlingstilbodet til valdsutsette og til unge overgripapar, kompetansen i tenestene, det foreldrestøttande arbeidet i kommunane, dialoggrupper i mottak, Statens barnehus, offeromsorg og kunnskapsutvikling på feltet. Vidare vil regjeringa auke tilskotet til Stine Sofie Senteret og innsatsen mot mobbing. Regjeringa vil trappe opp innsatsen mot vald og overgrep ytterlegare i planperioden.

### *Barn som lever i fattigdom – Regjeringens strategi (2015–2017)*

Dei fleste barn i Noreg veks opp i trygge familiar med gode økonomiske vilkår. Samtidig er det familiar som fell utanfor grunna dårlege levekår, svak økonomi eller begge deler. Dette rammar barna. Talet på barn som lever i relativ fattigdom har auka



dei siste åra. Barnefattigdom må derfor motverkast gjennom ein brei og samordna innsats. Regjeringa la i 2015 fram ein strategi, *Barn som lever i fattigdom – Regjeringens strategi (2015–2017)*. Strategien er sentral i det vidare arbeidet for at alle barn skal få lik moglegheit til deltaking og utvikling. Strategien bygger på, og skal bidra til å vidareutvikle kunnskap og kompetanse på området. Ei direktoratsgruppe skal i løpet av 2017 evaluere om innsatsområda i strategien treffer målgruppa.

### *Fritidserklæringa*

KS, frivillige organisasjonar og staten har gått saman om ein felles innsats, *Fritidserklæringa*, for at alle barn, uavhengig av den økonomiske og sosiale situasjonen til foreldra, skal kunne delta regelmessig i ein organisert fritidsaktivitet. *Fritidserklæringa* er ei oppfølging av eit av tiltaka i

regjeringa sin strategi *Barn som lever i fattigdom (2015–2017)*.

### *Likestilt foreldreskap*

Begge foreldra er viktige omsorgspersonar for barna. Det gjeld uavhengig av om foreldra bur saman eller ikkje. Regjeringa ønskjer derfor å leggje til rette for at begge foreldra skal kunne vere likeverdige omsorgspersonar, både under samlivet, når samlivet tek slutt, og i tilfelle der foreldra aldri har budd saman. Regjeringa har lagt fram ein proposisjon med forslag til endringar i barnelova for å fremme likestilt foreldreskap.

### **Mål**

For 2017 blir desse måla prioriterte:

Hovudmål	Delmål
2: Trygge rammer for familiane	2.1: Valfridom og fleksibilitet for familiane 2.2: Trygge familierelasjonar, likestilte foreldre og godt foreldresamarbeid til beste for barna 2.3: Effektive verkemiddel i arbeidet mot vald og seksuelle overgrep
4: Gode oppvekst- og levekår for barn og ungdom	4.1: Like moglegheiter til deltaking for alle barn og ungdom 4.2: Å redusere konsekvensar av fattigdom for barn og ungdom

## **Resultatrapport og strategiar**

### **Delmål 2.1: Valfridom og fleksibilitet for familiane**

Barn og familiar er ulike og har ulike behov. Politikken skal fremme valfridom og fleksibilitet og gjere det mogleg for familiane å velje dei løysingane som passar best for dei.

Under dette delmålet blir dei sentrale overføringsordningane til barnefamiliar – kontantstøtte, barnetrygd, foreldrepenngar og støtte til adopsjon – omtalte. Overføringsordningane blir forvalta av Arbeids- og velferdsetaten (Nav). Nedanfor blir utviklinga i bruk av kontantstøtte og barnetrygd gjennomgått i korte trekk. Det blir òg gitt ein statusrapport om Arbeids- og velferdsetaten si forvaltning på BLDs område og gjort greie for utviklingstal for adopsjonar. For omtale av foreldrepenngar og eingongsstønad ved fødsel, sjå programkategori 28.50.

### Resultatrapport 2015/2016

#### *Kontantstøtte*

Stønadsperioden for kontantstøtte er inntil elleve månader, frå og med månaden etter at barnet har fylt eitt år, til og med månaden før barnet fyller to år (13 til 23 månader). Satsen for kontantstøtte er 6 000 kroner per måned. Barn som er i barnehage mindre enn 20 timar i veka, har rett til halv kontantstøtte på 3 000 kroner per måned.

Det er ikkje gjort endringar i ordninga i 2015/2016. I gjennomsnitt mottok 38,2 prosent av foreldra til eittåringane kontantstøtte i 2015. Talet er om lag uendra frå 2014 og det er 1,5 prosentpoeng færre enn i 2013, som var det første heile året med kontantstøtte etter omlegginga av ordninga frå 1. august 2012. I same tidsrom blei det årleg brukt deltidsbarnehage kombinert med halv kontantstøtte for 1–2 prosent av kontantstøttebarna. Rundt to tredjedelar av barna som får kontantstøtte er 13–18 månader.

I 2015 var 77 prosent av stønadsmottakarane kvinner, ein nedgang på til saman 17 prosentpoeng frå 2005.

Oversikta under tyder på at effekten av midlar til fleksibelt opptak i barnehagane frå 2015 så langt har vore mindre enn det som var lagt til grunn i budsjettet for 2015. Den gongen var det

forventa at tiltaket ville gi 3 400 fleire barnehageplassar for eittåringane. Tala frå første halvår 2015 og 2016 viser at om lag 1/5 av dei planlagde nye plassane er bygde ut hittil. Full effekt av midlane er forventa i andre halvår 2016, sidan den lovfesta retten til barnehageplass frå august 2016 er utvida til barn som fyller eitt år innan 31. oktober.


Tabell 4.1 Barn med kontantstøtte. Månadlege gjennomsnitt

	Første halvår 2014	Andre halvår 2014	Første halvår 2015	Andre halvår 2015	Første halvår 2016
Barn i kontantstøttealder (13–23 månader)	56 035	55 483	55 192	55 243	54 727
Barn med kontantstøtte	22 592	19 860	22 530	19 635	21 381
– i prosent av barn i kontantstøttealder	40,3	35,8	40,8	35,5	39,1

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Figuren under viser prosentdelen barn i kontantstøttealder (13–23 månader) som det blir utbetalt kontantstøtte for. Det er framleis ulik bruk av kontantstøtte mellom fylka, og skilnadane mellom

landsdelane har stort sett halde seg stabile. Per februar 2016 var ordninga mest brukt i Vest-Agder og Rogaland (41 og 40 prosent), og minst brukt i Nord-Noreg og trøndelagsfylka.



Figur 4.1 Prosentdel barn med kontantstøtte. Fylkesvise tal.

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet. Tal frå februar 2016.

I 2015 blei det utbetalt kontantstøtte til ein større del av barn med innvandrarbakgrunn (45 prosent) enn utan (16 prosent). Forskjellen i prosentdel mottakarar blant barn med og utan innvandrarbakgrunn har auka. Frå 2014 til 2015 har det vore ein svak auke blant dei med innvandrarbakgrunn og ein svak nedgang blant dei utan. Auken har vore størst blant dei eldste barna med innvandrarbakgrunn.

Det er meir sannsynleg at mødrer med låg utdanning, låg lønn og utan inntekt året før fødsel får kontantstøtte. Det kjem fram i temanotatet *Kontantstøtten i Norden. Omfang og effekter på systemsetting*, som er utarbeidd av Institutt for samfunnsforskning i 2016.

### Barnetrygd

Den ordinære barnetrygda blei ført vidare utan endringar i satsane i 2015 og 2016.

I 2015 var det 675 000 mottakarar av barnetrygd, og om lag kvar femte stønadmottakar hadde utvida stønad for einslege forsørgjarar. Menn mottok utvida stønad i 20 prosent av tilfella. Ni av ti mottakarar av barnetrygd var kvinner.

I 2015 var det om lag 3 500 mottakarar av småbarnstillegg til einslege forsørgjarar med barn under 3 år. Det har vore ein årleg nedgang i talet på personar med småbarnstillegg over lang tid. I 2011 var det ca. 2 000 fleire som mottok tillegget.

Stortinget vedtok i 2016 Prop. 63 L (2015–2016) *Endringer i barnetrygdloven (barnetrygd ved opphold i utlandet)*. Grensa for kor mange månader barn kan opphalde seg i utlandet og framleis få barnetrygd, er redusert frå seks til tre månader. Etter lovendringa er grensa for utanlandsopphald den same som for kontantstøtte. Unntaksreglane ved utanlandsopphald er ikkje endra. Dette er eit tiltak mot uønskt fråvær i skolen og for å fremme integrering. Konsekvensane for barn som er lenge borte frå skolen, kan bli alvorlege for den enkelte, og regjeringa ser at barnetrygda kan vere eit verkemiddel for å redusere langvarig fråvær frå skolen.

### Arbeids- og velferdsetaten si forvaltning på BLDs ansvarsområde

Arbeids- og velferdsetaten har ansvar for forvaltninga av sentrale ytingar på BLDs ansvarsområde. Det gjeld barnetrygd, kontantstøtte, foreldrepenge og regelverket for barnebidrag.

Arbeids- og velferdsetaten arbeider systematisk for å betre forvaltninga av ytingane for å auke kvaliteten i saksbehandlinga og redusere omfanget av feilutbetalingar.

Bruk av arbeidsstandardar og måling av kvalitet er viktige verktøy i Arbeids- og velferdsetaten sitt systematiske arbeid med kvalitetsforbetring.

Det viktigaste tiltaket for å få betre kvalitet er likevel den store satsinga som er i gang for å modernisere IKT-systema i etaten.

Stortinget samtykte den 26. mai 2016 i at Arbeids- og sosialdepartementet kunne starte opp Prosjekt 2 i moderniseringa av IKT i Arbeids- og velferdsetaten, jf. Innst. 291 S (2015–2016). Det er gjort greie for grunnlaget for vedtaket i Prop. 67 S (2015–2016).

I Prosjekt 2 er det planlagt å utvikle ei gjenbrukbar vedtaksløysing for individbaserte ytingar. Vedtaksløysinga vil saman med plattformen for digitale sjølvbeteningsløysingar nyttast til å lage nye løysingar for foreldrepenge og eingongsstønad. Prosjektet er planlagt gjennomført i perioden 2016–2019.

Prosjekt 2 er ledd i ei langsiktig og omfattande modernisering av IKT-systema i Arbeids- og velferdsetaten. Eit hovudmål er betre tenester for brukarane og større effektivitet i saksbehandlingen. Hovudstrategien er å gi brukarane betre tilgang til og innsyn i si eiga sak, døgnopne dialogtenester over nettet og fleire sjølvbeteningsløysingar knytte til sentrale ytingar.

Som ein del av IKT-moderniseringa blir det òg gjort organisatoriske endringar. Behovet for endringar i regelverket for foreldrepenge blir vurdert i samband med utviklingsarbeidet.

Det er gjort nærmare greie for IKT-moderniseringsprogrammet og anna utviklingsarbeid i Arbeids- og velferdsetaten i Prop. 1 S (2016–2017) frå Arbeids- og sosialdepartementet.

### Adopsjon

Bufetat fekk frå 1. februar 2015 ansvaret for å lage utgreiingar knytt til sosialrapportar i samband med søknader om utanlands- og innanlandsadopsjonar. Dette var tidlegare kommunane sitt ansvar. Departementet fastsatte frå 1. februar 2015 forskrift om adopsjon av barn frå utlandet.

Dei fleste adopsjonar som blir registrerte i Noreg gjeld barn som er fødte i utlandet. I 2015 blei 134 barn adopterte til Noreg. Talet på adopsjonar frå utlandet har gått ned dei seinare åra. Dette er ei internasjonal utvikling. Ei årsak til nedgangen kan vere at fleire barn no får eit omsorgstilbod i sitt eige heimland.

### Analyse av fruktbarhetsnivå

Det samla fruktbarhetsnivået i Noreg er redusert år for år sidan 2009. I 2015 var det samla

fruktbarhetstalet 1,73 barn per kvinne. I dag er dei førstegongsfødande gjennomsnittleg eldre enn tidlegare, og færre kvinner får meir enn to barn. Departementet har gitt Statistisk sentralbyrå i oppdrag å analysere kva som påverkar overgang til foreldreskap blant kvinner i Noreg, samt kva som påverkar overgang til tredjefødsler blant kvinner i Noreg. Dette vil bidra til oppdatert kunnskap om fruktbarhetsutviklinga, jf. Meld. St. 24 (2015–2016) *Familien – ansvar, frihet og valgmuligheter*.

#### Strategiar og tiltak for 2017

##### *Gjennomgang av norske trygdeordningar – krav om butid*

Den store tilstrøyinga av asylsøkjjarar i 2015 har gjort det nødvendig å gå igjennom norske trygdeordningar, jf. omtale av oppmodingsvedtak nr. 68 frå Stortinget nedanfor.

##### *Vedtak nr. 68, 3. desember 2015*

I samband med behandlinga av Prop. 1 S (2015–2016) vedtok Stortinget 3. desember 2015 oppmodingsvedtak nr. 68, jf. Innst. 2 S (2015–2016). BLD har ansvar for oppfølginga av punkt 16 i vedtaket:

«Stortinget ber regjeringa [...] igangsette et arbeid i løpet av våren 2016 med sikte på innføring av botidskrav for mottak av kontantstøtte og ytelser som ikke støtter opp om arbeid og aktivitet.»

For innvandrarakar med kort butid i Noreg kan kontantstøtta hindre integrering av vaksne og barn, til dømes ved at insentiva til å delta i arbeidslivet blir svekte, og ved at barn ikkje går i barnehage. Regjeringa varsla i Meld. St. 30 (2015–2016) at det er ønskeleg å innføre eit butidskrav på fem år for rett til kontantstøtte. Forslaget blei sendt på høyring 4. juli 2016 og er ein del av eit høyringsnotat som gjennomgår norske trygdeordningar frå Arbeids- og sosialdepartementet. Notatet har høyringsfrist 1. november 2016. I notatet føreslår regjeringa fleire endringar i folketrygdlova med tilhøyrande forskrifter, kontantstøttelova og lov om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg.

Ved fastsetjing av budsjettforslaget for 2017 er det på kap. 844, post 70 teke omsyn til innføring av butidskrav for kontantstøtte frå 1. juli 2017. Det er anslått at dette gir ei innsparing på 15 mill. kroner.

##### *Utval om støtteordningar til barnefamiliane*

Regjeringa nemnde i juni 2015 opp eit offentleg utval som skal gjere ein brei gjennomgang av det offentlege tenestetilbodet og overføringsordningane til familiar med barn under 18 år. Det er viktig med gode velferdsordningar for barnefamiliane. Utvalet skal gå igjennom barnetrygd, skattefordelar, foreldrepengar, eingongsstønad, kontantstøtte, stønad til einsleg mor eller far, bidragsforskot, barnetillegg til trygdeytningar, bustøtte frå Husbanken, barnehagesubsidiar, skolefritidsordning og utdanningsstøtte. Utvalet skal vurdere endringar, mellom anna for å redusere barnefattigdom og for at ressursane i samfunnet skal brukast på ein god måte. Utvalet skal særleg vurdere om barnetrygda bør endrast, og sjå på ulike modellar for omfordeling av barnetrygda. Utvalet skal levere innstillinga si mars 2017.

##### *Vedtak nr. 832, 9. juni 2016*

I samband med behandlinga av Dok. 8:39 S (2015–2016) vedtok Stortinget 9. juni 2016 oppmodingsvedtak nr. 832:

«Stortinget ber regjeringa iverksette en levekårskartlegging om flerlingfamilier, enslige med flere barn i småbarnsalder, familier med barn som har alvorlig sykdom eller funksjonsnedsettelse, familier som har alvorlig sykdom hos foreldrene, og andre med spesielle omsorgsbehov.»

Departementet vil orientere Stortinget på eigna måte.

##### *Adopsjon*

Departementet legg vekt på ei god og effektiv forvaltning av adopsjonsfeltet. I det inngår å følgje dei internasjonale forpliktingane Noreg har på adopsjonsfeltet.

Adopsjonslovutvalet la hausten 2014 fram NOU 2014: 9 *Ny adopsjonslov*. Utgreiinga har vore på høyring, og departementet arbeider med å utarbeide eit forslag til ny adopsjonslov.

#### **Delmål 2.2: Trygge familierelasjonar, likestilte foreldre og godt foreldresamarbeid til beste for barna**

Regjeringa ønskjer å styrkje stillinga til familien i det norske samfunnet. Familien skaper ei trygg ramme kring oppveksten til barna. For å nå målet

om likestilt foreldreskap, må ein leggje til rette for at begge foreldra får ta del i omsorga for barnet, både når foreldra bur saman og etter at samlivet er oppløyst. Det er best for barn å ha god kontakt med begge foreldra.

Arbeidet i familievernnet med førebygging og tilboda deira til familiar som har det vanskeleg, er viktige tiltak for å nå målet om trygge familierelasjonar.

Tilbod om mekling og samtalar om foreldre-samarbeid for delte familiar er eit viktig verkemiddel for å nå målet om å løyse foreldrekonfliktar på det lågast moglege nivået og sikre eit godt foreldresamarbeid til beste for barnet.

#### Resultatrapport 2015/2016

##### *Familievernnet*

Stortinget har gitt familievernntenesta eit historisk økonomisk løft. Sidan 2013 har tenesta blitt styrkt med over 90 mill. kroner frå ei totalramme på om lag 370 mill. kroner. Ein auke i løyvinga i 2015 har gjort det mogleg å auke kapasiteten i tenesta med over 60 nye årsverk, noko som har gjort at fleire familiar har fått hjelp. Ved rekrutteringa til nye stillingar har styrking av den barnefaglege kompetansen ved kontora vore prioritert. Talet på nye kliniske saker har auka med 13,7 prosent frå 1. tertial 2015 til same periode i 2016. Det har vore ei auke i prosentdelen foreldre som får tilbod om time i dei kliniske sakene innan fire veker. For 2015 var talet på 81 prosent, og for første tertial 2016 har talet økt til 86 prosent.

Dei siste åra har fleire familievernkontor fått felles administrasjon. Større kontor gir både eit betre fagleg tilbod og meir robuste einingar, og bidreg til å styrkje det faglege tilbodet. Ved utgangen av 2015 var det 42 familievernkontor i Noreg. 27 av dei har avdelingskontor eller såkalla utekontor. Utekontor sikrar eit geografisk likeverdige tilbod. Talet på lokasjonar er tilsvarende som før. Når kontor får felles administrasjon, skal det samtidig takast utgangspunkt i dagens tospora familievern med både kyrkjelege og offentlege familievernkontor.

I 2015 blei det etablert spisskompetansemiljø på enkeltkontor på tre prioriterte område. Dei tre områda er vald i nære relasjonar, arbeid med familiar med høgt konfliktnivå, og tilbod til foreldre som har mista omsorga for barna sine etter inngrep frå barnevernet. Desse kontora skal rettleie dei andre kontora og spreie kompetanse på sine spesialområde. Spisskompetansemiljøa er i gang med å utvikle digitale rettleiingsprogram og fagutviklingsplanar innanfor sine område.

Arbeidet familievernnet gjer overfor familiar som lever med vald, er nærmare omtalt under delmål 2.3.

##### *Førebyggjande arbeid i familievernnet*

Stortinget har bedt regjeringa greie ut korleis familievernnet i større grad kan arbeide førebyggjande i samarbeid med kommunale tenester. Regjeringa følgjer opp stortingsvedtaket ved å leggje til rette for auka og systematisk samarbeid mellom familievernntenesta og den kommunale tenestekjeda. Det er sett i gang eit arbeid med å vurdere kva rolle familievernnet skal ha i det førebyggjande arbeidet, og korleis dette arbeidet best kan organiserast.

Regjeringa har styrkt samarbeidet mellom familievernkontora og helsestasjonane. Eit treårig prøveprosjekt er starta i fem kommunar: Rana, Namsos, Gløppen, Skedsmo og Skien. Dette er ei oppfølging av tiltak nr. 26 i tiltaksplanen til regjeringa, *En god barndom varer livet ut*. Prosjektet skal innhente erfaringar med ulike modellar for samarbeid som kan danne grunnlag for meir systematisk samhandling i framtida.

##### *Meklingstilbod og tilbod til barnefamiliar med høgt konfliktnivå etter samlivsbrot*

I 2015 var det 10 507 separasjonar i Noreg. I tillegg kjem samlivsbrot blant sambuarar. Talet på meklingssaker har gått ned med 4 prosent frå 2014 til 2015. Dei aller fleste foreldre som bad om mekling i 2015, fekk tilbod om time innan tre veker frå dei bad om meklinga. Fordelinga mellom dei ulike meklingstypane er stabil.

Talet på meklingar i såkalla foreldretvistsaker auka i perioden 2010–2014, men det var ein nedgang i 2015 samanlikna med 2014.

Barn som lever i familiar med høgt konfliktnivå mellom foreldra, kan utvikle vanskar både emosjonelt, kognitivt og sosialt. For å sikre at desse barna får så gode oppvekstkår som mogleg, tilbyr familievernnet hjelp til foreldra både gjennom mekling og hjelp til å samarbeide om felles barn etter brot. Målsettinga er å førebyggje og dempe konfliktar mellom foreldra. Fleire foreldre nyttar no tilbodet frå familievernnet om hjelp til samarbeid om felles barn. Bufdir vurderer at tilbodet sikrar betre relasjonar i familien og betre samarbeid om barn.

At familievernntenesta gir god hjelp til familiar i forbindelse med samlivsbrot og foreldre med høgt konfliktnivå, bidreg til at fleire foreldretvistar løysast utanfor domstolane. For å motivere til auka

bruk av meklingsstilbodet blir foreldra gjorde merksame på høvet til å nytte seg av det frivillige meklingsstilbodet på nettsida til Bufdir, i informasjonen dei får i innkallinga til meklinga, og i den første meklingsstimen. Talet på avtaleinngåelser i saker der foreldre vurderer å reise sak for retten har auka noko.

Talet på foreldretvistar til domstolane viser ein liten reduksjon frå 2014 til 2015. Bufdir har etablert eit samarbeid med Domstoladministrasjonen for å utvikle tiltak som kan føre til at fleire saker blir løyste i familievernet og ikkje førte vidare til domstolane, eventuelt at dei blir sende tilbake til familievernet frå domstolane. På lokalt nivå samarbeider fleire familieverntenester med tingrettane om å leggje til rette for at partane/foreldra får parallelle og utfyllande tilbod i familievernet medan saka er under behandling i retten, og/eller bistand etter at rettssaka er avslutta. Det vert òg lagt til rette for deling av kunnskap mellom tingrettane og familievernet.

Bufdir har i 2015 arbeidd vidare med å byggje opp eit breiare kunnskapsgrunnlag på områda høgkonflikt etter samlivsbrot, samtalar med barn og kva som kjenneteiknar god omsorg. I tillegg er meklaropplæringa styrkt for å auke den faglege og praktiske kompetansen i meklinga, både hos meklarane i familieverntenestene og hos dei eksterne meklarane. Det er etablert eit spisskompetansemiljø på området *familiar med høgt konfliktnivå*, som skal bidra til å sikre god praksisutvikling og fagutvikling.

Bufdir starta i 2014 eit omfattande fagleg, organisatorisk og digitalt utviklingsprosjekt for å møte kvalitetskrava som blir stilte til familieverntenesta, og for å tilpasse meklingsstilbodet til behova til brukarane og leggje til rette for auka deltaking for barna. Direktoratet har mellom anna utarbeida ein digital avtalemal for foreldresamarbeid. Malen er tilgjengeleg på nett.

#### *Samtalar med barn i mekling*

Talet på barn som blir høyrde i meklingsaker er framleis lågt, men har auka frå 2014 til 2015. Utviklinga har vore positiv dei seinaste åra. Departementet ventar at prosentdelen barn som blir høyrde i meklingsaker vil auke ytterlegare i åra som kjem. I 2016 blei budsjettet til familievernet auka med 5 mill. kroner for å gi fleire barn tilbod om samtalar i samband med samlivsbrot.

#### *Program for foreldrerettleiing (ICDP)*

*International Child Development Programme (ICDP)* er eit gruppebasert tilbod for rettleiing til foreldre som ønskjer betre relasjonar til barna sine. Bufdir arbeidde i 2015 med å organisere, implementere, kvalitetssikre og vidareutvikle programmet. Programmet har blitt tilpassa foreldre på krisesenter og asylmottak og foreldre som er bekymra for barna sine når det gjeld radikaliserings og valdeleg ekstremisme.

Ei evaluering av ICDP som er prøvd ut i krisesenter i perioden 2014–2016, konkluderer med at ICDP er godt eigna for foreldre på krisesenter. Erfaringar så langt tyder òg på at ICDP er godt eigna for foreldre på asylmottak. Det vil i 2016 bli gjennomført ei evaluering av utprøvinga av ICDP i asylmottak.

I 2016 gjennomfører Bufdir pilotgrupper for foreldrerettleiing retta mot foreldre som er uroa for barna sine når det gjeld radikaliserings. Fafo skal evaluere prosjektet.

#### *Tilskotsordninga til foreldrestøttande tiltak i kommunane*

Det blei totalt sett av 18,1 mill. kroner til ordninga i 2015, og om lag 30 kommunar fekk tilskot. Formålet med tilskotsordninga er å gi barn tidleg hjelp gjennom å stimulere kommunane til å gå i gang med foreldrestøttande tiltak. Dette er tiltak som skal hjelpe foreldra med å sjå emosjonelle, kognitive og fysiske behov hos barna. Foreldrestøttande tiltak blir brukte i mange samanhengar – i barnehagar, i barnevernet, ved helsestasjonane, overfor familiar med minoritetsbakgrunn og overfor flyktningfamiliar.

Fafo arbeider med ein kunnskapsstatus om tidleg innsats, med særleg vekt på foreldrestøttande tiltak. Kunnskapsstatusen skal etter planen vere ferdig hausten 2016.

#### *Tilskotsordninga til samlivstiltak*

Den overordna målsetjinga med tilskotsordninga til samlivstiltak er å støtte opp om samlivet i parforhold og å skape ein trygg og stabil oppvekst for barna. Løyvinga til ordninga blei auka med 2,5 mill. kroner til 6,6 mill. kroner i 2015. Ordninga blir forvalta av Bufdir. Det blei gitt støtte til i overkant av 100 samlivskurs og 24 utviklingstiltak i 2015. Programma som blir nytta, blir systematisk brukarevaluerte, og dei viser positiv måloppnåing.

### Utprøving av Nurse Family Partnership

Det er sett i gang eit pilotprosjekt der foreldrerett-leiingsprogrammet *Nurse Family Partnership* blir prøvd ut. Dette er eit program med tett oppfølging av førstegongsfamiliar som treng ekstra støtte. Familiene får oppfølging gjennom heimebesøk frå tidleg graviditet og fram til barnet er to år. Målet er å forebyggje omsorgssvikt og psykisk sjukdom og å gjere oppvekstvilkåra til barna betre med tidleg innsats. Resultat frå land som bruker programmet er gode. Dei viser mellom anna ei forbetring av helsa til både mor og barn under svangerskapet. Mødrene hadde større deltaking i arbeidslivet og færre månader på sosialstønad. Kommunane Sandnes, Stavanger og Time og bydelane Gamle Oslo og Søndre Nordstrand er valde ut til å prøve ut programmet. Programmet skal følgje-evaluerast.

### Likestilt foreldreskap

Ein lovproposisjon med forslag til endringar i barnelova om likestilt foreldreskap blei lagt fram for Stortinget i september 2016. I proposisjonen foreslår regjeringa at utgangspunktet i lova skal vere felles foreldreansvar for alle, også for foreldre som ikkje bur saman når barnet blir født. Vidare blir det foreslått å endre ordlyden i barnelova slik at delt bustad kjem først i lovteksten som døme på ei av ordningane foreldra kan avtale. Det er eit mål at foreldre og barn er einige når barnet skal

flytte. Regjeringa foreslår mellom anna å påleggje foreldra å møte til mekling om dei ikkje er einige om at barnet skal flytte. Varslingsfristen før flytting blir utvida frå seks veker til tre månader. Reglane om tvangsbot skal bli klarare og enklare, og innkrevjinga skal bli meir effektiv ved at ansvaret blir flytta frå namsmannen til Statens innkrevjings-sentral (SI). Det blir òg foreslått nye reglar om oppnemning av meklar mv. som er tilpassa dei særlege forholda i saker om tvangsfullføring.

### Fastsetjing og endring av foreldreskap

Divisjon for rettsmedisinske fag ved Folkehelseinstituttet (FHI) gjennomfører DNA-analysar i farskapssaker på oppdrag frå det offentlege (Arbeids- og velferdsetaten og domstolane). I 2015 blei det utført 871 analysar. Det er ein nedgang på 118 analysar frå året før.

### Barnebidrag

Ved utgangen av 2015 blei det utbetalt barnebidrag og/eller bidragsforskot for 104 163 barn gjennom det offentlege. Barna fordeler seg ganske jamt på dei fleste aldersgruppene. Prosentdelen mannlege bidragsmottakarar har stabilisert seg på 7–8 prosent.

Arbeids- og velferdsetaten si forvaltning på barnebidragsområdet er nærmare omtalt under delmål 2.1 *Valfridom og fleksibilitet for familiare*.

Tabell 4.2 Barn som får bidrag/forskot på bidrag gjennom det offentlege, etter alder og storleiken på det gjennomsnittlege bidraget (kroner)

	Talet på barn	Gjennomsnittleg bidrag per måned (kroner)
Barn 0–5 år	13 920	1 572
Barn 6–10 år	25 594	1 741
Barn 11–14 år	26 284	1 898
Barn 15–18 år	26 104	2 227
Barn 18 år +	2 665	3 817

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet. Tal frå april 2016.

Regjeringa sende i april 2016 på høyring eit forslag til endringar i reglane om barnebidrag og bidrag etter fylte 18 år i barnelova med forskrifter. Høyringsnotatet er ei oppfølging av punktet i regjeringsplattforma om å «[g]jennomgå bidrags-

og støtteordningar knyttet til omsorg for barn for å utvikle et enklare og mer rettferdig regelverk» og Dokument 8:125 S (2010–2011), jf. Innst 357 S (2010–2011), om forholdet mellom bidragsreglane og utdanningsstøtteordningane til vidaregåande

opplæring, jf. også Prop. 1 S (2013–2014). Høyingsnotatet omhandlar særleg bidrag til ungdom over 18 år. Bakgrunnen er ei vurdering av at regelverket for offentleg fastsetjing av bidrag etter fylte 18 år ikkje verkar etter intensjonen, og at ordninga kan gi urimelege utslag. Målet med forslaga er å bidra til at intensjonen med lova blir følgd opp, og at ordninga blir utforma slik at storleiken på bidraget samsvarer med det som er rimeleg å vente for barn over 18 år. Departementet arbeid med oppfølginga av høyringa.

#### *Behandling av barnelovsaker i domstolane*

Ei kartlegging av korleis domstolane behandlar foreldretvistar etter barnelova, var ferdig i 2016. Kartlegginga viser ein svak auke i talet på slike tvistar i perioden 2009–2014. I om lag sju av ti foreldretvistar etter barnelova blir det inngått forlik. Fleire kompetansetiltak er gjennomførte i domstolane. Nesten alle tingrettane som svarte på undersøkinga har utvikla rutinar for behandling av foreldretvistsaker, og 56 prosent av desse domstolane har nedfelt rutineane skriftleg. Kartlegginga viser at barn blir høyrde i foreldretvistsakene, og at dei blir orienterte om utfallet av saka. I undersøkinga rapporterte aktørane om ein variasjon i måten sakene blir behandla på, noko som blei rapportert som ei utfordring når det gjeld kva advokatane og partane kan vente seg. Behandling av saker der det er grunn til bekymring for omsorga for barnet, blei nemnd som særleg utfordrande.

Domstoladministrasjonen fekk i 2015 og 2016 tildelt midlar til kompetanseheving i behandling av foreldretvistar etter barnelova, medrekna å sikre god praksis og samhandling i sakene og styrkje kompetansen knytt til samtalar med barn. Midlane er nytta til fleire ulike kompetansetiltak retta mot dommarar, advokatar og sakkunnige når det gjeld behandlinga av foreldretvistar etter barnelova.

Regjeringa har sett ned eit utval som skal greie ut om særdomstol i barne- og familiesaker og forvaltningsdomstol for utlendingssaker og vurdere ulike alternative løysingar. Utvalet skal levere utgreininga innan 31. januar 2017.

#### *Forvaltning av ekteskapslova*

Det er fylkesmennene som behandlar søknader om separasjon og skilsmisse. Hausten 2015 blei det mogleg å søkje elektronisk om separasjon hos Fylkesmannen. Tal viser at 35–40 prosent av separasjonssøknadene no kjem inn elektronisk. Erfaringane med ordninga har vore gode. Eit digitalt

skjema for skilsmisse etter to års samlivsbrot, (ekteskapslova § 22) blei lansert i juni 2016. Arbeidet med å digitalisere søknadsprosessen og saksbehandlinga i separasjons- og skilsmissesaker held fram. Det digitale skjemaet for skilsmisse etter eitt års separasjonstid (ekteskapslova § 21) er venta hausten 2016.

Fylkesmannen fekk avgjerdsrett til å gi etterfølgjande godkjenning av ugyldige ekteskap både etter ekteskapslova og brudvigjingslova frå og med 1. januar 2016. Fylkesmannen i Oslo og Akershus er tildelt denne oppgåva, med Bufdir som klageinstans. Tidlegare har det vore høvevis Bufdir og BLD som har behandla desse søknadane.

#### *Strategiar og tiltak*

##### *Familievernet*

BLD skal leggje til rette for at familievernet blir utvikla slik at tenestetilbodet nasjonalt blir likeverdig med god tilgang for alle brukarar. Dagens utgangspunkt med både kyrkjelege og offentlege familievernkontor skal førast vidare. Det vil bli gjort vurderingar av driftsavtalane med dei kyrkjelege familievernkontora opp mot nytt EØS-regelverk.

Kjernetilbodet i familievernet er rådgiving, mekling og par- og familierapi. Eigenarten ved familievernet og kjernekompetansen knytt til par- og familiebehandling skal oppretthaldast. Tenesta skal framleis vere eit lågterskeltilbod som gir rask og lett tilgjengeleg hjelp til familiar med par- og familiekonflikatar.

I 2017 skal det arbeidast vidare med å utvikle og etablere eit betre tilbod til familiar der det blir utøvd vald, inkludert valdsutsette barn og valdsutøvarar. Familievern tenesta står sentralt i dette arbeidet. For nærmare omtale av familievernet sitt arbeid mot vald, sjå omtale under delmål 2.3.

Spisskompetansemiljøet i Sør-Rogaland skal utarbeide ein fagutviklingsplan for å utvikle kompetansen hos familievernet når det gjeld foreldre som har mista omsorga for barna. Det skal òg utviklast ein digital rettleiar for arbeidet med målgruppa.

#### *Førebyggjande arbeid i familievernet*

Forskning dokumenterer verdien av tidleg førebyggjande innsats retta mot familiar som treng særskild hjelp og oppfølging. Det overordna målet med det førebyggjande familiararbeidet er å hjelpe familiar til å leve betre saman, førebyggje samlivskonflikatar og familieoppløysing og bidra til godt foreldreskap



også etter samlivsbrot. Det er satt i gang eit arbeid med å vurdere konsekvensar av lovfesting knytt til det førebyggjande arbeidet i familievernnet.

#### *Samarbeid med kommunale tenester*

Stortinget har bedt regjeringa greie ut korleis familievernntenesta i større grad kan arbeide førebyggjande i samarbeid med kommunale tenester. Regjeringa følgjer opp ved å leggje til rette for auka og systematisk samarbeid mellom familievernntenesta og det kommunale tenesteparatet.

Samarbeid mellom familievernnet og helsestasjonane vil halde fram i 2017. Helsestasjonane møter dei aller fleste barn til kontrollar i dei første leveåra, og eit samarbeid gjer det lettare å fange opp familiar som treng hjelp på eit tidleg stadium. Det treårige prøveprosjektet i fem kommunar vil halde fram.

Det vil òg bli arbeidd vidare med å utvikle førebyggjande samlivskurs for foreldre, jf. Meld. St. 24 (2015–2016) *Familien – ansvar, frihet og valgmuligheter*. Det skal satsast vidare på samarbeid mellom familievernnet og helsestasjonane om parkurs for førstegongsforeldre.

#### *Meklingstilbod og tilbod til barnefamiliar med høgt konfliktnivå etter samlivsbrot*

Bufdir held fram arbeidet med å utvikle meklingstilbodet, mellom anna gjennom auka differensiering. Det nasjonale spisskompetansmiljøet for arbeid med foreldre som er i høgkonflikt etter samlivsbrot, bidreg i arbeidet med å utvikle rettleiingar og metodar for tilbodet frå familievernnet til denne gruppa.

Bufdir vil halde fram med informasjons- og samarbeidstiltak for å auke kjennskapen til meklingstilbodet og dei andre tilboda til familievernnet til foreldre og barn etter brot. Betre tilpassing og auka bruk av desse tenestene kan redusere konfliktrar, betre samarbeidet mellom foreldra og gjere oppvekstvilkåra betre for barna.

#### *Samtalar med barn*

Merksemda om barn, barns rett til deltaking og behovet for å gje barn tilbod om samtalar og bistand i familievernntenesta har auka dei seinaste åra. Departementet vil forsterke arbeidet for at fleire barn får tilbod om, og møter til samtale når foreldra er i mekling ved samlivsbrot og foreldretvistar, jf. omtale av oppmodingsvedtak nr. 218 frå Stortinget nedanfor.

#### *Vedtak nr. 218, 10. desember 2014*

I samband med behandlinga av Prop. 1 S (2014–2015), jf. romartalsvedtak VII i Innst. 14 S (2014–2015), vedtok Stortinget 10. desember 2014 oppmodingsvedtak nr. 218:

«Stortinget ber regjeringa vurdere å fremme forslag for Stortinget om at alle barn skal tilbys en egen samtaletime hos familievernnet når foreldrene er inne til mekling etter samlivsbrudd.»

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet uttalte i Prop. 1 S (2015–2016), punkt 3.9 at departementet ville kome tilbake til Stortinget med dette på eigna måte.

Regjeringa omtalte oppmodingsvedtaket om barns deltaking i mekling i Meld. St. 24 (2015–2016) *Familien – ansvar, frihet og valgmuligheter*. I meldinga står det mellom anna at regjeringa vil arbeide for å styrkje tilbodet om samtale til barn i samband med mekling, slik at talet på barn som får tilbodet aukar. Allereie i dag får barn tilbod i ei viss utstrekning, men både omfanget og metoden varierer mellom dei ulike familievernkontora. Bufdir utviklar fagleg rettleiing til familievernntenesta om samtalar med barn både i mekling og i andre familiesaker, og skal lage ein opptrappingsplan for å auke talet på samtalar med barn i mekling.

I Innst. 390 S (2015–2016) skriv fleirtalet i familie- og kulturkomiteen at dei forventar at stortingsvedtaket om eigen time i tillegg til ein auke i midlar som er øyremerkte dette arbeidet, raskt resulterer i at alle barn som er inne til mekling etter samlivsbrot, faktisk får tilbod om ein eigen samtaletime.

I budsjettet for 2016 blei det bevilga ei tilleggs-løyving på 5 mill. kroner til familievernnet slik at fleire barn kunne få tilbod om barnesamtale ved samlivsbrot. Tilleggs-løyvinga til dette føremålet blir ført vidare i 2017.

Stadig fleire barn blir høyrde i samband med mekling, og fleire barn er med i kliniske saker ved familievernkontora no enn før. Kompetansen i familievernkontora når det gjeld samtalar med barn, er styrkt, og ein opptrappingsplan og ein fagleg rettleiar for samtalar med barn i familievernntenesta er under utarbeiding. Det er avgjerande at tilbodet frå familievernnet til barn er fagleg forsvarleg og basert på den beste tilgjengelege kunnskapen. Dette er eit arbeid som krev ei heilskapleg tilnærming.

Det er foreldra som tek den endelege avgjerda om foreldreansvar, bustad og samvær. Ei viktig oppgave for familievernnet er å gjere foreldra merksame på at barn har rett til å bli høyrde, og at meininga deira skal vektleggjast ut frå alder og

modning. Samlivsbrot og spørsmål om kvar barna skal bu, kan vere vanskeleg å ta opp med eigne barn. Derfor er det ei viktig oppgåve for familievernkontora å informere foreldra om barns rett til å bli høyrde og å hjelpe foreldra til å snakke med eigne barn. For å få til dette skal det utviklast ei rettleiing for foreldre i det å snakke med eigne barn før, under og etter samlivsbrot.

#### *Foreldrestøttande arbeid*

Arbeidet med å byggje ut, vidareutvikle og implementere dei ulike eksisterande programma for oppdragarkompetanse og foreldrestøttande tiltak held fram. Det vil bli starta eit arbeide med å utvikle ein strategi for det foreldrestøttande arbeidet i 2017.

Arbeidet med å implementere programmet *Nurse Family Partnership* med tidleg intervensjon for førstegongsforeldre som treng ekstra oppfølging, vil halde fram i 2017.

Regjeringa vil føre vidare løyvinga til ytterlegare utprøving og tilpassing av *International Child Development Program* (ICDP) for foreldre som er bekymra for at ungdommane skal radikaliseras. Bufdir har gjennomført ei evaluering knytt til utprøvinga som viser at ICDP er godt eigna for foreldre på krisesenter. Sjå nærmare omtale under delmål 2.3.

#### *Tilskotsordning til foreldrestøttande tiltak*

Tilskotsordninga til foreldrestøttande tiltak retta mot kommunane skal først vidare. Eit viktig mål med ordninga er å gi barn tidleg hjelp og å hjelpe foreldra med å skape trygge rammer for oppvekst og utvikling i familien.

Informasjon om tilskotsordninga vil særleg bli marknadsført overfor kommunar som busett nykomne flyktingar. Mange av barnefamiliane som kjem til Noreg som flyktingar har opplevd krig, vald og overgrep i heimlandet eller under flukta. Det er viktig å støtte foreldra tidleg, slik at dei kan skape trygge rammer for oppvekst og utvikling i familien. Det er i tillegg nødvendig å gi kommunane høve til å jobbe aktivt for å førebyggje vald og overgrep i familien. Ordninga er styrkja vesentleg gjennom regjeringsperioden. Løyvinga var på 3,5 mill. kroner i 2014. I regjeringa sitt budsjettforslag for 2017 har ein lagt til grunn ei ramme for tilskotsordninga på over 23 mill. kroner.

#### *Tilskotsordninga til samlivstiltak*

Tilskotsordninga til samlivstiltak blir ført vidare i 2017. Samlivskurs og foreldrerettleiing er viktige

primærførebyggjande tiltak for å styrkje kvaliteten i samliv og foreldrekompetanse.

#### *Nye reglar om tap av foreldreansvar mv. etter dom for alvorleg overgrep mot eigne barn*

Regjeringa arbeider med å greie ut ei lovendring med sikte på å endre foreldreretten og samværetten til barn der far/stefar eller mor/stemor er dømd for alvorlege overgrep mot eigne barn/stebarn.

Departementet ser på endringar i barnelova for å få til ei enklare behandling av spørsmåla om foreldreansvar, fast bustad og samvær i slike høve. Justis- og beredskapsdepartementet vil sjå på om det bør innførast ei lovfesta plikt for domstolen til å vurdere kontaktforbod i slike saker.

#### *Heimel for DNA-testing ved erklæring av farskap for barn fødd i utlandet*

Barn av norske statsborgarar blir automatisk norsk statsborgar ved fødsel etter statsborgerlova. Det skjer då inga prøving av statsborgarskapet når barnet har norsk far eller mor. Barn fødd i utlandet blir ikkje fødselsregistert i Noreg. I nokre saker kan det vere tvil rundt barnet sin identitet, og det kan vere fare for at det blir gitt uriktige opplysingar om farskapen for å oppnå norsk statsborgarskap for barnet. Departementet greier derfor no ut om det bør innførast ein heimel for DNA-testing ved erklæring av farskap for barn fødd i utlandet.

### **Delmål 2.3: Effektive verkemiddel i arbeidet mot vald og seksuelle overgrep**

Regjeringa vil styrkje arbeidet mot vald og seksuelle overgrep mot barn, ungdom og vaksne. Regjeringa set i verk tiltak i tiltaksplanen *En god barn-dom varer livet ut* og i handlingsplanen *Et liv uten vold*. Innsatsen er retta mot å førebyggje, avdekke, behandle og utvikle kompetanse om offer for vald og seksuelle overgrep. Regjeringa vil òg betre koordineringa av arbeidet mot vald og overgrep i nære relasjonar. Regjeringa vil hausten 2016 leggje fram ein opptrappingsplan som skal medverke til å redusere førekomensten av vald i nære relasjonar og styrkje varetakinga av barn som er utsette for vald og overgrep.

Arbeidet mot vald og seksuelle overgrep omfattar ansvarsområde i fleire departement. BLD koordinerer innsatsen for å kjempe mot vald og seksuelle overgrep mot barn og ungdom, medan Justis- og beredskapsdepartementet koordinerer innsatsen mot vald i nære relasjonar.

## Resultatrapport 2015/2016

### *Arbeidet for å kjempe mot vald og seksuelle overgrep mot barn og unge*

Vald og seksuelle overgrep er eit alvorleg samfunns- og folkehelseproblem. Det fører til store lidningar for den enkelte og store utgifter for samfunnet. Bufdir har ei sentral rolle i informasjonsarbeid, førebyggjande arbeid og utvikling av gode tenester og hjelpetilbod for dei som er utsette for vald i nære relasjonar, og for utøvarane av valden. Bufdir prioriterte i 2015 arbeidet med informasjonsverksemd, i tillegg til å gjere hjelpetilboda kjende for potensielle brukarar.

Tiltaksplanen *En god barndom varer livet ut* (2014–2017) inneheld 43 tiltak og skal bidra til å førebyggje vald og seksuelle overgrep mot barn og unge og sørge for at dei som blir utsette for det, får den hjelpa dei treng. Fire departement står bak planen, og fleire direktorat har ansvar for enkelttiltak.

Bufdir skal setje i verk tiltaka i planen på BLDs område og koordinere samarbeidet med andre aktørar. Ein statusrapport per juni 2016 er utarbeida. Direktoratet er godt i gang med å implementere tiltak og har mellom anna starta arbeidet med å utvikle digitalt informasjonsmateriell til arbeid mot vald og seksuelle overgrep i barnehage og skole.

Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner (LNU) utarbeider, i samarbeid med andre organisasjonar, eit opplegg til bruk i skolen om korleis ein i trygge rammer kan tematisere og skape rom for samtalar om livsmeistring (psykisk helse, vald, overgrep, seksualitet, prestasjonspress, mobbing, familieproblem, kroppspress m.m.). Opplegget vil bli vurdert av Utdanningsdirektoratet i samarbeid med Helsedirektoratet og Bufdir.

I 2015 sette regjeringa ned eit utval som skal gjennomgå saker der barn og ungdom har vore utsette for grov vald, seksuelle overgrep eller alvorleg omsorgssvikt. Oppgåva til utvalet er å avdekkje *om* og *korleis* det offentlege har svikta i slike tilfelle. I 2016 blei det vedteke ei lov som gav utvalet tilgang til konfidensiell informasjon.

Departementet har ført vidare støtta til fylkesmannsembeta for å gi kommunetilsette som arbeider med barn og ungdom, eit kurstilbod i samtalar med barn om vanskelege tema som vald og seksuelle overgrep. Dei regionale ressursentra om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging (RVTS) har utarbeidd kursopplegget, og rapporteringar frå fylkesmannsembeta viser at embeta tilbyr kurs over heile landet.

### *Opptappingsplanen mot vald og overgrep*

Regjeringa starta arbeidet med opptappingsplanen hausten 2015 i tråd med oppmodingsvedtak nr. 623 av 8. juni 2015 frå Stortinget. BLD har hatt koordineringsansvaret og samarbeidd tett med Justis- og beredskapsdepartementet, Kunnskapsdepartementet, Arbeids- og sosialdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Departementet inviterte relevante organisasjonar og fagmiljø til å kome med innspel til planen. Barneombodet bidrog i tillegg til å sikre medverknad frå barn og barneperspektivet.

Sjå nærmare omtale under Strategiar og tiltak.

### *Tilskot til tiltak for valdsutsette barn og tilskot til senter for valdsutsette barn*

Tilskotsordninga blei oppretta i 2015. Frivillige organisasjonar, allmenntilrette stiftingar og andre kan søke om tilskot til drift og aktivitetar som bidreg til at barn og unge som er eller har blitt utsette for vald eller seksuelle overgrep, får auka meistringsevne og livskvalitet. Erfaringane frå 2015 tyder på at det er få, men viktige organisasjonar som søker om tiltak innanfor prioriteringane i tilskotsordninga. Prosjekta spenner frå ulike aktivitetstilbod for barn til workshops og samtalegrupper for barn som har blitt utsette for vald og overgrep. Aktørar som har fått tilskot til tiltak for valdsutsette barn, er krisesenter, kommunar, Redd Barna, Blå Kors og stiftelsen ATV.

Ved behandlinga av budsjettet for 2016 øymerkte stortinget 15 mill. kroner til drift av senter for valdsutsette barn i regi av Stine Sofies Stiftelse. Det blei oppretta ein ny budsjettpost, kap. 840, post 73, til føremålet.

Stine Sofie Senteret opna i Grimstad i mai 2016. Dette er eit nasjonalt senter for valdsutsette barn, deira trygge omsorgspersonar og søsken. Senteret skal tilby eit seks dagars kursopphald med vekt på meistring og glede for heile familien.

### *Undersøking av omfanget av vald mot barn*

NKVTS har fått i oppdrag å gå igjennom dei juridiske, etiske og metodiske sidene ved å gjennomføre ei undersøking av vald mot barn – med barn som deltakarar i undersøkinga. I tillegg har NKVTS laga ei prosjektskisse om korleis ei slik kartlegging kan skje. Ein av konklusjonane frå rapporten deira er at ei forskrift til helseforskningslova må utarbeidast for at undersøkinga skal kunne gjennomførast. Undersøkinga vil derfor ikkje bli sett i gang i 2016 som planlagt. Bufdir gjennomførte, i samarbeid

med NKVTS, ein konferanse om forskning på sensitive tema med barn som deltakarar i juni 2016.

#### *Arbeid mot vald i nære relasjonar*

BLD har ansvaret for å gjennomføre ei rekkje tiltak i handlingsplanen *Et liv uten vold – Handlingsplan mot vold i nære relasjonar* (2014–2017). Ansvaret for å følge opp tiltaka er delegert til Bufdir. I 2015 blei evalueringa av implementeringa av krisesenterlova i kommunane lagd fram, og direktoratet lanserte ein rettleiar til krisesenterlova (sjå avsnittet om krisesentertilbodet nedanfor).

På oppdrag frå BLD gjennomførte NKVTS i 2015 og 2016 ei kartlegging av behandlingstilbodet til barn og ungdom som er utsette for vald og seksuelle overgrep, og behandlingstilbodet til unge som utøver vald og overgrep. Kartlegginga viser at alle dei fire helseregionane har behandlingstilbod til målgruppene, men at det er få spesialiserte tilbod. Hovudutfordringane ser ut til å vere manglande kompetanse og kunnskap om behandling av barn med problematisk eller skadeleg seksuell åtferd, manglande kapasitet og ressursar og manglande rutinar for samarbeid mellom behandlingseiningane.

Ei kartlegging av behandlingstilbodet til utøvarar av vald (vaksne) skal ferdigstillast hausten 2016.

#### *Vald og overgrep mot utviklingshemma*

Menneske med utviklingshemming er meir utsette for vald og overgrep enn befolkninga elles. I 2014 utarbeidde Bufdir derfor retningslinjer knytte til seksuelle overgrep mot vaksne med utviklingshemming. Gjennom eit målretta informasjons- og pådrivararbeid har Bufdir bidrege til at retningslinjene er blitt tekne i bruk i norske kommunar.

#### *Familievernet sitt arbeid med familiar som lever med vald*

Bufdir har som oppgåve å sikre at familievernet gir eit nasjonalt likeverdig og fagleg forsvarleg tilbod til barn og familiar som lever med vald. I 2014 hadde familievernet 3 500 saker som dreidde seg om fysisk/psykisk vald og/eller seksuelt misbruk. I samband med styrkinga av familievernet i 2015 har arbeidet med å sikre eit nasjonalt likeverdig og fagleg forsvarleg tilbod til familiar som lever med vald, vore prioritert. For å bidra til å nå måla blei det i 2015 etablert eit nasjonalt spisskompetansemiljø innan vald i nære relasjonar.

Spisskompetansemiljøet skal bidra til å sikre kunnskapsbasert praksis på fagområdet og kvali-

tetssikre praksisen ved familievernkontora i alle regionar. Spisskompetansemiljøet har kartlagt tilbodet frå familievernet på dette området. Bufdir og spisskompetansemiljøet innanfor vald samarbeider om å utvikle rettleiingar for arbeid med vald i familieverntenestene. Det er etablert ressurskontor for vald i nære relasjonar i alle regionar. Dei skal ha eit regionalt kompetanse- og behandlingsansvar når det gjeld vald, og behandle, rettleie og hjelpe andre familievernkontor.

#### *Stiftinga Alternativ til vold (ATV)*

BLD har i 2016 gitt tilskot til drift av etablerte ATV-kontor som er drivne av stiftinga Alternativ til vold (ATV). Målet med tilskotet er å få til eit behandlingstilbod til utøvarar av vald i nære relasjonar. ATV kan òg gi eit tilbod til familien til valdsutøveren innanfor ramma av tilskotet. ATV skal bidra til samarbeid med Bufdir og familieverntenesta. Behandlingstilbodet skal vere eit lågterskel behandlingstilbod utan krav til tilvising. ATV har til saman elleve kontor. Nokre av kontora har tilbod til familien og barna til valdsutøveren, og enkelte kontor har tilbod til unge valdsutøvarar. Til saman fekk 1 147 personar behandling gjennom ATV-tilboda i 2015.

Det er sett i gang ei evaluering av ATV's hjelpe- og behandlingstilbod til valdsutøvarar. Ein delrapport viser at fleirtalet av valdsutøvarane hadde psykiske vanskar og erfaringar med traume. Mange hadde òg erfaring med vald frå foreldra, annan familie og/eller andre. Formålet med evalueringa er å vurdere effekten av behandlinga av klientar som søker behandling for valdsproblem ved ATV. I samband med evalueringa er det gjennomført ein studie av menn i behandling for valdsproblematikk ved ATV om effekten av behandlinga. Førebelse funn tyder mellom anna på at behandlinga reduserer utøvinga av vald.

Familievernet samarbeider med ATV lokalt i dei kommunane ATV er etablert, for å gi eit heilskapleg tilbod til valdsutøvarar og familiar der vald er eit alvorleg problem. Det er sett i gang eit samarbeidsprosjekt mellom ATV og Bufdir/familievernet for å styrkje kompetansen og behandlingsskapiteten på dette området, jf. tiltak 34 i tiltaksplanen *En god barndom varer livet ut*. Bufdir har i 2016 starta eit arbeid med ein plan for implementering knytt til valdsarbeidet i familievernet ved spisskompetansemiljøet, der ATV inngår i arbeidsgruppa. ATV og Bufdir samarbeidde om gjennomføringa av ein valdskonferanse i 2015.

### Krisesenter

Alle kommunar har plikt til å ha eit krisesentertilbod til kvinner, menn og barn som er utsette for vald eller truslar om vald i nære relasjonar. Krisesentera er eit hjelpetilbod med særleg kompetanse på vern og tryggleik, råd og rettleiing til utsette for vald i nære relasjonar. I 2015 var det 47 krisesentertilbod.<sup>1</sup>

Det budde 1 918 vaksne på krisesentera i 2015. Av dei var 125 menn på totalt 30 krisesentertilbod. Krisesenterstatistikken gir no meir kunnskap om barn på krisesentera, og viser at det var 1 570 barn ved krisesentra i 2015. 67 prosent av bebuarane hadde innvandrarbakgrunn.

For å klargjere kva plikter kommunane har, lanserte Bufdir i 2015 ei rettleiing til krisesenterlova

<sup>1</sup> Inkludert i dette talet er eit eige krisesenter for menn på Sunnmøre.

som er distribuert til alle kommunar og fylkesmenn. For å styrkje barneperspektivet og den barnefaglege kompetansen blei det i 2015 for første gong arrangert ein eigen fagkonferanse for tilsette som arbeider med barn. Bufdir har på bakgrunn av evalueringa av krisesenterlova gjort ein gjennomgang av tilbodet til barn på krisesenter og i 2015 tilpassa og prøvd ut foreldrerettleiingsprogrammet ICDP for foreldre på krisesenter. Utprøvinga var finansiert av Justis- og beredskapsdepartementet. Bufdir har gjennomført ei evaluering av utprøvinga. BLD sende våren 2016 på høyring eit utkast til forskrift om fysisk sikring av lokale.

Med bakgrunn i evalueringa av krisesenterlova, er det satt i gang utviklingsprosjekt knytta til utsette grupper som ikkje får eit godt nok tilbod. Dette gjelder valdsutsette med rus- eller psykiatriproblem, valdsutsette med nedsett funksjonsevne og valdsutsette menn med barn på krisesenter. Stortinget løyvde 3 mill. kroner til dette arbeidet i 2016.

Tabell 4.3 Aktiviteten ved krisesentera 2011–2015

	2011	2012	2013	2014	2015
Talet på registrerte krisetelefonar	14 564	16 493	-	-	-
Talet på dagbesøk	8 566	8 491	9 490	9 152	9 744
Talet på bebuarar:					
– kvinner	1 895	1 929	1 917	1 781	1 786
– menn	79	117	111	136	125
– barn	1 725	1 763	1 746	1 507	1 570
Gjennomsnittleg opphaldstid på krisesentera for alle bebuarane (talet på døgn) for					
– alle bebuarane	28	30	28	28	29
– bebuarar utan innvandrarbakgrunn <sup>1</sup>	22	22	21	23	23
– bebuarar med innvandrarbakgrunn	32	37	34	33	35
Bebuarar med innvandrarbakgrunn (i prosent)	62	65	66	62	67

<sup>1</sup> Personar med innvandrarbakgrunn er personar som er fødte i utlandet eller har to utanlandske foreldre.  
Kjelde: Sentio Research Norge.

### Støttesentera mot incest og seksuelle overgrep

Sentera mot incest og seksuelle overgrep er eit lågterskeltilbod utan krav til tilvising som gir råd, støtte og rettleiing til personar som er blitt utsette for seksuelle overgrep, og deira pårørande. Sentera blir finansierte gjennom ei tilskotsordning som Bufdir forvaltar. Etter regelverket for tilskotsordninga skal tilbodet vere av god kvalitet og med

god tilgjengelegheit. Alle fylka i landet har eit slikt tilbod i dag, men Bufdir vurderer fleire tilbod for å betre tilgjengelegheita. Bufdir gav derfor i 2015 førehandsgodkjenning av etablering av eit nytt senter i Nord-Noreg, som har hatt dårleg tilgjengelegheit tidlegare.

Dei 22 sentera fekk om lag 37 000 førespurnader i 2015, anten på telefon, SMS, e-post eller brev. Det er ein auke på om lag 1 700 førespurnader frå

2014. Totalt 2 565 personar besøkte sentera i 2015. 84 prosent av dei som var utsette for seksuelle overgrep, og 72 prosent av dei pårørande var kvinner. Berre 8 prosent av dei utsette som oppsøkte sentera, hadde innvandrarbakgrunn.

Det er for 2016 gjort nokre endringar i regelverket, mellom anna for å kunne opne for auka bemanning ved dei mindre sentera, jf. ekstraløy-

vinga frå Stortinget på 2 mill. kroner til drift av støttesentera i 2016.

I 2015 og 2016 gjennomførte Bufdir ei kartlegging av tilbodet til barn ved sentera mot incest og seksuelle overgrep, jf. tiltak 27 b) i tiltaksplanen *En god barndom varer livet ut* (2014–2017). Kartlegginga avdekte behov for meir kunnskap om tilbodet ved sentera.

Tabell 4.4 Incestsentera. Talet på brukarar fordelt på kvinner og menn i perioden 2011–2015

	2011	2012	2013	2014	2015
Førstegongskontakt med incestutsette <sup>1</sup>					
Kvinner	2 007	1 552	1 563	1 857	2 022
Menn	695	464	514	519	573
I alt	2 702	2 016	2 077	2 376	2 595

<sup>1</sup> Tala for førstegongskontakt omfattar telefon, SMS, e-post og brev.

Kjelde: Sentio Research Norge.

#### *Tilskot til tiltak mot vald og seksuelle overgrep i nære relasjonar*

Bufdir forvaltar ei tilskotsordning til tiltak mot vald og seksuelle overgrep i nære relasjonar. Det overordna målet med tilskotsordninga er å sikre drift og konkrete tiltak i regi av ideelle organisasjonar som har arbeid mot vald i nære relasjonar som kjerneverksemd.

I 2015 fekk Landsdekkjande telefon for incest- og seksuelt misbrukte, Fellesskap mot seksuelle overgrep (FMSO) og Krisesentersekretariatet driftstilskot gjennom ordninga. Fleire organisasjonar fekk aktivitetstilskot.

NKVTS fann i ei undersøking i 2014 at unge i aldersgruppa 15–24 år er spesielt utsette for valdtekt. Bufdir prioriterte i 2015 mellom anna tilskot til tre tiltak retta mot ungdom for å førebyggje valdtekt og kjærastevald.

#### Strategiar og tiltak for 2017

##### *Arbeidet mot vald og seksuelle overgrep*

Det er behov for å styrkje innsatsen mot vald og overgrep. Regjeringa legg hausten 2016 fram ein opptrappingsplan som skal redusere førekomsten av vald i nære relasjonar og styrkje varetakinga av barn som er utsette for vald og overgrep, sjå nærmare omtale av planen under.

Arbeidet med å følgje opp opptrappingsplanen vil bli prioritert i 2017. Vidare skal Bufdir føre vidare arbeidet med tiltak i *Handlingsplan mot vold i nære relasjonar* (2014–2017) og tiltak i

tiltaksplanen *En god barndom varer livet ut* (2014–2017).

Regjeringa vil følgje opp utgreiinga frå Barnevaldsutvalet, som etter planen skal ligge føre innan sommaren 2017. Eit utval alvorlege saker der barn og ungdom blitt utsette for vald og seksuelle overgrep skal evaluerast. Målet er å avdekke svikt og utfordringar i det offentlege hjelpeapparatet.

Som eit ledd i oppfølginga av regjeringa sitt arbeid mot vald og seksuelle overgrep blir det i 2017 ført vidare midlar til tilskot til ideelle organisasjonar, stiftingar mfl. som arbeider på valdsfeltet. Bufdir forvaltar fleire tilskotsordningar retta mot dette formålet. Det gjeld tilskot til tiltak for valdsutsette barn, tilskot til tiltak mot vald og seksuelle overgrep i nære relasjonar og øyremerkte driftstilskot til Stine Sofie Senteret.

BLD har i 2016 gått igjennom tilskotsordningane på valdsfeltet med sikte på å slå saman og gjere dei enklare. Regjeringa vil i 2017 føre vidare og styrkje det øremerka driftstilskotet til Stine Sofie Senteret med 5 mill. kroner, men føreslår at dei to andre tilskota blir slått saman til éi ordning, noko som vil bidra til ei meir heilskapleg behandling av søknader og gi større rom for fleksibilitet.

Den nye tilskotsordninga skal ha som formål å førebyggje vald og overgrep i nære relasjonar og styrkje livskvaliteten og evna til meistring hos barn og unge som er utsette for vald og overgrep. Sjø nærare omtale under eigen post.

Det er behov for meir kunnskap om korleis ein bør snakke med barn om vald og seksuelle over-

grep, særleg blant vaksne som har dagleg kontakt med barn og unge gjennom jobb eller fritidsaktivitetar. Fylkesmannen har i perioden 2014–2016 organisert kurs for ulike faggrupper i kommunane i å samtale med barn om vald og overgrep. Regjeringa vil no utvikle dette kurset til eit nasjonalt opplæringsprogram som er modulbasert og tilpassa ulike målgrupper.

Arbeidet med å utvikle digitalt informasjonsmateriell til arbeid mot vald og seksuelle overgrep i barnehage og skole vil bli styrka, jf. omtalen av opptappingsplanen mot vald og overgrep. Vidare foreslår regjeringa 2 mill. kroner til arbeid med å utvikle informasjonskampanjar for å auke merksemda om vald i familien. Å bryte tabuar kring vald kan bidra til at fleire utsette tør å snakke om sine opplevingar og dermed få hjelp tidligare.

Departementet vil gi driftstilskot til NKVTS for å styrkje kunnskapen om vald i nære relasjonar og vald og overgrep mot barn og unge. Det er Bufdir som forvaltar BLDs basistilskot til NKVTS, medan Helsedirektoratet koordinerer det samla basistilskotet til NKVTS.

I 2017 vil NKVTS arbeide med prosjekt om sårbarheitsfaktorar knytte til vald i nære relasjonar. Det skal mellom anna leggast vekt på seksuell orientering, funksjonsevne og etnisk bakgrunn. Vidare skal NKVTS initiere prosjekt som gir kunnskap om korleis valdsproblematikk blir handtert etter barnelova.

NKVTS skal hausten 2016 gjennomføre ei kartlegging av behandlingstilbodet til barn som utøver seksuelle overgrep, i dei nordiske landa, Storbritannia og Nederland. Det vil gi eit betre grunnlag for å vurdere korleis behandlingstilbodet til barn og unge i Noreg skal organiserast for framtida.

Ei undersøking om omfanget av vald og overgrep mot barn og unge vil starte opp i 2017 der som spørsmål knytte til lov og regelverk blir avklara.

#### *Nærmare om opptappingsplanen mot vald og overgrep*

Hausten 2016 legg regjeringa fram ein opptappingsplan mot vald og overgrep i ein eigen proposisjon til Stortinget, jf. oppmodingsvedtak nr. 623 frå Stortinget som er omtalt nedanfor.

#### *Vedtak 623, 8. juni 2015*

På grunnlag av eit representantforslag om tiltak for å kjempe mot vald mot barn vedtok Stortinget

8. juni 2015 oppmodingsvedtak nr. 623, jf. Dokument 8:54 S (2014–2015) og Innst. 315 S (2014–2015):

«Stortinget ber regjeringen snarest fremme forslag om en forpliktende og helhetlig opptrappingsplan som skal redusere forekomsten av vold i nære relasjoner samt styrke ivaretagelsen av barn utsatt for vold og overgrep, etter modell av opptrappingsplanen for psykisk helse. Planen må sikre en tverrfaglig bredde i tiltakene, god samordning, samt en langsiktig forpliktelse til økt finansiering og øremerkede midler.»

Vedtaket vil bli fulgt opp ved at Regjeringa hausten 2016 legg fram ein opptappingsplan mot vald og overgrep til Stortinget i ein eigen proposisjon. Planen skal innrettast mot å redusere forekomsten av vald i nære relasjonar og styrkje varetakinga av barn utsette for vald og overgrep. Regjeringa foreslår i 2017 ei tverrdepartemental satsing på 176 mill. kroner til følgjande tiltak:

- 6,5 mill. kroner til å betre behandlingstilbodet til overgripingar og forskinga på feltet, sjå Helse- og omsorgsdepartementet sin budsjettproposisjon.
- 5 mill. kroner for å auke kompetansen i helse-tenesta om vald mot barn, sjå Helse- og omsorgsdepartementet sin budsjettproposisjon.
- 5,5 mill. kroner til å greie ut forløp for valdsutsette og forløp for overgripingar, sjå Helse- og omsorgsdepartementet sin budsjettproposisjon.
- 5 mill. kroner til HELSEVEL-programmet for å følgje opp forskning i opptappingsplanen, sjå Helse- og omsorgsdepartementet sin budsjettproposisjon.
- 19 mill. kroner til styrking av offeromsorg i regi av politiet, sjå Justis- og beredskapsdepartementet sin budsjettproposisjon.
- 15 mill. kroner til styrking av Statens barnehus m.m, sjå Justis- og beredskapsdepartementet sin budsjettproposisjon.
- 10,9 mill. kroner til dialoggrupper mot vald i asylmottak, sjå Justis- og beredskapsdepartementet sin budsjettproposisjon.
- 4 mill. kroner til deltaking i EU kids online-undersøking, sjå Justis- og beredskapsdepartementet sin budsjettproposisjon.
- 35 mill. kroner til å auke innsatsen mot mobbing, sjå Kunnskapsdepartementets budsjettproposisjon.
- 5 mill. kroner til auka tilskot til Stine Sofie Senteret.

- 4 mill. kroner til kompetansetiltak i familieverntenesta for å auke kompetansen om vald. Midlane skal òg nyttast til å utvikla samarbeidet mellom familieverntenesta og stiftinga Alternativ til vold (ATV) vidare.
- 7 mill. kroner til å styrkje tilskotsordninga til foreldrestøttande tiltak i kommunane. Informasjon om tilskotsordninga vil særleg bli marknadsført overfor kommunar som busett nykomne flyktningar.
- 3 mill. kroner til informasjonstiltak retta mot befolkninga og til følgjeevaluering av opptrappingsplanen mot vald og overgrep.
- 1 mill. kroner til utvikling av digitalt informasjonsmateriell til bruk i barnehage og skole.
- 50 mill. kroner av veksten i kommunesektoren sine frie inntekter i 2017 er grunngitt med auka satsing på skulehelsetenesta og helsestasjonane, sjå Kommunal- og moderniseringsdepartementets budsjettproposisjon.

Regjeringa vil trappe opp innsatsen mot vald og overgrep ytterlegare i planperioden. Satsinga som blei sette i gang i 2016 på valdsområdet vil òg bli ført vidare.

Barne- og likestillingsdepartementet vil samen med Helse- og omsorgsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet og Kunnskapsdepartementet følgje utviklinga når det gjeld arbeidet for å førebyggje og kjempe mot vald og overgrep. Departementa sine fagdirektorat vil få ei sentral rolle i oppfølginga av opptrappingsplanen.

Nedanfor blir eitt anna oppmodingsvedtak i tilknytning til opptrappingsplanen omtalt:

#### *Vedtak 741, 31. mai 2016*

I samband med behandlinga av Meld. St. 17 (2015–2016) *Trygghet og omsorg – Fosterhjem til barns beste* og Innst. 318 S (2015–2016) vedtok Stortinget oppmodingsvedtak nr. 741:

«Stortinget ber regjeringa sikre at barn som har begått overgrep, barn med traumer eller barn som har vært utsatt for overgrep, følges opp.»

Vedtaket vil bli følgt opp i den komande opptrappingsplanen mot vald og overgrep som regjeringa skal leggje fram hausten 2016.

#### *Familievernet sitt arbeid mot vald*

I 2017 skal det arbeidast vidare med å utvikle og etablere eit tilbod i familievernet til valdsutsette

barn og familiar og til unge og vaksne valdsutøvarar. Spisskompetansemiljøet på vald skal, i samarbeid med ATV, i perioden 2016–2018 bidra til at familieverntenesta kan gi eit meir standardisert og kunnskapsbasert tilbod til valdsutøvarar og valdsutsette. I det ligg det å vidareutvikle kompetanse og rettleie familievernkontora. Det skal arbeidast vidare med å sikre grunnleggjande kompetanse om vald i heile organisasjonen til familieverntenestene, og det skal arbeidast med å etablere meir felles rutinar for avdekking, kartlegging, evaluering og tryggingarbeid. Vidare skal det arbeidast med å tilpasse hjelpemodellar og reiskapar til familievernet. Det skal òg innarbeidast gode metodar for å evaluere praksis. Spisskompetansemiljøet skal utarbeide ein fagrettleiar på valdsområdet i 2017. Det har òg eit internt arbeid med å utarbeide metodar for å måle valdsområdet. Spisskompetansemiljøet, i samarbeid med Bufdir og ATV, skal ved hjelp av ei arbeidsgruppe utarbeide ein implementeringsplan for behandlingstilbodet når det gjeld vald.

Eit prosjekt om å utvikle eit behandlingstilbod til ungdom som bruker aggresjon og vald som meistringsstrategi, skal starte opp og levere første delrapport i 2016 med vidareføring i 2017.

Regjeringa føreslår å auke budsjettet til familievernet med 4 mill. kroner i 2017. Midlane skal nyttast til å styrkje kompetansen i familievernet og til å styrkje samarbeidet mellom familieverntenesta og ATV.

Den samla satsinga på familievernområdet er nærmare omtalt under Strategiar og tiltak under delmål 2.2 *Trygge familierelasjonar, likestilte foreldre og godt foreldresamarbeid til beste for barna*.

#### *Stiftinga Alternativ til vold*

Departementet vil føre vidare ordninga med tilskot til stiftinga Alternativ til vold (ATV) til drift av ATV-kontor. ATV skal gi eit lett tilgjengeleg lågterskel behandlingstilbod.

ATV og Bufdir/familievernet samarbeider for å styrkje kompetansen og behandlingsskapiteten i tilboda frå familievernet til utsette barn, unge valdsutøvarar og vaksne utøvarar av vald i familien. Tiltaka er ein del av tiltaksplanen *En god barndom varer livet ut* (2014–2017) og handlingsplanen *Et liv uten vold* (2014–2017). Samarbeidet skal først vidare i 2017.

ATV skal arbeide vidare for å utvikle sitt eksisterande tilbod gjennom eit familiemandat, slik at det skal kunne gis meir helskapleg behandling av valdsutøvarar og deira familiar – herunder også unge valdsutøvarar.



### *Krisesentera*

Evalueringa av implementeringa av krisesenterlova skal følgjast opp med ein fagleg rettleiar om innhald og kvalitet i krisesentertilbodet, til dømes om barn på krisesenter. For 2016 er det tildelt 3 mill. kroner for å sette i gang utviklingsprosjekt for å styrkje tilbodet til utsette grupper i krisesentertilbodet, til dømes brukarar med rus- og psykiske problem, brukarar med funksjonsnedsetjingar og menn med barn som kjem til krisesentra. Eit arbeid med å utvikle modellar for kommunanes arbeid med desse brukargruppene er i gang. Hovudmålet med utviklingsprosjekta vil vere å bidra til at kommunane gir utsette grupper brukarar eit betre krisesentertilbod, herunder utvikle organisatoriske modellar for krisesentertilbodet for desse gruppene, jf. evalueringa.

ICDP-programmet har blitt tilpassa foreldre på krisesenter. Evaluering av ICDP utprøvd i krisesenter i perioden 2014–2016 konkluderer med at ICDP er godt eigna for foreldre på krisesentra. Departementet vil vurdere korleis programmet kan bli tatt i bruk systematisk og auke bruken i fleire krisesenter.

Fylkesmannen skal føre tilsyn med at kommunane følgjer opp plikta til å sørge for eit krisesentertilbod basert på risikovurderingar. Behovet for eit tettare samarbeid mellom fylkesmannsembeta og Bufdir som fagorgan for krisesentertilbodet vil bli vurdert nærmare. Målet er å stimulere kommunane til å gi eit heilskapleg og samordna tilbod til valdsutsette, i samsvar med krisesenterlova.

### *Støttesentera mot incest og seksuelle overgrep*

BLD vil føre vidare ordninga med tilskot til senter mot incest og seksuelle overgrep og senter mot valdtekt. For å få meir kunnskap om tilbodet ved sentera skal eit FoU-prosjekt bli fullført i 2017.

RVTS-ane spelar ei viktig rolle når det gjeld kompetanseheving, rettleiing og etablering av nettverk innanfor det kommunale krisesentertilbodet og i sentera mot incest og seksuelle overgrep. Sentera er oppmoda til å samarbeide med RVTS-ane, og utviklinga av samarbeidet vil halde fram i 2017.

Den årlege statistikken frå sentera mot incest og seksuelle overgrep er eit viktig grunnlag for den faglege oppfølginga av sentera. Arbeidet med å vidareutvikle statistikken held fram i 2017.

### *Indikatorar på valdsfeltet*

Det skal utviklast eit sett med indikatorar som skal belyse utviklinga på valdsfeltet på nasjonalt nivå. Arbeidet skal sjåast i samanheng med indikatorarbeidet som Folkehelseinstituttet har leidd.

### **Delmål 4.1: Like moglegheiter til deltaking for barn og ungdom**

Regjeringa vil at alle barn og unge skal ha like moglegheiter til å delta i samfunnet. Det er òg viktig at barn og unge får høve til deltaking og medverknad, både i samfunnet og i eigne liv. Regjeringa vil leggje vekt på at fleire kommunar arbeider for brei medverknad frå barn og unge. For å nå målet er det viktig at barn og ungdom får gi og ta imot informasjon på eigne premissar.

### Resultatrapport 2015/2016

#### *Rettar og deltaking for barn og ungdom*

Regjeringa la i januar 2016 fram ein samla plan for barne- og ungdomspolitikken, *Trygghet, deltaking og engasjement – regjeringens arbeid for barn og ungdom*. Planen løftar fram konkrete tiltak, både for arbeid som alt er i gang, og nye tiltak, og viser prioriteringane og satsingane til regjeringa framover. Planen gir ein brei presentasjon av innsatsen for å gi gode rammer for ein trygg oppvekst på sentrale område som familie og nærmiljø, barnehage, skole og arbeidsliv, helse og velferd og kultur og fritid. I planen blir det presentert fire mål og prinsipp for barne- og ungdomspolitikken: ein trygg oppvekst i familie og nærmiljø, like rettar og moglegheiter, deltaking og påverknad, og gode tilbod og tenester til alle.

BLD støttar det nasjonale og internasjonale arbeidet til dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane gjennom tilskotsordningane for nasjonal og internasjonal grunnstønad. Grunnstønaden er med på å leggje til rette for at barn og ungdom kan delta i barne- og ungdomsorganisasjonane.

Noreg deltek i EU-programmet *Erasmus+* (2014–2020). *Erasmus+* gir tilskot til prosjekt innanfor utdanningssektoren, ungdomsfeltet og idretten. Prosjekta skal gi ungdom høve til å knyte band over kultur- og landegrensar, lære av kvarandre og utvikle solidaritet og toleranse. Det har vore ein auke i deltakinga i programmet.

### *FN-konvensjonen om barns rett*

Noreg skal regelmessig rapportere til FN's barnekomité om gjennomføring av FN-konvensjonen om barnerettane. Hausten 2016 leverte Noreg sin femte og sjette rapport til FN-komiteen. Bufdir har òg utarbeidd ein barnerapport som er send til FN saman med rapporten. Forum for barnekonvensjonen har motteke tilskudd for å utarbeide ein supplerande rapport frå det sivile samfunnet.

Fylkesmannen i Troms har utarbeidd *Sjumilssteg*-programmet, som er eit analyse- og oppfølgingsverktøy for kommunane. Verktøyet blir brukt til å sikre ein aktiv bruk av barnekonvensjonen på tvers av tenestene. Alle fylka er no med i arbeidet. Resultatet av dette arbeidet er betre samhandling på tvers av tenestene og at rettane til barn og ungdom blir sette på dagsordenen.

### *Medverknad og informasjon*

Dei aller fleste kommunane og fylkeskommunane har i dag medverknadsordningar som til dømes barne- og ungdomsråd. Ordningane er ulikt organiserte og har ulike mandat.

For styresmaktene er det viktig å leggje til rette for samla og lett tilgjengeleg informasjon til barn og unge. Nettstaden *ung.no*, som blir drifta av Bufdir, tilbyr ungdom mellom 14 og 20 år informasjon om kva rett, moglegheiter og plikter ungdom har, og anna dei lurar på. I 2015 hadde nettsida om lag 21 mill. sidevisingar. Kampanjen *#ikkegreit* blei gjennomført i 2015 og var retta mot vald i nære relasjonar. Målet med kampanjen var å formidle kunnskap og informasjon til ungdom om krenking, vald og overgrep i nære relasjonar. Kampanjen nådde over 430 000 personar i alderen 13 til 20 år, noko som svarer til 83 prosent av alle brukarane av Facebook i denne aldersgruppa i Noreg.

### *Eit inkluderande oppvekstmiljø*

Departementet har satsa breitt for å skape gode og trygge oppvekstvilkår for alle barn.

Modellkommuneforsøket blei gjennomført i perioden 2007–2014 for å utvikle gode modellar for tidleg intervensjon, førebyggjande tiltak og einskapleg, systematisk og langsiktig oppfølging av barn i målgruppa. Målgruppa er barn av psykisk sjuke og rusmisbrukarar. Følgjeevalueringa blei offentleggjord våren 2015.

Det blei i 2015 oppretta ei ny tilskotsordning som skal sikre at erfaringane frå modellkommu-

neforsøket blir førte vidare. Ordninga skal stimulere til at fleire kommunar utviklar kunnskapsbaserte modellar. Formålet med ordninga er å oppdage og følgje opp barn av psykisk syke og barn av foreldre som misbruker rusmidlar frå graviditet. I 2015 fekk 24 nye kommunar moglegheit til dette.

Bufdir forvaltar tilskotsordninga *Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn*. Tilskotsordninga bidreg til å skape opne og inkluderande fritidstilbod til barn og ungdom i kommunane. Ordninga omfattar 23 bykommunar og 8 prioriterte bydeler i Oslo. I 2016 var løyvinga på om lag 29 mill. kroner. I overkant av 60 tiltak fekk støtte i 2016. Barn og ungdom med innvandrarakgrunn står overfor spesielle utfordringar. Arbeid som fremmar integrering, har derfor vore høgt prioritert i 2016. Bufdir nyttar fleire kjelder for å følgje opp at formålet med ordninga blir nådd, til dømes rapportering frå tilskotsmottakarane, evalueringar og forskning.

Det overordna målet med tilskotsordninga *Støtte til oppfølgings- og løsfunksjonar for ungdom* er å styrkje tilknyttinga til skole, og gi trivsel og meistring. Ordninga skal bidra til betre skoleprestasjonar og auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Løyvinga var på om lag 31 mill. kroner i 2016. 70 kommunar fekk støtte gjennom ordninga i 2016.

BLD har gjennom tilskotsordninga *Mangfald og inkludering* støtta opp om lokale ungdomsprosjekt som legg vekt på mangfald, haldningar og nye former for deltaking. Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner (LNU) mottek og vidarefordelar tilskotet.

Som ledd i oppfølginga av tiltaksplanen *En god barndom varer livet ut* er det mellom anna utarbeidd ein kunnskapsstatus om digital mobbing. Bufdir er ansvarleg for tiltaket. Som del av arbeidet skal ei gruppe ekspertar gi departementet råd om nye tiltak mot digital mobbing.

Departementet deltek i det interdepartementale samarbeidet om Medietilsynets *Trygg bruk*. I 2016 blei *Barn og medier*-undersøkinga publisert. Utbreiinga av digital mobbing er eit tema i undersøkinga. Departementet deltek òg i *Partnerskap mot mobbing*, som ligg under Kunnskapsdepartementet.

### Strategiar og tiltak for 2017

#### *Barn og ungdom sine rett og deltaking*

Barn og ungdom har rett til medverknad. Regjeringa vil føre ein politikk som legg til rette for at barn og ungdom kan bruke denne retten. Barn og

ungdom har ei viktig stemme i samfunnsdebatten. Dei er ekspertar på eigne liv, og dei må lyttast til i saker som angår dei sjølve. Vidare er barn og ungdom agentar for forandring i andre saker enn berre dei som angår dei sjølve.

Regjeringa vil føre vidare tilskotsordningane for dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane. Ordningane omfattar grunnstønad til både nasjonalt og internasjonalt arbeid. Målet er å medverke til eit levande og mangfaldig organisasjonsliv for og med barn og unge. Arbeidet med å forenkle tilskotsforvaltninga held fram i 2017.

Den norske deltakinga i EU-programmet *Erasmus+* held fram i 2017. Internasjonal deltaking fremmar medverknad, aktiv medborgarskap, sosial inkludering og solidaritet. I tillegg bidreg kulturutveksling til større kunnskap om og forståing for kulturskilnader, demokratiutvikling og menneskerettar.

#### *Medverknad og informasjon*

Det er sett i gang eit arbeid for å samle kommunale medverknadsordningar i ei lov. Medverknadsordninga for ungdom tek ein sikte på å gjere frivillig for kommunane, men om dei ønskjer å ha ei slik ordning, må dei følgje regler fastsett i forskrift. Arbeids- og sosialdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet og BLD føreslår at kommunelova får nye føresegner om særlege medverknadsordningar for eldre, ungdom og personar med nedsett funksjonsevne. Utfyllande reglar for dei enkelte ordningane blir fastsette i forskrift. Forslaget var på høyring våren 2016.

#### *Eit inkluderande oppvekstmiljø*

Regjeringa vil halde fram med den heilskaplege innsatsen for å skape gode levekår og oppvekstmiljø for barn og unge. Ein innsats på tvers av sektorar og fagområde er særskild viktig.

Tilskotsordninga *Utvikling av modellar for identifikasjon og oppfølging av barn av psykisk sjuke og barn av foreldre som misbruker rusmiddel* vil bli ført vidare i 2017.

Gode og trygge møteplassar for barn og ungdom i byane legg til rette for sosialt samkvem på tvers av sosiale og kulturelle skiljelinjer. Departementet føreslår at tilskotsordninga *Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn* blir ført vidare på same nivå i 2017 som i 2016, med om lag 29 mill. kroner. Dei større bykommunane kan styrkje oppvekstmiljøet til barn og unge ved å etablere eller vidareutvikle trygge møteplassar.

Møteplassane skal særleg leggje til rette for å inkludere utsette ungdomsgrupper og ungdomsmiljø.

Departementet føreslår at tilskotsordninga *Støtte til oppfølgings- og losfunksjonar for ungdom* blir ført vidare på same nivå i 2017 som i 2016, med 31 mill. kroner. Denne tilskotsordninga gjer det mogleg for kommunane å arbeide målretta med ungdom og leggje til rette for tettare oppfølging og betre samordning av tilbod til ungdom i vanskelege livssituasjonar. Målet er å styrkje skoletilknytning, trivsel og meistring.

Innsatsen mot mobbing blir ført vidare på fleire område. Som ledd i oppfølginga av tiltaksplanen *En god barndom varer livet ut* er det utarbeidd ein kunnskapsstatus om digital mobbing. Det vil bli arbeida vidare med anbefalingane som er knytte til arbeidet.

BLD vil gjennom tilskotsordninga *Mangfald og inkludering* støtte opp om lokale ungdomsprosjekt som legg vekt på mangfald, haldningar og nye former for deltaking. Ordninga legg òg til rette for at frivillige organisasjonar og andre kan søkje om midlar til tiltak som førebyggjer radikaliserings og valdeleg ekstremisme.

BLD vil saman med Kulturdepartementet halde fram med å støtte forskingsprogrammet *Sivilsamfunn og frivillig sektor 2013–2017*.

#### *Vedtak 785, 7. juni 2016*

På grunnlag av eit representantforslag om å førebyggje kroppspress hos barn og unge gjorde Stortinget 7. juni 2016 oppmodingsvedtak nr. 785, jf. Dokument 8:26 S (2015–2016) og Innst. 327 S (2015–2016):

«Stortinget ber regjeringa sørge for mer kunnskap om årsakene til at barn opplever kroppspress og sliter med dårlig selvbilde.»

Departementet tek hausten 2016 sikte på å sette i gang arbeid for å innhente forskingsbasert kunnskap om dette temaet.

#### **Delmål 4.2. Redusere konsekvensar av fattigdom for barn og unge**

Dei fleste barn i Noreg veks opp i trygge familiar med gode økonomiske vilkår. Samtidig er det familiar som fell utanfor på grunn av dårlege levekår, svak økonomi eller begge delar. Dette rammar barna. Regjeringa har som mål å skape like moglegheiter for alle. Det sosiale tryggingssettet skal styrkjast, slik at fleire blir løfta opp og færre

fell utanfor. Regjeringa arbeider for at alle barn skal kunne delta i ferie- og fritidsaktivitetar.

Resultatrapport 2015/2016

*Strategi mot barnefattigdom 2015–2017*

Regjeringa sin strategi for barn som lever i fattigdom blei sett i verk i 2015. Strategien har 64 tiltak fordelt på 7 innsatsområde. Samarbeid med fylkesmenn, kommunar og det sivile samfunnet er viktig i arbeidet.

I oppfølginga av merknader frå Riksrevisjonen (Dokument 3:11 (2013–2014)) er det no etablert ei arbeidsgruppe på direktoratsnivå som følgjer opp arbeidet på barnefattigdomsområdet. Bufdir har i 2016 utarbeidd eit sett med indikatorar som kommunane kan bruke for å identifisere fattigdomsutfordringar i eigne kommunar. Indikatorane er eit verktøy kommunane kan bruke for å få meir kunnskap om omfanget og utviklinga av barnefattigdom. Eit anna oppfølgingspunkt er evaluering av tiltaka mot barnefattigdom som kommunane har sett i verk, slik at ein kan utvikle meir kunnskap og finne gode metodar i arbeidet.

*Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom* blei etablert i 2014, og er ei ordning der offentlege instansar, bydelar, frivillige organisasjonar, stiftingar og barne- og ungdomsorganisasjonar kan søkje om midlar. Målet er å gjere det mogleg for fleire barn, ungdom og familiar å delta i ferie- og fritidsaktivitetar, uavhengig av inntekta til foreldra. Tilskotsordninga skal bidra til å redusere og dempe konsekvensane for barn som lever i fattigdom. I 2016 blei meir enn 160 mill. kroner fordelt på om lag 500 enkelttiltak. Over halvparten av midlane gjekk til frivillige instansar og stiftingar. I tråd med målsetjinga gjekk store delar av midlane til kultur-, ferie- og fritidsopplevingar for barn og unge. Bufdir begynte arbeidet med å evaluere kommunale tiltak innanfor denne ordninga i 2016.

Frå og med 2016 er det eit krav at kommunane skal ha ein knutepunktfunksjon. Funksjonen skal prioritere oppsøkjande arbeid overfor familiar som elles er vanskelege å nå, og sørge for at kommunane får god oversikt over alle relevante tiltak i kommunal og frivillig regi. Slik skal ein få eit bindeledd mellom barn, ungdom og familiar som treng hjelp, kva tiltak som finst, og kva tiltak det er behov for i kommunane.

Rapporten *Barnefamilienes inntekter, formue og gjeld 2004–2014* omtaler viktige utviklings-trekk i økonomien til barnefamiliar, mellom anna auka skilnader, vedvarande låg inntekt og viktigheta av stønader, sjå SSB Rapportar 2016/11.

*Fritidserklæringa*

Barn i familiar med god råd deltek oftare i organiserte fritidsaktivitetar enn barn i familiar med dårleg råd. Kommunane, frivilligheita og staten har derfor gått saman om ein felles innsats, *Fritidserklæringa*, for at alle barn, uavhengig av den økonomiske og sosiale situasjonen til foreldra, skal få høve til å delta regelmessig i ein organisert fritidsaktivitet. *Fritidserklæringa* blei signert i juni 2016 og er ei oppfølging av eit av tiltaka i strategien til regjeringa *Barn som lever i fattigdom* (2015–2017).

*Analyse av inntektsmobilitet*

Departementet har gitt Statistisk sentralbyrå i oppdrag å analysere inntektsmobilitet blant barnefamilier. Analysen vil gi ny kunnskap om barn som høvevis forlatar og forblir i gruppa med vedvarande låginntekt.

*0–24-samarbeidet*

For å styrkje arbeidet med utsette barn og unge under 24 år i kommunane og fylkeskommunane har Kunnskapsdepartementet starta eit 5-årig samarbeid med Arbeids- og sosialdepartementet, Barne- og likestillingsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet. Samarbeid mellom dei fem direktorata Utdanningsdirektoratet, Integrerings- og mangfaldsdirektoratet, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Helsedirektoratet og Arbeids- og velferdsdirektoratet skal leggje til rette for ein meir samordna innsats retta mot utsette barn og ungdom mellom 0 og 24 år. Dei skal ta for seg problemstillingar om spesifikke språkvanskar, regelverk, samordning og nye innsatsar retta mot målgruppa, læreplassar, behov for forskning og tilskotsforvaltning. Programmet varer til 2020. Dei fem direktoratsdirektørane har skrive under ei programerklæring og teke rolla som programeigar for 0–24-programmet.

Strategiar og tiltak for 2017

*Strategi mot barnefattigdom 2015–2017*

Dei ansvarlege departementa gjennomfører tiltaka i strategien i samarbeid med direktorata. Direktoratata skal mellom anna utarbeide ein rapport annakvart år som skal vurdere om tiltaka i strategien treffer målgruppa, og gi ein status når det gjeld omfanget av barnefattigdom i Noreg. Den første rapporten vil bli utarbeidd i 2017. Det er lagt opp til at ein slik rapport blir utarbeidd anna-

kvart år også utover strategiperioden. KS, frivillige organisasjonar og særskilt barne- og ungdomsorganisasjonane vil bli trekte inn i arbeidet med oppfølging og rapportering.

Buudir ferdigstilte i 2016 eit sett indikatorar på kommunenivå. Indikatorane er utforma slik at kommunane skal få meir oversikt over utsette barnefamiliar. Som ei oppfølging av dette, vil ei rettleiing og andre pedagogiske verktøy som kommunane kan nytte i arbeidet mot barnefattigdom gjerast ferdig. Det vil bli lagt til rette for meir erfaringsutveksling om arbeid mot barnefattigdom i samarbeid med kommunar og frivillige organisasjonar.

### Fritidserklæringa

*Fritidserklæringa* skal leggje til rette for at alle barn og unge skal få delta regelmessig i minst éin fritidsaktivitet som passar for alderen. Sekretariatet skal rette merksemda mot gode døme, aktivitetar og samarbeid og utfordre kvarandre når det gjeld haldningar og handlingar. Ein nasjonal konferanse hausten 2016 skal samle relevante aktørar som kan delta i eit nasjonalt nettverk for utveksling av erfaringar og kunnskap.

## Nærmare om budsjettforslaget

Utgifter under programkategori 11.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
840	Tiltak mot vald og overgrep	121 115	178 858	181 180	1,3
841	Samliv og konfliktløsning	26 930	34 380	33 124	-3,7
842	Familievern	471 740	485 550	500 847	3,2
843	Adopsjonsstønad	5 932	13 421	13 797	2,8
844	Kontantstøtte	1 640 026	1 510 000	1 539 000	1,9
845	Barnetrygd	15 112 878	15 170 000	15 180 000	0,1
846	Familie- og oppveksttiltak	46 193	424 754	458 046	7,8
847	EUs ungdomsprogram	231 757	8 049	8 212	2,0
848	Barneombodet		13 623	15 595	14,5
849	Likestillings- og diskrimineringsombodet	53 981			
	Sum kategori 11.10	17 710 552	17 838 635	17 929 801	0,5

Inntekter under programkategori 11.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
3842	Familievern	280	677	696	2,8
3847	EUs ungdomsprogram		2 300	2 364	2,8
	Sum kategori 11.10	280	2 977	3 060	2,8

Rekneskap 2015 gjeld gammal budsjettstruktur.

## Utgifter under programkategori 11.10 fordelt på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
01–23	Drift	350 264	404 221	412 758	2,1
50–59	Overføringer til andre statsregnskaper	57 087	3 180	3 253	2,3
60–69	Overføringer til kommuner	79 521	357 923	374 465	4,6
70–98	Overføringer til private	17 223 680	17 073 311	17 139 325	0,4
Sum kategori 11.10		17 710 552	17 838 635	17 929 801	0,5

Rekneskap 2015 gjeld gammel budsjettstruktur.

**Kap. 840 Tiltak mot vald og overgrep**

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>		2 498	19 795
61	Tilskot til incest- og valdtektssenter, <i>overslagsløyving</i>	79 521	84 299	86 617
70	Tilskot til valdsførebyggjande tiltak mv., <i>kan nyttast under post 21 og kap. 858 post 01</i>	39 096	46 983	54 348
72	Tilskot til tiltak for valdsutsette barn		5 884	
73	Tilskot til senter for valdsutsette barn, <i>kan overførast</i>		15 000	20 420
Sum kap. 0840		121 115	178 858	181 180

Rekneskap 2015 gjeld gammel budsjettstruktur.

**Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 70**

Midlane på denne posten blir nytta til finansiering av ulike prosjekt og tiltak som er viktige i arbeidet mot vald, overgrep og valdeleg ekstremisme.

Ein føreslår å knyte stikkordet «kan nyttast under» gjensidig mellom kap. 840, post 21 Spesielle driftsutgifter og kap. 840, post 70 Tilskot til valdsførebyggjande tiltak mv. Begge postane finansierer valdsførebyggjande tiltak.

## Budsjettforslag 2017

I saldert budsjett 2016 var det midlar på denne posten til *Nurse Family Partnership*-programmet. For å

sikre korrekt postbruk og samla midlar til programmet på eitt budsjettkapittel, føreslår ein at 3 mill. kroner blir overførte til kap. 846, post 21, og at 3,9 mill. kroner blir overførte til kap. 846, post 71. Ei tilsvarande flytting blei gjord i samband med behandlinga av Prop. 122 S *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer på statsbudsjettet for 2016*.

Statens barnehus er i dag finansiert over ulike kapittel og postar på statsbudsjettet, mellom anna over kap. 840, post 21. Justis- og beredskapsdepartementet føreslår i samråd med BLD og Helse- og omsorgsdepartementet å samle midlane under kap. 440, post 01. Det inneber ein reduksjon av kap. 840, post 21 med 3,6 mill. kroner.

BLD føreslår å styrkje posten med 3 mill. kroner til informasjonstiltak om vald og overgrep og

til følgjeevaluering av opptrappingsplanen mot vald og overgrep.

Samla føreslår ein at posten blir redusert med 7,5 mill. kroner. Departementet føreslår ei løyving på 19,8 mill. kroner.

### **Post 61 Tilskot til incest- og valdtektssenter, overslagsløyving**

Løyvinga dekkjer tilskot til 22 incestsenter og eitt valdtektssenter. Tilskotsordninga blir forvalta av Bufdir i samsvar med retningslinjer for statleg tilskot til senter mot incest og seksuelle overgrep og ressurscenter mot valdtekt, jf. Rundskriv 10/2016. I rundskrivet er det òg gitt rammer for ordninga:

#### Mål

Målet med tilskotsordninga er å gi personar som er utsette for incest, seksuelle overgrep eller valdtekt, eit tilbod om hjelp og støtte av god kvalitet og med god tilgjengelegheit gjennom å gjere drifta av incest- og valdtektssentera mogleg.

#### Kriterium for tildeling

Tilskota blir tildelte etter søknad. Rundskrivet frå Bufdir stiller nærmare krav til sentera som kan søkje om tilskot.

Finansieringa er delt mellom stat og kommune, slik at 20 prosent kommunalt tilskot og eit eventuelt tilskot frå helseføretaket eller fylkeskommunen utløyser 80 prosent statleg tilskot. Statstilskotet er øyremerkt.

#### Oppfølging og kontroll

Incestsentera og valdtektssentera skal utarbeide årsrapportar og statistikk for verksemda. Vertskommunen for det enkelte incestsenteret eller valdtektssenteret skal godkjenne budsjettet og ha ansvar for økonomiforvaltninga.

Bufdir og Riksrevisjonen kan kontrollere at tilskotsmidlane er nytta etter føresetnadene, jf. løyvingreglementet § 10 andre ledd og riksrevisjonslova § 12 tredje ledd.

#### Budsjettforslag 2017

Budsjettforslaget byggjer på ei vidareføring av tilskotsordninga i 2017. Departementet føreslår ei løyving på 86,6 mill. kroner.

### **Post 70 Tilskot til valdsførebyggjande tiltak mv., kan nyttast under post 21 og kap. 858, post 01**

Løyvinga dekkjer tilskot til ulike valdsførebyggjande tiltak og tiltak for å auke kunnskapen på valdsfeltet. Departementet føreslår at posten får stikkordet «kan nyttast under post 21». Sjå nærmare omtale under kap. 840, post 21.

Løyvinga har vore nytta til å gi tilskot til stiftinga Alternativ til vold (ATV) til drift av eksisterande ATV-kontor.

Løyvinga har dekt tilskot til Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS) og til dei regionale sentera om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging (RVTS-ane) sitt arbeid for kompetanseheving, nettverksbygging mv. innanfor det kommunale krisesenter-tilbodet og i incestsentera. Det er gjort nærmare greie for desse aktivitetane under delmål 2.3.

Departementet føreslår at det blir gitt tilskot til ATV, NKVTS og RVTS-ane i 2017. Tilskot må likevel vurderast på bakgrunn av søknader frå dei aktuelle tilskotsmottakarane.

BLD tilrår å slå saman tilskotordningane *Tilskot til tiltak mot vald og seksuelle overgrep i nære relasjonar* på kap. 840, post 70 og *Tilskot til tiltak for valdsutsette barn* på kap. 840, post 72. Forslaget inneber at kap. 840, post 72 blir avvikla.

I regelverket for den nye ordninga vil det bli lagt vekt på at organisasjonar og prosjekt som i dag har rett på tilskot gjennom dei to eksisterande tilskotsordningane, også skal omfattast av den nye ordninga. Å slå saman ordningane bidreg til ein meir heilskapleg behandling av søknader på feltet. Ei felles tilskotsordning vil òg gi rom for meir fleksibilitet og opnar for prioritering av større prosjekter. Det er òg enklare å ha éi utlysning av midlar på valdsfeltet retta mot frivillige organisasjonar enn å ha to. Ein kan gje både drifts- og prosjekttilskot.

Departementet føreslår følgjande overordna rammer for den nye ordninga:

#### Mål

Føremålet med tilskotsordninga er å bidra til å førebyggja vald og overgrep i nære relasjonar, og å styrkja evna til meistring og livskvaliteten til barn og unge som er eller har vore utsett for vald eller seksuelle overgrep.

**Kriterium for tildeling**

Tilskotsordninga skal mellom anna bidra til arbeidet med å nå måla i regjeringas handlingsplanar mot vald i nære relasjonar og vald og overgrep mot barn og unge.

Organisasjonar og andre aktørar som er registrert i Enhetsregisteret kan søkje. Det gis ikkje tilskot til privatpersonar og verksemder som er drive på forretningsmessig grunnlag.

Organisasjonar som kan dokumentera at føremålet med ordninga er deira kjerneverksemd, kan søkje om driftstilskot. Organisasjonar som får øyremerkta driftstilskot over statsbudsjettet kan ikkje søkje driftstilskot i ordninga.

Ein kan òg gje støtte til tidsavgrensa aktivitetar. Det er ein føresetnad at tiltak som blir utvikla og starta opp etter kvart blir ein del av den ansvarlege organisasjonen sin ordinære drift.

Tilskotsordninga blir forvalta av Bufdir.

**Oppfølging og kontroll**

Tilskotsmottakarane sender inn rekneskapar og rapportar som viser at midlane er brukte i samsvar med vilkåra for tildelinga. Bufdir og Riksrevisjonen kan kontrollere at tilskotsmidlane er nytta etter føresetnadene, jf. løyvingsreglementet § 10 andre ledd og riksrevisjonslova § 12 tredje ledd.

Departementet legg til grunn at tilskot til *Landsdekkende telefon for incest- og seksuelt misbrukte* skal inngå som ein del av den nye ordninga. Dette gjeld òg *direkte tilskot til prosjekt i ATV som tidligare blei gitt over kap. 840, post 72*. Ordninga

vil bli forvalta av Bufdir. I tillegg vil enkelte tiltak mot tvangsekteskap, kjønnslemlesting og alvorleg avgrensing av unges fridom, bli lyst ut med egne tildelingskriteriar.

Det vil bli utarbeidd nærmare retningslinjer for tilskotsordninga.

**Budsjettforslag 2017**

BLD foreslår å auke posten med 6 mill. kroner mot avvikling av kap. 840, post 72. Departementet foreslår ei løyving på 54,3 mill. kroner.

**Post 72 Tilskot til tiltak for valdsutsette barn**

BLD foreslår at posten blir avvikla. Sjå nærmare omtale under post 70.

**Post 73 Tilskot til senter for valdsutsette barn, kan overførast**

Posten dekkjer driftstilskot til senter for valdsutsette barn. I 2016 er heile løyvinga nytta til å gi tilskot til Stine Sofie-stiftinga til drift av Stine Sofie Senteret, noko som er i tråd med føringane som blei gitt i Innst. 14 S (2015–2016).

Departementet legg, på bakgrunn av føringane i Innst. 14 S (2015–2016), til grunn at heile løyvinga også for 2017 skal gå til dette formålet.

Departementet foreslår ein auke i løyvinga av tilskotet til Stine Sofie Senteret med 5 mill. kroner.

Departementet foreslår ei løyving på 20,4 mill. kroner.

**Kap. 841 Samliv og konfliktløsning**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
21	Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, <i>overslagsløyving</i>	9 299	13 566	13 946
22	Opplæring, forskning, utvikling mv.	5 243	6 520	6 069
23	Refusjon av utgifter til DNA-analysar, <i>overslagsløyving</i>	5 784	7 542	6 168
70	Tilskot til samlivstiltak, <i>kan nyttast under kap. 858 post 01</i>	6 604	6 752	6 941
	Sum kap. 0841	26 930	34 380	33 124



### **Post 21 Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, overslagsløyving**

Posten omfattar godtgjersle til meklarar utanom familievernet, dekning av reiseutgifter til foreldre i særlege tilfelle og utgifter til tolk når slike utgifter fell inn under refusjonsordninga for tolketenesta. Godtgjersle til meklarar utanom familievernet blir gitt etter same satsar som for fri retts hjelp. Stortinget bestemmer satsen etter forslag frå Justis- og beredskapsdepartementet. Ordninga blir forvalta av Bufdir.

Departementet føreslår ei løyving på 13,9 mill. kroner.

### **Post 22 Opplæring, forskning, utvikling mv.**

Posten omfattar midlar til opplæring av nye meklarar og til kompetanseheving av meklarkorpset. Bufdir forvaltar midlane til opplæring av meklarar.

Midlane skal vidare nyttast til å følgje opp meklingsordninga, medrekna å gjennomføre og styrkje kompetansehevande tiltak for meklarar i høgkonfliktsaker og kompetansen deira i å samtale med barn.

Midlane under posten skal òg nyttast til økonomisk støtte til Domstoladministrasjonen til kompetanseheving ved domstolane i foreldretvistar etter barnelova, medrekna å sikre god praksis og samhandling i sakene og styrkje kompetansen knytt til samtalar med barn.

Posten dekkjer òg utgifter til forvaltinga av barnelova og ekteskapslova.

BLD føreslår å redusere posten med 0,6 mill. kroner fordi enkelte prosjekt blir ferdigstilte.

Departementet føreslår ei løyving på 6,1 mill. kroner.

### **Post 23 Refusjon av utgifter til DNA-analysar, overslagsløyving**

Posten omfattar refusjon av utgifter til DNA-analysar som er rekvirerte av domstolane og Arbeids- og velferdsdirektoratet ved fastsetjing av farskap. Departementet refunderer utgiftene dette fører med seg. Utgiftene til DNA-analysar følgjer direkte

av reglane i barnelova om fastsetjing og endring av farskap. Frå 1. januar 2017 tek ein sikte på at Helse Sør-Øst RHF ved Oslo universitetssykehus utfører alle DNA-analysar. Tidlegare blei desse analysene utført av Divisjon for rettsmedisin og rusmiddel-forskning ved Folkehelseinstituttet.

Departementet føreslår ei løyving på 6,2 mill. kroner.

### **Post 70 Tilskot til samlivstiltak, kan nyttast under kap. 858, post 01**

Posten omfattar tilskot til lokale samlivskurs og utviklingstiltak. Løyvinga blir forvalta av Bufdir. Ordninga har desse overordna rammene:

#### Mål

Det overordna målet med tilskotsordninga er å støtte opp om samlivet i parforhold. Midlane skal brukast til å styrkje samlivsforhold med sikte på å skape gode relasjonar og førebyggje oppløysing av familiar og samliv.

#### Kriterium for tildeling

Midlane skal nyttast til to typar tiltak:

1. Lokale samlivskurs/samlingar for par
2. Utviklingstiltak i samlivsarbeidet

#### Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarane sender inn rekneskapar og rapportar som viser at midlane er brukte i samsvar med vilkåra for tildeling. Bufdir og Riksrevisjonen kan kontrollere at tilskotsmidlane blir nytta etter føresetnadane, jf. løyvingsreglementet § 10 andre ledd og riksrevisjonslova § 12 tredje ledd.

Det er gitt nærmare retningslinjer for tildeling i rundskriv frå BLD. Departementet legg til grunn at hovudtrekka i retningslinjene blir førte vidare i 2017.

#### Budsjettforslag 2017

Departementet føreslår ei løyving på 6,9 mill. kroner.

## Kap. 842 Familievern

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	266 022	289 986	295 956
21	Spesielle driftsutgifter	28 315	29 008	33 671
70	Tilskot til kyrkja si familievern teneste mv., <i>kan nyttast under post 01</i>	177 403	166 556	171 220
	Sum kap. 0842	471 740	485 550	500 847

Familievernet er ein del av Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat). Bufdir leier dei fem regionane i Bufetat. Bufdir har ansvar for den faglege og administrative leiinga og for drifta av familievernet. Familievern tenesta har familierelaterte problem som sitt fagfelt. Kjerneoppgåvene er behandling og rådgiving ved vanskar, konflikter eller kriser i familien og mekling etter lov om ekteskap § 26 og § 51 i barnelova. Familievernkontora driv førebyggjande arbeid og utoverretta verksemd om familieretta tema, medrekna rettleiing, informasjon og undervisning retta mot hjelpeapparatet og publikum.

### Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 70

Posten dekkjer lønn til tilsette og utgifter til varer og tenester knytte til dei offentleg eigde familievernkontora. Løyvinga omfattar tilskot til oppgåvene dei offentlege familievernkontora utfører i samband med samlivstiltaket *Hva med oss?* (kap. 858 Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, post 01), og dekkjer administrasjonsutgifter knytte til familievernet ved regionkontora i Bufetat. Løyvinga dekkjer òg nasjonale utviklingsoppgåver knytte til familievernet.

Departementet føreslår ei løyving på 296 mill. kroner.

### Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten dekkjer utgifter til forskning, utviklingsarbeid og kompetanseheving i familievernet. Midlane blir forvalta av Bufdir.

BLD føreslår å auke løyvinga til familievernet med 4 mill. kroner. Midlane skal nyttast til kompetansetiltak i familievern tenesta med sikte på å auke kompetansen om vald og seksuelle overgrep. Midlane skal òg nyttast til å utvikle samarbeidet mellom familievern tenesta og stiftinga Alternativ til vold (ATV) vidare.

Departementet føreslår ei løyving på 33,7 mill. kroner.

### Post 70 Tilskot til kyrkja si familievern teneste mv., kan nyttast under post 01

Midlane blir nytta til å finansiere drifta av dei kyrkjeleg eigde familievernkontora. Dei kyrkjeleg eigde familievernkontora får midlar til drifta gjennom tilskotsbrev frå Bufetat i samsvar med inngått avtale om drift av familievernkontor. Løyvinga omfattar òg tilskot til oppgåvene dei kyrkjeleg eigde familievernkontora utfører i samband med samlivstiltaket *Hva med oss?* (kap. 858 Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, post 01). Posten blir òg nytta til å gi tilskot til Stiftelsen Kirkens Familievern.

Departementet føreslår ei løyving på 171,2 mill. kroner.

## Kap. 3842 Familievern

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Diverse inntekter	280	677	696
	Sum kap. 3842	280	677	696

### Post 01 Diverse inntekter

Departementet foreslår ei løyving på 0,7 mill. kroner. Inntektene er diverse kursinntekter mv.

## Kap. 843 Adopsjonsstønad

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Driftsutgifter	5 932		
70	Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, <i>overslagsløyving</i>		13 421	13 797
	Sum kap. 0843	5 932	13 421	13 797

Rekneskap 2015 gjeld gammel budsjettstruktur.

### Post 70 Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, overslagsløyving

Om tildelinga av eingongsstønad til adopsjon

Eingongsstønad ved adopsjon av barn frå utlandet blei innført i 1992 for å motverke ei ujamn sosial fordeling av adopsjonar på grunn av dei høge kostnadene ved adopsjon frå utlandet.

Stønaden blir gitt til adoptivforeldre som på førehand har fått samtykke av norske adopsjonsstyresmakter til å adoptere barn frå utlandet. Adopsjonen må vere registrert i det sentrale adopsjonsregisteret i Bufdir. Direktoratet skal ha fått dei rette dokumenta frå opphavslandet til barnet før dei behandlar søknaden. Eit vilkår for stønad er at adoptivforeldra faktisk var busette i Noreg da dei fekk omsorga for barnet, og da adopsjonen blei gjennomført eller registrert i Noreg. I spesielle tilfelle vil det på bakgrunn av forhold i opphavslandet ta lang tid å få adopsjonen registrert i Noreg.

Foreldra kan likevel få eingongsstønad dersom barnet har kome til Noreg med sikte på adopsjon og adoptivforeldra faktisk var busette her i landet da dei fekk omsorga for barnet.

Frå 1. januar 2016 blei stønaden per barn sett til 90 068 kroner, tilsvarande 1G frå 1. mai 2015.

Bufdir, som forvaltar stønadsordninga, godkjende 159 søknader om adopsjonsstønad i 2015, mot 143 søknader i 2014. 134 utanlandsadopsjonar blei formidla i 2015.

### Budsjettforslag 2017

Departementet foreslår at adopsjonsstønaden blir sett til 92 576 kroner i 2017, tilsvarande grunnbeløpet i folketrygda som gjeld frå 1. mai 2016. Den nye satsen for stønaden skal gjelde for adoptivbarn som kjem til Noreg frå og med 1. januar 2017.

Departementet foreslår ei løyving på 13,8 mill. kroner.

## Kap. 844 Kontantstøtte

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2017
		2015	Saldert budsjett 2016	
70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i>	1 640 026	1 510 000	1 539 000
	Sum kap. 0844	1 640 026	1 510 000	1 539 000

### Post 70 Tilskot, overslagsløyving

#### Mål og kriterium for tildeling

Kontantstøtteordninga er heimla i lov 26. juni 1998 nr. 41 om kontantstøtte for småbarnsforeldre. Målet med ordninga og tildelingskriteria går fram av lova.

#### Oppfølging og kontroll

Kontantstøtteordninga blir forvalta av Arbeids- og velferdsdirektoratet, som administrativt ligg under Arbeids- og sosialdepartementet. Det er etablert rutinar for samhandling mellom Arbeids- og sosialdepartementet og BLD om mellom anna årlege tildelingsbrev og etatsstyring generelt. Som ledd i resultatoppfølging og økonomikontroll blir det halde etatsstyringsmøte og faglege kontaktmøte mellom dei nemnde departementa og Arbeids- og velferdsdirektoratet. Sjå nærmare omtale av Arbeids- og velferdsetaten si forvaltning på BLDs ansvarsområde under delmål 2.1 *Valfridom og fleksibilitet for familiane*.

#### Budsjettforslag 2017

Budsjettforslaget byggjer på uendra stønadssatsar og prognosar for

- forventa tal på barn i kontantstøttealder (13–23 månader) basert på mellom anna den siste befolkningsframskrivinga til SSB
- forventa utvikling i bruken av kontantstøtteordninga basert på statistikken til Arbeids- og velferdsdirektoratet

Regjeringa varsla i integreringsmeldinga, Meld. St. 30 (2015–2016), at ho ønskjer å innføre eit butidskrav på fem år for å få rett til kontantstøtte. Ved fastsetjing av budsjettforslaget for 2017 er det teke omsyn til dette. Det er lagt til grunn at butidskravet kan innførast frå 1. juli 2017, og det er anslått at det gir ei innsparing på 15 mill. kroner i løyvinga til kontantstøtte.

Departementet føreslår å føre vidare satsane for kontantstøtte med uendra nominelt nivå.

Forslag til satsar for 2017 står i tabell 4.6.

Departementet føreslår ei løyving på 1 539 mill. kroner.

Tabell 4.5 Talet på barn med rett til stønad i 2015. Prognosar for 2016 og 2017

	Gjennomsnitt 2015	Gjennomsnitt 2016 <sup>1</sup>	Gjennomsnitt 2017
Barn med rett til kontantstøtte	21 082	19 500	20 300 <sup>2</sup>

<sup>1</sup> Saldert budsjett

<sup>2</sup> Med føresetnad om innføring av butidskrav på fem år frå 1. juli 2017.

Tabell 4.6 Forslag til satsar for kontantstøtte i 2017 (kroner)

Avtalt opphaldstid i barnehage per veke	Kontantstøtte i prosent av full yting	Beløp per barn per måned	Maksimalt <sup>1</sup> beløp per barn
Ikkje bruk av barnehageplass	100	6 000	66 000
Til og med 19 timar	50	3 000	33 000
20 timar eller meir	0	0	0

<sup>1</sup> Maksimalt 11 månader med kontantstøtte per barn

## Kap. 845 Barnetrygd

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i>	15 112 878	15 170 000	15 180 000
	Sum kap. 0845	15 112 878	15 170 000	15 180 000

### Post 70 Tilskot, *overslagsløyving*

Mål og kriterium for tildeling

Barnetrygda skal bidra til å dekkje utgifter til å forsørge barn og er heimla i lov 8. mars 2002 nr. 4 om barnetrygd. Tildelingskriteria går fram av lova.

Oppfølging og kontroll

Barnetrygda blir forvalta av Arbeids- og velferdsdirektoratet, jf. tilsvarende punkt under kap. 844 Kontantstøtte.

Budsjettforslag 2017

Budsjettforslaget byggjer på uendra stønadssatsar og prognosar for

- talet på barn med rett til barnetrygd og talet på stønadsmottakarar med rett til utvida stønad (barnetrygd for eitt barn meir enn det faktiske barnetalet)
- talet på småbarnstillegg for einslege forsørgjarar med barn 0–3 år.

Prognosane byggjer mellom anna på den siste befolkningsframskrivinga til SSB.

Departementet føreslår å føre vidare satsane for barnetrygd med uendra nominelt nivå. Forslag til satsar for 2017 står i tabell 4.7.

Departementet føreslår ei løyving på 15 180 mill. kroner.

Tabell 4.7 Forslag til satsar for barnetrygd for 2017 (kroner)

	Satsar per måned	Satsar per år
Ordinær barnetrygd	970	11 640
Småbarnstillegg til einslege forsørgjarar med barn 0–3 år	660	7 920

Tabell 4.8 Talet på barn med rett til barnetrygd i 2015. Prognosar for 2016 og 2017

	Gjennomsnitt 2015	Gjennomsnitt 2016 <sup>1</sup>	Gjennomsnitt 2017
Barn med barnetrygd	1 131 807	1 134 410	1 140 625

<sup>1</sup> Saldert budsjett

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Tabell 4.9 Talet på stønadsmottakarar i 2015. Prognosar for 2016 og 2017

	Gjennomsnitt 2015	Gjennomsnitt 2016*	Gjennomsnitt 2017
Stønadsmottakarar med barnetrygd for <sup>1</sup>			
– eitt barn	312 141	315 998	315 775
– to barn	262 401	263 493	265 456
– tre barn	82 701	84 093	83 663
– fire barn	12 808	13 118	12 957
– fem eller fleire barn	3 211	3 279	3 238
Sum stønadsmottakarar	675 252	679 982	681 090
Stønadsmottakarar med utvida stønad	127 037	126 651	124 509
Stønadsmottakarar med småbarnstillegg til einslege forsørgjarar med barn 0–3 år	3 522	3 315	3 046

<sup>1</sup> Saldert budsjett

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet. Talet på stønadsmottakarar etter kor mange barn dei får utbetalt barnetrygd for, er eksklusiv stønadsmottakarar som får ekstra barnetrygd (utvida stønad). For nokre av barna blir det utbetalt delt barnetrygd – mor og far får ei halv barnetrygd kvar. Utrekning av utgifter til barnetrygd basert på talet på barn, satsar o.a. i tabellane ovanfor vil gi eit noko lågare utgiftsnivå enn budsjettforslaget for 2016 og 2017. Avviket kjem i hovudsak av etterbetalingar.

## Kap. 846 Familie og oppvekst

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 50 og post 71</i>	10 892	9 235	13 346
50	Noregs forskingsråd, <i>kan nyttast under post 21</i>	3 106	3 180	3 253
60	Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn, <i>kan overførast</i>		28 992	29 789
61	Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom, <i>kan nyttast under post 71</i>		163 905	178 412
62	Utvikling i kommunane		80 727	79 647
70	Barne- og ungdomsorganisasjonar	10 541	121 319	123 716
71	Utviklings- og opplysningsarbeid mv., <i>kan nyttast under post 21</i>		7 225	21 227
72	Tiltak for lesbiske og homofile	10 800		
73	Tilskot til likestillingsentre	6 227		
79	Tilskot til internasjonalt ungdomssamarbeid mv., <i>kan overførast</i>	4 627	10 171	8 656
	Sum kap. 0846	46 193	424 754	458 046

Rekneskap 2015 gjeld tidlegare kap. 846 Forskings- og utgreiingsverksemd, tilskot mv.

### **Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 50 og post 71**

Posten dekkjer utgifter til ulike førebyggjande tiltak og til FoU-tiltak på familie- og oppvekstområdet.

Budsjettforslag 2017

BLD føreslår å redusere posten med 0,3 mill. kroner fordi enkelte prosjekt blir ferdigstilte.

Departementet føreslår at posten blir auka med 0,2 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 846, post 79. Beløpet skal dekkje utbetaling av medlemskontingent til European Youth Information and Counselling Agency (ERYICA). Formålet er å sikre riktig postbruk.

Ein føreslår å auke løyvinga med 3 mill. kroner til drift av *Nurse Family Partnership*-programmet (NFP) mot ein tilsvarende reduksjon i løyvinga under kap. 840, post 21, jf. omtale under denne posten.

Ein føreslår å auke posten med 1 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon av kap. 846, post 70. Midlane skal nyttast til forskingsprogrammet *Sivilsamfunn og frivillig sektor 2013–2017*. Flyttinga skjer for å sikre riktig postbruk.

Departementet føreslår ei løyving på 13,3 mill. kroner.

### **Post 50 Noregs forskingsråd, kan nyttast under post 21**

Midlane skal nyttast til programmet *Velferd, arbeidsliv og migrasjon* i regi av Noregs forskingsråd.

Departementet føreslår ei løyving på 3,3 mill. kroner.

### **Post 60 Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn, kan overførast**

Det ble i statsbudsjettet for 2009 avsett inntil 15 mill. kroner til etablering av Grorud fleirbrukshall. Det blei planlagt å utvikle ein kultur- og idrettspark med ein fleirbrukshall, der barnehage, idrettshall og kulturhus skulle inngå. 2,8 mill. kroner er utbetalt til Oslo kommune, medan det resterande beløpet er blitt overført for kvart år sidan 2009. Arbeidet med fleirbrukshallen er forseinka. Byrådet i Oslo har informert om at forprosjektfasen er venta ferdigstilt i 2016. Bystyret kan gjere vedtak om kostnadsramma for prosjektet etter dette. Byggjeprosessen kan starte etter at det er vedteke ei kostnadsramme for prosjektet. Det er

derfor estimert at dei statlege midlane vil bli brukte i slutten av 2017.

Løyvinga under posten blir elles nytta til tilskotsordninga *Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn*. Det er Bufdir som forvaltar ordninga. Ordninga blir regulert av eit eige rundskriv. Desse overordna rammene er fastsette for tilskotsordninga:

Mål

Formålet er å medverke til å betre oppvekst- og levekåra i 23 bykommunar: Oslo (8 prioriterte bydelar), Bergen, Trondheim, Stavanger, Kristiansand, Tromsø, Drammen, Skien, Fredrikstad, Sandnes, Sarpsborg, Bodø, Sandefjord, Larvik, Ålesund, Arendal, Porsgrunn, Haugesund, Tønsberg, Halten, Moss, Hamar og Gjøvik.

Tildelingskriterium

Løyvinga har barn og ungdom som målgruppe. Formålet er å skape opne møteplassar for barn og ungdom i alderen 10–20 år med særskilde behov, utsette ungdomsgrupper og -miljø.

Barn og ungdom med innvandrarakgrunn står overfor særskilde utfordringar, og arbeid og innsats som fremmar integrering, er høgt prioritert.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging og kontroll skjer gjennom rapportering og rekneskapar frå kommunane til Bufdir.

Budsjettforslag 2017

Departementet føreslår ei løyving på 29,8 mill. kroner.

### **Post 61 Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom, kan nyttast under post 71**

Løyvinga under denne posten blir nytta til *Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom*.

I tillegg har løyvinga vore nytta til tilskot til Blå Kors' tiltak *Barnas Stasjon*, *Røde Kors' tiltak Ferie for alle* og pilotprosjektet *FRI*, som Kirkens Bymisjon driv. Det er òg gitt driftstilskot til organisasjonen MOT.

Departementet føreslår å føre vidare ordninga med å gi direkte tilskot til tiltaka *Barnas Stasjon*, pilotprosjektet *FRI*, *Ferie for alle* og *organisasjonen MOT* i 2017. Tilskot må likevel vurderast på bakgrunn av søknadar frå tilskotsmottakarane.

Buudir forvaltar tilskota på posten. Desse overordna rammene er sette for den nasjonale tilskotsordninga mot barnefattigdom:

#### Mål

Målet er å gi fleire fattige barn og unge høve til å delta i ferie- og fritidsaktivitetar. Formålet er å betre sjansane for at barn og ungdom skal få delta på viktige sosiale arenaer uavhengig av inntekta og den sosiale situasjonen til foreldra.

#### Kriterium for tildeling

Løyvinga har barn og ungdom som er ramma av fattigdomsproblem, som målgruppe. Formålet er å leggje betre til rette for at barn og ungdom i familiar som er ramma av fattigdomsproblem, skal få høve til å delta i ferie- og fritidsaktivitetar.

Ordninga er retta mot alle kommunane i landet. Frivillige organisasjonar kan søkje direkte til Buudir.

#### Oppfølging og kontroll

Oppfølging og kontroll skjer gjennom rapportering og rekneskapar som blir sende via kommunane. I tilfelle der utbetalinga skjer direkte til frivillige organisasjonar, skal tilskotsmottakarane sende rekneskapar og rapportar direkte til Buudir.

Departementet vil gi nærmare retningslinjer for ordninga i eit eige rundskriv.

#### Budsjettforslag 2017

Arbeids- og sosialdepartementet (ASD) forvaltar i dag tilskot til tiltak for å førebyggje og redusere fattigdom blant barn og barnefamiliar som er i kontakt med dei sosiale tenestene i NAV-kontoret. Det vert gitt tilskot til to hovudtypar tiltak. Det eine er kompetanse- og utviklingstiltak i tenesteutvikling av NAV, det andre er kompenserande tiltak til barn, ungdom og familiar. Kompenserande tiltak kan vere tilskot til mellom anna utstyrsbankar, fritidsaktivitetar, ferietiltak mv.

ASD si tilskotsordning har overlappende føremål med den nasjonale tilskotsordninga når det gjeld kompenserande tiltak. På denne bakgrunn, føreslår ein at den delen av løyvinga som går til slike tiltak blir innlemma i *Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom*. Dette er anslått å utgjere 10 mill. kroner.

BLD føreslår å auke løyvinga med 10 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 621,

post 63 under ASD. Sjå òg omtale i ASDs Prop. 1 S (2016–2017).

Departementet føreslår ei løyving på 178,4 mill. kroner.

#### Post 62 Utvikling i kommunane

Løyvinga på posten skal dekkje tilskot til prosjekt og program på familie- og oppvekstområdet i kommunal sektor.

Delar av løyvinga går til kommunar som driv utviklingsarbeid, førebyggjande arbeid og arbeid som skal hindre problemutvikling, ekskludering og marginalisering av barn og unge.

Løyvinga dekkjer tre tilskotsordningar: *Støtte til oppfølgings- og losfunksjonar for ungdom, Foreldrestøttande tiltak i kommunane og Utvikling av modellar for identifikasjon og oppfølging av barn av psykisk sjuke og barn av foreldre som misbruker rusmiddel* (som byggjer på det tidlegare Modellkommuneforsøket).

Tilskotsordninga *Støtte til oppfølgings- og losfunksjonar for ungdom* skal leggje til rette for meir samordna tilbod og tettare oppfølging av ungdom som er i ein vanskeleg livssituasjon. Målet er å styrkje tilknytninga til skolen og til trivsel og meistring, og gjennom det bidra til betre skoleprestasjonar og auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring.

Tilskotsordninga *Foreldrestøttande tiltak i kommunane* har som mål å gi barn tidleg hjelp gjennom å stimulere kommunane til å setje i verk foreldrestøttande tiltak. Målgruppa for tiltaket er foreldre med særskilde utfordringar og med barn i alderen 0–18 år. Formålet er å hjelpe foreldre med å skape trygge rammer for oppveksten til barna og utviklinga i familien ved å bli medvitne om kva behov barna har, og få hjelp til å møte desse behova på ein god måte.

Tiltaka skal medverke til å førebyggje og/eller hindre ulike former for vald og seksuelle overgrep mot barn. Vidare skal dei bidra til å skape trygge oppvekstvilkår som legg til rette for positiv utvikling. Tiltaka kan òg ha som mål å hjelpe adoptivforeldre og fosterforeldre med å utvikle ei positiv omsorg som støttar utviklinga til barnet.

Tilskotsordninga *Utvikling av modellar for identifikasjon og oppfølging av barn av psykisk sjuke og barn av foreldre som misbruker rusmiddel* har som formål å utvikle og implementere kommunale modellar for systematisk og kunnskapsbasert identifikasjon og oppfølging av barn av psykisk sjuke og barn av foreldre som misbruker rusmiddel.

Kriterium for tildeling og andre rammer for dei tre tilskotsordningane er gitt i eigne retnings-



linjer som er utarbeidde for ordningane. Bufdir forvaltar ordningane, og retningslinjene er publiserte på heimesidene til Bufdir.

Prisen til årets barne- og ungdomskommune blir òg dekt over denne posten.

#### Budsjettforslag 2017

I arbeidet med intensjonsavtalane for utprøving av *Nurse Family Partnership*-programmet (NFP) er det blitt avklart at kommunane ikkje ønskjer å ta på seg det formelle arbeidsgivaransvaret for sjukepleiarane som skal arbeide med programmet i utprøvingfasen. Regionsenter for barn og unges psykiske helse (RBUP) Aust og Sør tek derfor på seg dette ansvaret. Det inneber at det ikkje blir gitt tilskot direkte til pilotkommunane, men til RBUP. Departementet føreslår på denne bakgrunnen å flytte 10,3 mill. kroner til NFP-programmet frå kap. 846, post 62 til kap. 846, post 71 for å sikre korrekt postering av midlane. Ei tilsvarande flytting blei gjord i samband med behandlinga av Prop. 122 S (2015–2016) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2016*.

Departementet føreslår òg å auke løyvinga til tilskotsordninga *Foreldrestøttande tiltak* med 7 mill. kroner.

I tråd med dette føreslår departementet ei løyving på 79,6 mill. kroner.

### **Post 70 Barne- og ungdomsorganisasjonar**

Løyvinga under posten blir nytta til tilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar.

#### Mål

Formålet er å leggje til rette for at barn og ungdom skal kunne delta i barne- og ungdomsorganisasjonane. Dei frivillige organisasjonane er viktige aktørar i barne- og ungdomspolitikken. Dei er sosiale møteplassar for barn og unge, og dei medverkar til å skape trygge og inkluderande oppvekstmiljø. Tilskotet skal stimulere organisasjonane til engasjement og medansvar og sørgje for at dei forblir ein arena for medverknad og demokrati.

#### Kriterium for tildeling

Tilskot til nasjonal grunnstønad for barne- og ungdomsorganisasjonar er regulert i ei eiga forskrift som er fastsett av BLD.

Midlane i den nasjonale ordninga blir forvalta av eit eige fordelingsutval med sekretariat i Buf-

dir. BLD er klageinstans for vedtak som er gjorde av Fordelingsutvalet.

Midlar til tilskotsordninga *Mangfald og inkludering* inngår i posten. Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner (LNU) er mottakar av ordninga. LNU får tilskotet under føresetnad om at det blir fordelt vidare til ulike prosjekt som fokuserer på mangfald, haldningar og deltaking.

LNU, Ungdom og Fritid og Unge funksjonshemmede kan søkje om driftstilskot til nasjonalt arbeid. Tilskotet blir forvalta av Bufdir.

#### Oppfølging og kontroll

Kravet til revisjon, rapport og kontroll av nasjonal grunnstønad er regulert av forskrift om tilskot til frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar og instruks for Fordelingsutvalet. Andre tilskot på posten blir kontrollerte gjennom oppfølging av rapportering og rekneskapar.

#### Budsjettforslag 2017

Ein føreslår å redusera løyvinga på posten med 1 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 846, post 21. Sjå nærmare omtale under denne posten.

Departementet føreslår ei løyving på 123,7 mill. kroner.

### **Post 71 Utvikling og opplysningsarbeid, kan nyttast under post 21**

Posten blir nytta til å støtte utviklings- og opplysningsarbeid som kan auke kunnskapen om, og medverke til å styrkje oppvekstmiljøet for barn og ungdom.

Det er i 2016 gitt tilskot til organisasjonane Ungdom mot Vold, Oslo Røde Kors og organisasjonen Barnevakten. Det er òg gitt tilskot til adopsjonsorganisasjonane InorAdopt, Verdens Barn og Adopsjonsforum. I tillegg er det gitt driftsstøtte til den internasjonale ressursorganisasjonen for adopsjon, International Social Service (ISS).

Departementet føreslår at det òg blir gitt tilskot til desse organisasjonane i 2017. Tilskot må likevel vurderast på bakgrunn av søknader frå dei aktuelle tilskotsmottakarane. Departementet legg òg opp til å føre vidare støtta til mentorordninga *Positive rollemodellar*.

#### Budsjettforslag 2017

BLD føreslår å redusere posten med 0,4 mill. kroner på grunn av ferdigstilling av prosjekt.

Løyvinga er føreslått auka med til saman 14,2 mill. kroner til *Nurse Family Partnership*-programmet ved flytting av 10,3 mill. kroner frå kap. 846, post 62 og 3,9 mill. kroner frå kap. 840, post 21, jf. omtale under desse postane.

Departementet føreslår ei løyving på 21,2 mill. kroner i 2017.

### **Post 79 Tilskot til internasjonalt ungdomssamarbeid mv., kan overførast**

Posten skal dekkje tiltak som stimulerer til internasjonalt samarbeid på barne- og ungdomsområdet. Målgruppene er frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar, enkeltpersonar og grupper av barn og ungdom, institusjonar som arbeider med barn og ungdom, og offentlege styresmakter lokalt, regionalt og nasjonalt.

Posten dekkjer Noregs bidrag til Det europeiske ungdomsfondet i Europarådet (EYF). Posten dekkjer òg kostnadene Noreg har i samband med tiltak i regi av partnerskapen mellom Europarådet og Europakommisjonen.

Ein tek òg sikte på å gi tilskot til *Technical Assistance Program* i regi av Haagkonferansen for internasjonal privatrett (ICATAP) som bidrag til internasjonalt arbeid på adopsjonsfeltet.

Posten skal dessutan dekkje kostnader i samband med samarbeidet om barne- og ungdomspolitik i nærområda, særleg samarbeidet innanfor rammene av Noregs deltaking i Barentsrådet, mellom anna tilskot til drift av informasjons- og rettleiingskontoret (BYCO) i Murmansk. Posten skal òg dekkje tilskot til eit fleirnasjonalt samarbeid i Barentsregionen, som blir forvalta av Barentssekretariatet. Posten kan òg nyttast til departementet si deltaking i mellomstatleg samarbeid om barne- og ungdomspolitikken.

Vidare får dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane grunnstønad til internasjonalt arbeid. Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU), Ungdom og Fritid og Unge funksjonshemmede kan søkje om tilskot til internasjonalt arbeid.

#### Kriterium for tildeling

Storleiken på bidraget til Det europeiske ungdomsfondet blir fastsett av Ministerkomiteen i Europarådet. Tilskot til samarbeidet i nærområda og anna internasjonalt samarbeid blir fastsett av departementet ut frå gjeldande avtalar og prinsipp. Tilskotet til dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane blir forvalta av Fordelingsutvalet etter kriterium som er fastsette i ei eiga forskrift. Søknader frå LNU, Ungdom og Fritid og Unge funksjonshemmede om tilskot til internasjonalt arbeid blir behandla av Bufdir.

#### Oppfølging og kontroll

Ungdomsdirektorat og revisjonsstyret i Europarådet kontrollerer Det europeiske ungdomsfondet. Tilskotet til ungdomssamarbeid i Barentsregionen blir forvalta av Barentssekretariatet i Kirkenes. Tilskotet frå departementet blir følgt opp gjennom kontroll av rapport og rekneskap.

Bufdir og Fordelingsutvalet har ansvaret for oppfølging og kontroll av tilskotet til LNU, Unge funksjonshemmede, Ungdom og Fritid og av tilskotet til dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane.

#### Budsjettforslag 2017

Ein føreslår å auke løyvinga med 1 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 496, post 73 under Justis- og beredskapsdepartementet. Midlane skal gå til tilskot til drift av det europeiske ungdomsnettverket mot valdeleg ekstremisme – Youth Can. Ei tilsvarende flytting blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 122 S (2015–2016) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2016*. Vidare føreslår ein å redusere løyvinga med 2,6 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 315, post 79 under Kulturdepartementet. Midlane skal gå til arrangementet Homeless World Cup.

Departementet føreslår ei løyving på 8,7 mill. kroner.

## Kap. 847 EUs ungdomsprogram

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Driftsutgifter, <i>kan overførast</i>		8 049	8 212
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 71</i>	16 279		
70	Tilskot til funksjonshemma sine organisasjonar	178 567		
71	Tiltak for auka tilgjenge og universell utforming, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	21 943		
72	Tilskot	14 968		
	Sum kap. 0847	231 757	8 049	8 212

Rekneskap 2015 gjeld tidlegare kap. 847 Tiltak for personar med nedsett funksjonsevne.

### Post 01 Driftsutgifter, kan overførast

Posten dekkjer lønn og utgifter til varer og tenester ved det nasjonale kontoret som forvaltar programmet. Ein må sjå løyvinga i samanheng med kap. 3847, som omhandlar bidraget frå Europa-

kommisjonen til drift av det nasjonale kontoret og Eurodesk. Det nasjonale kontoret har ansvaret for behandlinga av dei desentraliserte delane av dei ungdomspolitiske tiltaka i programmet *Erasmus+*.

Departementet føreslår ei løyving på 8,2 mill. kroner.

## Kap. 3847 EUs ungdomsprogram

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Tilskot frå Europakommisjonen		2 300	2 364
	Sum kap. 3847		2 300	2 364

Rekneskap 2015 ligg under kap. 3859.

### Post 01 Tilskot frå Europakommisjonen

Posten gjeld tilskot frå Europakommisjonen til drift av det nasjonale kontoret for gjennomføring

av tiltak innan ungdomspolitisk samarbeid i programmet *Erasmus+*.

Departementet føreslår ei løyving på 2,4 mill. kroner.

## Kap. 848 Barneombodet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Driftsutgifter		13 623	15 595
	Sum kap. 0848		13 623	15 595

Rekneskap 2015 ligg under kap. 850.

### Status og hovudoppgåver for verksemda

Barneombodet er uavhengig, sjølvstendig og partipolitisk nøytralt. Det blei oppretta gjennom lov av 6. mars 1981 nr. 5 om barneombod. Hovudoppgåva til Barneombodet er å fremme barns interesser overfor det offentlege og det private og å følgje med på utviklinga av barns oppvekstvilkår. Instruksen til Barneombodet gir retningslinjer for arbeidet.

Mandatet til Barneombodet er avgrensa, og Barneombodet har inga formell avgjerdsrett.

Barneombodet skal

- ta vare på barns interesser i samband med planlegging og utvikling på alle felt
- følgje med på om lovgivinga om vern av barns interesser blir følgde, og om norsk rett og forvaltingspraksis er i samsvar med dei forpliktningane Noreg har etter FNs konvensjon om barns rettar
- føreslå tiltak som kan styrkje barns rettstryggleik
- fremme forslag til tiltak som kan løyse eller førebyggje konflikter mellom barn og samfunnet
- følgje med på om det blir gitt tilstrekkeleg informasjon til det offentlege og det private om barns rettar, og om det blir sett i verk nødvendige tiltak

Hovudbrukargruppene til Barneombodet er barn og unge og dei som tek avgjerder.

### Resultatrapport og strategiar

Resultatrapport for 2015/2016

Barneombodet starta i 2015 prosjektet *Barn med nedsett funksjonsevne*. Prosjektet er utforma slik at Barneombodet har barn med nedsett funksjonsevne som hovudtema ved heile kontoret i 2016. Prosjektet legg fram rapport i 2017.

*Barneombussen* besøkte tre fylke i 2015, og har møtt til saman 1 167 elevar på 18 skular.

Barneombodet har utvikla og gjennomført eit kurs om korleis ein kan involvere barn og unge meir i stat, fylke og kommune. Det er òg sett i gang eit arbeid med å involvere barn og unge i rapporteringa til FNs barnekomité i 2017–2018.

Barneombodet fekk 250 nye skriftlege førespurnader om skole og barnehage i brev eller på e-post i 2015. 100 av dei var om mobbing. Barneombodet fekk òg 287 spørsmål om skole frå barn og unge via spørjetenesta *Spør Barneombodet*. Mange av spørsmåla handla direkte eller indirekte om

retten til eit godt skolemiljø, 104 handla direkte om mobbing. I tillegg kjem telefonsamtaler til kontoret og direkte møte med barn og unge på skolar som Barneombodet har besøkt med *Barneombussen*.

Fagrapporten frå Barneombodet *Grenseløs omsorg – om bruk av tvang i barnevern og psykisk helsevern* blei lansert 22. september 2015. Rapporten inneheld ei rekkje anbefalingar til offentlege styresmakter.

I 2015 har Barneombodet lagt ned mykje arbeid i samband med politireforma for å bidra til at etterforskinga av vald og overgrep mot barn blir løfta fram og behandla på ein kompetent og effektiv måte. I 2015 kom det også ei endring i straffeprosesslova som Barneombodet har arbeidd lenge for. Dei tidlegare dommaravhøyra er no overførte til politiet og skal gjennomførast på barnehusa.

Barneombodet har kravd ein opptrappingsplan mot vald og overgrep mot barn på lik linje med opptrappingsplanen for psykisk helse. Stortinget har i 2015 bedt regjeringa om å leggje fram ein slik opptrappingsplan.

Barneombodet avslutta i 2015 forprosjektet for sitt internasjonale prosjekt og skreiv ein prosjektrapport til UD der dei skildra arbeid med Malawi, Nepal, Tunisia og Vietnam. Ombodet fekk midlar til å føre prosjektet vidare, i første omgang ut 2016.

Arbeidet med oppfølginga av rapporten *Helse på barns premisser* har i 2015 ført til at den nasjonale helse- og sjukehusplanen no stiller krav om at alle helseføretaka skal etablere ungdomsråd. I tillegg har det kome inn i oppdragsbrev til helseføretaka at det skal vere sosialpediatrar på alle barneavdelingane, og at alle barn skal få ei medisinsk undersøking på barnehusa. Dette er viktige endringar for å sikre barna rettstryggleik ved mistanke om vald eller overgrep.

Oppfølginga av rapporten *Barnets stemme* frå 2012 har i 2015 gått ut på å få familievernet til å tilby eigne timar til barn ved mekling etter samlivsbrot. Det er no fleire familieverkontor som høyrer barna når foreldra går frå kvarandre.

### Strategiar og tiltak for 2017

Barneombodet har utarbeidd 21 langsiktige faglege mål for perioden 2012–2018. Barneombodet vel kvart år ut nokre av desse måla som det skal arbeidast spesielt med. I 2017 vil Barneombodet leggje vekt på desse måla:

*Barn med funksjonsnedsetjingar får eit verdig liv og eit tilrettelagt tilbod uansett kvar dei bur*

Barneombodet avsluttar i 2017 eit prosjekt om rettane til barn med funksjonsnedsetjingar. Ombodet legg fram rapporten i mars 2017.

*Barn kjenner til barnekonvensjonen og Barneombodet*

Barneombodet held i 2017 fram med prosjektet *Barneombussen*, der barneombodet reiser rundt i landet og besøker skolar. Ho har med seg eit skoleopplegg der ho informerer om barnekonvensjonen og Barneombodet. Prosjektet blei starta som ein pilot i 2013, og skal halde fram i 2017.

*Barn har reell innverknad på utforming av politikk og planar på alle nivå i samfunnet*

Barneombodet vil i 2017 halde fram med å utvikle vidare metodane for å få barn og unge til å delta i arbeidet til ombodet. Ombodet har sett i gang eit forsøksprosjekt med samarbeid med to skoleklassar om utveksling av informasjon. Prosjektet vil bli evaluert og justert i 2017.

*Alle barn i Noreg får oppfylt retten til utdanning i ein trygg og inkluderande skole*

Barneombodet vil halde fram arbeidet med det psykososiale skolemiljøet.

*Barn blir ikkje utsette for ulovleg tvang i nokon offentleg institusjon*

Barneombodet følgjer opp anbefalingane i rapporten som blei lansert hausten 2015 om bruk av tvang mot barn i barnevern og psykisk helsevern.

*Barn i risiko for eller utsette for vald og overgrep møter eit system som ser, følgjer opp og gir god behandling*

Barneombodet vil arbeide gjennom heile 2017 for å få gjennomslag for anbefalingane om tiltak for å redusere vald mot barn.

*Dei internasjonale barnerettane er styrkte gjennom engasjementet til Barneombodet*

I 2014 sette Barneombodet i gang eit prosjekt for å marknadsføre institusjonen Barneombodet og barnerettane internasjonalt. Prosjektet har fått midlar ut 2016, og vil etter planen bli ført vidare i 2017.

*Rapporteringar frå Barneombodet til relevante internasjonale organ er viktige for barn i Noreg*

Barneombodet vil lage ein supplerande rapport til FN's komité for barnerettar i 2017. Ombodet vil også samarbeide med Forum for barnekonvensjonen om å leggje til rette for at barn og unge kan utarbeide sin eigen rapport til komiteen.

**Post 01 Driftsutgifter**

Løyvinga skal dekkje lønn og andre driftsutgifter Barneombodet har. Løyvinga er mellom anna auka med 1,7 mill. kroner som følgje av forenkla modell for premiebetaling til Statens pensjonskasse.

Departementet føreslår ei løyving på 15,6 mill. kroner.

## Programkategori 11.20 Barnevernet

### Hovudmål og prioriteringar

Barn og unge i Noreg som lever under forhold som kan skade helsa og utviklinga deira, skal få hjelp og støtte. Barnevernet skal setje i verk tiltak og yte tenester av riktig kvalitet og til riktig tid. Barnevernet skal vere eit tryggingnett for barn og unge når foreldra av ulike grunnar ikkje greier å gi barna sine den omsorga dei treng.

Utviklinga på barnevernsområdet går i riktig retning. Kvaliteten i barnevernet sine tenester blir stadig betre. Samtidig er utfordringane når det gjeld kvalitet i det kommunale barnevernet, godt dokumentert. Dette rammar særleg barn og familiar med store og samansette problem. Barnevernstenestene og andre tenester i kommunane lykkast i for liten grad i å gi hjelp som førebyggjer behovet for inngripande og kostbare barnevernstiltak som fosterheimar og institusjon. Det er nødvendig å redusere den uønskte variasjonen i barnevernet sin praksis, heve kvaliteten og kompetansen gjennom meir fagleg standardisering, strukturert samhandling med andre sektorar og formidling av relevant kunnskap om barnevernet.

Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei kvalitets- og strukturreform for barnevernet for Stortinget våren 2017. Reforma vil innehalde endringar i ansvarsdelinga mellom stat og kommune. Regjeringa vil setje i verk ei satsing på kvalitet og kompetanse i det kommunale barnevernet. Kompetansebygging i kommunane må liggje til grunn for å auke det kommunale ansvaret for barnevernstenestene. Viktige mål vil vere å heve kvaliteten på utgreiings- og tiltaksarbeidet retta mot utsette barn og familiar, styrkje barnevernet sitt samarbeid med andre tenester og medverke til eit meir førebyggjande og kunnskapsbasert barnevern. Satsinga vil innehalde opplærings- og oppfølgingstiltak for barnevernstenestene, men også langsiktig arbeid for å utvikle betre system for rettleiing og arbeidsstøtte.

Arbeidet med å utvikle faglege anbefalingar for barnevernet er eit viktig element i satsinga og grunnlag for meir einsretta og kunnskapsbasert praksis. Det er avvik mellom krava som blir stilte til dei tilsette i barnevernet og krava til kompetanse i grunnutdanningane. Utvikling av utdan-

ningstilbodet som blir gitt i universitets- og høgskolesektoren, er derfor avgjerande for å utvikle og heve kompetansen til tilsette i barnevernet.

Gode avgjerder og val av tiltak, og kunnskapsbasert tiltaksutvikling for spesifikke målgrupper, er avhengig av tilstrekkeleg kvalitet i undersøkjings- og kartleggingsarbeidet. Utvikling av eit nasjonalt system for kartlegging av barn, saman med systematisk utvikling av statistikk og indikatorar, skal gi tilsette betre tilgang på fagleg støtte og medverke til betre oppfølging av kvalitet i tenestene. Dette må sjåast i samheng med arbeidet med å utvikle digitale løysingar, slik at fagverktøy og styringsinformasjon blir lett tilgjengeleg. Det er eit stort potensial for å forbetre dagens digitale løysingar i barnevernet og den digitale samhandlinga mellom forvaltingsnivåa i barnevernet, og med andre tenester.

Å lykkast i skolen er ein av dei viktigaste enkeltfaktorane for eit godt vaksenliv. Barn og ungdom med tiltak frå barnevernet gjer det ofte mindre bra enn andre i skole og utdanning. Regjeringa meiner at barn i barnevernet skal ha høve til å utvikle evnene sine på lik linje med andre barn, og vil derfor halde fram arbeidet med å styrkje skole- og utdanningstilbodet for barn og unge med tiltak i barnevernet.

Barn i barnevernet har òg større helseutfordringar enn andre på same alder. Departementet har saman med Helse- og omsorgsdepartementet sett i gang eit arbeid for å styrkje samarbeidet mellom barnevernet og helsetenestene, slik at barn som har behov for hjelp frå begge tenestene får koordinert og heilskapleg hjelp og oppfølging. Arbeidet er særleg retta mot å gi barn i barnevernsinstitusjonar betre tilgang på helsetenester.

Kommunane har ansvar for å gi hjelpetiltak i heimen, med unntak av nokre forskingsbaserte hjelpetiltak som blir gitt av Bufetat. Arbeidet med å utvikle ein nasjonal plan på hjelpetiltaksområdet innan barnevern held fram i 2017. Mellom anna skal erfaringar frå bruken av kommunale hjelpetiltak systematiserast og planen skal medverke til å tilpasse hjelpetiltaka frå barnevernet betre til livssituasjonen til det enkelte barn og familie.

Regjeringa har sett i verk ein gjennomgang av eit utval akuttsaker og saker om omsorgsover-

taking i barnevernet. Gjennomgangen skal gi kunnskap om behandlinga av enkeltsaker, og avdekke kva som eventuelt sviktar og kvifor svikt kan oppstå.

Det er viktig å ha tilstrekkeleg riktige fosterheimar som kan møte barna og ungdommane sine ulike behov. Det skaffast stadig fleire fosterheimar, men trass i auken er det framleis barn og unge som ventar lenge på ein fosterheim. Å skaffe fosterheimar vil derfor vere ei av hovudprioriteringane til Bufetat framover. Kommunen skal alltid vurdere om nokon i barnet sin familie eller nære nettverk kan vere fosterheim. Direktoratet har utarbeidd nye anbefalingar om fosterheimar i slekt og nettverk, inkludert fosterheimar til søsken. Bruk av familieråd er eit sentralt verkemiddel for å skaffe fosterheimar i slekt eller nære nettverk.

Haagkonvensjonen 1996 om samarbeid når det gjeld foreldremyndigheit og tiltak for vern av barn

fekk verknad i Noreg frå 1. juli 2016. Konvensjonen vil medverke til å førebyggje og løyse foreldretvistar og barnevernssaker når barn har tilknytning til fleire land. Bufdir er norsk sentralstyresmakt for konvensjonen og skal samarbeide med sentralstyresmaktane i andre konvensjonsstatar, rettleie om konvensjonen og informere om lover og tenester.

Det norske barnevernet er ein liten sektor. For å gjennomføre måla om kvalitets- og kompetanseutvikling i tenestene er det avgjerande at framdrifta og ambisjonsnivået er tilpassa storleiken på sektoren. Målretta arbeid, langsiktige prioriteringar og koordinert innsats over tid er kritiske suksessfaktorar. Departementet har gitt Bufdir rolla som fagleg premissleverandør i dette arbeidet. Denne rolla skal styrkjast og utviklast vidare i 2017 og i komande år.

## Mål

For 2017 blir desse måla prioriterte:

Hovudmål	Delmål
5: Utsette barn og ungdom får omsorg, tryggleik og høve til utvikling	5.1: Tiltak og tenester av riktig kvalitet til rett tid 5.2: Heilskaplege og samordna tilbod og tenester 5.3: Rettstryggleik for barn, unge og familiane deira

### Delmål 5.1. Tiltak og tenester av riktig kvalitet til rett tid

Resultatrapport 2015/2016

*Førebyggjande tiltak – tidleg intervensjon og hjelpetiltak i barnevernet*

Sjå også omtale under programkategori 11.10 Familie og oppvekst.

Stortinget slutta seg ved behandlinga av Prop. 72 L (2014–2015) *Endringer i barnevernloven (utvidet adgang til å pålegge hjelpetiltak)* til forslaget om å utvide høvet til å påleggje hjelpetiltak. Formålet med lovendringa er å betre situasjonen for barnet og å førebyggje meir inngrepande tiltak som til dømes omsorgsovertaking. Vedtak om å påleggje hjelpetiltak er tvangsvedtak og skal behandlast i fylkesnemnda. Lovendringa tredde i kraft 1. april 2016.

Departementet har i 2016 gitt ut retningslinjer om hjelpetiltak. Målet med retningslinjene er å gi tilsette i barnevernstenesta kunnskap om korleis

dei kan setje i verk hjelpetiltak på ein god og for-svarleg måte.

Rundskrivet om saksbehandling i barnevernet er under revidering. God og riktig saksbehandling i seg sjølv reduserer ikkje behovet for omsorgsovertakingar, men kan medverke til at det blir gjort gode og riktige vurderingar, og til at rettstryggleiken for barn og foreldre blir teken vare på.

#### *Kunnskaps- og tiltaksutvikling*

Arbeidet med å utvikle kunnskapsgrunnlaget i barnevernet og gjere tenestene meir kunnskapsbaserte heldt fram. Departementet har utarbeidd ein forskingsstrategi for 2016–2020, og barnevernsområdet er ein del av strategien. Departementet la vekt på at barnevernet skal tilby tiltak med best mogleg kvalitet i tråd med det brukarane sjølve seier, det erfaringane tilseier, og det forskinga viser at barn og unge treng.

Eit anna innsatsområde var å førebyggje utryggleik og konflikthar på barnevernsinstitusjonar. I 2015 blei det derfor i Bufetat Region Aust oppretta eit miljø for tryggleiken til barn og tilsette i barnevernsinstitusjonar, i tillegg til eit eige spisskompetansemiljø for akuttarbeid i beredskapsheimar og institusjonar. Resultata er gode både for barna og for dei tilsette. Det var til dømes færre trugsmål og mindre vald samanlikna med 2014.

Bufdir systematiserer erfaringane med bruken av hjelpetiltak. Målet er å få eit meir kunnskapsbasert barnevern og hjelpetiltak som er betre tilpassa livssituasjonen til utsette barn og familiar. Forskningsprosjektet *Forskningskunnskap om hjelpetiltak i barnevernet* (2012–2015) blei gjennomført i regi av Regionalt kunnskapssenter for barn og unge (RKBU Vest), Uni Research Helse, NOVA og HiOA. Resultata frå prosjektet blei lagde fram hausten 2015 og viste at det har skjedd ei dreining frå at familiar og barn tek imot støttetiltak, til meir bruk av rettleiingstiltak. Mange av familiarne som var med i undersøkinga, var fornøgde med hjelpetiltaka dei hadde fått, og samarbeidet dei hadde med barnevernet. Samtidig blei det peikt på behov for å utvikle ei meir systematisk og heilskapleg tilnærming til familiarne som i større grad er i samsvar med behova hos dei enkelte målgruppene. Bufdir arbeidde i 2015 med å utvikle eit nasjonalt fagutviklingsprogram for hjelpetiltaka i kommunane. Arbeidet held fram i 2016.

Bufdir har også eit fleirårig kvalitetsutviklingsprogram med innsatsområde som skal heve kvaliteten i tilboda. Direktoratet arbeidde med å utvikle eit opplæringsprogram for tilsette i barnevernsinstitusjonar om psykiske vanskar hos barn. I februar 2016 starta ei vidareutdanning i barnevernsleiing, der målgruppa er leiarar i heile barnevernet.

*Vedtak nr. 440, 4. juni 2014*

I samband med behandlinga av Dok. 8:30 S (2013–2014) vedtok Stortinget 4. juni 2014 oppmodingsvedtak nr. 440:

«Stortinget ber regjeringen legge frem en egen stortingsmelding om fosterhjemsomsorgen innen utgangen av 2015.»

Oppmodingsvedtaket er følgt opp ved at regjeringa la fram Meld. St. 17 (2015–2016) *Trygghet og omsorg – Fosterhjem til barns beste* for Stortinget 4. mars 2016.

*Vedtak nr. 47, 1. desember 2014*

I samband med behandlinga av Prop. 1 S (2014–2015) og Innst. 2 S Tillegg 1 (2014–2015) vedtok Stortinget 1. desember 2014 oppmodingsvedtak nr. 47:

«Stortinget ber regjeringen prioritere arbeidet med økt rekruttering av fosterhjem, slik at barn ikke må stå i uforsvarlig lange køer i venting på et hjem.»

Rekruttering av fosterheimar, inkludert fosterheimar til einslege, mindreårige flyktningar, er ei av hovudprioriteringane til Bufetat. Dei skal skaffe tilstrekkeleg riktige fosterheimar som kan møte barna og ungdommane sine ulike behov. Det blir rekruttert stadig fleire fosterheimar, og i 2015 blei over 1 400 nye fosterheimar rekrutterte i regionane til Bufetat. Trass i auken er det framleis barn og unge som ventar lenge på ein fosterheim.

Bufdir har utarbeidd ein plan for å rekruttere fleire riktige fosterheimar. Planen har tre hovudsatsingsområde: rekruttering i slekt og nettverk, nasjonale kampanjar og utvikling av rekrutteringsstrategiar. Bufetat skal saman med brukarane, tenestedesignarar og forskarar leggje om prosessen kring rekruttering, opplæring og formidling for i større grad å finne fosterheimar som er i samsvar med behova til barnet. Oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom at Bufdir har fått løyvingar på 5 mill. kroner i 2015 og 10 mill. kroner i 2016 for å kunne satse på rekrutteringsarbeidet.

*Vedtak nr. 219, 10. desember 2014*

I samband med behandlinga av Dok. 1 S (2014–2015) vedtok Stortinget 10. desember 2014 oppmodingsvedtak nr. 219:

«Stortinget ber regjeringen prioritere arbeidet med økt rekruttering av fosterhjem, slik at barn ikke må stå i uforsvarlig lange køer i venting på et hjem.»

Vedtaket er likelydande med vedtak nr. 47, 1. desember 2014, sjå omtale under vedtak nr. 47.

*Vedtak nr. 159, 9. desember 2015*

I samband med behandlinga av Innst. 14 S (2015–2016) vedtok Stortinget 9. desember 2015 oppmodingsvedtak nr. 159:



«Stortinget ber regjeringen følge opp at den forskriftspålagte plikta om alltid å vurdere barnets familie eller nære nettverk som mulig fosterheim ved omsorgsovertaking, blir praktisert.»

Ved utgangen av 2015 budde 11 513 barn i fosterheim. Blant dei barna som for første gong flytta inn i ein fosterheim i løpet av 2015, flytta nærmare halvparten til slektningar eller til personar i det nære nettverket. Det er ein auke frå 2014.

Departementet viser til at kommunen alltid skal vurdere om nokon i familien eller det nære nettverket til barnet kan vere fosterheim, jf. fosterheimsforskrifta § 4 andre ledd. I høyringsnotatet *Forslag til endringer i barnevernloven: kvalitets- og strukturreform* foreslår departementet at denne plikta skal takast inn i barnevernlova. Formålet er å tydeleggjere ansvaret og rette merksemda mot at det er viktig å vurdere familie og nære nettverk som potensielle fosterheimar.

Oppmodingsvedtaket er også teke vare på mellom anna gjennom at direktoratet har utarbeidd nye anbefalingar om fosterheimar i slekt og nettverk og fosterheimar som kan ta imot søsken. Anbefalingane understrekar at familieråd er eit sentralt verkemiddel. Det vil truleg føre til auka bruk ute i kommunane. Direktoratet jobbar med å gjere anbefalingane kjende for tilsette i barnevernstenestene. Fosterheimar i slekt og nære nettverk er også tema i nasjonale rekrutteringskampanjar.

Departementet følgjer også opp plikta til å vurdere familien eller nettverket til barnet som ein mogleg fosterheim gjennom Meld. St. 17 (2015–2016) *Trygghet og omsorg – Fosterhjem til barns beste*. Meldinga foreslår å gi kommunane plikt til å vurdere bruk av familieråd eller andre metodar for nettverkskartlegging når barn treng ein fosterheim. Da meldinga blei behandla i Stortinget 31. mai 2016, fekk også fleire forslag om å vurdere familie og nære nettverk tilslutning.

For å styrkje utgreiingskompetansen i barnevernet har dei kommunale barnevernstenestene fått tilbod om opplæring i kartleggingsverktøyet EuroAdad, og regionsentera for barn og unge (RKBU) har utarbeidd forslag til to opplæringsopplegg. Om lag 230 tilsette i kommunane har gjennomført opplæringa. I tillegg starta eit fireårig forskingsprosjekt om meldings- og utgreiingsarbeid.

I 2015 løyvde Stortinget 35 mill. kroner ekstra til kjøp av plassar frå ideelle senter for foreldre og barn. Løyvinga blei vidareført og prisjustert til 36 mill. kroner i statsbudsjettet for 2016. Målet med

løyvinga er å auke bruken av dei ideelle sentera. Løyvinga blei i revidert nasjonalbudsjett 2015 fordelt mellom Bufetat og Oslo kommune, ut frå plasseringa av sentera.

Bufetat kjøpte faste plassar i dei tre sentera i sitt innkjøpsområde tilsvarende løyvinga frå Stortinget. Det gav sentera ein garanti for alle tilgjengelege plassar hausten 2015 og ein garanti for om lag 50 prosent av plassane for heile 2016. Det er kommunane som definerer behovet for plassar i sentera, og ein slik garanti kan føre til at kjøpte plassar står tomme på grunn av låg etterspurnad. I tillegg til dei faste plassane skal Bufetat kjøpe plassar i sentera avhengig av behovet og etterspurnaden frå kommunane. Bufdir kjøpte plassar for 33,7 mill. kroner i 2015, ein auke på 19,2 mill. kroner frå 2014.

Oslo kommune kjøpte plassar for 13,2 mill. kroner i 2015, ein auke på 3,5 mill. kroner frå 2014. Dei foreløpige rekneskapstala viser at det blei kjøpt plassar for 5,6 mill. kroner første halvår 2016, ein auke på 300 000 kroner frå første halvår 2015. Heilårseffekten av løyvinga vil ein først sjå i 2016. I Oslo kommune er det bydelane som definerer kva tiltak som er best eigna for det enkelte barnet. Løyvinga frå Stortinget er derfor overført til bydelane. Sentera for foreldre og barn er eitt av fleire tiltak for sped- og småbarn, og bydelane skal kjøpe plassar i sentera etter behov. I 2015 og første halvår 2016 svarte likevel ikkje etterspurnaden frå bydelane til løyvinga. Stortinget gav derfor løyve på ytterligere 7 mill. kroner til kjøp av tenester gjennom Bufdir frå dei ideelle sentera i revidert nasjonalbudsjett 2016. Departementet foreslår at midlane som blei tildelt til Oslo kommune flyttast til Bufetat i 2017, jf. Innst. 400 S (2015–2016). Ved flytting av midlane vil Bufdir gjennomføre ein anbuds konkurranse for sentera for foreldre og barn.

I høyringsnotatet *Forslag til endringer i barnevernloven: kvalitets- og strukturreform* foreslår departementet endringar i tilbodet til sped- og småbarn som vil medverke til at fleire barn i målgruppa får eit målretta tilbod.

Departementet samarbeidde med Kunnskapsdepartementet om oppfølginga av Meld. St. 13 (2011–2012) *Utdanning for velferd*. NOKUT har sett i gang tilsyn med dei sosialfaglege utdanningane. Læringsutbyte og arbeidsrelevans er viktige tema. I tillegg har Bufdir fått i oppdrag å kartlegge behova for kompetanse i barnevernstenestene. Resultata vil danne grunnlag for vidare utviklingsarbeid innan utdanningane som kvalifiserer for arbeid i barnevernet.

I samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet har BLD sendt ut felles samfunnsoppdrag

for regionale og nasjonale kunnskaps- og kompetansesenter. Formålet med å gi kunnskaps- og kompetansesentera felles samfunnsoppdrag er å gi tydelege og felles signal om forventningar til verksemda ved sentera. Det overordna samfunnsoppdraget til kompetansesentera er å medverke til å styrkje kompetansen og kvaliteten i relevante tenester. Sentera skal både vere ei teneste for tenestene og ei teneste for den førebyggjande verksemda i kommunane. Sjå elles omtalen i Prop. 1 S (2016–2017) frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Atferdssenteret har i 2015 hatt aktivitet med eit nasjonalt nedslagsfelt knytt til dei tre hovudområda som dei har fått tilskot til: forskning og utvikling, tenestestøtte og formidling til praksisfeltet og andre tenester. Atferdssenteret fører vidare opplæringa i metodane dei arbeider med. Det er positivt at stadig fleire kommunar bruker programmet *Tidlig Innsats for Barn i Risiko*, som gjennom heilskapleg innsats og foreldrerettleiing førebyggjer og avhjelper atferdsproblemer hos barn. Programmet har også som målsetjing å styrkje barnet sin sosiale kompetanse. Atferdssenteret er i gang med førebuingane for å prøve ut ei behandling for barn og unge med angst, depresjon, stress og problem knytte til åtferd. Det er også positivt at senteret når opp ved tildeling av midlar gjennom programverksemda til Forskningsrådet.

Forskningsrådet har på oppdrag frå departementet stått for evalueringa av Atferdssenteret. Evalueringskomiteen er positiv til arbeidet ved Atferdssenteret, og peiker særleg på kvaliteten på og omfanget av dei vitenskaplege arbeida og at arbeidet med å implementere tiltaka er godt gjennomtenkt og systematisk. Komiteen peiker samtidig på enkelte forbedringsområde, mellom anna samarbeidet med utdanningsinstitusjonane og formidling til praksisfeltet.

#### *Fagdirektoratsoppgåver til Bufdir*

Bufdir har arbeidd med å utvikle rolla som fagleg premissleverandør for heile barnevernet, mellom anna gjennom å samarbeide med andre tenester og aktørar og ved å skaffe dokumenterbar kunnskap om barnevernet. Arbeid med statistikk og analyse, formidling av kunnskap, oppfølging av samarbeidspartnarar og kommunar har vore viktig i utviklinga av rolla som fagdirektorat. Digitalisering og IKT har òg vore prioritert i 2015 mellom anna for å gi gode forenkla løysingar for brukarane.

Bufdir har jobba med å utvikle styringa av Bufetat i form av å utvikle etatsstyringsrolla til direktoratet.

Fylkesmannen er ein viktig aktør når det gjeld å nå ut til kommunane med faglege anbefalingar, rettleiingar o.l. Godt samarbeid mellom direktoratet og Fylkesmannen har derfor vore sentralt i etableringa av rolla til direktoratet som fagleg premissleverandør for heile barnevernet. Samarbeidet har vore nyttig i den vidare utviklinga av direktoratet si rolle som sentralt kunnskaps- og kompetansemiljø for oppgåvene til barnevernstenesta.

For å styrkje kunnskaps- og kompetanseutviklinga i barnevernet har direktoratet i 2015 sett i verk forskings- og utviklingsprosjekt på ei rekkje område, mellom anna undersøkingar i kommunalt barnevern, ettervern, juridiske problemstillingar mellom helsesektoren og barnevernet og utvikling av ein ny rettleiingsmodell for institusjonar.

#### *Gode omsorgstilbod til einslege, mindreårige asylsøklarar og flyktingar*

I 2015 kom det totalt 859 einslege, mindreårige asylsøklarar under 15 år til Noreg, mot 188 i 2014. Alle blei tekne hand om av Bufetat, anten i eigen regi eller gjennom kjøp av private plassar. Det har aldri kome så mange einslege, mindreårige asylsøklarar til Noreg på eitt år som i 2015. Ved inngangen til 2015 budde 110 barn i omsorgssenter, ved utgangen av året var talet over 750. Arbeidet med å sikre tilstrekkeleg med plassar i omsorgssentera la beslag på store ressursar i Bufdir og Bufetat i 2015. Løyvinga til omsorgssentera blei i løpet av 2015 auka med om lag 180 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2015.

BLD innførte i desember 2015 ein dispensasjonsheimel i kvalitetsforskrifta. Heimelen gir høve til å fråvike krava til barnevernsinstitusjonar og omsorgssenter i ekstraordinære situasjonar. Forskriftsendringa gir Bufetat større fleksibilitet i arbeidet med å skaffe mange nok plassar i omsorgssenter i ein ekstraordinær situasjon.

I 2015 blei 139 einslege, mindreårige flyktingar frå omsorgssentera busette i 41 kommunar. I 2015 venta barna i gjennomsnitt fire månader frå vedtak om opphald til busetjing. Det var ein auke på ein måned frå året før. Auken i ventetida kjem av at behovet for busetjingsplassar blei større på grunn av den store tilstrøyminga av asylsøklarar til Noreg, og at det er utfordrande å finne eigna butilbod i kommunane. Ved utgangen av 2015 venta 147 busetjingsklare barn i omsorgssentera.

Ordninga med refusjon av utgifter til kommunale barnevernstiltak for einslege, mindreårige asylsøklarar og flyktingar blei ført vidare i 2015.

Inntil 80 prosent av utgiftene som overstig den kommunale eigendelen, blir refundert. I Prop. 1 S Tillegg 1 (2015–2016) blei det varsla at regjeringa ville greie ut ein modell der kommunane kunne velje mellom ordninga med 80 prosent refusjon og eit fast tilskot. Ein må forvente at ei ordning der kommunane kan velje finansieringsmodell, fører til ein auke i utgiftene til staten utan at midlane nødvendigvis treffer dei kommunane eller dei barna som treng det mest. Regjeringa har derfor kome fram til at ei slik ordning ikkje vil vere formålstenleg, og viser til omtale under Strategiar og tiltak for 2017 under delmål 5.1, der det blir føreslått å leggje om refusjonsordninga til ei ordning med fast tilskot.

#### *Støtte til organisasjonar og prosjekt på barnevernsområdet*

Organisasjonane i barnevernet er sentrale aktørar for å fremme brukarmedverknad og viktige samarbeidspartnarar for Bufdir i utviklinga av råd og anbefalingar til tenestene. Departementet har to tilskotsordningar til organisasjonar i barne- og ungdomsvernet. Den eine skal yte driftstilskot til organisasjonane. Gjennom denne ordninga fekk åtte sentrale organisasjonar tilskot i 2015 – både organisasjonar for brukarar (barn og foreldre), tilsette og andre fagpersonar i barnevernet. Den andre er tilskot til utviklings- og samhandlingsprosjekt i barnevernet. I 2015 fekk 14 prosjekt tilskot, av dei hadde Forandringsfabrikken ei øyremerkte støtte på 2 mill. kroner til prosjektet *Mitt Liv*. Tilskota skal medverke til å utvikle og spreie kunnskap, prøve ut modellar, betre det førebyggjande arbeidet eller samhandlinga mellom tenester. Hovudområda brukarmedverknad og dialogarbeid mellom barnevernet og minoritetsbefolkninga blei prioriterte.

#### *Endringar i finansieringsansvaret for kommunane*

Satsen for opphald i institusjon og senter for foreldre og barn blei auka til inntil 65 000 kroner per barn per måned i 2015. Kommunane blei kompenserte for auken i eigendelane gjennom ein auke i rammetilskotet. Eigenbetalinga speglar no i større grad dei faktiske kostnadene ved tiltaket. Målet var å leggje til rette for barnevernfaglege vurderingar for å finne riktige tiltak og for å betre samhandlinga mellom kommunalt og statleg barnevern.

Regjeringa føreslo i høyringsnotatet *Forslag til endringar i barnevernloven: kvalitets- og strukturreform* å gi kommunane auka fagleg og økonomisk

ansvar for barnevernet. Regjeringa tek sikte på å leggje fram ein lovproposisjon om endringane våren 2017.

#### *Strategiar og tiltak for 2017*

##### *Ny ansvarsdeling i barnevernet*

Stortinget slutta seg våren 2013 til forslaget i Prop. 106 L (2012–2013) om ei tydelegare ansvarsdeling mellom kommunalt og statleg barnevern. Regjeringa har ein ambisjon om eit betre barnevern som gir fleire barn rett hjelp til rett tid. Regjeringa er særleg oppteken av at det skal leggjast meir vekt på førebygging og tidleg innsats i arbeidet med utsette barn og familiar. Det er kommunane som best kjenner behova til det enkelte barnet. Regjeringa tek derfor sikte på å leggje fram for Stortinget ei kvalitets- og strukturreform for barnevernet våren 2017. Forslag til endringar i ansvarsdelinga mellom det kommunale og det statlege barnevernet har vore på høyring. Regjeringa har i høyringa føreslått at kommunane får eit større fagleg og økonomisk ansvar for barnevernet. Regjeringa vil setje i verk ei satsing på kvalitet og kompetanse i det kommunale barnevernet. Kompetansebygging i kommunane må liggje til grunn for å auke det kommunale ansvaret for barnevernstenestene.

Alta, Røyken og Nøtterøy i interkommunalt samarbeid med Tjøme, er med i eit forsøk med endra oppgåve- og ansvarsdeling mellom kommune og stat innan barnevernet. I 2017 skal dei første erfaringane frå forsøket vurderast samtidig som den generelle reforma blir utvikla.

##### *Tidleg innsats og hjelpetiltak i barnevernet*

Regjeringa legg vekt på å styrkje det førebyggjande arbeidet i kommunane retta mot utsette barn, unge og familiare deira, slik at tenestene kan kome tidleg inn med gode tiltak og førebyggje at problema blir større.

Direktoratet skal utvikle ein nasjonal plan for hjelpetiltak i barnevernet. I arbeidet skal erfaringar frå bruken av kommunale hjelpetiltak systematiserast. Planen skal danne grunnlag for kvalitets- og kompetansetiltak og medverke til eit meir kunnskapsbasert barnevern, slik at hjelpetiltaka frå barnevernet blir betre tilpassa livssituasjonen til det enkelte barnet og den enkelte familien. I planen blir det lagt vekt på førebygging og samarbeid med andre tenester om tiltak til utsette barn og familiar.

Ein føresetnad for å nå fram med tidleg og rett hjelp er god kvalitet i undersøkings- og kartleg-

gingsarbeidet i barnevernet. Tilsyn viser at det er nødvendig å betre kvaliteten i undersøkingar og kartleggingar. Arbeidet med fagleg rettleiing og kompetanseutvikling i denne delen av arbeidet til barnevernet blir intensivert i 2017.

*Tiltak utanfor heimen*

Barnevernet skal gjennom Bufetat gi barn og unge som treng det, eit spesialisert og differensiert tilbod av god kvalitet. Barn og unge skal sikrast riktig tiltak til rett tid, og tiltaket skal vere godt, uavhengig av kvar i landet dei bur. Eit riktig differensiert tilbod skal medverke til at behovet til kvart enkelt barn på best mogleg vis blir teke vare på, og redusere risikoen for negativ sosial læring. Innsatsområda i Bufetat sin strategi for å utvikle kvalitet i tenestetilbodet skal utviklast vidare i 2017. I arbeidet for å nå målet om meir likeverdige tenester er fagutvikling og standardisering viktig, også når det gjeld spesialiserte tilbod.

Stortinget behandla Meld. St. 17 (2015–2017) *Trygghet og omsorg – Fosterhjem til barns beste* den 31. mai 2016. Det blei gjort 17 oppmodingsvedtak, som kjem i tillegg til dei 24 tiltaka som er omtalte i meldinga, og som Stortinget gjekk inn for. Oppfølginga av stortingsvedtaka vil føre med seg ein betydeleg ressursinnsats, og det vil vere nødvendig å prioritere når det gjeld tidspunkt for gjennomføring av dei ulike vedtaka omtala under.

*Vedtak nr. 740*

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå bruken av tvang når det gjelder barn innenfor barnevernet og fosterhjemsomsorgen.»

Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte om oppfølging av vedtak nr. 740.

*Vedtak nr. 742*

«Stortinget ber regjeringen sikre fosterfamilier med barn med funksjonsnedsettelse trygge og forutsigbare rammevilkår og god og koordinert tilrettelegging.»

Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte om oppfølging av vedtak nr. 742.

*Vedtak nr. 743*

«Stortinget ber regjeringen sette i gang forskning på hvordan biologiske barn opplever å være fostersøster/bror.»

Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte om oppfølging av vedtak nr. 743.

*Vedtak nr. 744*

«Stortinget ber regjeringen se på tiltak som kan gjøres for hvordan adopterte barn kan få best mulig oppfølging for å sikre en god oppvekst.»

Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte om oppfølging av vedtak nr. 744.

*Vedtak nr. 745*

«Stortinget ber regjeringen vurdere om også pålagte tiltak kan settes inn uten samtykke under svangerskap for å sørge for tidlig hjelp og forebygge omsorgssvikt for nyfødte.»

Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte om oppfølging av vedtak nr. 745.

*Vedtak nr. 746*

«Stortinget ber regjeringen vurdere hvorvidt alle fosterforeldre årlig bør gis veiledning, blant annet om grensesetting.»

Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte om oppfølging av vedtak nr. 746.

*Vedtak nr. 747*

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag for Stortinget som sikrer likeverdige økonomiske rammevilkår for fosterforeldre i kommunale fosterhjem.»

Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte om oppfølging av vedtak nr. 747.

*Vedtak nr. 748*

«Stortinget ber regjeringen utrede fosterforeldres pensjonsvilkår med siktemål om at fosterforeldre ikke skal tape på å være frikjøpt på grunn av barnets ekstra behov for omsorg og oppfølging.»

Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte om oppfølging av vedtak nr. 748.

*Vedtak nr. 749*

«Stortinget ber regjeringen om en full gjennomgang av fosterhjemskontraktene, og komme med en løsning som gir større forutsigbarhet enn i dag, herunder bedre rettigheter for fosterforeldrene og en mer formell tilknytning for barnet til fosterhjemmet.»

Utvalet som skal gå igjennom barnevernlova, har vurdert behovet for lovendringar når det gjeld partsrettar mellom anna for fosterforeldre. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte om ei vidare oppfølging av vedtak nr. 749.

*Vedtak nr. 750*

«Stortinget ber regjeringen sette i gang et forskningsprosjekt for å se på hva slags ettervern som har best effekt.»

Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte om oppfølging av vedtak nr. 750.

*Vedtak nr. 752*

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå regelverket for fosterforeldre som blir uføretrygdet eller får arbeidsavklaringspenger.»

Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte om oppfølging av vedtak nr. 752.

*Vedtak nr. 753*

«Stortinget ber regjeringen om at det igangsettes en NOU om fosterhjemsovsorgen for å få en helhetlig gjennomgang.»

Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte om oppfølging av vedtak nr. 753.

*Vedtak nr. 754*

«Stortinget ber regjeringen sørge for at det ved eventuell innføring av nasjonalt kartleggings-system sikres at hvert barn får individuell og faglig vurdering.»

I høyringsnotatet av 17. mars 2016 om ei kvalitets- og strukturreform i barnevernet er det vist til at Bufdir greier ut eit nasjonalt kvalitetssystem for barnevernet. Systemet skal gi tilsette avgjerdstøtte gjennom faglege verktøy og rettleiing i undersøkings- og kartleggingsarbeid. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget om oppfølging av vedtak nr. 754 i samband med kvalitets- og strukturreforma i barnevernet.

*Vedtak nr. 755*

«Stortinget ber regjeringen vurdere å fremme forslag til lov om at ingen omsorgsovertakelse skal bli vedtatt uten at barnets egen familie eller nære nettverk er vurdert og at det i forskrift bestemmes at det i saksframstillingen eller på annen måte skal synliggjøres at dette er vurdert før vedtaket ble fattet.»

I høyringsnotatet av 17. mars 2016 om ei kvalitets- og strukturreform i barnevernet er det foreslått å lovfeste ei plikt for barnevernstenesta til alltid å vurdere om nokon i familien eller nettverket til barnet kan vere fosterheim. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget om oppfølging av vedtak nr. 755 i samband med kvalitets- og strukturreforma i barnevernet.

*Vedtak nr. 756*

«Stortinget ber regjeringen sørge for at fylkesmannen i sitt tilsyn med barneverntjenesten også undersøker spesifikt om familie eller nære nettverk er vurdert i alle omsorgsovertakelser.»

Statens helsetilsyn har det overordna faglege tilsynet med barnevernsverksemda i kommunane. Departementet har foreslått for Statens helsetilsyn at dette er eit tema som kan vurderast i deira landsomfattande tilsyn.

*Vedtak nr. 757*

«Stortinget ber regjeringen sørge for at søsken som hovedregel ikke blir splittet ved omsorgsovertakelse, og at det gjøres tiltak som legger bedre til rette for fosterfamilier som tar i mot søsken.»

Direktoratet utarbeidde i april 2016 faglege anbefalinger for fosterheim i slekt og nettverk, som også inkluderte ei anbefaling om å plassere søsken i same fosterheim. Anbefalingane er digitalt utforma, og direktoratet arbeider no for å gjere dei kjende for barnevernstenestene. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte om vidare oppfølging av vedtak nr. 757.

*Vedtak nr. 435 punkt 4, 12. januar 2016*

I samband med behandlinga av Dok 8:37 S (2015–2016) vedtok Stortinget 12. januar 2016 oppmødingsvedtak nr. 435 punkt 4:

«Stortinget ber regjeringen om å:

4. Arbeide med tiltak for å rekruttere flere fosterfamilier, herunder legge til rette for at det etableres støtteapparat/veiledningstjeneste for foreldre som ønsker å være fosterforeldre for barn som får asyl i Norge.»

Oppmødingsvedtaket er følgt opp ved at Bufdir i 2016 fekk i oppdrag å leggje til rette for å etablere eit støtteapparat/retteleingsteneste for personar som ønskjer å vere fosterforeldre til barn som får opphald i Noreg. Bufdir har kartlagt behovet og vil utarbeide eit opplærings- og rettleingsprogram som vil inngå i støtteapparatet rundt fosterheimen.

Bufdir har også utarbeidd ein plan for å rekruttere fleire riktige fosterheimar. Planen har tre hovudsatsingsområde: rekruttering i slekt og nettverk, nasjonale kampanjar og utvikling av rekrutteringsstrategiar. Bufdir har fått tildelingar på 5 mill. kroner i 2015 og 10 mill. kroner i 2016 til ei ekstra satsing på rekrutteringsarbeidet. Sjå også omtale av oppmødingsvedtak nr. 47, 1. desember 2014 under Resultatrapportering under delmål 5.1.

For 2017 føreslår Regjeringa 3 mill. kroner til vidareutvikling og implementering av eit støtteapparat/retteleingsteneste for fosterforeldre til barn som får opphald i Noreg.

Vidare fekk SOS-barnebyer i revidert nasjonalbudsjett 2016 ei løyving på 3 mill. kroner for å ut-

vikle og prøve ut ein ny modell for busetjing og integrering og å utarbeide ein erfaringsguide.

Sjå også omtale av vedtak 435 i Meld. St. 30 (2015–2016) *Fra mottak til arbeidsliv – en effektiv integreringspolitikk* og Justis- og beredskapsdepartementets sin budsjettproposisjon.

*Vedtak nr. 820, 8. juni 2016*

I samband med behandlinga av Innst. 349 S (2015–2016) vedtok Stortinget 8. juni 2016 oppmødingsvedtak nr. 820:

«Stortinget ber regjeringen vurdere tiltak for å hindre at man plasserer de som begår seksuelle overgrep og barn som er utsatt for seksuelle overgrep, på samme institusjon. I den forbindelse må man også gå gjennom regelverket for å sikre nødvendige hjemler som hindrer at barn begår nye overgrep mens de bor på institusjon.»

Tilbod til unge overgripingar er ein del av planarbeidet mot vald. Behandlingsansvaret ligg i helsetenesta. Det er likevel barn i denne gruppa som oppheld seg i barneverninstitusjonar på grunn av svikt i omsorga eller alvorlege åtferdsvanskar.

Utgreiing av barn før inntak i barneverninstitusjon og rutinar på institusjonane skal sikre at barn med denne type problem ikkje kan utføre overgrep eller krenkande åtferd mot andre barn på same institusjon. Bufetat har i dag rutinar for inntak som bidreg til at eining for inntak unngår å plassere barn som har vore utsett for seksuelle overgrep i same institusjonseinig som barn som gjer seg skuldig i seksuelle overgrep. Dette gjeld både ved ordinære institusjonsplasseringar og ved akuttsplasseringar. Dersom feilplasseringar skulle oppstå, har Bufetat rutinar for å ta hand om dette. Bufetat har god erfaring med samarbeidet med kommunalt barnevern i desse komplekse sakene.

Når det gjeld gjennomgang av regelverket for å sikre nødvendige heimlar for å hindre at barn gjer nye overgrep medan dei bur på institusjon, vil regjeringa kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

*Gode omsorgstilbod til einslege, mindreårige asylsøklarar*

Bufetat har eit lovfesta ansvar for å gi barn under 15 år som har kome til landet og søkt asyl utan foreldre eller andre med foreldreansvar, tilbod om opphald på eit omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøklarar. Tilstrøyminga av einslege,

mindreårige asylsøkjjarar auka kraftig hausten 2015 og har ført til ein kraftig vekst i behovet for omsorgsplassar for denne gruppa.

*Vedtak nr. 435 punkt 3, 12. januar 2016*

I samband med behandlinga av Dok 8:37 S (2015–2016) vedtok Stortinget 12. januar 2016 oppmødingsvedtak nr. 435 punkt 3:

«Stortinget ber regjeringen om å:

3. Legge til rette for større grad av differensiering av tilbudet med utgangspunkt i den enkeltes ressurser og behov.»

BLD har vurdert at det er behov for å gjere endringar slik at regelverket blir betre tilpassa store variasjonar i tilstrøyinga. Departementet foreslår eit meir differensiert tilbod til barn i omsorgssenter ut frå alder og behov. Yngre barn skal kunne få tilbod om å bu i ein familie som eit alternativ til omsorgssenter. Departementet har sendt forslag til ny lov på høyring. Sjå også omtale av vedtak nr. 435 i Prop. 1 S (2016–2017) frå Justis- og beredskapsdepartementet og i Meld. St. 30 (2015–2016) *Fra mottak til arbeidsliv – en effektiv integreringspolitikk*.

*Endra finansiering for kommunar som buset einslege, mindreårige flyktningar*

Det er svært viktig at einslege, mindreårige flyktningar som har fått opphald i landet, raskt blir busette i ein kommune. Kommunane får i 2016, utover ein kommunal eigendel, refundert 80 prosent av utgiftene til kommunale barnevernstiltak for einslege, mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar. Den eksisterande ordninga har vore kritisert særleg fordi kommunane blir belasta ein eigendel uansett kor effektivt dei driv. Ordninga kan òg ha ført til eit overforbruk av tiltak i barnevernet, sidan dette har vore eit krav for å få refusjon.

*Vedtak nr. 435 punkt 5, 12. januar 2016*

I samband med behandlinga av Dok 8:37 S (2015–2016) vedtok Stortinget 12. januar 2016 oppmødingsvedtak nr. 435 punkt 5:

«Stortinget ber regjeringen om å:

5. Gjennomgå refusjonsordningen for barnevernstiltak i samråd med KS raskt, herunder se på alternative finansieringsordninger for kommunene som en stykkprismodell, og legge dette frem for Stortinget.»

BLD viser til Meld. St. 30 (2015–2016) *Fra mottak til arbeidsliv – en effektiv integreringspolitikk*, der det står at regjeringa i statsbudsjettet for 2017 vil ta stilling til om ordninga med refusjon av utgiftene kommunane har til barnevernstiltak for einslege mindreårige, bør leggjast om til ei ordning med fast tilskot. BLD har vore i kontakt med KS i dette arbeidet, og KS har føreslått ein modell der kommunane får 100 prosent refusjon av utgifter til barnevernstiltak for einslege mindreårige opp til eit tak som er avhengig av kva slags butiltak barnet får.

BLD har ikkje gått vidare med denne modellen fordi ein slik modell vil vere tungvint og dyr å forvalte og også svært vanskeleg å utforme i praksis. Det vil vere krevjande å fastsetje tilskotstaket på ein måte som ikkje gir kommunane utilsikta insentiv ved val av butiltak. Vidare gir ikkje ordningar med 100 prosent refusjon insentiv til kostnadskontroll.

Regjeringa foreslår å leggje ordninga med refusjon av utgifter til kommunale barnevernstiltak for einslege, mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar om til ei ordning med fast tilskot frå 1. januar 2017. Kommunane skal få eit fast tilskot for kvar einsleg, mindreårig flyktning dei buset, og tilskotet vil ikkje stille krav om barnevernsvedtak. Regjeringa foreslår at tilskotssatsen skal vere høgare for dei yngste barna, slik at kommunane får auka insentiv til å busetje desse barna.

Løyvinga over refusjonsordninga blir slått saman med *Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar*, som ligg på budsjettet til Justis- og beredskapsdepartementet. Regjeringa foreslår at den nye ordninga skal vere ei overslagsløyving, slik refusjonsordninga er i dag. Omlegginga fører ikkje isolert sett til endringar i dei gjennomsnittlege overføringane til kommunane per einsleg mindreårig flyktning, det er berre føresetnadene for utbetaling som blir endra. Som følgje av ulikt etterslep av utbetalingar i ny og gammal ordning, aukar likevel dei samla overføringane til kommunesektoren i 2017. Auken er anslått til om lag 470 mill. kroner. Den nye tilskotsordninga skal forvaltast av IMDi. Ordninga er nærmare omtalt i budsjettproposisjonen til Justis- og beredskapsdepartementet.

Kommunane skal framleis kunne søkje refusjon av utgifter som oppstod til og med 31. desember 2016. Søknadar må sendast Bufdir innan 1. august 2017.

Ei ordning med fast tilskot vil vere meir effektiv å administrere enn dagens ordning både for staten og for kommunane fordi det er enklare å administrere ei ordning med fast tilskot enn ei ordning der dokumenterte utgifter blir refun-

derte. Det vil òg vere enklare for kommunane å søkje berre eitt direktorat om tilskot til busetjing av flyktningar.

Den nye tilskotsordninga vil gjere både inntektene til kommunane og utgiftene til staten meir påreknelege. Ordninga vil gi auka kostnadskontroll for staten samtidig som kommunane får større fleksibilitet fordi dei kan prioritere midlane slik dei finn mest formålstenleg.

I dagens ordning må kommunane dekkje 20 prosent av utgiftene utover eigendelen uansett kor effektivt dei driv. I ei ordning med fast tilskot vil kommunane kunne tilpasse seg slik at dei får full kostnadsdekking. Kommunane kan òg dra nytte av eventuelle stordriftsfordelar slik at det blir meir lønnsamt for kommunane å busetje fleire barn.

Regjeringa føreslår vidare å utvide det særskilde tilskotet ved busetjing av einslege, mindreårige flyktningar med alvorlege, kjende funksjonshemmingar og/eller åtferdsvanskar. I dag kan dette tilskotet utbetalast i maksimalt fem år. Regjeringa føreslår at einslege mindreårige flyktningar skal kunne utløyse tilskotet fram til dei fyller 20 år. Dersom dei fyller 20 år før det har gått fem år, skal dei likevel kunne utløyse tilskotet i fem år, slik som i dag.

Som følgje av at refusjonsordninga blir avvikla, føreslår regjeringa at kommunane skal betale ordinær eigendel for busette einslege mindreårige flyktningar ved plassering i institusjon, for å forhindre utvida bruk av institusjon for denne gruppa. Kommunane skal framleis betale halv eigendel ved plassering i institusjon av einslege, mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar frå omsorgssenter eller asylmottak. Endringa gir ein forventa inntektsauke for staten. Midlane blir førte tilbake til kommunane gjennom ein tilsvarande auke i den nye tilskotsordninga.

Sjå også omtale av vedtak 435 i Prop. 1 S (2016–2017) frå Justis- og beredskapsdepartementet.

#### *Kompetanse- og kvalitetsutvikling i barnevernet*

I 2017 vil regjeringa arbeide vidare med å utvikle kunnskapsgrunnlaget på fleire område i barnevernet. Eit av dei sentrale måla er å gjere tenestene meir kunnskapsbaserte. Departementet ser det som viktig å stimulere til forskning, kompetansebygging og erfaringsformidling som ledd i utviklinga av kvaliteten i barnevernet i Noreg.

Regjeringa ønskjer å styrkje kunnskapsgrunnlaget og støtte ei nødvendig utvikling på barnevernsområdet. Noregs forskingsråd skal gjen-

nom forskingsprogrammet HELSEVEL bidra til betre og meir treffsikker hjelp frå barnevernet.

Gjennom det langsiktige utviklingsarbeidet i Bufdir vil det bli arbeidd med å styrkje kvaliteten i barnevernet. Bufdir vil utarbeide faglege rettleiingar med tilhøyrande standardiserte tenesteforløp, og kompetansen til dei tilsette i barnevernet skal utviklast vidare.

I 2017 skal områda akutt- og undersøkingsarbeid prioriterast. Det er eit mål å redusere talet på akutt plasseringar i barnevernet. Det er vidare nødvendig å redusere variasjonen mellom tenestene når det gjeld korleis ein går fram, og variasjonen i vurderingane som blir gjorde i akutte saker og ved undersøkingar.

Departementet samarbeider med Kunnskapsdepartementet om oppfølginga av Meld. St. 13 (2011–2012) *Utdanning for velferd*. Meldinga inneheld ei rekkje tiltak for å betre kvaliteten i dei helse- og sosialfaglege utdanningane. Tiltaka omfattar mellom anna utdanningane som kvalifiserer til arbeid i barnevernet.

Regjeringa vil setje i verk særlege tiltak for å heve kvaliteten og kompetansen i kommunane. Tiltaka vil vere ein del av kvalitets- og struktur reforma, sjå tidlegare omtale under delmål 5.1, og dei skal medverke til at kommunane blir betre rusta til å ta på seg eit større ansvar for barnevernet.

Satsinga på auka kvalitet og kompetanse vil i 2017 innehalde

- opplæringstiltak retta mot tilsette i barnevernet, med særleg vekt på undersøkings- og hjelpetiltaksarbeid
- utviklingsarbeid med sikte på å få på plass eit fagleg rammeverk for arbeidet med undersøkingar, avgjerder og oppfølging av barn i tiltak i barnevernet. I samarbeid med IT-leverandørane i barnevernet skal det greiast ut korleis eit system for avgjerdsstøtte kan integrerast i saksflyten i barnevernstenestene, slik at tenestene får ein enkel og samanhengande tilgang på styringsinformasjon, fagleg støtte og rettleiing
- tilbod om rettleiing til leiarar i barnevernstenestene. Rettleiingstilbodet skal givast til kommunar med høg risiko for svikt i tenestetilbodet
- dialogmøte retta mot den politiske og administrative leiinga i kommunane, for å leggje til rette for lokalt utviklingsarbeid og ei tydeleg forankring av barnevernet i kommunane

Bufdir har ei sentral rolle i utviklinga og gjennomføringa av kvalitets- og kompetansetiltaka. Direk-



toratet vil leggje vekt på samarbeid med kommunesektoren, brukarorganisasjonar og relevante kompetansemiljø på barnevernsområdet, som Atferdssenteret og dei regionale kunnskaps-sentera for barn og unge (RKBU). Samarbeid med universitets- og høgskolesektoren er viktig for å kunne utvikle meir relevante grunn- og vidareutdanningar.

Gjeldande avtalar med fire lærestader om å tilby vidareutdanninga *Barnevern i eit minoritetsperspektiv* går ut ved utgangen av 2016. Bufdir vil i 2017 få i oppdrag å greie ut alternative tiltak for å heve kompetansen på dette området. Departementet ønskjer å oppretthalde vidareutdanningstilbodet i 2017. Tilbodet skal primært vere for tilsette i kommunalt barnevern, men også tilsette i barnevernsinstitusjonar kan takast opp som studentar. På grunn av låge eller varierende søkjartal til studia legg departementet opp til å redusere talet på lærestader. For å bidra til at utdanningstilbodet blir nytta i større grad, føreslår departementet å inkludere vidareutdanninga i tilskotsordninga til barnevernfaglege vidareutdanningar i 2017.

#### *Digitalisering og IKT*

Ein meir brukarretta velferdsteknologi vil kunne føre til større effektivitet og betre tilgjengelegheit. Digitalisering og auka merksemd overfor brukarane kan òg medverke til forenkling og utvikling av betre tilpassa tenester. Departementet skal sjå til at underliggjande etatar vidareutviklar digitaliserte løysingar for forvaltning og kunnskapsutvikling.

Som grunnlag for å utvikle digitale løysingar vil det å involvere brukarane stå sentralt. Bufdir skal arbeide systematisk for at alle tenesteytarar i barnevernet kan nytte likestilte digitale tenester, med barna i sentrum og med heilskap i data og analysar. Direktoratet skal prioritere ressursar for å koordinere den digitale utviklinga i barnevernet der også kommunane og andre etatar på velferdsområda tek del.

I samband med at regjeringa legg fram for Stortinget ei kvalitets- og strukturreform for barnevernet, tek departementet i 2017 sikte på å greie ut moglegheitene for betre digital samhandling i barnevernet.

I 2016 starta arbeidet med å utvikle vidare eit sikkert elektronisk system for ekstern dokumentutveksling i Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker. Utrullinga av det eksterne systemet skal fullførast i løpet av 2017. Målet er å forenkle og effektivisere saksbehandlinga, noko som også kan gi utslag for saksbehandlingstida.

## **Delmål 5.2. Heilskaplege og samordna tilbod og tenester**

Resultatrapport 2015/2016

### *Tidleg innsats og samarbeid med andre tenester*

Sjå også omtale under programkategori 11.10 Familie og oppvekst.

Helsa til barn i barnevernet, og særleg den psykiske helsa til barn i barnevernsinstitusjonar, var eit høgt prioritert satsingsområde i 2015. Arbeidet blir gjennomført av Bufdir i samarbeid med Helsedirektoratet. Målet med satsinga har vore å medverke til at barn og unge får nødvendige og forsvarlege helsetenester.

Utviklinga av eit opplæringsprogram om barn og unges psykiske helse for tilsette i barnevernsinstitusjonar heldt fram i 2015. I tillegg blei det sett i verk eit arbeid med å kartlegge erfaringane barn har med fastlegeordninga, med psykisk helsevern for barn og unge og med tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Det blei gitt ut ei kunnskapsoversikt og eit felles rundskriv om samarbeid mellom barnevern og psykisk helsevern for barn og unge.

I tillegg starta eit arbeid med å samanfatte erfaringar med etablering av felles institusjonar for psykisk helsevern og barnevern. Fleire offentlige instansar har anbefalt etablering av felles institusjonar av denne typen i Noreg, mellom anna Flatøutvalet (NOU 2009: 22). Ei utgreiing av juridiske problemstillingar som gjeld verksemda til helsepersonell i barnevernsinstitusjonar starta, og det blei utarbeidd retningslinjer for helseansvarlege på barnevernsinstitusjonar. Vidare oppretta dei regionale helseføretaka og regionane til Bufetat strukturar og rutinar for samarbeid.

Tiltaka i satsinga som er omtalt ovanfor, er godt i gang, og direktorata meiner at styrkinga av samarbeidet på direktoratsnivå har verka positivt inn på samarbeidet mellom tenestene på regionalt og lokalt nivå. Direktoratata skal levere ein felles rapport til HOD og BLD hausten 2016 som omtaler innsatsen og gir tilrådingar om vidare prioriteringar.

Kristiansand kommune starta i 2013 prosjektet «*Tverretattlig akuttjeneste for barn og unge*», i samarbeid med spesialisthelsetenesta. Målet med prosjektet er å gi eit koordinert tilbod til barn og unge og deira familiar i ein akuttsituasjon, redusere behovet for akutt plasseringar og innleggingar på institusjon og sikre koordinert oppfølging etter akuttfasen. Prosjektet har fått dispensasjon frå lovpålagd teieplikt etter barnevernlova, spesialisthelsetenestelova og helsepersonellova, og har fått samtykke til å opprette eit felles manuelt klientregister. Prosjektet har følgd med på akutt-

plasseringar. Barnevernstenesta i Kristiansand har hatt ein nedgang i talet på akutte plasseringar dei siste åra. Frå 53 akutte flyttingar i 2013 til 37 flyttingar i 2015. Barnevernet i Kristiansand meiner at prosjektet er ein medverkande faktor til nedgangen, og at ein i mange tilfeller har unngått akutte flyttingar av barn fordi prosjektet gir større fleksibilitet og fleire moglegheiter for hjelp.

#### *Skolegangen til barnevernsbarn*

Målsetjinga med skolesatsinga er å skape haldnings- og handlingsendringar, slik at barn i barnevernet får godt utbyte av skolegangen og fullfører vidaregåande opplæring. I 2015 var dei viktigaste tiltaka retta mot dei som arbeider direkte med barna i barnevern- og skolesektoren. For å sikre ei felles forståing av oppgave- og ansvarsforhold blei det tidleg i 2015 gjennomført fylkesvise dialogkonferansar i alle fylka, der tilsette i skole- og barnevernssektoren deltok. Bufdir utvikla i samarbeid med Utdanningsdirektoratet ei digital rettleiing om samarbeid mellom barnevern og skole. Formålet med rettleiinga er å styrkje skole- og utdanningssituasjonen for barn i barnevernet.

#### *Ei tydelegare ansvarsdeling mellom statleg og kommunalt barnevern*

Regjeringa har våren 2016 sendt ut høyringsnotatet *Forslag til endringar i barnevernloven: kvalitets- og strukturreform*. I høyringsnotatet føreslår departementet endringar i ansvarsdelinga mellom stat og kommune. Kommunane skal få eit større fagleg og økonomisk ansvar for barnevernet, mellom anna for hjelpetiltak og fosterheimstilbod. Målet med endringane er at det skal leggjast meir vekt på førebygging og tidleg innsats i arbeidet med utsette barn og familiar.

For å prøve ut ei ny organisering i barnevernet, med større kommunalt ansvar, har departementet etter ein søknadsprosess sett i gang forsøk i tre kommunar: Alta, Røyken og Nøtterøy (i interkommunalt samarbeid med Tjøme). Desse kommunane har frå 1. april 2016 mellom anna teke over ansvaret for rekruttering og opplæring av fosterheimar. Ei evaluering av forsøket er sett i gang.

#### *Auka kapasitet i det kommunale barnevernet*

Det kommunale barnevernet blei styrkt med 20 mill. kroner i 2015 og ytterlegare 30 mill. kroner i 2016. I 2016 er det løyvd om lag 675 mill. kroner, og om lag 960 stillingar er no øyremerkte det kommunale barnevernet.

Satsinga på det kommunale barnevernet har ført til betre kapasitet. Frå første halvår 2011 til andre halvår 2015 har talet på barn i tiltak per saksbehandlar i barnevernet gått ned frå 12 til i underkant av 10. Rapporteringar frå kommunane viser òg at satsinga har medverka til ein nedgang i talet på fristbrot.

Tal frå SSB viser at om lag 53 500 barn og unge fekk tiltak frå barnevernet i løpet av 2015. Det er om lag som i 2014. 10 100 barn og unge fekk omsorgstiltak i løpet av 2015, og 43 400 fekk hjelpe-tiltak. Talet på barn under omsorg har auka frå 5,5 per 1 000 barn ved utgangen av 2005 til 7,9 per 1 000 barn ved utgangen av 2015. Barn med hjelpe-tiltak i alderen 0–17 år auka fram til 2010, men har frå 2010 til 2015 gått ned frå 24,1 per 1 000 barn til 21,4 per 1 000 barn ved utgangen av året.

#### *Strategiar og tiltak for 2017*

##### *Betre samordning av tenester for barn og unge*

Undersøkingar peiker på store utfordringar knytte til samordninga mellom tenestene for barn og unge. Departementet vil arbeide for at faglege tilrådingar inneheld standardiserte tenesteforløp der det er nødvendig. Standardisering medverkar til betre samordning mellom tenestene.

I 2017 vil iverksetjinga av den særlege satsinga på helsetenester til barn i barnevernet, inkludert satsinga på betre psykisk helsehjelp, frå 2015 og 2016 halde fram. Målet er å styrkje samarbeidet mellom helsetenestene og barnevernet, slik at barn i barnevernet får nødvendige og forsvarlege helsetenester. Bufdir vil arbeide saman med Helsedirektoratet om å sikre tilstrekkeleg og forsvarleg helsehjelp til barn i barnevernsinstitusjonar. Tilbodet til barn og unge med psykiske lidingar og vanskar skal betrast.

Sjå elles omtale av kvalitets- og strukturreforma under Strategiar og tiltak under delmål 5.1, der betre samordning mellom kommune og stat blir viktig.

##### *Skolegangen til barnevernsbarn*

Barn og unge som ikkje lykkast i skole- og utdanningsløpet, har høg risiko for marginalisering i framtida. Satsinga for å betre skolegangen for barn i barnevernet held fram og er eit sentralt tiltak for å redusere fråfallet i vidaregåande opplæring. Satsinga må sjåast i samanheng med 0–24-samarbeidet som kommunane og fylkeskommunane har for utsette barn og unge under 24 år. For meir utfyllande informasjon, sjå programkategori 11.10 Familie og oppvekst.

Barn som av ulike grunnar må flytte i fosterheim eller institusjon, må nokre gonger flytte midt i skoleåret. Det kan føre til at ungdommen ikkje kan fortsetje på same vidaregåande skole. Eit forslag om å innføre ein rett til vidaregåande opplæring uavhengig av ordinære søknadsfristar er sendt på høyring av Kunnskapsdepartementet. Retten skal gjelde for ungdom som er plasserte i fosterheim eller barnevernsinstitusjon med heimel i barnevernlova, og skal takast inn i forskrift til opplæringslova.

#### Opplysningsplikt

Vedtak nr. 666, 11. juni 2015

I samband med behandlinga av Prop. 72 L (2014–2015) *Endringer i barnevernloven (utvidet adgang til å pålegge hjelpetiltak)* vedtok Stortinget 11. juni 2015 oppmodingsvedtak nr. 666:

«Stortinget ber regjeringen vurdere om opplysningsplikten og taushetsplikten i tilstrekkelig grad åpner for nødvendig informasjonsinnhenting i saker etter § 4-4, eller om det bør gjøres endringer i lovverket, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Opplysningsplikta til barnevernet er svært viktig for at samfunnet skal kunne verne barn mot ulike former for vald, overgrep og omsorgssvikt. Departementet arbeider med eit forslag om å forenkle og klargjere dagens reglar slik at innhaldet i opplysningsplikta til barnevernet blir lettare tilgjengeleg. Dette er ei oppfølging av tiltak i tiltaksplanen *En god barndom varer livet ut – Tiltaksplan for å bekjempe vold og seksuelle overgrep mot barn og ungdom* (2014–2017) og Prop. 106 L (2012–2013) *Endringer i barnevernloven*.

#### Utviding og vidareføring av prøveprosjekt

Prosjektet *Akuten i Nord-Trøndelag* har frå starten i 2013 hatt som mål å finne fram til nye samarbeidsformer, ny organisering og nye arbeidsverktøy på tvers av etatar. Målet er eit kvalitativt betre og meir formålstenleg psykisk helsetilbod for utsette barn og unge. Prosjektet er ei oppfølging av forslag frå NOU 2009: 22 *Det du gjør, gjør det helt* og blir leidd av Bufetat region Midt-Noreg og Helse Nord-Trøndelag. Gjennom prosjektet er det oppretta eit felles døgnbasert akutttilbod for BUP og Bufetat ved sjukehuset i Levanger. Departementet føreslår å forlengje prosjektperioden med

eitt år for å prøve ut eit nytt, ambulant tilbod utanfor sjukehuset. Det vil auke kapasiteten i prosjektet, og forsøksmodellen vil bli nytta i ei større befolkning. Med ei ambulant teneste vil prosjektet også omfatte barn og unge (0–18 år) som blir akutt plasserte i ordinære barnevernstiltak.

Kristiansand kommune starta i 2013 prosjektet *Tverretattlig akuttjeneste for barn og unge* i samarbeid med spesialisthelsetenesta. Frå 2016 er Kristiansand kommune vertskommune for eit barnevernssamarbeid med Lillesand, Birkenes, Søgne og Songdalen. Prosjektet er no utvida til å omfatte også desse kommunane, og prosjektperioden er utvida til ut 2019.

#### Delmål 5.3. Rettstryggleik for barn, unge og familiane deira

Resultatrapport 2015/2016

*Barnesakkunnig kommisjon*

Barnesakkunnig kommisjon blei evaluert i 2015. Evalueringa undersøkte om kommisjonen oppfyller samfunnsoppdraget sitt, og om det bør gjerast endringar i ordninga. Evalueringa viser at kommisjonen i all hovudsak verkar etter formålet. Etableringa av Barnesakkunnig kommisjon har bidrege til større rettstryggleik i barnevernssaker. Evalueringa viser at kommisjonen mellom anna har bidrege positivt til kvaliteten på sakkunnige rapportar og på prosessar i avgjerdsorgana. Dagens avgrensing av kva rapportar som skal vurderast av kommisjonen, bør ikkje endrast. Evalueringa peiker på ulike forbetningsområde, mellom anna bør kommisjonen utvikle ei meir utovervend arbeidsform og styrkje den fleirkulturelle kompetansen. Departementet tek med seg anbefalingane frå evalueringa, mellom anna i samband med oppnemning av ny kommisjon frå september 2016.

#### Utdanningsprogram for barnefagleg sakkunnige

Departementet førte vidare støtta til drift av utdanningsprogrammet for barnefagleg sakkunnige i saker etter barnevernlova og barnelova, i regi av Norsk psykologforening. I 2015 byrja 20 personar på utdanninga. Ei anbefaling frå evalueringa av Barnesakkunnig kommisjon er at departementet bør vurdere tiltak som kan stimulere til at fleire ønskjer å kvalifisere seg til å bli sakkunnig, og til å utvikle kvaliteten på det sakkunnige arbeidet. Departementet vil sjå nærmare på anbefalingane frå evalueringa.

### *Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker*

Oxford Research si evaluering av fylkesnemndene var ferdig i mai 2015. *Riksrevisjonens undersøkelse av saksbehandlingstid og saksbehandlingspraksis i Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker* blei lagd fram 29. juni 2015. Begge rapportane viser utfordringar med lang saksbehandlingstid over fleire år og at saksbehandlingstida ikkje er i samsvar med formålet med barnevernlova, og begge rapportane peiker på rom for forbedring. Departementet og Sentraleininga for fylkesnemndene starta i 2015 eit arbeid for å følgje opp anbefalingane frå Riksrevisjonen og frå evalueringa, eit arbeid som er ført vidare i 2016. Det blei arbeidd målretta for kortare saksbehandlingstid, meir effektive rutinar og utjamning av forskjellar i saksbehandlingstid mellom fylkesnemndene. Resultata frå 2015 viser at den positive utviklinga frå 2013 og 2014 med kortare saksbehandlingstid held fram.

I tillegg til saksbehandlinga har fylkesnemndene arbeidd med fleire prosjekt og oppgåver som er nødvendige for kvalitet og vidare utvikling av fylkesnemndene. Eit nytt saksbehandlingssystem og ei ny heimeside, [www.fylkesnemndene.no](http://www.fylkesnemndene.no), blei ferdigstilte i 2015. Det blir òg gjennomført forsøk med samtaleprosess.

### *Institusjonar med heim*

Stortinget vedtok ved handlinga av Prop. 106 L (2012–2013) forslaget om å innføre ein heimel i barnevernlova for institusjonar med heim. Lovendringa har ikkje tredd i kraft. Departementet arbeider med å greie ut arbeidsrettslege spørsmål om tiltaket.

### *Barnevern over landegrensene*

Stortinget samtykte ved handlinga av Prop. 102 LS (2014–2015) i at Noreg ratifiserer Haagkonvensjonen 1996, og slutta seg til forslaget om ei ny lov om gjennomføring av konvensjonen i norsk rett og dessutan endringar i barnelova, barnevernlova og ekteskapslova. Konvensjonen fekk verknad frå 1. juli 2016. Konvensjonen legg til rette for samarbeid og informasjonsutveksling mellom konvensjonsstatar om enkelte saker. Bufdir er norsk sentralstyresmakt for konvensjonen.

Barnevernssaker som gjeld barn og familiar som har tilknytning til fleire land, kan vere vanskelege for kommunane. Stadig fleire utanlandske styresmakter engasjerer seg i barnevernssaker som involverer barn frå deira land. Departemen-

tet har i 2015 gitt ut retningslinjer om handlinga av barnevernssaker der barn har tilknytning til andre land. Retningslinjene gir informasjon om korleis barnevernet kan behandle sakene, om undersøkingar, tiltak og moglegheitene for alternativ oppfølging av barnet i utlandet. Retningslinjene inneheld ein særleg omtale av barn som søker asyl, eller som oppheld seg ulovleg i Noreg. Det er også eit eige kapittel om samarbeidet mellom barnevernstenesta og utlendingsstyresmaktene.

### *Strategiar og tiltak for 2017*

#### *Barnevernlovutvalet*

Departementet sette i november 2014 ned eit lovutval som skal gjennomføre ein språkleg, strukturell og teknisk gjennomgang av barnevernlova og vurdere korleis lova kan gjerast enklare. Målet er betre rettstryggleik og eit meir forståeleg og tidsriktig lovverk. Utvalet har lagt fram innstillinga si hausten 2016. Utvalet har mellom anna vurdert spørsmål i grensegangen mellom barnelova og barnevernlova, ansvaret hos barnevernet når barn med barnevernstiltak har tilknytning til fleire land, lovfesting av faglege prinsipp for vurderinga av kva som er best for barnet, om barnevernet er eit område som eignar seg for fastsetjing av rettar, og korleis dette eventuelt kan regulerast i barnevernlova.

#### *Vedtak nr. 811, 8. juni 2016*

I samband med handlinga av Dok 8:52 S (2015–2016) vedtok Stortinget 8. juni 2016 oppmodingsvedtak nr. 811:

«Stortinget ber regjeringa i forbindelse med gjennomgangen av barnevernloven vurdere begrensninger i, eller utsettelse av, pårørendes innsynsrett i journal og partenes innsynsrett i dokumenter i barnevernssaker når det er til barnets beste.»

Regjeringa har orientert Barnevernlovutvalet om oppmodinga frå Stortinget. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte om ei vidare oppfølging av vedtaket.

#### *Gjennomgang av barnevernssaker*

Departementet skal setje i verk ein gjennomgang av eit utval akuttsaker og saker om omsorgsovertaking i barnevernet. Gjennomgangen skal mellom anna gi kunnskap om handlinga av enkelt saker, kva som eventuelt sviktar, og kvifor svikt

kan oppstå. Gjennomgangen skal òg sjå på kvaliteten i dei faglege vurderingane til barnevernet. Saksbehandlinga i barnevernet og behandlinga i fylkesnemnda skal vurderast. Statens helsetilsyn har fått i oppdrag å gjere denne gjennomgangen.

#### *Saksbehandlingstida i fylkesnemndene*

Riksrevisjonen har gjennomført ein forvaltingsrevisjon av saksbehandlingstid og saksbehandlingspraksis i fylkesnemndene (Dokument 3:10 (2014–2015)). Eit av hovudfunna var at saksbehandlingstida for ordinære saker ikkje er i samsvar med sentrale krav i barnevernlova. Ei evaluering Oxford Research har gjort av fylkesnemndene (2015), kom til at fristen i dei ordinære sakene er for kort og derfor ikkje realistisk for fleirtalet av sakene. Departementet tek sikte på å sjå nærmare på dette tidskravet i barnevernlova etter at Særdomsutvalet har gitt si innstilling i 2017.

#### *Adopsjon etter barnevernlova*

Adopsjonslovutvalet anbefalte i NOU 2014: 9 *Ny adopsjonslov* at Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker skal behandle alle saker om adopsjon når barnevernstenesta har teke over omsorga for barnet (fosterheimsadopsjon). I dag er

det Bufdir som behandlar saker om adopsjon når foreldra samtykkjer til adopsjonen. Forslaget om at fylkesnemndene skal behandle alle sakene, styrkjer rettstryggleiken til partane og fekk støtte i høyringa. Sjå også omtale under programkategori 11.10 Familie og oppvekst.

#### *Gjennomføring av Haagkonvensjonen 1996*

Haagkonvensjonen 1996 om samarbeid når det gjeld foreldremyndigheit og tiltak for vern av barn, tredde i kraft i Noreg 1. juli 2016. Den norske tilslutninga til konvensjonen vil medverke til å førebyggje og løyse internasjonale foreldretvistar, barnebortføringssaker og barnevernssaker og vidare styrkje samarbeidet med andre land i slike saker. Bufdir er norsk sentralstyresmakt for konvensjonen og skal i 2017 halde fram med å byggje opp denne funksjonen i direktoratet. Sentralstyresmakta har ei nøkkelrolle etter konvensjonen og skal samarbeide med andre sentralstyresmakter, rettleie om konvensjonen og informere om lover i tillegg til å hjelpe norske tenester, til dømes barnevernstenestene, i dialogen med styresmakter i andre land. BLD har det overordna ansvaret for konvensjonen, lovgivinga og etatsstyringa av sentralstyresmakta.

### Nærmere om budsjettforslaget

Utgifter under programkategori 11.20 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
850	Barneombodet	13 656			
852	Adopsjonsstønad	11 798			
853	Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker	195 667	197 483	225 178	14,0
854	Tiltak i barne- og ungdomsvernet	1 784 478	2 461 585	1 375 174	-44,1
855	Statleg forvaltning av barnevernet	6 342 813	6 409 911	6 683 361	4,3
856	Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar	397 541	1 391 839	1 083 662	-22,1
857	Barne- og ungdomstiltak	328 345			
858	Barne-, ungdoms- og familie-direktoratet	262 391	268 130	273 614	2,0
859	EUs ungdomsprogram	7 137			
Sum kategori 11.20		9 343 826	10 728 948	9 640 989	-10,1

Rekneskap 2015 gjeld gammal budsjettstruktur.

Inntekter under programkategori 11.20 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
3850	Barneombodet	3			
3853	Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker	232			
3855	Statleg forvaltning av barnevernet	1 281 442	1 515 451	1 453 855	-4,1
3856	Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar	310 800	1 217 364	930 193	-23,6
3858	Barne-, ungdoms- og familie-direktoratet	2 056	446	458	2,7
3859	EUs ungdomsprogram	3 684			
Sum kategori 11.20		1 598 217	2 733 261	2 384 506	-12,8

Rekneskap 2015 gjeld gammal budsjettstruktur.

## Utgifter under programkategori 11.20 fordelte på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
01–23	Drift	6 901 076	8 129 558	8 124 697	-0,1
30–49	Nybygg og anlegg	18 425	7 453	7 639	2,5
50–59	Overføringer til andre statsregnskaper	13 229	13 382	18 688	39,7
60–69	Overføringer til kommuner	2 096 577	2 474 509	1 384 006	-44,1
70–98	Overføringer til private	314 519	104 046	105 959	1,8
Sum kategori 11.20		9 343 826	10 728 948	9 640 989	-10,1

Rekneskap 2015 gjeld gammal budsjettstruktur.

### Kap. 853 Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Driftsutgifter	177 242	190 030	217 539
45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	18 425	7 453	7 639
Sum kap. 0853		195 667	197 483	225 178

#### Ansvarsområdet til verksemda

Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker er eit ubunde, domstolliknande forvaltingsorgan som er heimla i barnevernlova. Fylkesnemndene har rett til å gjere vedtak i tvangssaker etter barnevernlova: pålegg om hjelpetiltak, omsorgsovertaking av barn og tvangsplassering av ungdommar, og etter helse- og omsorgstenestelova: tvangsvedtak for vaksne rusavhengige, tvangstiltak for gravide rusavhengige og tvang for personar med psykisk utviklingshemming. Vidare avgjer nemnda spørsmål om tvangsundersøking og tvangsisolering av personar med smittsame sjukdommar etter smittevernlova. Godt over 90 prosent av sakene i fylkesnemndene er saker etter barnevernlova.

#### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekkjer mellom anna lønnsutgifter, saksutgifter, leige av lokale, kompetansetiltak, kjøp av

varer og tenester og andre utgifter i dei 12 fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker. Løyvinga dekkjer òg utgifter til lønn og andre driftsutgifter i Sentraleininga for fylkesnemndene.

Høvet til å påleggje hjelpetiltak blei utvida 1. april 2016, i samsvar med stortingsbehandlinga av Prop. 72 L (2014–2015) *Endringer i barnevernloven (utvidet adgang til å pålegge hjelpetiltak)*. Heilårseffekten av lovendinga er berekna til om lag 56,4 mill. kroner fordelte på meirutgifter til fylkesnemnda, domstolane og fri rettshjelp.

Departementet føreslår at kap. 853, post 01 blir auka med 9,5 mill. kroner til å dekkje driftsutgifter i Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker, som følgje av heilårseffekten av det utvida høvet til å påleggje hjelpetiltak. Lovendinga vil òg få heilårseffekt for postar på budsjettet til Justis- og beredskapsdepartementet. Det gjeld utgiftene til fri rettshjelp over kap. 470, post 01 og meirutgifter for domstolane fordi pålegg om hjelpetiltak kan ankast, jf. kap. 410, post 01.

Løyvinga er òg auka med 14,3 mill. kroner som følge av forenkla modell for premiebetaling til Statens pensjonskasse.

Departementet føreslår ei løyving på 217,5 mill. kroner i 2017.

**Post 45 Større anskaffingar og vedlikehald, kan overførast**

Løyvinga blir brukt til vidareutvikling og implementering av eit nytt saksbehandlingssystem,

*ProSak* fase 2, for Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker. Fase 2 inneber ei nødvendig vidareutvikling av systemet og inkluderer etablering av kommunikasjon med eksterne aktørar via sikker elektronisk dokumentutveksling.

Departementet føreslår ei løyving på 7,6 mill. kroner i 2017.

**Kap. 3853 Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker**

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Diverse inntekter	232		
	Sum kap. 3853	232		

**Kap. 854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet**

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 71</i>	66 070	66 063	68 374
22	Barnesakkunnig kommisjon	7 377	7 695	7 870
50	Forsking og utvikling	13 229	13 382	18 688
60	Kommunalt barnevern	624 475	683 371	693 944
61	Utvikling i kommunane	58 786	8 894	10 339
65	Refusjon av kommunale utgifter til barneverntiltak knytte til einslege, mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar, <i>overslagsløyving</i>	899 042	1 578 134	470 000
71	Utvikling og opplysningsarbeid mv., <i>kan nyttast under post 21</i>	46 644	32 252	33 155
72	Tilskot til forsking og utvikling i barnevernet, <i>kan overførast</i>	68 855	71 794	72 804
	Sum kap. 0854	1 784 478	2 461 585	1 375 174

Rekneskap 2015 gjeld gammal budsjettstruktur.

**Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 71**

Posten dekkjer utviklingstiltak i barnevernet, mellom anna implementering og evaluering av meto-

dar i barnevernet, kompetanseutvikling i kommunane, refusjonar av barnevernsutgifter på Svalbard, internasjonale forpliktingar, informasjonsarbeid, tilsynsopplæring, utgreiingar og evalueringar, innkjøp på forskingsfeltet og kostnadar til



konferansar. Løyvinga på posten blir òg nytta til drift av sekretariat for utval, tidsavgrensa prosjekt i departementet og tilskot til offentlege aktørar som blir involverte i kvalitetsutviklinga i barne- og ungdomsvernet.

Regjeringa tek sikte på å fremme eit forslag til ei struktur- og kvalitetsreform i barnevernet våren 2017, der det mellom anna vil bli teke sikte på å overføre enkelte oppgåver i barnevernet frå staten til kommunane. Det blir føreslått å auke posten med 19 mill. kroner til kvalitets- og kompetansesatsinga, som er eit ledd i arbeidet med kvalitets- og strukturreforma i barnevernet. Midlane skal brukast på tiltak for å auke kvaliteten i undersøking- og tiltaksarbeidet til barnevernstenesta, og til å betre kommunane si operative og strategiske leiing av dei kommunale barnevernstenestene.

Ei vellykka gjennomføring av reforma krev gode prosessar som involverer alle som blir påverka av oppgaveoverføringa. Det kan bli aktuelt å setje av noko midlar på posten til utgreiingar om gjennomføring og omstilling i samband med kvalitets- og strukturreforma.

Departementet føreslår å auke posten med 3 mill. kroner til vidareutvikling og implementering av eit støtteapparat/rettleiingsteneste for fosterforeldre til barn som får opphald i Noreg. Forslaget er ei oppfølging av oppmodingsvedtak nummer 435, punkt 4 av 12. januar 2016 i Stortinget om representantforslag om eit felles løft for god integrering. Ein modell for arbeid med rekruttering, opplæring og støtte /rettleiing vil bli sett i verk. Departementet legg til grunn at òg andre former for familietiltak kan få støtte og rettleiing.

I tråd med finansieringsordninga for Fylkesmannen føreslår departementet å flytte midlane til tilsyn og oppgåver på barnevernsområdet som fylkesmennene utfører, over til driftsbudsjettet til Fylkesmannen. Departementet føreslår derfor å redusere løyvinga med 18 mill. kroner mot ein tilsvarende auke over kap. 525, post 01. Midlane skal framleis nyttast til tilsyn og oppgåver som fylkesmannsembeta utfører på barnevernsområdet.

Departementet føreslår å redusere posten med 3,2 mill. kroner fordi enkelte prosjekt er ferdigstilte.

Departementet føreslår ei løyving på 68,4 mill. kroner i 2017.

### Post 22 Barnesakkunnig kommisjon

Barnesakkunnig kommisjon skal ha kompetanse til og innsikt i å kvalitetssikre sakkunnige rapportar.

Løyvinga på posten skal dekkje drifta av Barnesakkunnig kommisjon. Kommisjonen skal kvalitetssikre rapportar som er gitt av sakkunnige i barnevernssaker, anten dei er bestilte av barnevernstenesta, fylkesnemnda, domstolane eller dei private partane.

Departementet føreslår ei løyving på 7,9 mill. kroner i 2017.

### Post 50 Forsking og utvikling

Løyvinga på posten blir nytta av Noregs forskingsråd til forskingsprogrammet *Velferd, arbeidsliv og migrasjon* (VAM) og til forskning på barne- og ungdomsfeltet. Løyvinga til VAM skal dekkje både barnevernsområdet og den generelle barne- og ungdomspolitikken. Noregs forskingsråd får òg ei løyving til arbeid med program for praksisretta forskning for helse- og velferdstenestene. Departementet gir i tillegg midlar til programmet *Effektive helse-, omsorgs- og velferdstenester* (HELSEVEL). Tenestene som inngår i programmet, er helse- og omsorgstenester, arbeids- og velferdstenester og barnevern. HELSEVEL skal gjennom forskning og innovasjon bidra til god kvalitet, kompetanse og effektivitet i desse tenestene. Løyvinga dekkjer òg ei overføring til Sametinget til arbeidet med barnevern.

Departementet føreslår å auke løyvinga til HELSEVEL med 5 mill. kroner, som skal nyttast til å styrkje kunnskapsgrunnlaget og støtte ei nødvendig utvikling i barnevernet og familievern.

Departementet føreslår ei løyving på 18,7 mill. kroner i 2017.

### Post 60 Kommunalt barnevern

Løyvinga skal dekkje særskilde tilskot til kommunane for å styrkje det kommunale barnevernet. Løyvinga går til stillingar som blei oppretta i perioden 2011–2016.

Posten blei auka med 8 mill. kroner i 2016. Midlane skulle medverke til auka bruk av heimebaserte og førebyggjande tiltak i kommunane som er med i forsøket med større kommunalt ansvar for barnevernet, og til kompetanse knytt til dei nye oppgåvene. Midlane var ei eingongsløyving, og posten er derfor redusert med 8 mill. kroner.

Departementet føreslår ei løyving på 693,9 mill. kroner i 2017.

### Post 61 Utvikling i kommunane

Posten dekkjer tilskot til prosjekt og program i regi av kommunar og fylkeskommunar. Midlane skal mellom anna nyttast til prosjekt og tiltak for å

betre samarbeidet mellom dei ulike aktørane og utvikle tenestene i barne- og ungdomsvernet.

Hovuddelen av løyvinga dekkjer *Alarmtelefonen for barn og unge*, som Kristiansand kommune er driftsansvarleg for.

Departementet legg opp til å utvide prosjektperioden for forsøket *Tverretattlig akuttjeneste for barn og unge* i Kristiansand kommune, og føreslår å auke posten med 1,2 mill. kroner for å dekkje støtta til prosjektet.

Som vanleg vil ei av barnevernsvaktene i 2017 vere arrangør av den årlege landskonferansen for barnevernsvakter og politi. Denne barnevernsvakta vil også få midlar over denne posten.

Departementet føreslår ei løyving på 10,3 mill. kroner i 2017.

### **Post 65 Refusjon av kommunale utgifter til barnevernstiltak knytte til einslege, mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar, overslagsløyving**

I 2016 får kommunane refundert 80 prosent av utgiftene til kommunale barnevernstiltak til einslege, mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar, utover ein kommunal eigendel. Det blir anslått at det vil vere behov for ei løyving på 2 587 mill. kroner i 2017 ved vidareføring av ordninga.

I dagens ordning må kommunane dekkje 20 prosent av utgiftene utover eigendelen uansett kor effektivt dei driv. Ordninga kan òg ha ført til eit overforbruk av tiltak i barnevernet, sidan dette har vore eit krav for å få refusjon.

Regjeringa føreslår å leggje ordninga om til ei ordning med fast tilskott, jf. omtale under oppmødingsvedtak nr. 435, punkt 5. I ei ordning med fast tilskot vil kommunane kunne tilpasse seg slik at dei får full kostnadsdekning, og kommunane får høve til å dra nytte av eventuelle stordriftsfordelar ved å busetje fleire barn.

Ei ordning med fast tilskot vil òg vere meir effektiv å administrere enn dagens ordning både for staten og for kommunane fordi det er enklare å administrere ei ordning med fast tilskot enn ei ordning med refusjon av dokumenterte utgifter.

Vidare vil ordninga gi pårekelege inntekter for kommunane og pårekelege utgifter for staten. Ho vil gi auka kostnadskontroll for staten samtidig som kommunane får større fleksibilitet fordi dei kan bruke midlane slik dei meiner det er formålstenleg.

Det blir derfor føreslått å avvikle refusjonsordninga og at ordninga blir lagd om til ei ordning med fast tilskot frå 1. januar 2017. Det anslåtte behovet på denne posten blir derfor overførte til kap. 496, post 61 på budsjettet til Justis- og bered-

skapsdepartementet. Den nye tilskotsordninga er nærmare omtalt i budsjettproposisjonen til Justis- og beredskapsdepartementet.

Kommunane skal framleis kunne søkje refusjon i tråd med dagens ordning for utgifter som oppstod til og med 31. desember 2016. Alle refusjonssøknader med rett til refusjon må sendast inn innan 1. august 2017. Departementet føreslår ei løyving på 470 mill. kroner i 2017 for å dekkje etterskotsbetaling av refusjonskrav frå 2016 eller tidlegare.

### **Post 71 Utvikling og opplysningsarbeid mv., kan nyttast under post 21**

Målet for løyvinga er eit betre barne- og ungdomsvern. Brukar- og interesseorganisasjonar innanfor barnevern og tilgrensande område er ein viktig del av det samla tilbodet til utsette barn, unge og familiane deira. Vidare bidreg vidareutdanning til å styrkje kunnskapsnivået og gi kontinuerleg profesjonalisering i barne- og ungdomsvernet.

Dei to tilskotsordningane *Tilskot til organisasjonar i barne- og ungdomsvernet* og *Tilskot til utviklings- og samhandlingsprosjekt i barne- og ungdomsvernet* blir førte vidare med ei løyving på til saman 20,5 mill. kroner i 2017. Bufdir forvaltar ordningane. Ordningane skal bidra til brukarmedverknad og til at alle partar på barnevernsfeltet skal bli høyrde. Nærmare prioriteringar og storleiken på løyvinga vil kome fram i dei årlege kunngjeringane av tilskotsordningane. Innan ordningane er 2 mill. kroner sette av til Forandningsfabrikken.

Ordninga *Tilskot til barnevernfagleg vidareutdanning* blir noko utvida i 2017. Som i 2016 er det arbeidsgivarar for tilsette i kommunalt barnevern og i statlege, ideelle og andre private barnevernsinstitusjonar som kan søkje om tilskot frå denne ordninga. Kommunalt tilsette vil bli prioriterte.

I tillegg til *Vidareutdanning i barnevernfagleg rettleiing* føreslår departementet å inkludere temaområdet barnevern i eit minoritetsperspektiv blant vidareutdanningane det kan søkjast tilskot til i 2017. Denne sistnemnde vidareutdanninga vil bli gjennomført hausten 2017.

Samanlikna med 2016 blir talet på dei statlege lærestadene som får midlar for å tilby utdanning innan barnevern i eit minoritetsperspektiv, redusert frå fire til to. Løyvinga til finansiering av studietilbodet blir halvert frå 2,8 mill. kroner til 1,4 mill. kroner i 2017. Dei resterande 1,4 mill. kroner er omdisponerte til tilskotsordninga for barnevernfaglege vidareutdanningar.

Departementet føreslår å setje av totalt 6,2 mill. kroner til ordninga *Tilskot til barnevernfagleg vidareutdanning*.

Løyvinga på posten dekkjer òg departementet sine utgifter til eit forsøksprosjekt med barnevern og psykisk helsevern *Akuttan i Nord-Trøndelag*. Departementet føreslår å setje av 2,5 mill. kroner til vidareføring av prosjektet i 2017. Bufdir forvaltar tilskotet til forsøket.

Posten dekkjer også den norske støtta til barneininga i Austersjørådet (EGCC) og ei løyving til Norsk psykologforening til sakkunnig opplæring.

Departementet føreslår ei løyving på 33,2 mill. kroner i 2017.

### Post 72 Tilskot til forskning og utvikling i barnevernet, kan overførast

Løyvinga på posten går til langsiktig utviklingsarbeid for å auke kompetansen og kunnskapsnivået i barnevernet i Noreg.

Om lag 50 mill. kroner av løyvinga dekkjer ei vidareføring av tilskotet til Atferdssenteret. Senteret skal bidra til at barn og unge med alvorlege åtferdsvanskar, familiare deira og skolar får hjelp som er forskingsbasert, relevant og individuelt tilpassa. Atferdssenteret har eit nasjonalt ansvar for forskings- og utviklingsarbeid og tenestestøtte og for å gjere kunnskapen tilgjengeleg for praksisfeltet. I tillegg til å by på fagleg kompetanse til barnevernet skal senteret utvikle, halde ved like og spreie kunnskap og kompetanse om førebygging og metodar for behandling til andre relevante tenester. Tilskotet blir forvalta av Bufdir.

Løyvinga dekkjer òg tilskot til dei tre regionale kunnskapssentera for barn og unge (RKBU Nord, RKBU Vest og RKBU Midt) og driftstilskot til Sped- og småbarnsnettverket ved RBUP Aust og Sør. Kunnskapssentera har som oppgåve å utvikle,

kvalitetssikre, forvalte og gjere tilgjengeleg vitenskapleg, praksisnær og tverrfagleg kunnskap og kompetanse innanfor arbeidet med barnevern og barn og unges psykiske helse. RBUP Aust og Sør har eit hovudansvar for å føre vidare det nasjonale kompetansenettverket for den psykiske helsa til sped- og småbarn ved å drive forskning, kunnskapsutvikling, kompetanseheving og utviklingsarbeid i samband med tiltak som fremmar den psykiske helsa til dei aller minste. Kunnskapssentera har eit felles samfunnsoppdrag. Dei fire fagmiljøa blir også finansierte av Helse- og omsorgsdepartementet. Bufdir og Helsedirektoratet forvaltar midlane til dei fire fagmiljøa på vegner av dei to departementa.

Departementet føreslår å setje av 4 mill. kroner til drift av *Nasjonal vidareutdanning for leiarar i barnevernet*, som RKBU Midt har hovudansvaret for.

Departementet føreslår å auke løyvinga med 1 mill. kroner for å dekkje heilårig drift av *Vidareutdanning i barnevernfagleg rettleiing*, som starta hausten 2016. RKBU Nord har koordineringsansvar for utdanninga. Utdanninga rettar seg mot både tilsette i kommunalt barnevern og tilsette i barnevernsinstitusjonar. Det skal setjast av totalt 2 mill. kroner til denne vidareutdanninga.

Det blir føreslått å redusere denne posten med 2 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 855, post 21. Midlane blei brukte til forskingsoppdrag ved RKBU-ane og RBUP Aust og Sør. Forskingsoppdraga er no avslutta. Flyttinga er ei vidareføring av ei tilsvarende flytting i revidert nasjonalbudsjett 2016.

Departementet føreslår ei løyving på 72,8 mill. kroner i 2017.

## Kap. 855 Statleg forvaltning av barnevernet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 22 og post 60</i>	3 619 507	4 267 388	4 414 113
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	20 065	20 689	23 162
22	Kjøp av private barnevernstenester, <i>kan nyttast under post 01</i>	2 327 162	1 917 724	2 036 363
60	Refusjon av kommunale utgifter til barneverntiltak, <i>kan nyttast under post 01</i>	376 079	204 110	209 723
	Sum kap. 0855	6 342 813	6 409 911	6 683 361

### **Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 22 og post 60**

Løyvinga på posten omfattar lønns- og pensjonsutgifter til tilsette i det statlege barnevernet, medrekna tilsette ved regionkontor, institusjonar og fosterheimstenester m.m. Andre vesentlege utgifter er utgifter til leige og drift av barnevernsinstitusjonar, utgifter til opplæring og utgifter til varer og tenester. I tillegg dekkjer løyvinga i nokon grad lønnsutgifter til tilsette i Bufetat senter for administrasjon og utvikling og tilsette i Bufdir.

Barnevernsvedtak blir gjorde av kommunen eller Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker. Vedtaka styrer inntaket i statleg barnevern. Auken i talet på barn og unge som har behov for spesialiserte barnevernstenester, har vore betydeleg dei siste åra. Bufetat er etter barnevernlova pålagd å gi desse barna eit tilbod. Sidan Bufetat ikkje kan styre inntaket av barn og unge, er budsjettanslaga usikre. Departementet ventar at aktivitetsveksten i det statlege barnevernet held fram i 2017, men med ein lågare veksttakt enn dei siste åra.

Det blei i 2016 sett i gang eit forsøk med større kommunalt ansvar for barnevernet i kommunane Røyken, Alta og Nøtterøy/Tjøme. Løyvinga blei i Prop. 1 S (2015–2016) redusert som følgje av at Bufetat truleg vil oppleve noko redusert etterspurnad etter statlege tiltak frå kommunane som er med i forsøket. Departementet føreslår no å auke løyvinga med 62 mill. kroner fordi reduksjonen i etterspurnaden er mindre enn forventa. Dette heng saman med valet av kommunar som deltek i forsøket. Beløpet er usikkert.

Departementet føreslår å redusere løyvinga med 1,8 mill. kroner som følgje av forslaget om å avvikle refusjonsordninga for kommunale barnevernstiltak til einslege, mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar. Forslaget inneber ein reduksjon i talet på refusjonssøknader som Bufetat skal behandle i 2017. Heilårseffekten er 3,6 mill. kroner.

Departementet føreslår ei løyving på 4 414,1 mill. kroner i 2017.

### **Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast**

Posten dekkjer i hovudsak utgifter til forskning, men òg utviklingstiltak for å styrkje kvaliteten i arbeidet til barnevernet, slik at brukarane får eit betre tilbod.

Departementet føreslår å auke posten med 2 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 854, post 72 for å sikre korrekt postbruk, jf. omtale under kap. 854, post 72.

Departementet føreslår ei løyving på 23,2 mill. kroner i 2017.

### **Post 22 Kjøp av private barnevernstenester, kan nyttast under post 01**

Posten dekkjer kjøp av private barnevernstiltak. I tråd med utviklinga dei seinare åra er det venta at aktivitetsveksten i det statlege barnevernet held fram, sjølv om veksten no er lågare enn dei siste åra. Auken i aktivitet er særleg knytt til kjøp av private fosterheimar. Regjeringa føreslår derfor å auke løyvinga med 60 mill. kroner.

Som ei vidareføring av revidert nasjonalbudsjett 2016 føreslår departementet å auke posten med 14,8 mill. kroner, mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 572, post 60 under Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Midlane skal gå til kjøp av plassar i ideelle senter for foreldre og barn.

Departementet føreslår ei løyving på 2 036,4 mill. kroner i 2017.

### **Post 60 Refusjon av kommunale utgifter til barnevernstiltak, kan nyttast under post 01**

Posten dekkjer overføringar til kommunane for refusjon av utgifter til forsterking av fosterheimar og nærmiljøbaserte tiltak som overstig satsen for kommunale eigendelar. Refusjonane er regulerte i rundskriv om oppgåve- og ansvarsfordeling mellom kommunar og statlege barnevernsstyresmakter.

Departementet føreslår ei løyving på 209,7 mill. kroner i 2017.

## Kap. 3855 Statleg forvaltning av barnevernet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Diverse inntekter	17 336	14 747	15 160
02	Barnetrygd	2 140	3 959	3 959
60	Kommunale eigendelar	1 261 966	1 496 745	1 434 736
	Sum kap. 3855	1 281 442	1 515 451	1 453 855

### Post 01 Diverse inntekter

Størstedelen av inntektene på posten er eit resultat av at kommunen skal dekkje ekstrautgifter som gjeld den enkelte bebuaren ved plassering i statlege tiltak når utgiftene ikkje er knytte til tiltak som er ein del av institusjonstilbodet. Dette er nærmare spesifisert i rundskriv Q-06/2007. I tillegg blir tilfeldige inntekter rekneskapsførte på posten.

Departementet føreslår ei løyving på 15,2 mill. kroner i 2017.

### Post 02 Barnetrygd

På posten er det budsjettert med barnetrygd for barn under omsorg av barnevernet. Utgifter som motsvarer refusjonane, blir rekneskapsførte på kap. 855 Statleg forvaltning av barnevernet.

Departementet føreslår ei løyving på 4 mill. kroner i 2017.

### Post 60 Kommunale eigendelar

På posten er det budsjettert med kommunale eigendelar i samband med opphald i barnevernsinstitusjon eller fosterheim eller ved tiltak i heimen. Departementet legg opp til å prisjustere eigendelane til kommunane frå inntil 66 900 kroner per barn per måned til inntil 68 740 kroner per barn per måned for opphald i institusjon og senter for foreldre og barn. For andre tiltak blir eigendelen prisjustert frå inntil 31 500 kroner per barn per måned til inntil 32 370 kroner per barn per måned. Kommunane i forsøket med auka kommunalt an-

svar for barnevernet vil betale særskilt fastsette prisar for statlege tiltak.

Som følgje av forslaget om å avvikle refusjonsordninga for kommunale barnevernstiltak for einslege, mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar, føreslår departementet at kommunane skal betale ordinær eigendel for opphald i institusjon for busette einslege, mindreårige flyktningar. Departementet ventar at dette vil gi ein auke i inntektene frå kommunale eigendelar på 15,5 mill. kroner i 2017. Heilårseffekten er anslått til 20,6 mill. kroner. Midlane blir førte tilbake til kommunane gjennom ein tilsvarende auke på kap. 496, post 61 under Justis- og beredskapsdepartementet.

Som følgje av forventet aktivitetsvekst i 2017 aukar inntektene frå eigendelar med 6,5 mill. kroner. Auken knyter seg særleg til dei kommunale eigendelane ved kjøp av fosterheimplassar. I Prop. 1 S (2015–2016) blei løyvinga auka med 133 mill. kroner, ut frå at kommunar i forsøket med større kommunalt ansvar for barnevernet vil betale meir for tiltak frå det statlege barnevernet. Løyvinga blei berekna på grunnlag av føresetnader om gjennomsnittlege kommunar. Departementet føreslår å redusere løyvinga med 125,1 mill. kroner. Det heng saman med at kommunane som deltek i forsøket, vil bruke statlege tiltak i mindre grad enn føresetnadane som låg til grunn for løyvinga i 2016. Det er usikkerheit knytt til etterspurnaden frå dei kommunane som er med i forsøket, og dermed også til dei statlege inntektene som følgje av dette.

Departementet føreslår ei løyving på 1 434,7 mill. kroner i 2017.

**Kap. 856 Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Driftsutgifter	397 541	1 391 839	1 083 662
	Sum kap. 0856	397 541	1 391 839	1 083 662

**Post 01 Driftsutgifter**

Bufetat har eit lovfesta ansvar for å gi barn under 15 år som har kome til landet og søkt vern utan foreldre eller andre med foreldreansvar, tilbod om opphald på eit omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkjjarar. Løyvinga dekkjer kjøp av plassar i private omsorgssenter og drift av statlege omsorgssenter. Posten dekkjer også ei rekke forvaltingsoppgåver knytte til omsorgssentera, mellom anna arbeid med godkjenning av private senter, opplæring og oppfølging, arbeid med anskaf-

tingar, administrasjon og arbeidet med busetjing av einslege mindreårige flyktningar frå omsorgssentera.

Det er forventa at det vil vere behov for i gjennomsnitt 550 plassar i omsorgssentera i 2017. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 336 mill. kroner som følgje av ein forventa reduksjon i talet på plassar i omsorgssentera i 2017.

Departementet foreslår ei løyving på 1 083,7 mill. kroner i 2017.

**Kap. 3856 Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Diverse inntekter	220		
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	310 580	1 217 364	930 193
	Sum kap. 3856	310 800	1 217 364	930 193

**Post 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter**

Nokre innanlandske utgifter knytte til mottak av asylsøkjjarar og flyktningar kan ifølgje OECD/DACs (Development Assistance Centre) statistikkdirektiv godkjennast som offisiell utviklingshjelp. Regjeringa foreslår at 930,2 mill. kroner av utgiftene på kap. 856, post 01 blir rapporterte inn

som utviklingshjelp, jf. kap. 167 *Flyktningiltak i Norge, godkjent som utviklingshjelp (ODA)*, post 21 *Spesielle driftsutgifter* på budsjettet til Utanriksdepartementet. Det tilsvarande beløpet blir ført som inntekt på denne posten.

Departementet foreslår ei løyving på 930,2 mill. kroner i 2017.

## Kap. 858 Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 855 post 01</i>	248 875	254 125	259 289
21	Spesielle driftsutgifter	13 516	14 005	14 325
	Sum kap. 0858	262 391	268 130	273 614

### Ansvarsområdet til verksemda

Buudir skal fremme utvikling for barn, ungdom, vaksne og familiar og har ansvar for å gjennomføre regjeringa sin politikk på området. Vidare skal Buudir vere ein god kunnskapsforvaltar og fagleg premissleverandør for heile barnevernet og familievernnet, på adopsjonsområdet og innan arbeidet med likestilling, ikkje-diskriminering, vald og seksuelle overgrep.

Buudir er etatsstyrar for Bufetat. Hovudoppgåva til etaten er å gi barn, unge og familiar som treng hjelp, støtte og tiltak med høg og riktig kvalitet i heile landet.

Ansvarsområda for direktoratet omfattar òg tiltak under desse budsjettkapitla:

- kap. 840 Tiltak mot vald og overgrep
- kap. 841 Samliv og konfliktløsning
- kap. 842 Familievern
- kap. 843 Adopsjonsstønad
- kap. 846 Familie- og oppveksttiltak
- kap. 847 EUs ungdomsprogram
- kap. 854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet
- kap. 855 Statleg forvaltning av barnevernet
- kap. 856 Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar
- kap. 871 Likestilling og ikkje-diskriminering
- kap. 872 Nedsett funksjonsevne

### Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 855, post 01

Løyvinga dekkjer lønnsutgifter og andre driftsutgifter i Buudir, som opplæring, leige og drift av lokale og kjøp av varer og tenester. Enkelte av oppgåvene til direktoratet blir finansierte over andre kapittel, til dømes oppgåver knytte til styring av det statlege barne- og familievernnet, som blir finansierte over høvesvis kap. 855 og kap. 842.

Buudir skal finansiere og bestille forskning og kunnskapsoppsummeringar. Direktoratet skal også formidle kunnskap frå forskning og statistikk

og utarbeide faglege dokument og tilrådingar til støtte for utøving av praksis i ulike delar av arbeidet til barnevernet.

Noreg har ratifisert Haagkonvensjonen 1996. Ratifikasjonen føreset at Noreg etablerer ei sentralstyresmakt for konvensjonen. Konvensjonen tredde i kraft 1. juli 2016. Buudir er sentralstyresmakt. Departementet føreslår å auke løyvinga med 2 mill. kroner til dette formålet i 2017.

Departementet føreslår å auke posten med 216 000 kroner mot ein tilsvarende reduksjon av kap. 495, post 01 under Justis- og beredskapsdepartementet. Midlane utgjør ei justering av lønnsmidlar i samband med overføringa av ansvaret for *Kompetanseteam mot tvangsekteskap og kjønnslemlesting* frå IMDi til Buudir i 2015.

I 2016 blei det løyvd 7 mill. kroner til Buudir på grunn av den auka arbeidsbelastninga som følgde med auken i talet på einslege, mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar. Departementet føreslår å vidareføre 4 mill. kroner av dette i 2017. Midlane skal hovudsakleg gå til oppgåvene Buudir har i tilknytning til omsorgssentera. Oppgåvene inkluderer arbeid med rammeavtalar, oppfølging og styring. Auken er knytt til flyktningssituasjonen og er ikkje å rekne som ein varig auke av driftsbudsjettet til Buudir.

Departementet føreslår å auke posten med 1 mill. kroner for å dekkje dei administrative kostnadane direktoratet har i samband med kvalitets- og kompetansesatsinga, jf. omtale av satsinga under kap. 854, post 21.

Departementet føreslår ei løyving på 259,3 mill. kroner i 2017.

### Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga dekkjer utgifter til forskning og utviklingstiltak, inkludert vidare utvikling av IKT og digitalisering i Buudir, og utbetalingar av godtgjering til medlemmene av Fordelingsutvalet.

Departementet føreslår ei løyving på 14,3 mill. kroner i 2017.

### Kap. 3858 Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Diverse inntekter	2 056	446	458
	Sum kap. 3858	2 056	446	458

#### Post 01 Diverse inntekter

Inntektene skriv seg frå ulike prosjekt og tiltak og er knytte til eigendelar i samband med deltaking i

*Hva med oss?* og inntekter i samband med andre samlivstiltak.

Departementet føreslår ei løyving på 458 000 kroner i 2017.



## Programkategori 11.30 Forbrukarpolitikk

### Hovudinnhald og prioriteringar

Forbrukarpolitikken skal gi forbrukarane ei sterk stilling i marknaden. Det føreset at dei har gode rammevilkår og rettar, tilgang til gode og effektive system for å løyse tvistar og informasjon som gir grunnlag for opplyste og ansvarlege val.

Regjeringa legg i forbrukarpolitikken særleg vekt på

- gode forbrukarrettar i Noreg og EU
- eit sterkt og effektivt forbrukarapparat
- ein betre digital kvardag for forbrukarane

Forbrukarpolitikken blir utøvd i marknader som stadig endrar seg. Verkemidla må tilpassast nye utfordringar som endringane fører med seg. Fleire utviklingstrekk endrar krava både til forbrukaren og til innhaldet i politikken.

I større grad enn tidlegare kan ein no snakke om «digitale forbrukarar». Forbrukarane har Internett som primærkjelde for så å seie all informasjon, og kan – uavhengig av tid og stad – kjøpe varer og tenester i ulike land. Omfanget av den informasjonen forbrukarane må ta stilling til, er svært stor. Informasjonen frå ulike kjelder er òg ofte motstridande og derfor vanskeleg å handtere.

Forbrukarane opplever oftare enn før teknologiske endringar og innovasjonar. Fleire ulike sjølvbeteningsløysingar, til dømes for banktenester, krev nye kunnskapar og ferdigheiter.

Den teknologiske utviklinga og andre endringar fører til at reglar på forbrukarområdet som tidlegare har fungert godt, ikkje nødvendigvis er like tenlege lenger. Det er til dømes ikkje klart om regelverket for forbrukarvern er godt nok tilpassa forbrukarane i den såkalla delingsøkonomien, som i stor grad er basert på at enkeltmenneske ved hjelp av elektroniske plattformssystem kan dele, byte eller selje ubrukte ressursar.

Norske forbrukarar er òg i aukande grad aktive i europeiske marknader, både gjennom reiser, utanlandsopphald og netthandel. Gjennom EØS-avtalen har lovgivinga til EU mykje å seie for utforminga av norske regelverk som regulerer forholda for forbrukarane. Deltaking i EUs arbeid med å utforme forbrukarpolitikk og -regelverk er

derfor avgjerande for å ta vare på eit høgt og fullgodt nivå på forbrukarvernet.

Som ein konsekvens av den omtalte utviklinga vil regjeringa medverke til at det blir utvikla fleire gode digitale informasjonsløysingar når det gjeld marknadsforhold, som er tilpassa behova til forbrukarane. Forbrukarrådet vil lansere ein portal for daglegvarer, i form av eit verktøy der forbrukarane skal få hjelp til å gjere val etter kva preferansar dei har knytt til for eksempel allergen, næringsinnhald, økologi, miljø- og andre kvalitetsaspekt ved varene. Portalen skal òg gi forbrukarane indikasjonar om i kva for butikk det er rimelegast å handle, sjå omtale av vedtak nr. 436, 3. mars 2015 under delmål 6.3 nedanfor. Forbrukarrådet vil òg lansere ein ny marknadsportal som skal hjelpe forbrukarane til å gjere gode val ved kjøp av handverkartenester.

Forbrukarrådet vil i 2017 under Finansportalen (*finansportalen.no*) lansere ein ny modul for pensjonsprodukt. Denne vil gjere det enklare for forbrukarane å ta informerte val i marknaden for slike produkt. Modulen vil gi ei marknadsoversikt gjennom digitale samanlikningsverktøy som skal vise pensjonsprodukt med eigenskapar og prisar, og knyte generell forbrukarrettelegg til dei ulike vala ein forbrukar må ta.

For å behalde eit høgt og fullgodt nivå på forbrukarvernet vil BLD i 2017 engasjere seg i EUs arbeid med forbrukarpolitikk og -regelverk. Departementet vil mellom anna delta i gjennomgangen av heile forbrukarregelverket som EU-kommisjonen har sett i gang, «REFIT» (Regulatory Fitness and Performance Programme) og følgje opp eit forslag frå EU-kommisjonen til ei ny forordning som regulerer samarbeidet mellom europeiske tilsynsorgan.

Regjeringa la i juni 2016 fram ein lovproposisjon om Forbrukarklageutvalet (*Prop. 145 L (2015–2016) Lov om Forbrukerklageutvalget (forbrukerklageloven)*) som følgjer opp krav i EU-direktivet om utanrettsleg tvisteløysing. I proposisjonen blir det mellom anna foreslått at Forbrukartvistutvalet kan behandle prinsipielle klagesaker.

Gjennom at forbrukarane får tilgang til eit klagetilbod av god kvalitet for nesten alle typar va-

rer og tenester, vil både lova om klageorgan, som blei vedteken våren 2016 (omtalt under Resultatrapport 2015/2016), og lova om Forbrukarklageutvalet vil styrkje forbrukarvernet.

Frivillige merkeordningar er viktige for å formidle standardisert og kvalitetssikra informasjon om val som er gode for miljøet og medverkar til etisk forbruk. BLD vil derfor halde fram med å støtte opp under dei offisielle miljømerka i Noreg – Svana og EU Ecolabel (miljømerket til EU).

Eit sterkt og effektivt forbrukarapparat er ein viktig føresetnad for å møte utfordringane forbrukarpolitikken og forbrukarane står overfor. I rapporten *Gjennomgang av det statlige forbrukerapparatet* frå våren 2015 konkluderer Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) med at Forbrukarrådet og Forbrukarombodet kvar for seg oppnår gode resultat, men at apparatet samla sett er fragmentert og lite kostnadseffektivt.

På grunnlag av rapporten har regjeringa bestemt at dei ti regionkontora til Forbrukarrådet skal gjerast om til tre større einingar i Tromsø, Stavanger og Skien. Større einingar skal gi sterkare fagmiljø, høgare effektivitet og eit betre servicetilbod til forbrukarane. Regjeringa har òg bestemt at det skal etablerast ei hospiteringsordning med 3–5 kontor plassar for Forbrukarrådet på Svalbard. Endringane skal vere gjennomførte innan 1. mai 2017 (sjå nærmare omtale under Programkategori 11.00, delmål 1.2).

Forbruksforskningsinstituttet SIFO blei frå 1. januar 2016 ein del av Høgskolen i Oslo og Akershus (HiOA) (sjå nærmare omtale under Programkategori 11.00, delmål 1.2). Endringa legg grunn-

lag for at Noreg framleis kan ha eit sterkt forbruksforskningsmiljø. BLD nyttar framleis SIFO til forskingsoppgåver som legg grunnlag for ein kunnskapsbasert forbrukarpolitikk.

For å klargjere rolla til Forbrukarombodet som tilsynsorgan og å styrkje forbrukarvernet, vil BLD hausten 2016 leggje fram eit høyringsnotat om å endre reglane for korleis ombodet og Marknadsrådet skal handheve reglane i marknadsføringslova. Det vil mellom anna bli føreslått at Forbrukarombodet skal få vedtakskompetanse i alle saker, og at organiseringa av og saksbehandlninga til Marknadsrådet skal endrast.

I dag kan personar ta opp svært mange forbrukskredittar og få gjeldsproblem, fordi kredittytarane ikkje har lov til å undersøke kor mykje gjeld kundane har frå før. For å avgrense omfanget av gjeldsproblem i private hushald, vil regjeringa våren 2017 leggje fram ein lovproposisjon som opnar for at finansbransjen kan etablere ei registreringsordning for forbrukskredittar (gjeldsregister). Ordninga skal medverke til å førebyggje gjeldsproblem gjennom at grunnlaget for kredittvurderingar blir betre. I samråd med Justis- og beredskapsdepartementet skal departementet òg sjå nærmare på om det bør innførast strengare reglar for kredittmarknadsføring.

Programkategori 11.30 Forbrukarpolitikk inneheld løyvingar til Forbrukarrådet, Forbrukarombodet, Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukartvistutvalet, Stiftinga miljømerking, forbrukarpolitiske tiltak, forbruksforskning og deltaking i EUs rammeprogram om forbrukarpolitikk.

## Mål

For 2017 blir desse måla prioriterte:

Hovudmål	Delmål
6: Ei sterk stilling for forbrukarane	6.1: Gode rammevilkår og rettar for forbrukarane 6.2: God og effektiv løysing av forbrukartvistar 6.3: Informerte, ansvarlege og miljømedvitne forbrukarar

### Delmål 6.1: Gode rammevilkår og rettar for forbrukarane

Under dette delmålet blir relevant lovarbeid i BLD og andre tiltak som skal ta vare på og styrkje rettene og vilkåra til forbrukarane, omtalte.

Prioritert under dette delmålet i 2017 er medverknad i aktuelle prosessar om eit nytt EU-regel-

verk som legg føringar for det norske regelverket om forbrukarvern, gjennomgang av reglane som regulerer organiseringa av og saksbehandlninga til Marknadsrådet og Forbrukarombodet, og lovforslag som opnar for eit bransjedrive gjeldsregister. Det vil òg i samråd med Justis- og beredskapsdepartementet bli vurdert om det bør innførast strengare reglar for kredittmarknadsføring.

## Resultatrapport 2015/2016

*Regelverksarbeid*

BLD følgde i 2015, saman med Justis- og beredskapsdepartementet, opp initiativet frå EU-kommisjonen om digitale kontraktar. Det blei mellom anna arrangert eit innspelsmøte med forbrukar- og næringslivsorganisasjonar for å høyre deira meining om eit nytt regelverk, og det blei utarbeidd eit felles innspel frå EFTA/EØS-landa som blei sendt til kommisjonen. Eit forslag til eit nytt EU-regelverk om forbrukarkontraktar blei lagt fram av kommisjonen i desember 2015. Etter forslaget vil mellom anna kjøp og sal av digitale ytingar som spel, film og programvare bli regulert, noko som truleg vil medverke til å styrkje og klargjere forbrukarvernet. Justis- og beredskapsdepartementet, som har ansvar for forbrukarkjøpslova og kontraktretten generelt, sende forslaget på høyring i april 2016.

Noregs deltaking i EUs rammeprogram om forbrukarpolitikk (omtalt under kapittelomtalen) gjorde at Forbrukarombodet og andre tilsyn i 2015 kunne delta i handhevinga av regelverk over landegrensene. Forbrukar Europa, som blir delfinansiert over programmet, kunne hjelpe norske forbrukarar som handlar over landegrensene.

BLD deltok òg i OECDs komité for forbrukarsaker og i ei arbeidsgruppe som arbeidde med OECDs retningslinjer for forbrukarvern i elektronisk handel. Ein rekkommandasjon med nye retningslinjer for forbrukarvern i elektronisk handel blei vedteken av rådet i OECD, 24. mars 2016. Retningslinjene kan vere med på å styrkje og klargjere rettane og pliktene til både dei næringsdrivande og forbrukarane i samband med elektronisk handel på den internasjonale marknaden.

Våren 2014 blei det vedteke endringar i gjeldsordningslova og dekningslova som mellom anna inneber at behandlinga av gjeldsordningssaker skal lokalisast til færre namsmannskontor, og at søknader om gjeldsordning kan sendast frå utlandet. Arbeidet med å lokalisere gjeldsordningssakene til færre kontor er no i gang. Lovendringa som opnar for søknader om gjeldsordning frå utlandet, vil tre i kraft så snart det er gjennomført nødvendige tilretteleggingar. Endringane legg til rette for ein tryggare, meir likearta og enklare saksgang i gjeldsordningssaker. BLD følgjer opp begge tiltaka i samarbeid med Justis- og beredskapsdepartementet, som er ansvarleg departement for namsmennene.

I 2015 fekk Forbrukarombodet tilskot frå BLD til å gjennomføre eit prosjekt om e-handel. Formålet var å auke kunnskapen om og etterlevinga

av angrenerettlova blant dei som driv nettbutikkar. Ved å kartleggje problemområda og følgje opp dei som ikkje etterlevde lova, medverka ombodet til at fleire forbrukarar no får rettane sine ved netthandel. Ein tilsynsaksjon tidleg i 2016 viste stor forbeiring i etterlevinga hos nettbutikkane. Ombodet oppdaterte òg settet med standard salsvilkår og rettleiinga som høyrer til. Med dette er det blitt enklare for næringsdrivande å følgje reglane.

Evalueringar av dei gjeldande reglane for telefonsal har vist at salsforma skaper mykje misnøye blant forbrukarane. Forbrukarombodet får mange klager på telefonsal frå forbrukarar som har reservert seg mot slikt sal. Sommaren 2015 sende BLD derfor på høyring eit forslag om endringar i marknadsføringslova som vil avgrense telefonsal overfor kundar som har reservert seg. Departementet følgjer no opp høyringa.

*Forbrukardeltaking i standardiseringsarbeid*

Forbrukarpåverknad i standardiseringsarbeid er eit langsiktig arbeid som krev kontinuitet. Samarbeidet mellom Forbrukarrådet, Standard Norge og BLD om eit fagråd og eit forbrukarsekretariat i Standard Norge blei derfor ført vidare i 2015. Sekretariatet gav opplæring og rettleiing til deltakarar i standardiseringsarbeid. Dei arrangerte òg temamøte om mellom anna e-signaturar og velferdsteknologi. Sekretariatet deltok i Den internasjonale standardiseringsorganisasjonen sin forbrukarpolitiske komité (ISO/COPOLCO). BLD gav i 2015 tilskot til reisestøtte til forbrukarrepresentantar i ulike standardiseringsprosjekt. Sidan arbeidet med standardisering ofte er komplisert og tidkrevjande, er det på kort sikt vanskeleg å måle effektane av deltakinga frå forbrukarsida.

*Forsknings- og utgreiingsarbeid*

Ei viktig oppgåve for Forbruksforskningsinstituttet SIFO, som frå 1. januar 2016 blei ein del av Høgskolen i Oslo og Akershus (omtalt under Programkategori 11.00, delmål 1.2), er å forske på kva stilling og rolle forbrukarane har i samfunnet. Instituttet hadde i 2015 tre satsingsområde: åtferdsøkonomi i eit forbrukarperspektiv, marknadsføring og reklame, økonomisk vekst og berekraftig utvikling.

SIFO førte i 2015 vidare referansebudsjettet, som mellom anna blir brukt til å fastsetje bidragsatsar. I 2015 blei modellen for budsjettet vidareutvikla som grunnlag for å få ei betre forståing av fattigdom i barnefamiljar.

Instituttet gjennomførte òg studiar om korleis ulike forbrukargrupper ter seg i møtet med ulike

digitale tenester, ulike plattformer og ulike kontekstar. Universell utforming var eit anna sentralt emne.

I samband med Prop. 119 S (2014–2015) blei det løyvd 1,5 mill. kroner til utgreiing av ei netteneste for personar med økonomiske problem, jf. kap. 865 Forbrukarpolitiske tiltak, der det heiter: «Ettersom stadig flere får problemer på grunn av for høy forbruksgjeld, foreslår Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet at 1,5 mill. kroner omdisponeres innanfor posten til en utredning om behovet og innretningen av en nettbasert tjeneste til hjelp for de som har gjeldsproblemer, herunder veiledning særlig rettet mot unge.» BLD fekk våren 2016 denne utgreiinga om nettbasert økonomirådgiving frå SIFO. Ut frå ei vurdering av kostnadene med framtidig drift og vedlikehald har regjeringa valt å ikkje gå vidare med saka.

#### Strategiar og tiltak for 2017

##### *Regelverksarbeid*

Gjennom EØS-avtalen har Noreg tilgang til EUs indre marknad for fri flyt av varer, tenester, kapital og personar. Trygge forbrukarar er ein føresetnad for vekst og innovasjon og for at den indre marknaden skal fungere godt. Norske forbrukarar er aktive i denne marknaden, både gjennom reiser, utanlandsopphald og netthandel. Gjennom EØS-avtalen har EU-lovgivinga mykje å seie for utforminga av norsk regelverk. Derfor er deltaking i EUs arbeid med å utforme forbrukarpolitikk og -regelverk avgjerande.

Forbrukarvern står sentralt på EUs agenda. Eit viktig punkt i 2017 er EU-kommisjonen sin gjennomgang av heile forbrukarregelverket, «REFIT» (*Regulatory Fitness and Performance Programme*). For å ta stilling til om det gjeldande regelverket gir godt nok forbrukarvern, skal seks sentrale direktiv på forbrukarfeltet vurderast under eitt. I gjennomgangen inngår mellom anna direktivet om urimelege vilkår i forbrukaravtalar, forbrukarrettsdirektivet og direktivet om urimeleg handelspraksis. BLD vil delta i denne prosessen og arbeide for eit høgt og fullgodt nivå på forbrukarvernet.

Eit anna viktig punkt på agendaen i 2017 er forslaget frå EU-kommisjonen om ei ny forordning om forbrukarvernsamarbeid. Forordninga, som regulerer samarbeidet mellom europeiske tilsynsorgan, skal gi ei meir lik og effektiv handheving av forbrukarvernreglane og styrkje sanksjonane til tilsynsorgana. BLD har utarbeidd eit førebels EØS-posisjonsnotat om saka og vil følgje prosessen vidare. BLD går i gang med implementeringa når forslaget er vedteke i EU.

Direktivet om pakkereiser og assisterte reise-arrangement blei vedteke i november 2015. Direktivet inneheld mellom anna krav til informasjon, ansvar for reisearrangøren og krav til ei reisegarantiordning for å verne forbrukaren dersom reisearrangøren går konkurs. Samla vil direktivet styrkje stillinga til forbrukarane. Som følgje av direktivet blir det nødvendig å gjere endringar i den norske pakkereiselova. BLD har derfor starta eit arbeid med sikte på å gjennomføre direktivet i norsk rett i 2018.

For å klargjere rolla til Forbrukarombodet som tilsynsorgan og for å styrkje forbrukarvernet vil BLD hausten 2016 leggje fram eit høyringsnotat om å endre reglane for korleis ombodet og Marknadsrådet skal handheve marknadsføringslova. Det vil mellom anna bli foreslått at Forbrukarombodet skal få vedtakskompetanse i alle saker og at organiseringa og saksbehandlinga til Marknadsrådet skal endrast. Arbeid med å følgje opp denne saka vil stå sentralt i 2017.

Den nye delingsøkonomien, som i stor grad er basert på at enkeltmenneske ved hjelp av elektroniske plattformssystem kan dele, byte eller selje ubrukte ressursar, kan gi forbrukarane fordelar og fremme verdiskaping og produktivitet. Betre utnytting av ledige ressursar kan mellom anna gi lågare prisar og eit større tilbod av varer og tenester. Samtidig reiser utviklinga av delingsøkonomien spørsmål om mellom anna kva lover og reglar som gjeld på dette området, og kven som har ansvaret om noko går galt. Regjeringa sette våren 2016 ned eit utval som skal sjå på ulike problemstillingar som framveksten av delingsøkonomien reiser, mellom anna for forbrukarane. Forbrukarrådet er representert i utvalet. Delingsøkonomiutvalet skal levere innstillinga si innan 1. februar 2017. Innstillinga vil danne grunnlag for forbrukarretta arbeid med spørsmåla som delingsøkonomien reiser.

Regjeringa er oppteken av å motverke at personar får betalingsproblem som kan utvikle seg til alvorlege gjeldsproblem. Personar med gjeldsproblem har ofte teke opp for mykje forbrukskreditt. I dag kan personar på kort tid ta opp svært mange forbrukskredittar fordi kredittytarane ikkje har lov til å undersøkje kor mykje gjeld kundane har frå før. Regjeringa vil våren 2017, som ein del av oppfølginga av *Strategi for boligmarkedet*, leggje fram ein lovproposisjon som opnar for at finansbransjen kan etablere ei registreringsordning for forbrukskredittar (gjeldsregister). Ordninga skal førebyggje gjeldsproblem i private hushald gjennom at finansforetak får betre grunnlag for å gjere kredittvurdering.

Marknadsføringa av kreditt er omfattande, tidvis pågåande og stadig meir oppfinnsam. Lovverket for kredittmarknadsføring er i høg grad basert på EU-direktiv. Sidan Noreg ikkje står fritt til å innføre egne reglar, er BLD i gang med å greie ut handlingsrommet dei nasjonale styresmaktene har for ei eventuell ny lovgiving på feltet. Som ein del av arbeidet med å motverke gjeldsproblem vil departementet, i samråd med Justis- og beredskapsdepartementet, sjå nærmare på om det bør innførast strengare reglar for kredittmarknadsføring i Noreg.

#### *Forbrukardeltaking i standardiseringsarbeid*

Stadig fleire produkt og tenester blir regulerte med standardar. Standardane blir utvikla i samarbeid mellom ulike marknadsaktørar nasjonalt, eller ofte internasjonalt, på europeisk nivå eller gjennom den internasjonale standardiseringsorganisasjonen (ISO). For å sikre gode og balanserte standardar er det viktig at òg forbrukarrepresentantar deltar i utviklinga. Standardiseringsarbeid er ofte både langsiktig og ressurskrevjande, og det er viktig at forbrukarpåverknaden er stabil og formålstenleg over tid. BLD vil i 2017 derfor føre vidare samarbeidet med Forbrukarrådet og Standard Norge om eit fagråd og eit forbrukarsekretariat i Standard Norge. Målet er mellom anna å medverke til at fleire forbrukarrepresentantar er med i aktuelle standardiseringsprosjekt.

Forbrukarsekretariatet har knytt til seg eit nettverk av aktørar med interesse for forbrukaromsyn. Sentrale oppgåver for sekretariatet er å koordinere og formidle kunnskap om forbrukarinteresser som er viktige i standardiseringsarbeid. Sekretariatet har òg ei viktig oppgåve i å lære opp og rettleie deltakarar i arbeidet.

#### *Forskning og utgreiingsarbeid*

Forbruksforskningsinstituttet SIFO vil i 2017 få i oppdrag å føre vidare forskning som departementet har særleg nytte av om forbruk, haldningar hos forbrukarane og situasjonen for forbrukarane. Det inneber mellom anna å utarbeide ein årleg survey og følgje opp EUs kartleggingar på forbrukarområdet. Vidare er utarbeiding av referansebudsjettet for forbruksutgifter (tidlegare standardbudsjettet) og innhenting av kunnskapar om økonomien i hushalda viktig. Det er òg viktig å halde fram med forskning om berekraftig forbruk.

Internett og nettbaserte verktøy står stadig meir sentralt i forbrukarrolla. Teknologien har i

løpet av få år medverka til grunnleggjande endringar i kvardagen til forbrukarane. Derfor ser departementet det som viktig at forbruksforskninga er med på å kartleggje kva konsekvensar auken i digitalisering har for forbrukarane og handlingsrommet deira.

Eit døme er den såkalla delingsøkonomien, som i stor grad er basert på at enkeltmenneske ved hjelp av elektroniske plattformssystem kan dele, byte eller selje ubrukte ressursar. SIFO gjekk i 2015 i gang med å studere kva erfaringar forbrukarane har med slike nettbaserte delingstener. Studiar som dette er viktige for å få fram sentral kunnskap for det vidare arbeidet til departementet på digitalområdet.

Den teknologiske utviklinga fører òg med seg behov for å sjå nærmare på tenester og produkt innanfor «tingas Internett» og på nye former for marknadsføring via digitale plattformer. Omgrepet «tingas Internett» viser til ei utvikling der produkt som til dømes kjøleskap og bilar blir knytte opp mot Internett. I eit prosjekt som skal avsluttast første halvår 2017, har BLD gitt Forbrukarrådet i oppdrag å undersøkje avtalevilkåra som er knytte til slike produkt. I eit anna prosjekt, som skal vere avslutta i første kvartal 2017, har Forbrukarombodet fått i oppdrag å sjå på nye marknadsførings- og salsmetodar i redaksjonelle og sosiale medium og på nye tenester innanfor delingsøkonomien. Begge prosjekta skal bidra til å sikre eit godt forbrukarvern. Prosjektet til Forbrukarombodet skal bidra til at marknadsføringa på Internett tek omsyn til forbrukarane og skjer innanfor rammene av forbrukarlovgevinga.

#### **Delmål 6.2: God og effektiv løysing av forbrukar tvistar**

Under dette delmålet ligg behandlinga av forbrukarklager i Forbrukarrådet, sakene som går til Forbrukartvistutvalet og Marknadsrådet, verksemda til Forbrukar Europa og andre tiltak, medrekna lovtiltak, som skal gi forbrukarane tilgang til god og effektiv tvisteløysing.

Prioritert under dette delmålet i 2017 er iverksetjing og oppfølging av den nye lova om klageorgan for forbrukarsaker, som delvis tok til å gjelde 1. juli 2016, og den nye lova om Forbrukar klageutvalet.

#### Resultatrapport 2015/2016

Ei sentral oppgåve for Forbrukarrådet er å hjelpe forbrukarar som opplever problem i samband med kjøp av ei vare eller teneste. Forbrukarrådet

fekk i 2015 inn 8 373 klagesaker om kjøp av varer, handverkartenester og angrerett. Det er ein auke på 38 prosent frå 2014. Auken kan ha samanheng med at meklingstilbodet til Forbrukarrådet er blitt meir kjent, og at det er blitt enklare å sende inn klager ved hjelp av nettsida *forbrukerradet.no*.

75 prosent av klagesakene blei, som i 2014, løyste gjennom mekling av Forbrukarrådet. Behandlingstida var i snitt på 60 dagar, mot 63 i 2014. Resultatkravet var ei behandlingstid på under 90 dagar. BLD er derfor nøgd med resultatet. Forbrukarrådet har i fleire år hatt ein nedgang i behandlingstida for klagesakene. Nedgangen heng mellom anna saman med at Forbrukarrådet har lagt større vekt på munnleg kontakt i meklinga.

Forbrukarrådet gjennomførte i 2015 kvartalsvise brukarundersøkingar av klagebehandlinga. Undersøkingane viste at mange – både av klagarane og av dei klagene retta seg mot – var tilfredse. På ein skala frå 0 til 5 fekk Forbrukarrådet i snitt ein skår på rundt 3,8. Ikkje uventa var det fleire misnøgde blant dei som ikkje fekk medhald, enn blant dei som fekk medhald eller ei minneleg løysing.

EU vedtok i 2013 eit nytt regelverk om alternativ tvisteløysing. Regelverket skal sikre at det i alle EU- og EØS-landa er tilbod om tvisteløysing ved kjøp av alle varer og tenester, med nokre få unntak. Det blei òg vedteke eit regelverk som skal sikre ei nettbasert ordning for løysing av tvistar knytte til netthandel. Stortinget vedtok i mai 2016 ei lov om klageorgan for forbrukarsaker, som gjennomfører dei nye regelverka i norsk rett. Lovgrunnlaget for at Forbrukarrådet kan mekle innanfor dei nye områda, tok til å gjelde 1. juli 2016. Lova om klageorgan for forbrukarsaker inneheld krav som må oppfyllest for å få offentleg godkjenning.

Forbrukarrådet starta allereie 1. juli 2015 med å mekle innanfor dei nye områda som lova regulerer. Forbrukarrådet meklar derfor no i nær alle typar tvistar mellom forbrukarar og næringsdrivande som ikkje er omfatta av eit anna klageorgan. For å skape eit sterkt fagmiljø og medverke til effektivitet i saksbehandlinga er meklingsansvaret for dei nye områda samla ved Forbrukarrådet sitt kontor i Tromsø. Kontoret har òg fått fleire stillingar. Forbrukarrådet hadde ved utgangen av 2015 teke imot 163 saker på dei nye områda. Før det ligg føre tal for større delar av 2016, er det ikkje mogleg å seie meir om korleis det nye tilbodet er teke imot.

Den nye lova om klageorgan som blei vedtatt våren 2016, med utvidinga av meklingstilbodet til Forbrukarrådet, styrker forbrukarvernet.

Dei fleste klagesakene om varekjøp, handverkartenester og angrerett som Forbrukarrådet ikkje greier å løyse, blir sende vidare til Forbrukartvistutvalet. I 2015 kom det inn 1 811 saker til Forbrukartvistutvalet, mot 1 768 i 2014 og 1 463 i 2013. Auken i saksinngangen og restansar frå 2014 (239 saker) førte til at sakene i snitt fekk ei behandlingstid på 172 dagar i 2015, mot 134 dagar i 2014. Resultatkravet om ei gjennomsnittleg behandlingstid på under fem månader blei dermed ikkje oppfylt. BLD er ikkje nøgd med denne utviklinga, og vil rette større merksemd mot korleis auken i talet på saker, som fører til restansar, skal mótast.

Til Marknadsrådet, som hovudsakleg behandlar saker om marknadsføring, kom det i 2015 inn 17 saker, mot 13 i 2014. Sakene hadde i snitt ei behandlingstid på 88 dagar, mot 56 i 2014. Resultatkravet om ei gjennomsnittleg behandlingstid på under tre og ein halv månad for sakene om brot på marknadsføringslova blei oppfylt. Sakene til Marknadsrådet er svært ulike i innhald og omfang, og behandlingstida varierer derfor frå år til år. Talet på saker varierer òg mykje. BLD er derfor nøgd med resultatet.

For å gjere det enklare å klage på kjøp over landegrensene i EU og EØS-området har EU-kommisjonen i samarbeid med nasjonale forbrukarorganisasjonar etablert eit nettverk av forbrukarkontor i dei fleste europeiske landa (European Consumer Centre Network). Kontoret i Noreg (Forbrukar Europa) registrerte 2 909 førespurnader i 2015, ein auke på 32 prosent frå 2014. 2 041 førespurnader kom frå forbrukarar som ønskte hjelp i samband med ein klage. Resten (868) kom frå forbrukarar som ønskte informasjon. Dei fleste førespurnadene kom frå nordmenn. Forbrukar Europa ser auken i førespurnader i samanheng med at netthandelen aukar generelt, og at norske forbrukarar er blant dei mest aktive i Europa med slik handel. BLD har ikkje fastsett målkrav for Forbrukar Europa, men er nøgd med at mange nyttar tilbodet.

#### Strategiar og tiltak for 2017

Det er eit sentralt mål for forbrukarpolitikken å gi forbrukarane tilgang til god og effektiv tvisteløysing utanfor domstolane. Tvistar mellom forbrukarar og næringsdrivande handlar ofte om små beløp, og domstolsbehandling vil derfor ofte vere for ressurskrevjande. Særleg vanskeleg og ressurskrevjande kan det vere å kome fram til ei løysing når kjøparen og seljaren held til i kvart sitt land.

Forbrukerrådet meklar no i nær alle typar tvistar mellom forbrukarar og næringsdrivande som ikkje er omfatta av eit anna klageorgan, jf. omtalen under Resultatrapport 2015/2016. I 2017 ventar Forbrukerrådet å få minst 9 000 saker til mekling. Fleirtalet av desse sakene reknar Forbrukerrådet med å løyse. Resultatkrav for klagesaksbehandlingsa vil bli fastsette når det ligg føre tal som dekkjer større delar av hausten 2016.

Mange av sakene som Forbrukerrådet ikkje klarer å løyse, vil bli sende vidare til Forbrukar-tvistutvalet, som behandlar tvistar mellom næringsdrivande og forbrukarar om forbrukarkjøp, handverkartenester og angrerett. Regjeringa la i juni 2016 fram ein lovproposisjon om Forbrukarklageutvalet (*Prop. 145 L (2015–2016) Lov om Forbrukerklageutvalget (forbrukerklageloven)*), som følgjer opp kravet i EU-direktivet om utarettsleg tvisteløysing. Lova, som kjem i staden for den gjeldande lova om Forbrukartvistutvalet, vil stille minstekrav til saksbehandlingsa. Mellom anna skal behandlingstida ikkje overstige 90 dagar. I proposisjonen blir det òg føreslått at Forbrukartvistutvalet skal kunne behandle prinsipielle klagesaker, og at det skal endre namn til Forbrukarklageutvalet. Gjennom at forbrukarane får tilgang til eit klagetilbod av god kvalitet for nesten alle typar varer og tenester, vil både lova om klageorgan – omtalt under Resultatrapport 2015/2016 – og lova om Forbrukarklageutvalet styrkje forbrukarvernet. Departementet vil i 2017 mellom anna arbeide for å sikre norske forbrukarar og næringsdrivande tilgang til EUs nettbaserte portal for klager på e-handel.

Truleg vil mange forbrukarar i 2017 òg vende seg til Forbrukar Europa, det norske kontoret i nettverket av europeiske forbrukarkontor (European Consumer Centre Network), for å få hjelp eller rettleiing i samband med grenseoverskridande tvistar. Sidan kontoret behandlar saker med opphav i andre land, er det vanskeleg å fastsetje resultatkrav for verksemda.

### **Delmål 6.3: Informerte, ansvarlege og miljømedvitne forbrukarar**

Under dette delmålet blir det gjort greie for informasjons- og kunnskapstiltak som skal medverke til at forbrukarane kan ta informerte val i ulike kjøpsituasjonar. Delmålet omfattar arbeid med marknadsportalar som skal bidra til at forbrukarane får betre informasjon om tilgjengelege val, tiltak for gjere forbrukarane meir medvitne om marknadsføring og tiltak for å informere forbrukarane om rettane deira og kva konsekvensar produksjo-

nen og bruken av ulike varer og tenester kan ha for mellom anna helsa og naturmiljøet. Særleg prioritert i 2017 er arbeidet med å lansere ein portal for daglegvarer og ein portal for handverkartenester (Daglegvareportalen og Handverkarportalen).

#### Resultatrapport 2015/2016

Informasjon fremmar forbrukarmakt og gjer det mogleg for forbrukarane å ta medvitne val. Forbrukerrådet har ei viktig rolle i arbeidet med å gi forbrukarane informasjon.

Forbrukerrådet fekk i 2015 i overkant av 85 000 førespurnader, mot nesten 98 000 i 2014. Nedgangen var venta, ettersom Forbrukerrådet har satsa mykje på å utvikle nettstaden *forbrukerradet.no* for å gjere det enklare for forbrukarane å løyse problem på eiga hand. Dei fleste som vender seg til Forbrukerrådet for å få informasjon, gjer det via telefon (70 prosent) og e-post (over 25 prosent). Mange gjer også bruk av sosiale medium og marknadsportalane Forbrukerrådet driftar. I tillegg får mange informasjon gjennom at Forbrukerrådet får omtale i radio, TV og aviser.

Nettstaden *forbrukerradet.no* hadde i 2015 i snitt 45 318 unike brukarar kvar veke, mot 43 679 i 2014. I ei måling ved utgangen av 2015 svarte 68 prosent at dei hadde kjennskap til nettstaden, mot 67 prosent i 2014. BLD er nøgd med desse resultatane. At mange kjenner til eller nyttar nettstaden til Forbrukerrådet, er ein viktig føresetnad for at rådet skal fylle rolla si.

Forbrukarombodet og Forbrukerskingsinstituttet SIFO gjennomførte òg informasjonstiltak retta mot forbrukarane. SIFO formidla forskingsresultat gjennom foredrag, populærvitenskaplege artiklar, medieoppslag, kronikkar og sosiale medium. Instituttet arrangerte òg seminar og konferansar om mellom anna åtterførsøkonomi. BLD er nøgd med aktivitetsnivået.

#### *Digitale informasjonsløysingar*

Marknadsportalane som Forbrukerrådet driv, skal bidra til at forbrukarane får meir fullstendig og oppdatert informasjon om kva som er tilgjengeleg i marknaden. Prisoversiktene i portalane skal òg styrkje konkurransen til fordel for kundane.

Finansportalen (*finansportalen.no*) genererer marknadsoversikter for tenester innan bank, forsikring, investeringar og pengeoverføringar til utlandet. Portalen leverer òg data til eksterne digitale verktøy og samanlikningssider for finansielle tenester. Finansportalen hadde i 2015 kvar veke i

snitt 26 500 unike brukarar. Det er ein auke på 2 prosent frå 2014. Delen av befolkninga som kjenner til Finansportalen, blei i 2015 målt til 34 prosent, mot 35 prosent i 2014. BLD er nøgd med desse resultatane.

Kundemobiliteten blir rekna som ein indikator på effektiviteten i forbrukarmarknaden for finansielle tenester. Tal frå undersøkinga *Nordmenns byttevaneer – finansielle tenester*, utført av TNS Gallup, tyder på at mobiliteten har auka dei seinare åra. I januar 2016 svarte 40 prosent at dei i 2015 hadde flytta eller reforhandla éi eller fleire finansielle tenester. I 2013 og 2012 var talet totalt 54 prosent – eit snitt på 27 prosent for kvart av dei to åra. Tala kan indikere at Finansportalen har medverka til ein meir effektiv marknad for finansielle tenester til forbrukarane. Tal frå den same undersøkinga indikerer at fleire brukte Finansportalen i samband med flytting og reforhandling av bank- og forsikringstenester i 2015 enn i 2014.

Trafikkdata viser at talet på brukarar av forsikringsløyisingane på Finansportalen som får opplyst bindande pris, og som så klikkar seg vidare til eit forsikringsselskap, blei omtrent tidobla frå 2014 til 2015 (frå 3000 til 32 000). BLD er nøgd med denne utviklinga, som kjem av at det i 2014 blei gjort endringar som gjer det enklare å utføre prisførespurnader.

Tannhelseportalen (*hvakostertannlegen.no*) er ei elektronisk teneste som hovudsakleg gir forbrukarane informasjon om kva tannlegar tek betalt for ulike behandlingar. Portalen blei i 2015 vidareutvikla med eit nytt brukargrensesnitt som gjer prissamanlikningane enklare, og med nye prispakkar for kjeveortopedar. I snitt hadde Tannhelseportalen i 2015 kvar veke 4 630 unike brukarar. I 2015 hadde 12,9 prosent av befolkninga kjennskap til portalen, mot 9,7 prosent i 2014. BLD er nøgd med både endringane og resultatane, som legg grunnlag for ein meir velfungerande marknad for tannhelsetenester.

Forbrukarrådet fekk i revidert nasjonalbudsjett for 2014, jf. Prop. 93 S (2013–2014), i oppgåve å utvikle ein ny portal som skulle gjere det enklare for forbrukarane å samanlikne prisane frå ulike straumleverandørar. Straumprisportalen (*strompris.no*) blei lansert i august 2015. Straumprisoversikta som Konkurransetilsynet har drive, er lagd ned. Straumprisportalen hadde ved utgangen av 2015 i snitt 6 000 unike brukarar kvar veke, og 18 prosent av befolkninga hadde kjennskap til portalen. Før det har gått lengre tid, er det ikkje mogleg å seie noko detaljert om effektane av den nye portalen.

### *Undervisning i forbrukaremne*

BLD førte i 2015 vidare arbeidet med å fremme god undervisning i forbrukarkunnskap i skolen. Det blei lagt særleg vekt på tiltak som kan heve kunnskapane og forståinga om personleg økonomi hos unge forbrukarar. På oppdrag frå departementet utvikla Forbrukarrådet digitale læringsverktøy i Finansportalen. Eit verktøy som er tilpassa læreplanane i matematikk for ungdomstrinnet, blei lansert hausten 2015. Før det har gått lengre tid, er det ikkje mogleg å seie noko om effektane.

BLD har gitt tilskot til Finans Norge for å utvikle Økonomilappen. Dette er ein digital kunnskapstest og nettportal for unge vaksne i alderen 16–25 år. Målet er å bidra til betre kunnskapar om personleg økonomi. Applikasjonen, som er utvikla i samarbeid med Forbrukarombodet, blei lansert våren 2015.

BLD førte i 2015 vidare samarbeidet med Høgskolen i Hedmark (HIHM) om eit kompetansmiljø for forbrukarundervisning. HIHM har ansvar for å utvikle og distribuere læringsmaterieil, arrangere fagdagar ved universitet og høgskolar og lærarseminar om temaet personleg økonomi. Høgskolen drifrar òg ei nettside om undervisning i forbrukaremne og leier ei rådgivande gruppe for arbeidet med forbrukarundervisning.

### *Forbruk og miljø*

Skolen er ein viktig arena for å skape forståing for etikk-, miljø- og ressursproblem og for å skape medvit om forbruk. I tråd med dette har BLD ført vidare prosjektsamarbeidet med Ungt Entreprenørskap om eit undervisningsopplegg som skal fremme forståing om berekraftig forbruk. Undervisningsopplegget består av tilgang på ressursmaterieil, klasseforedrag, organisering av gründercampar og elevbedrifter. Nærmare 1 900 elevar frå 23 ulike skolar i sju fylke deltok i prosjektet i 2015. Deltakinga var i tråd med føresetnadene.

Stiftinga Miljømerking i Norge (Miljømerking) arbeider for ei meir miljøtilpassa produktutvikling og eit mindre miljøbelastande forbruk. Verkemidla er dei offisielle miljømerka den nordiske Svana og EU-miljømerket (EU Ecolabel). Miljømerking søkjer å auke talet på miljømerkete produkt i Noreg, og informerer om at desse produktane er blant dei minst miljøskadelege på marknaden.

Mange produkt med miljømerke og god kjennskap til merka er avgjerande for at forbrukarane



kan ta miljøomsyn når dei gjer forbruksval. I 2015 var det ein kraftig auke i talet på svanemerkte produkt: frå 8 500 ved utgangen av 2014 til meir enn 12 500 ved utgangen av 2015. Arbeidet til Miljømerking har dermed medverka til at langt fleire produkt blir produserte etter strenge miljøkrav. BLD er nøgd med denne utviklinga, som inneber at forbrukarane har fått eit breiare tilbod av miljøtilpassa produkt å velje blant.

Ei kjennsapsundersøking våren 2016 viste at 87 prosent av befolkninga kjende til Svana (mot 91 prosent i 2015). Den same undersøkinga viste at 23 prosent kjende til EU Ecolabel (mot 21 prosent i 2015). Utbreidd kjennskap til miljømerka kan tyde på at forbrukarane generelt veit at merka gir god rettleiing om kva som er miljøvennelege val.

Etter ei evaluering av forordninga om EU-miljømerket i 2014 skal EU-kommisjonen legge fram ein rapport om korleis merkeordninga fungerer. Rapporten er venta i 2016 og er del av ein større gjennomgang for å forenkle og forbetre EU-regelverket (REFIT-programmet).

BLD støtta i 2015 det femårige prosjektet *ForMat*, som har hatt som formål å redusere matsvinnet i daglegvarehandelen, næringsmiddelindustrien og private hushald. Prosjektet er eigd og drive av organisasjonen Matvett AS, som er stifta av sentrale aktørar i bransjen. Prosjektet blei i 2015 i tillegg støtta av Klima- og miljødepartementet (KLD), Landbruks- og matdepartementet (LMD) og Nærings- og fiskeridepartementet (NFD).

Ein viktig føresetnad for støtta frå BLD har vore at ein stor del av matsvinnet kjem frå private hushald. Ein del av arbeidet til Matvett var i 2015 retta mot å samle heile matbransjen i ein bransjeavtale om reduksjon av matsvinn. Matvett inkluderte derfor i 2015 primærnæringane og storhushald i arbeidet sitt.

I 2015 viste ei kartlegging av matsvinn i matindustrien og daglegvarehandelen ein klar nedgang i omfanget av matkasting. Det blei òg registrert positive endringar i åtferd og i haldninga til å kaste mat. Fleire svarte at dei var blitt meir merksame på matkasting som problem, og at dei hadde redusert si eiga matkasting. BLD er nøgd med denne utviklinga.

I mai 2015 skreiv BLD, Landbruks- og matdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet under ein intensjonsavtale med bransjen om matsvinn. Målet er å inngå ein bindande avtale om reduksjon av matsvinn i heile verdikjeda for mat i løpet av 2016.

## Strategiar og tiltak for 2017

Informasjon er eit av dei viktigaste verkemidla i forbrukarpolitikken. Skal ulike marknader fungere godt, er det avgjerande at forbrukarane har tilstrekkeleg med kunnskapar om vare- og tenestetilbodet og om rettane og pliktene sine. Forbrukarane bør vite nok til å kunne velje bort varer og tenester som er dårlege eller skadelege, og kjenne til korleis dei kan gå fram når dei er misnøgde med kjøp. Informasjon kan slik fremme forbrukarmakt og gjennom tilpassingar på tilbydarsida resultere i betre produkt og vilkår.

Forbrukarrådet har ei viktig rolle i arbeidet med å informere om aktuelle forbrukarspørsmål og om gjeldande rett ved forbrukarkjøp. I 2017 ventar Forbrukarrådet å ha individuell kontakt med minst 70 000 forbrukarar via e-post, brev og telefon og kvar veke i snitt minst 45 000 unike brukarar av nettsida (*forbrukerradet.no*), 18 000 unike brukarar av Finansportalen (*finansportalen.no*), 5 000 unike brukarar av Tannhelseportalen (*hvakostertannlegen.no*) og 6 000 unike brukarar av Straumprisportalen (*strompris.no*). I tillegg ventar Forbrukarrådet at mange vil nytte Daglegvareportalen og Handverkarportalen, som skal lanseast i 2017 (sjå omtale nedanfor).

Forbrukarombodet og SIFO vil òg informere forbrukarane om aktuelle spørsmål i 2017.

## Digitale informasjonsløysingar

Regjeringa vil bidra til at det blir utvikla fleire gode digitale informasjonsløysingar om marknadsforhold tilpassa behova til forbrukarane. Dette skal gi forbrukarane betre grunnlag for å ta informerte val og skjerpe konkurransen til fordel for kundane.

I 2017 vil Forbrukarrådet lansere ein ny marknadsportal som skal hjelpe forbrukarane med å gjere gode val ved kjøp av handverkartenester. Portalen skal bidra til større transparens og færre tvistar i marknaden for handverkartenester, i tillegg til å motverke svart arbeid og fremme seriositeten i byggjebransjen.

Forbrukarrådet vil halde fram med å utvikle dei eksisterande offentlege portalane Finansportalen (*finansportalen.no*), Tannhelseportalen (*hvakostertannelegen.no*) og Straumprisportalen (*strompris.no*).

Under Finansportalen vil det i 2017 bli lansert ein ny modul for pensjonsprodukt. Denne vil gjere det enklare for forbrukarane å ta informerte val i marknaden for slike produkt. Modulen vil gi ei marknadsoversikt gjennom digitale samanlik-

ningsverktøy som skal vise pensjonsprodukt med eigenskapar og prisar, og knyte generell forbrukarrettleiing til dei ulike vala ein forbrukar må ta. Finansportalen skal bidra til at forbrukarane vel nye produkt og prutar eller byter leverandør når portalen viser at det kan lønne seg. Framveksten av produktpakker i finansnæringa gjer det vanskelegare for forbrukarane å orientere seg og eventuelt byte leverandør. Tiltak mot slike produktpakker, som betre prising av enkeltprodukt, vil vere ein hovudaktivitet for Finansportalen i 2017.

For å hjelpe forbrukarane til å ta meir informerte val og skjerpe konkurransen om tannhelse-tenester skal Tannhelseportalen mellom anna utvidast med eit nytt system for timebestilling. Straumprisportalen skal få nytt brukargrensesnitt.

#### *Vedtak nr. 436, 3. mars 2015*

På grunnlag av eit representantforslag om å sikre opphavsmerking på mat og å opprette ein daglegvareportal gjorde Stortinget 3. mars 2015 oppmødingsvedtak nr. 436, jf. Dokument 8:13 S (2014–2015) og Innst. 152 S (2014–2015). Oppmødingsvedtaket lyder:

«Stortinget ber regjeringen senest i løpet av 2016 etablere en gratis tilgjengelig informasjonsportal for dagligvarer med nødvendig elektronisk informasjon om varer ment for salg i detaljhandel innen dagligvarer.»

Basert på vedtaket til Stortinget, har BLD gitt Forbrukerrådet i oppdrag å utvikle ein informasjonsportal for daglegvarer. Målet er at portalen skal gi forbrukarane betre grunnlag for å gjere informerte val, og stimulere konkurransen i daglegvaremarknaden.

Portalen skal kunne nyttast via smarttelefon, nettbrett og PC, og vil ha to modular:

- ein applikasjon (med funksjon for skanning av produkt-ID) der forbrukaren kan leggje inn og bli rettleia etter sine egne preferansar, knytt til for eksempel allergen, næringsinnhald, økologi, miljø- og andre kvalitetsaspekt ved varene, og
- eit verktøy for rettleiing om pris (i kva for butikkar det er rimelegast å handle)

Ei utfordring – som departementet også tidlegare har framheva – er at dersom portalen gir aktørane auka innsyn i prisane til konkurrentane, vil dette auke faren for stilleiande priskoordinering, og dermed redusert konkurranse og høgare prisar. Det har derfor vore nødvendig å vurdere korleis

portalen kan informere om kor det er billigast å handle, utan å vise prisen på enkeltprodukt. Ei anna utfordring ved samanlikning ut frå pris, er at det ikkje alltid er identiske varer i alle butikkar. Til dømes sel mange butikkar egne merkevarer. Ei løysing vil da vere å definere produktkategoriar som kan leggest til grunn for samanlikninga.

Løysinga som er valt, er at publikum skal kunne samanlikne prisane i ulike butikkar ved hjelp av ei varekorg som Forbrukerrådet har sett saman. Dei næringsdrivande skal ikkje kjenne innhaldet i korga på førehand. Korga skal bestå av minst ti varer, prisane skal målast over eit tidsrom på minst ei veke, og målinga skal vere avslutta når korga blir publisert. Nye varekorger skal settast saman og publiserast av portalen med jamne eller ujamne mellomrom. Sidan portalen berre vil vise gjennomsnittsprisen over ei veke og samanlagt for minst ti varer, vil det vere umogleg for aktørane å rekne ut enkeltprisar hos konkurrentane. Det betyr at forbrukarane ikkje vil kunne sjå prisane på enkeltprodukt i portalen, og at dei heller ikkje vil kunne sjå prisane på sine egne handlekorger. Denne løysinga vil gi forbrukarane eit godt verktøy for informasjon om daglegvarer og prisar, samtidig som ein ikkje risikerer at konkurransen mellom daglegvarekjedene blir forverra. Regjeringa meiner dette er den måten ein daglegvareportal kan innrettast på utan at det går ut over konkurransen.

For å sikre portalen tilstrekkeleg datagrunnlag, er det vurdert som nødvendig å innføre ei lovheimla plikt for dei store aktørane i bransjen til å levere produktdata, medrekna prisar i sanntid. Forslag om ei forskrift heimla i marknadsføringslova, med plikt til slik registrering, blei sendt på høyring med frist 1. oktober 2016. For å hindre krav om innsyn i prisdatabasen, som kan vere skadeleg for konkurransen, omfatta høyringa òg forslag til ein lovregel om unntak frå offentleglova for opplysingar i daglegvareportalen. Regelrådet har i høyringa uttalt at saka ikkje er tilstrekkeleg utgreidd og at det er usikkert om forslaget er eigna til å nå sine mål. Regelrådet meiner det bør vurderast kritisk om tiltaket faktisk bør gjennomførast. Departementet har på bakgrunn av Stortingets vedtak i mars 2015 lagt til grunn at portalen skal opprettast.

Applikasjonen der forbrukaren kan leggje inn egne preferansar og sortere produkt blir vurdert å ha stor nytteverdi for mange. Gjennom verktøyet som byggjer på varekorga til Forbrukerrådet, vil portalen gi kunden ein indikasjon på prisnivået i den enkelte butikk. Sidan det er lagt opp til at alle butikkane under dei store kjedene skal omfattast, og databasen vil innehalde prisar som jamleg blir

oppdaterte, kan kjedene få større incitament til å konkurrere på pris i alle lokale marknader.

Avklaringa og løysinga av dei konkurransemessige utfordringane og utfordringane knytte til direkte samanlikningar av pris mellom butikkar, har medverka til at utviklingsprosjektet har tatt lengre tid enn planlagt. Det er vidare nødvendig at dei omtalte lov- og forskriftsendringane trer i kraft før portalen blir lansert. Portalen kan derfor lanserast først i 2017.

#### *Undervisning i forbrukaremne*

BLD arbeider for at barn og unge skal få god opplæring i forbrukaremne og bli i stand til å opptre som kompetente og medvitne forbrukarar. Forbrukaremna er tverrfaglege, og opplæringa skal gi elevane kunnskapar om personleg økonomi, berekraftig forbruk, forbrukarrettar, kommersielle medium og teknologi.

Opplæringslova seier at elevane skal utvikle kunnskap, ferdigheiter og haldningar for å kunne meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. I *Meld. St. 28 (2015–2016) Fag – Fordypning – Forståelse – En fornyelse av Kunnskapsløftet* blir demokrati og medborgarskap, berekraftig utvikling og folkehelse og livsmeistring framheva som tre tverrfaglege emne som skal prioriterast i fornyinga av skolefag. For å fungere godt og meistre livet er det viktig med kunnskapar om privatøkonomi og forbruk. BLD vil halde fram arbeidet med å heve kunnskapen og forståinga om desse emna.

I tråd med formålsparagrafen til skolen skal opplæring i berekraftig utvikling medverke til at elevane lærer å tenkje kritisk og handle etisk og miljømedvite. BLD vil føre vidare samarbeidet med organisasjonen Ungt Entreprenørskap om eit undervisningsopplegg som skal fremme forståing om berekraftig forbruk. Departementet vil òg føre vidare samarbeidet med Høgskolen i Hedmark om oppgåver i samband med opplæring i forbrukaremne. Målgruppene for arbeidet er elevar, lærarstudentar og lærarar.

Barn og unge er utsette for eit sterkt kommersielt press. Med auka bruk av digitale medium følgjer eksponering for nye marknadsføringsmetodar. BLD arbeider for at skolen skal ha gode læreverktyø om reklame. Målet er å utvikle reflekterte haldningar til reklame hos dei unge, slik at dei blir betre rusta til å stå imot mellom anna kjøpepress og reklame som spelar på kjønnsroller og urealistiske kroppsideal.

#### *Forbruk og miljø*

Regjeringa arbeider for at det skal vere enkelt for forbrukarar å ta miljømedvitne val. Dei offisielle merkeordningane Svana og miljømerket til EU (EU Ecolabel) er viktige verktyø for å oppnå det. Den nordiske Svana og EU Ecolabel formidlar standardisert og kvalitetssikra informasjon om varer og tenester som er blant dei minst miljøskadelege på marknaden. Stiftinga Miljømerking i Norge (Miljømerking) vil halde fram med å informere forbrukarar og profesjonelle innkjøparar om at miljømerkte produkt og tenester er enkle og trygge miljøval. Miljømerking skal arbeide for å auke talet på miljømerkte produkt på den norske marknaden.

Etter ei evaluering av forordninga om EU Ecolabel i 2014 skal EU-kommisjonen leggje fram ein rapport om korleis merkeordninga fungerer. Rapporten er venta i 2016, og er del av ein større gjennomgang for å forenkle og forbetre EU-regelverket (REFIT-programmet). Det blir viktig for Noreg å følgje gjennomgangen og eventuelt gi innspel.

Matsvinn er eit kostnadmessig, miljømessig og etisk problem både i Noreg og internasjonalt. I Noreg blir det årleg kasta om lag 360 000 tonn mat som kunne vore eten. Rundt 230 000 tonn av dette (64 prosent), kjem frå private hushald. Dette svarer til vel 46 kilo matsvinn per person i året.

Resultatet av matsvinnarbeidet blir betre dersom alle ledda i verdikjeda for mat samarbeider om å redusere svinnet innanfor og på tvers av sektorar. BLD har i 2016 saman med Klima- og miljødepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet arbeidd saman med matvarebransjen om å lage ein bransjeavtale der målet er å redusere matsvinnet i samfunnet. Bransjeavtala vil gjelde frå 2017 og omfatte heile verdikjeda for mat. Samarbeidet er basert på det tidlegare *ForMat*-prosjektet (2010–2015), som var eigd og drive av næringsmiddelindustrien sin eigen organisasjon Matvett AS. Gjennom bransjeavtala vil BLD støtte tiltak som kan leggje til rette for at forbrukarane blir medvitne om å redusere matsvinnet.

Stortinget har i 2016 gjort eit oppmodingsvedtak om å redusere matavfall og matsvinn i omsetnings- og forbrukarleddet. For nærmare omtale av oppmodingsvedtaket, sjå Prop. 1 S (2016–2017) frå Klima- og miljødepartementet.

*Vedtak nr. 890, 13. juni 2016*

På grunnlag av eit representantforslag om oppretting av lov om etikkinformasjon vedtok Stortinget 13. juni 2016 oppmodingsvedtak nr. 890, jf. Dokument 8:58 S (2015–2016) og Innst. S (2015–2016):

«Stortinget ber regjeringen utrede og vurdere å fremme forslag til lov om åpenhet om produksjonssteder og etikkinformasjon om vareproduksjon til forbrukere og organisasjoner.»

BLD vil i første omgang få greidd ut om nasjonalt regelverk eller Noregs internasjonale forplikningar kan vere til hinder for, eller vil krevje bestemte tilpassingar i, ei lov om etikkinformasjon. BLD har som mål at utgreiinga skal vere ferdig våren 2017. Denne utgreiinga vil vere grunnlaget for det vidare arbeidet med oppfølginga av vedtaket.

Stortinget vil på eigna måte bli orientert om arbeidet.

**Nærmare om budsjettforslaget**

Utgifter under programkategori 11.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
860	Forbrukarrådet	142 160	155 183	158 244	2,0
862	Positiv miljømerking	7 145	7 352	7 558	2,8
865	Forbrukarpolitiske tiltak	13 317	19 798	18 787	-5,1
866	Statens institutt for forbruksforskning	27 013			
867	Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukartvistutvalet	9 552	10 445	11 498	10,1
868	Forbrukarombodet	24 233	23 274	27 115	16,5
	Sum kategori 11.30	223 420	216 052	223 202	3,3

Inntekter under programkategori 11.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
3868	Forbrukarombodet	353			
	Sum kategori 11.30	353			

Utgifter under programkategori 11.30 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)					
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
01–23	Drift	40 005	46 369	40 800	-12,0
50–59	Overføringer til andre statsregnskaper	169 173	155 183	167 496	7,9
70–98	Overføringer til private	14 242	14 500	14 906	2,8
	Sum kategori 11.30	223 420	216 052	223 202	3,3

## Kap. 860 Forbrukarrådet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
50	Basisløyving	122 566	129 193	132 146
51	Marknadsportalar	19 594	25 990	26 098
	Sum kap. 0860	142 160	155 183	158 244

### Status for verksemda

Forbrukarrådet er oppretta for å vareta interessene til forbrukarane. Som uavhengig interesseorgan skal Forbrukarrådet gjere forbrukarane dyktigare og påverke styresmakter, organisasjonar og næringsdrivande til å opptre forbrukarvennleg. I tillegg skal Forbrukarrådet hjelpe forbrukarar som har fått problem i samband med kjøp av ei vare eller teneste, og som til dømes treng hjelp med å fremme ei klage. Gjennom eit særskild oppdrag frå BLD har Forbrukarrådet fått ansvaret for ei nøytral meklingssteneste for forbrukarar og næringsdrivande i saker som ikkje er omfatta av eit anna klageorgan.

Forbrukarrådet er organisert som eit forvaltingsorgan med særskilde fullmakter til bruttoføring av inntekter og utgifter utanfor statsbudsjettet, egne vedtekter og styre. Tilsetjingsforholda til dei tilsette er regulerte i tenestemannslova.

Forbrukarrådet har ti regionkontor, som innan 1. mai 2017 skal grupperast om i tre større einingar med ansvar for meklingsarbeid. Regjeringa har bestemt at dei tre einingane skal liggje i Tromsø, Stavanger og Skien. Større einingar skal gi sterkare fagmiljø, høgare effektivitet og eit betre servicetilbod til forbrukarane. For å medverke til busetjing på Svalbard har regjeringa òg bestemt at det skal etablerast ei hospiteringsordning med 3–5 kontorplassar for Forbrukarrådet der. Det interessepolitiske arbeidet og portalverksemda til Forbrukarrådet skal som i dag drivast frå hovudkontoret i Oslo. Endringa av kontorstrukturen er nærare omtalt under delmål 1.2 i Programkategori 11.00.

### Post 50 Basisløyving

Posten dekkjer lønnsutgifter, godtgjering til styremedlemmene, utgifter til kontordrift, husleige og politiske aktivitetar i Forbrukarrådet. Vidare dekkjer posten utgreiing av aktuelle problemstillingar som er viktige for forbrukarane, og kostnadene ved å bringe prinsipielle spørsmål om gjeldande forbrukarrett inn for domstolane. Forbrukarrådet gir tilskot over posten til drift av forbrukarsekretariatet i Standard Norge (omtalt under delmål 6.1). Posten dekkjer òg nasjonale utgifter i samband med deltakinga i European Consumer Centrenettverket (omtalt under delmål 6.2).

Departementet føreslår ei samla løyving på 132,1 mill. kroner i 2017.

### Post 51 Marknadsportalar

Posten dekkjer kostnadene til drift av dei to nye marknadsportalane Daglegvareportalen og Handverkarportalen (blir lanserte i 2017) og dei eksisterande portalane Finansportalen (*finansportalen.no*), Straumprisportalen (*strompris.no*) og Tannhelseportalen (*hvakostertannlegen.no*).

Posten blir føreslått redusert med 1 mill. kroner, da utviklingsløpet for Handverkarportalen skal avsluttast i 2017. Midlane blir føreslått overførte tilbake til Kommunal- og moderniseringsdepartementet på kap. 587 Direktoratet for byggkvalitet, post 22 Kunnskapsutvikling og informasjonsformidling. Posten blir også føreslått auka med 0,5 mill. kroner for å handtere driftsutgiftene for Daglegvareportalen.

Departementet føreslår ei samla løyving på 26,1 mill. kroner i 2017.

## Kap. 862 Positiv miljømerking

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
70	Driftstilskot til offentleg stifting for positiv miljømerking	7 145	7 352	7 558
	Sum kap. 0862	7 145	7 352	7 558

### Status for verksemda

Formålet med miljømerking er å stimulere til meir miljøtilpassa produktutvikling og mindre miljøbelastande forbruk. Dette skal ein oppnå gjennom å utvikle kriterium for miljømerking av varer og tenester, godkjenne produkt for lisensiering og rettleie forbrukarar og innkjøparar.

Stiftinga Miljømerking i Norge (Miljømerking) er oppretta for å forvalte Svana, den fellesnordiske ordninga for frivillig positiv miljømerking av varer og tenester. Miljømerking er òg ansvarleg organ i Noreg for miljømerkeordninga til EU (EU Ecolabel).

Miljømerking blir leidd av eit styre der medlemmene er oppnemnde av BLD, miljøvernstyresmaktene, Næringslivets Hovedorganisasjon, Hovedorganisasjonen Virke, Landsorganisasjonen (LO), Forbrukarrådet, handelskjedene og miljøorganisasjonane.

Miljømerking fekk i 2015 om lag 7,1 mill. kroner i statleg driftstilskot frå BLD. Av dette beløpet blei om lag 1,3 mill. kroner nytta til å dekkje kostnader som følgjer av rolla som norsk ansvarleg organ for miljømerkeordninga til EU. I tillegg fekk Miljømerking litt over 1,1 mill. kroner i tilskot frå Miljødirektoratet. Dei samla driftsinntektene var på om lag 29,1 mill. kroner. Hovuddelen av desse inntektene var knytte til lisensiering av Svana.

### Post 70 Driftstilskot til offentleg stifting for positiv miljømerking

Posten dekkjer tilskot til administrasjon av den nordiske miljømerkeordninga og utgifter som følgjer av rolla som norsk ansvarleg organ for miljømerkeordninga til EU.

Departementet føreslår ei samla løyving på 7,6 mill. kroner i 2017.

## Kap. 865 Forbrukarpolitiske tiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i>	6 220	12 650	2 187
50	Forskning og undervisning, <i>kan nyttast under post 21</i>			9 252
70	Tilskot, <i>kan nyttast under post 21</i>	1 259	1 338	1 375
79	Rammeprogrammet til EU om forbrukarpolitikk, <i>kan overførast</i>	5 838	5 810	5 973
	Sum kap. 0865	13 317	19 798	18 787

### Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 50

Det blir føreslått å knyte stikkordet «kan nyttast under» gjensidig mellom kap. 865, post 21 Spesi-

elle driftsutgifter og kap. 865, post 50 Forsking og undervisning. Begge postane finansierer forbrukarpolitiske tiltak.

Posten blir nytta til å finansiere prosjekt, utgreiingar og tiltak som har særleg relevans for forbrukarområdet.

Vidare blir posten nytta til å finansiere marknadsundersøkingar som skal gi kunnskap om behova for tiltak som kan gjere marknaden tryggare og enklare for forbrukarane. Departementet samarbeider med Forbruksforskningsinstituttet SIFO, Forbrukarrådet og Forbrukarombodet om å utvikle og gjennomføre slike undersøkingar, og Noreg deltek i EU-kommisjonen sitt arbeid med å overvake og dokumentere situasjonen for forbrukarane på ulike marknader. Posten kan òg dekke utgifter til ein ekspert i EU-kommisjonen knytt til rammeprogramma om forbrukarpolitikk.

I 2017 blir posten føreslått redusert med 1,5 mill. kroner, da tiltaket gjeldsmekling på nett ikkje skal gjennomførast. I tillegg blir 9,3 mill. kroner føreslått flytta til ny post 50 Forsking og undervisning. Sjå omtale under denne posten.

Departementet føreslår ei samla løyving på 2,2 mill. kroner i 2017.

### **Post 50 Forsking og undervisning, kan nyttast under post 21**

For å sikre korrekt postbruk blir det føreslått oppretta ein ny post 50 Forsking og undervisning, med stikkordet kan nyttast under post 21. Midlane på posten er flytta frå post 21 Spesielle driftsutgifter. Flyttinga til ny post endrar ikkje bruken av midlane.

Posten skal nyttast til forskning, undervisning, prosjekt og utgreiingar som har særleg relevans for forbrukarområdet.

BLDs løyving til Forbruksforskningsinstituttet SIFO, 8 mill. kroner, blir frå 2017 føreslått flytta til denne posten frå kap. 865, post 21. Midlane er knytte til forvaltingsrelaterte og konkrete forskingsoppgåver som SIFO utfører basert på kunnskapsbehovet til departementet. I 2017 vil det vere prioritert å framskaffe fakta og dokumentasjon om

- utviklinga i forbruket, haldningane og problema til forbrukarane,
- den økonomiske situasjonen til hushalda, med vekt på mellom anna gjelds- og betalingsproblem,
- konsekvensar for forbrukarane av digitalisering på ulike område, og
- effekten av forbrukarpolitiske verkemiddel og tiltak.

Posten vil vidare bli nytta til arbeidet med å styrkje undervisninga i forbrukaremne i skolen. De-

partementet har mellom anna eit samarbeid med Høgskolen i Hedmark, som leier ei rådgivande gruppe for arbeidet med forbrukarundervisning. Departementet vil i 2017 føre vidare samarbeidet med høgskolen om andre praktiske oppgåver knytte til undervisning i forbrukaremne.

Posten kan òg nyttast til andre prosjekt og utgreiingar.

Departementet føreslår ei samla løyving på 9,3 mill. kroner i 2017.

### **Post 70 Tilskot, kan nyttast under post 21**

Det blir føreslått å knyte stikkordet «kan nyttas under post 21» til posten. Begge postane finansierer forbrukarpolitiske tiltak.

Posten blir nytta til tiltak og enkeltprosjekt som fremmar måla for forbrukarpolitikken til regjeringa.

Det blir føreslått å føre vidare tilskota til tre særskilde tiltak i 2017:

- 0,5 mill. kroner til å delfinansiere drifta av Forbrukarsekretariatet i Standard Norge (nærmare omtalt under delmål 7.1). 0,1 mill. kroner av tilskotet går til ei tilskotsordning for reisestøtte til forbrukarrepresentantar i standardiseringsarbeid. Tilskotet blir fordelt etter kriterium som er kunngjorde på nettstaden til Standard Norge (*standard.no*). Fagrådet for forbrukarsaker fører kontroll med tilskotet.
- Støtte til organisasjonen Ungt Entreprenørskap om undervisningsopplegg i ungdomsskolen om berekraftig forbruk.
- Støtte til arbeidet Matvett AS utfører for å redusere matsvinnet i hushald. Arbeidet må sjåast i samanheng med samarbeidet mellom styresmaktene og bransjeorganisasjonar om ein bransjeavtale for å redusere matsvinn (nærmare omtalt under delmål 6.3).

Departementet føreslår ei samla løyving på 1,4 mill. kroner i 2017.

### **Post 79 Rammeprogrammet til EU om forbrukarpolitikk, kan overførast**

Noreg deltek i EUs forbrukarprogram, *Consumer Programme 2014–2020*. Dette programmet er i hovudsak ei vidareføring av rammeprogrammet for perioden 2007–2013, *Consumer Programme 2007–2013*. Sjølv om det førre programmet blei avslutta i 2013, held enkelte aktivitetar fram, og deltakarlanda kan ha økonomiske forpliktingar i 3–5 år etter avslutningsåret. I 2017 vil BLD såleis ha utgif-

ter knytte til begge programma, og hovuddelen av posten dekkjer desse kontingentkostnadene.

Forbrukarprogrammet har som mål å medverke til å verne helsa, tryggleiken og dei økonomiske interessene til forbrukarane, så vel som retten til forbrukarinformasjon, utdanning og organisering av forbrukarinteressene. Programdeltakinga inneber mellom anna at Forbrukarombodet og andre tilsyn deltek i samarbeidet om handheving over landegrensene, og at Forbrukar Europa kan formidle råd og hjelp til norske forbrukarar som handlar over landegrensene.

Posten skal òg dekkje departementet sin del av kontingentutgifta til EU-programmet om sam-

virkeløysingar for offentleg forvaltning i europeiske land, *Interoperability Solutions for European Public Administrations (ISA)*. Ved behandlinga av Prop. 75 S (2015–2016) i mai 2016 gav Stortinget samtykke til å innlemme arvtakaren ISA<sup>2</sup> (2016–2020) i EØS-avtalen.

Storleiken på dei årlege bidraga varierer med ulike faktorar, som aktiviteten under programma, EØS-budsjettet og valutautviklinga. Det kan derfor vere vanskeleg å anslå utgiftene.

Departementet føreslår ei samla løyving på 6 mill. kroner i 2017.

## Kap. 867 Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukartvistutvalet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag
		2015	Saldert budsjett 2016	
01	Driftsutgifter	9 552	10 445	11 498
	Sum kap. 0867	9 552	10 445	11 498

### Status for verksemda

Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukartvistutvalet har som oppgåve å førebu saker som skal avgjerast i Marknadsrådet og Forbrukartvistutvalet (FTU). Førebuinga av sakene for FTU legg beslag på størstedelen av ressursane.

Marknadsrådet behandlar hovudsakleg saker om marknadsføring som blir lagde fram gjennom Forbrukarombodet. I tillegg er Marknadsrådet klageinstans for saker om brot på merkereglane i tobakksskadelova og reklameforbodet i denne lova og i alkohollova. Marknadsrådet er òg klageinstans for vedtak som Statens medieforvaltning har gjort i medhald av kringkastingslova § 3-1 tredje ledd om reklame for livssyn eller politiske budskapar.

FTU behandlar tvistar om forbrukarkjøp, handverkartenster og angrerett mellom næ-

ringsdrivande og forbrukarar og mellom private partar. Vedtaka er bindande for partane og får verknad som ein dom, med mindre saka blir bringa inn for tingretten. Ein tvist som forbrukaren ønskjer å bringe inn for FTU, må først ha vore behandla av Forbrukarrådet.

### Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer utgifter til lønn for tilsette og andre driftsutgifter ved sekretariatet, i tillegg til godtgjering mv. til medlemmene i Marknadsrådet og FTU. Løyvinga er mellom anna auka med 0,8 mill. kroner som følgje av forenkla modell for premiebetaling til Statens pensjonskasse.

Departementet føreslår ei samla løyving på 11,5 mill. kroner i 2017.

## Kap. 868 Forbrukarombodet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag
		2015	Saldert budsjett 2016	
01	Driftsutgifter	24 233	23 274	27 115
	Sum kap. 0868	24 233	23 274	27 115



## Status og hovudoppgåver for verksemda

Forbrukarombodet (FO) skal føre tilsyn med at marknadsføringa og vilkåra i standardkontraktane til dei næringsdrivande er i samsvar med marknadsføringslova. Lova gjeld alle typar varer og tenester som blir marknadsførte til forbrukarane. Ombodet prioriterer i særleg grad tilsynsarbeid i dei marknadane som har dei største økonomiske følgjene for flest forbrukarar, mellom anna marknadene for finans, bustad og ekom-tenester.

FO fører tilsyn med at næringsdrivande følgjer reglane i angrerettlova. Ombodet er òg nasjonalt kontaktpunkt for e-handel etter e-handelslova. I tillegg har FO ansvaret for å føre tilsyn med marknadsføring av alternativ behandling og visse reglar om marknadsføring i kringkastingslova og finansavtalelova. Gjennom marknadsføringslova fører FO òg tilsyn med anna lovverk som tek vare på forbrukarinteresser.

Dei fleste sakene FO tek opp til behandling kvart år, løyser seg gjennom dialog med dei næringsdrivande. Visse typar omfattande lovbrøt og saker som ikkje blir løyste gjennom dialog, kan leggjast fram for Marknadsrådet, som kan gjere forbodsvedtak med tvangsmulkt eller vedtak om lovbrøtsgebyr.

FO arbeider òg for å betre vernet for sårbare forbrukargrupper. Ombodet legg særleg vekt på å forhindre ulovlege oppmodingar om kjøp til mindreårige og arbeider for rimelige kontraktvilkår og korrekt marknadsføring til unge forbrukarar.

Vidare arbeider FO internasjonalt for å betre forbrukarvernet. Ombodet er med i eit europeisk samarbeid der tilsynsmakter i alle dei europeiske landa samarbeider for å hindre ulovleg marknadsføring over landegrensene. I tillegg er FO aktive i arbeidet i OECDs forbrukarkomiteé og ICPEN (International Consumer Protection and Enforcement Network).

## Resultatrapport og strategiar

### Resultatrapport 2015/2016

*Verne forbrukarar mot lovstridig marknadsføring på dei områda som har mest å seie økonomisk for forbrukarane*

Lån- og kredittmarknadsføring: FO har gripe inn i mange saker, dei fleste gjeld manglande opplysningar om effektiv rente og totalpris. FO kontrol-

lerte òg marknadsføring av kreditt og tilleggs-tenester i elektronikkforretningar og avdekte fleire lovbrøt i form av mangelfulle opplysningar.

Spare- og pensjonsmarknadsføring: Ein tilsynsaksjon avdekte tilfelle av fondsmarknadsføring med bruk av historisk avkastning utan nødvendige atterhald. Desse blei sende over til marknadsføringsutvalet hos Verdipapirfondenes forening for oppfølging.

Bustad: Ved tilsynsaksjonar som gjaldt bruk av urealistisk låge prisframlegg ved bustadsal (lokkepris) i bustadmarknaden i Oslo og Bergen, blei det ved fleire meklarkontor avdekt så store avvik at det frå Ombodet si side blei stilt spørsmål om praksisen var villeiande. Kontora blei bedt om å skjerpe rutineane for prissetjing.

Brukaromtalar: På bakgrunn av saksbehandling og dialog med næringsdrivande har FO utarbeidd ei rettleiing til næringsdrivande om bruk av brukaromtalar. Ombodet samarbeider òg med forbrukarstyresmaktar i andre land om ei felles tilnærming til spørsmåla brukaromtalar reiser etter marknadsføringslovgivinga.

Datatrafikk og hastigheit: FO gjennomførte fleire tilsynsaksjonar for å undersøkje om tilbydarar av mobilabonnement og internettaksess oppfylte krava til marknadsføring av hastigheit på datatrafikk. Ei rekkje TV-reklamar, radioreklamar og annonsar med villeiande hastigheitspåstandar blei stansa eller endra.

Abonnementsfeller på Internett: Ein tilsynsaksjon avdekte lovbrøt i 49 av 52 undersøkte annonsar og nettsider, noko som resulterte i at 19 norske bedrifter fekk brev om å endre eller tydeleggjere marknadsføringa.

E-handel: Forbrukarombodet har i to rundar sjekka om norske nettbutikkar følgjer krava i e-handelslova og angrerettlova. I den første tilsynsaksjonen oppfylte berre 31 butikkar alle krava. Aksjon nummer to viste ei vesentleg betring, og forbrukarane er hos dei undersøkte nettbutikkane no sikra den informasjonen og dei rettane dei har krav på etter lova. Prøvekjøpsundersøkingar avdekte manglar hos fleire nettbutikkar, men dei er etter saksbehandling retta opp.

Telefonsal: Marknadsrådet opprettheldt Forbrukarombodet sitt vedtak om gebyr for telefonsalselskapet Uno Lifes omfattande brøt på marknadsføringslova. Dette førte mellom anna til at norske forbrukarar ikkje lenger blei utsette for inndrivning av krav på til saman mange millionar kroner frå Uno Life via faktureringselskapet Avida Finans.

### *Betre vernet for forbrukarar i standardkontraktar*

Finans: Ein tilsynsaksjon avdekte at 49 bankar nytta innelåsande vilkår i strid med marknadsføringslova og finansavtalelova i avtalar om bustadsparringsprodukt til yngre kundar. Etter ein dialog med enkelte storbankar og Finans Norge lova alle bankane at dei ville endre vilkåra og fjerne oppseiingsgebyra.

Alle tilbydarane av nye betalingssystem, inkludert Strex (Telia og Telenors mobilbetalingssystem), DNB (Vipps), Danske Bank (Mobile Pay) og mCash, har endra marknadsførings- og avtalevilkåra etter dialog med FO.

Bustad: Ein av dei største bustadbyggjarane i landet endra vilkåra og marknadsføringa av eit nytt konsept, «Eie til leie», der det blei nytta ein kombinert modell av kjøp ved lånefinansiering og delvis leige.

IKT: Tilbydarane av kabel-TV har etter dialog med FO akseptert at tvunge koplingssal (krav om kjøp av TV-tenester for å få internettilgang) skal ta slutt i løpet av 2016.

### *Betre vernet for sårbare forbrukargrupper*

I byrjinga av mars lanserte Finans Norge saman med Forbrukarombodet *Økonomilappen.no* – eit opplæringsverktøy i personleg økonomi som skal bidra til å auke kunnskapsnivået hos unge forbrukarar. På dei første to vekene hadde over 20 000 besøkt den nye nettstaden.

Gjennom FOs samarbeid med Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga har Forbrukarombodet gått igjennom kontraktane til to utdanningsinstitusjonar. Begge aktørane endra kontraktane sine slik at dei gir rimelege vilkår for forbrukarane.

Ombodet tok i 2015 opp fleire saker med næringsdrivande som gjaldt ulovlege kjøps- og maseoppfordringar retta mot barn. Selskapa lova å marknadsføre seg i samsvar med lova i framtidige reklamar.

### *Arbeide internasjonalt for betre forbrukarvern*

FO har hatt tett kontakt med BLD i samband med EU-kommisjonen sitt arbeid med Digital Single Market, særleg når det gjeld forslaga til direktiv om forbrukarrettar ved kjøp av digitale tenester og distansehandel med varer.

Forbrukarombodet har delteke i ei rekkje europeiske samarbeidsprosjekt organiserte under CPC-komiteen (Komiteen i EU-nettverket for handheving av forbrukarregelverket), mellom anna i gruppa e-enforcement som særleg arbeider med netthandel, i prosjekt om urimelege avtalevil-

kår hos europeiske flyselskap og på to workshops om handhevinga av direktivet om urimelege avtalevilkår (93/13/EØF). Ombodet har òg gitt innspel til korleis handhevingssamarbeidet i Europa kan gjerast meir effektivt, inkludert kva verkemiddel handhevingsstyresmaktene bør ha ved brot på den felleseuropeiske forbrukarvernlovgivinga.

### *Strategiar og tiltak for 2017*

Ombodet bidreg til at forbrukarane kan ta enklare og tryggare val og ikkje bli lurte, og å hindre at det oppstår tvistar mellom forbrukarar og næringsdrivande.

### *Betre vernet for forbrukarar i standardkontraktar*

Forbrukarombodet vil gripe inn mot urimelege standardkontraktar på ulike livsområde, hovudsakleg på område som er økonomisk viktige for forbrukarane, som finansielle tenester, bustadmarknaden og ekom-tenester.

Forbrukarombodet vil òg følgje med på om det er nødvendig å stille krav til, og eventuelt nytte sanksjonar mot, urimelege kontraktar på andre marknader.

### *Verne forbrukarar mot lovstridig marknadsføring*

Forbrukarombodet vil føre tilsyn med at marknadsføring av lån og kreditt ikkje er villeiande, slik at forbrukarane ikkje går inn i kredittavtalar utan å vite kva prisen på kreditten er. Ombodet vil ha kontinuerleg tilsyn med spare- og pensjonsmarknadene og vil gripe inn mot ulovleg marknadsføring for å bidra til at forbrukarane ikkje går inn i omfattande avtalar som dei ikkje er gjorde godt nok kjende med konsekvensane av.

Forbrukarombodet vil arbeide vidare for at marknadsføring av bustader mellom anna gir god og riktig informasjon om alle kostnadene kjøparen er forplikta til å betale.

Forbrukarombodet vil halde fram arbeidet med å kontrollere at informasjon om telefoniabonnement, TV- og Internett-tenester på IKT-marknaden er riktig og lett tilgjengeleg for forbrukarane.

### *Betre vernet for den digitale forbrukaren*

Forbrukarombodet vil arbeide for at forbrukarane ikkje blir utsette for skjult eller villeiande reklame i redaksjonelle eller sosiale medium, at dei trygt kan delta i delingsøkonomien, og at brukaromtarar ikkje gir ei villeiande framstilling av erfaringane til forbrukarane. Det er knytt lange og uri-

melege vilkår til mange appar som forbrukarane nyttar. Forbrukarombodet vil arbeide for å gjere vilkåra for forbrukarane betre.

Innhenting og bruk av personopplysningar i den digitale økonomien utfordrar ikkje berre personvernet, men også forbrukarvernet. Personopplysningar om forbrukaren har stor verdi for næringsdrivande som ønskjer å selje eller nytte desse opplysningane i samband med marknadsføring. Handheving av lovverket som vernar forbrukarar mot bruk av personopplysningar og direkte marknadsføring utan samtykke, føreset samarbeid med Datatilsynet. Ombodet vil òg løfte desse spørsmåla opp i internasjonalt forbrukarvernsarbeid og lytte til innspel frå Forbrukarrådet.

#### *Arbeide internasjonalt for betre forbrukarvern*

Tilsynsoppgåvene til Forbrukarombodet følgjer i stor grad av plikter som Noreg er pålagde som følgje av EØS-avtalen. CPC-forordninga pålegg alle EU/EØS-landa å etablere eit system for effektivt vern av dei kollektive interessene til forbrukarane ved å føre tilsyn med at næringsdrivande overheld krava som følgjer av 17 forskjellige forordningar og direktiv. Forbrukarombodet har ansvaret for å føre tilsyn med det meste av dette regelverket. Som ein del av samarbeidet som er etablert gjen-

nom CPC-forordninga, er Forbrukarombodet forplikta til å behandle klager på norske næringsdrivande frå tilsynsstyresmakter i andre land. Kommissjonen har òg lagt fram forslag til ny CPC-forordning for å gjere handhevinga av regelverket meir effektiv. Forbrukarombodet vil prioritere å gi nye innspel i den vidare prosessen.

I samband med at EU-kommisjonen satsar stort på Digital Single Market, er det lagt fram forslag til direktiv om forbrukarrettar ved kjøp av digitale ytingar og ved fjernsal av varer. Det er òg sett i gang ein prosess med å revidere seks eksisterande direktiv som gir reglar om forbrukarvern. Forbrukarombodet vil i 2017 prioritere å gi innspel til det nye regelverket for å bidra til at forbrukarvernet blir godt.

#### **Post 01 Driftsutgifter**

Løyvinga skal dekkje lønn og andre driftsutgifter hos Forbrukarombodet. Departementet føreslår å auka løyvinga med 0,9 mill. kroner til tilsynsoppgåver hos ombodet. Løyvinga er òg auka med 2,4 mill. kroner som følgje av forenkla modell for premiebetaling til Statens pensjonskasse.

Departementet føreslår ei løyving på 27,1 mill. kroner.

### **Kap. 3868 Forbrukarombodet**

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag
		2015	Saldert budsjett 2016	
01	Diverse inntekter	353		2017
	Sum kap. 3868	353		

## Programkategori 11.40 Likestilling og ikkje-diskriminering

### Hovudinnhald og prioriteringar

Regjeringa har som mål i likestillingspolitikken at alle skal ha like moglegheiter og fridom til å treffe egne val. BLD har det overordna ansvaret for koordinering av politikken på områda likestilling og ikkje-diskriminering. Sektordepartementa har ansvar for likestillingspolitikken på egne sektorområde. Offentlege styresmakter har eit sjølvstendig ansvar for at kvaliteten på tenestene er tilpassa behova til brukarane, og at dei er tilgjengelege for alle, uavhengig av alder, funksjonsevne, kjønn, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, religion og livssyn.

Regjeringa tek sikte på å leggje fram eit forslag om ei felles likestillings- og diskrimineringslov for Stortinget våren 2017. Målet er eit styrkt og meir brukarvennleg, oversiktleg og samanhengande vern mot diskriminering. Regjeringa vil på grunnlag av utgreiinga *Utredning av håndhevings- og virkemiddelapparatet på likestillings- og ikke-diskrimineringsområdet* (PWC, 2016), leggje fram forslag til ny organisering av handhevingsapparatet.

Regjeringa har med Meld. St. 7 (2015–2016) *Likestilling i praksis – Like muligheter for kvinner og menn* lagt eit langsiktig perspektiv for likestillingsarbeidet. Det krev eit langsiktig og målretta arbeid å møte utfordringane som er knytte til like-

stilling. BLD samordnar innsatsen til regjeringa og følgjer utviklinga over tid.

Regjeringa la i juni 2016 fram planen *Trygghet, mangfold, åpenhet. Regjeringens handlingsplan mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk* (2017–2020). Planen legg opp til ein innsats for å styrkje rettar og kår for LHBTI: lesbiske, homofile, bifile, transpersonar og interkjønn-personar. Dei sistnemnde er for første gong inkluderte i ikkje-diskrimineringsarbeidet.

BLD samordnar gjennomføringa av *Regjeringens handlingsplan for universell utforming* (2015–2019). Det er tiltak på områda til ti departement i handlingsplanen som involverer ei rekkje direktorat og statlege verksemder, stiftingar og organisasjonar.

Regjeringa vil motverke hatefulle ytringar og vurderer korleis ein vil nedkjempe slike ytringar. Regjeringa vil i 2016 leggje fram ein strategi mot hatefulle ytringar.

Noreg har formannskapet i Nordisk ministerråd i 2017. BLD har ansvaret for Ministerrådet for likestilling (MR-JÅM) og sosial- og helsepolitikk (MR-S). Viktige prioriteringar for BLD i MR-JÅM vil vere arbeidet mot vald og hatefulle ytringar og arbeidet for likestilling i arbeidslivet. I MR-S vil universell utforming og velferdsteknologi vere prioriterte område.

### Mål

For 2017 blir desse måla prioriterte:

Hovudmål	Delmål
3: Eit samfunn med like moglegheiter og utan diskriminering	3.1: Eit meir likestilt samfunn med like rettar 3.2: Eit godt og effektivt handhevingsapparat

### Delmål 3.1 Eit meir likestilt samfunn med like rettar

Resultatrapport 2015/2016

*Diskrimineringsgrunnlaga*

*Likestilling mellom kvinner og menn*

Regjeringa fremma Meld. St. 7 (2015–2016) *Likestilling i praksis – Like muligheter for kvinner og menn* for Stortinget 9. oktober 2015. Meldinga løftar fram utfordringar knytte til likestilling på sentrale samfunnsområde: oppvekst og utdanning, arbeidsliv, vald og overgrep, helse og næringsliv og entreprenørskap. Både manns- og minoritetsperspektiva er gjennomgåande. I meldinga blir strategiar og verkemiddel som skal bidra til eit meir likestilt samfunn, presenterte.

BLD er med og finansierer Kjernemiljø for likestillingsforskning (CORE) ved stiftinga Institutt for samfunnsforskning i Oslo. CORE har mellom anna etablert eit måleinstrument for å følgje utviklinga i kjønnsbalansen i toppleiarstillingar i næringslivet. Med instrumentet kan ein følgje med på utviklinga over tid og samanlikne Noreg med andre land.

*Likestilling og verdiskaping. Om kvinners yrkesdeltaking og betydning for økonomisk vekst* (CORE-Rapport 2016:10) viser at veksten i kvinners sysselsetjing har hatt stor betydning for verdiskapinga i Noreg. Som ein enkel illustrasjon undersøkte forskarane korleis situasjonen hadde vore dersom vi ikkje hadde hatt sysselsetjingsvekst blant kvinner i perioden 1972–2013. Da ville Fastlands-BNP summert over 40 år vore 3 300 mrd. kroner lågare enn det reelt sett har vore. På den andre sida, om kvinner hadde jobba like mykje som menn i heile perioden, ville Fastlands-BNP summert over perioden vore 2 300 mrd. kroner høgare enn det reelt sett har vore.

CORE gav i samarbeid med tidsskriftet *Søkelys på arbeidslivet* ut eit temanummer om likestilling og kjønnsforskjellar i arbeidslivet (2015/4). Her blir viktige tema tekne opp, mellom anna nye funn om betydninga av haldningar når det gjeld kjønnsforskjellar i sjukefråvær, kor mykje barn betyr for kvinners og menns sjukefråvær, og kvinndominansen i offentleg sektor.

CORE arrangerte i mai 2015 eit nordisk nettverksseminar om kjønnsdeling på dei nordiske arbeidsmarknadene og ein konferanse om usynlege barrierar mot avansement i organisasjonar og næringsliv. CORE arrangerte også, i samarbeid med ARENA, eit seminar om EU og likestillingspolitikk. Slike arrangement er ein av måtane CORE skaper og fremmar møteplassar mellom

ulike miljø som arbeider med kjønn og likestilling.

Departementet viser til Prop. 1 S (2015–2016) for omtale av boka *Kjønnsdeling og etniske skiller på arbeidsmarkedet*, som CORE gav ut i 2015.

Rapporten *Kunnskapsstatus om seksuell trakassering blant unge* (mars 2016), som NTNU har utført for departementet, viser at det å bli utsett for seksuell trakassering i form av uønskt seksuell merksemd blant elevar i ungdomsskolen og vidaregåande opplæring er eit problem. Seksuell trakassering synest å vere relatert til visse personlege karaktertrekk og åtferd, og rammar enkelte grupper meir enn andre. Seksuell trakassering synest å ha negativ effekt på den psykiske helsa til ungdommane.

Senter for likestilling ved Universitetet i Agder, Likestillingssenteret i Hamar, KUN – senter for kunnskap og likestilling i Steigen og Reform – ressurscenter for menn er kunnskaps- og ressursmiljø for å fremme likestilling og mangfald. Likestillingssentera skal følgje opp lokale og regionale verksemdar gjennom opplæring, rettleiing og erfaringsutveksling i arbeidet med å fremme likestilling og hindre diskriminering. Reform har som hovudoppgåve å fremme eit mannsperspektiv og deltaking frå menn i likestillingsarbeidet. I tillegg til å arbeide med å sikre eit mannsperspektiv i likestillingsarbeidet har Reform mellom anna arbeid med eit felles nordisk prosjekt om kjærastevald. Departementet har bidrege med finansiering ved sentera og Reform av aktivitetar som forskning, informasjon og rettleiing, og med å motivere offentlege og private verksemdar til aktivt likestillingsarbeid.

Arbeidsgruppe for likestilling i arbeidslivet er sett saman av partane i arbeidslivet, Arbeids- og sosialdepartementet og BLD. Gruppen er eit sentralt kontaktforum mellom partane og skal forankre likestilling i Arbeidslivs- og pensjonspolitisk råd (ALPR). Likestilling har årleg vore tema i ALPR, sist i mai 2015, da likestillingsministeren orienterte om den komande likestillingsmeldinga og diskriminering i arbeidslivet

Bufo har utarbeidd eit indikatorsett som skal måle kjønnslikestilling over tid. Indikatorar på arbeid, utdanning, politikk og leiarskap vil bli lansert hausten 2016. Indikatorane gjer greie for status og utvikling innan tema som er viktige i ein norsk kontekst, og kan vere eit hjelpemiddel i internasjonal rapportering.

Bufo bidreg òg til arbeidet med kjønnslikestilling gjennom forvaltning av tilskot til organisasjonar som arbeider med kjønnslikestilling og pådrivararbeid overfor kommunar og andre sektorar. Ni

slike organisasjonar fekk driftstilskot i 2015, og 12 organisasjonar fekk tilskot til målretta aktivitetar. Dette er aktivitetar som fremmar mangfald og auka aktivitet blant frivillige organisasjonar som arbeider med familie- og likestillingspolitikk i Noreg. Frå og med 2016 er aktivitetar som bidreg til å styrkje likestillingsarbeid for kvinner med minoritetsbakgrunn, likestillingsarbeid knytt til menns roller og arbeid for å motverke kjønnsstradisjonelle utdanningsval prioriterte.

#### *Seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk*

Handlingsplanen *Trygghet, mangfold, åpenhet. Regjeringens handlingsplan mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk* (2017–2020) blei lansert i juni 2016. Handlingsplanen har desse innsatsområda: trygge nærmiljø og offentlege rom, likeverdige offentlege tenester og betre livskvalitet for særleg utsette grupper. Handlingsplanen fører også vidare Noregs internasjonale innsats og samarbeidet mellom styresmaktene og organisasjonane på dette feltet.

Buudir gav i 2015 tilskot til dei sentrale LHBT-organisasjonane og til ei rekkje ulike tiltak og prosjekt som bidreg til betre livskvalitet og levekår for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar. Levekårsundersøkinga frå 2013 viste at tilhøva for LHBT-gruppa blir stadig betre, men at det er interne forskjellar i gruppa. Mellom anna var det lite kunnskap om korleis det er å vere «ung og skeiv på bygda» i Noreg. Dette var bakgrunnen for prosjektet *Skeiv på bygda*, som blei gjennomført av KUN – senter for kunnskap og likestilling i Steigen i 2015. Ungdomsskolen er svært krevjande for mange unge LHBT-personar som bur i bygder eller i mindre byar. I denne samanhengen ser Buudir behov for å drive informasjons- og pådrivararbeid om likestilling og ikkje-diskriminering på kommunalt plan.

Buudir gir tilskot til aktivitetar slik at frivillige organisasjonar får høve til å informere og skape merksemd, debatt og haldningsendringar. I 2015 blei det gitt tilskot til 13 slike aktivitetar. Eitt av prosjekta var *Regnbuedagene i Bergen*, som er ein årleg festival arrangert av Landsforeningen for lesbiske og homofile, og som set LHBT-tematikk på dagsordenen.

#### *Etnisitet*

Buudir fekk i 2014 ansvar for å byggje opp kompetanse om likestilling og ikkje-diskriminering knytt til etnisitet og livssyn. I 2015 blei dette arbeidet

styrkt og vidareutvikla, og Buudir har prioritert å få oversikt over den statlege ansvarsdelinga og identifisere moglege samarbeidsflater. Buudir fekk frå 2015 ansvaret for å koordinere Forum om etnisk diskriminering. Forumet er ein møteplass for statlege aktørar som skal medverke til at offentlege tenester ikkje diskriminerer etniske minoritetar.

Brukarmedverknad er ei viktig kjelde til kunnskap om diskriminering og utfordringar på feltet. Buudir arrangerte derfor i 2015 eit dialogmøte med innvandrorganisasjonar og organisasjonar som representerer nasjonale minoritetar og den samiske befolkninga.

For å auke kompetansen og kunnskapsgrunnlaget om etnisk diskriminering, bestilte Buudir i 2015 forskingsrapporten *Diskriminering av samer, nasjonale minoriteter og innvandrere i Norge. En kunnskapsgjennomgang* (Institutt for samfunnsforskning, Rapport 2015:001). Rapporten viser at innvandrarar i Noreg opplever diskriminering på dei fleste samfunnsområda, og at det er behov for meir kunnskap om diskriminering av samar og nasjonale minoritetar.

#### *Nedsett funksjonsevne*

Buudir gav i 2015 samla 193,5 mill. kroner i tilskot til drift og aktivitetar i regi av organisasjonar for funksjonshemma.

Tilskot til organisasjonar for funksjonshemma er den største ordninga. Ordninga skal sikre drift av organisasjonar for funksjonshemma og leggje til rette for deltaking i organisasjonane, vidare at organisasjonane kan drive interessepolitisk arbeid, likepersonsarbeid og gi service til medlemmene. 133 organisasjonar fekk støtte til drift i 2015. Organisasjonane som fekk tilskot, representerer til saman over 400 000 medlemmer. Dei to største organisasjonane som har fått støtte til drift, er Funksjonshemmedes Fellesforbund og Samarbeidsforumet av Funksjonshemmedes Organisasjoner.

Tilskot til *Sommarleir for barn og unge med nedsett funksjonsevne med særskilt store hjelpebehov* i regi av organisasjonar for funksjonshemma: Det overordna målet med tilskotsordninga er at organisasjonane skal få høve til å gjennomføre sommarleirar for barn og unge med nedsett funksjonsevne med særleg store hjelpebehov. I 2015 fekk om lag 30 organisasjonar tilskot og i overkant av 1 000 barn og unge med særleg store hjelpebehov var deltakarar. Ein av dei største mottakarane av tilskot til sommarleir er Cerebral Parese-Foreningen.

Tilskot til ferie- og velferdstiltak for personar med nedsett funksjonsevne: Det overordna målet med tilskotsordninga er å gjere frivillige organisasjonar og stiftingar betre i stand til å gjennomføre gode velferds-, fritids- og ferietiltak for personar med nedsett funksjonsevne. Dei 100 tiltaka som fekk tilskot, nådde i underkant av 6 000 deltakarar. Ein av dei største mottakarane av tilskot er Røde Kors Sentrene AS, som arrangerer 16 ulike aktivitetsleirar med dette formålet.

Tilskot til tiltak for å betre levekåra og livskvaliteten for menneske med nedsett funksjonsevne har som formål å støtte aktivitetar og drift som medverkar til debatt og haldningsendringar, deltaking og kunnskap, eller som gjennom direkte tiltak er med på å betre levekåra for menneske med nedsett funksjonsevne. Tilskotet til Klar Tale sikrar drifta av ei lettlesne avis for menneske med språk- og lesevanskar. Støtta til stiftinga SOR sikrar drift av arbeidet med haldningar og kunnskapsformidling om mellom anna moglegheitene og rettane til utviklingshemma. Ytterlegare fem organisasjonar fekk driftstilskot. I 2015 fekk 15 prosjekt aktivitetstilskot til mellom anna haldningskampanjar, forskning og ulike kulturarrangement for målgruppa.

Buudir lanserte nettsida Levekårsstatus for menneske med nedsett funksjonsevne i mars 2015. Nettsida gjer forskning og statistikk om levekåra til menneske med nedsett funksjonsevne i Noreg tilgjengeleg. Innhaldet på sida blir oppdatert årleg. Levekårsstatusen viser at familiar der eitt eller fleire medlemmer har nedsett funksjonsevne, møter ekstra utfordringar og langt oftare enn andre familiar er i kontakt med det offentlege hjelpeapparatet. Levekårsstatusen viser òg at menneske med nedsett funksjonsevne har eit lågare sysselsetjingsnivå enn resten av befolkninga. I 2015 var berre 43 prosent av personar med nedsett funksjonsevne i arbeid, mot 74 prosent av befolkninga generelt. Vidare viser det seg at sjansen for å vere i arbeid er 4,5 gonger større for dei med høgare utdanning enn for dei med grunnskole som høgaste utdanning.

Regjeringa vil føre vidare programmet *Rettigheter for utviklingshemmede*. Buudir har i februar 2016 oppdatert programmet. Programmet er digitalisert frå 2016.

Det blei våren 2015 gjennomført ein rundebordskonferanse i BLD om overordna politiske saker der politikarar frå dei aktuelle departementa møtte paraplyorganisasjonane til dei funksjonshemma. Tema var tiltak for å auke arbeidsdeltakinga for menneske med funksjonsnedsetjingar.

#### *Vedtak nr. 357, 25. februar 2014*

I samband med behandlinga av Meld. St. 45 (2012–2013) *Frihet og likeverd – Om mennesker med utviklingshemming* vedtok Stortinget 25. februar 2014 oppmodingsvedtak nr. 357, jf. Innst.127 S (2013–2014):

«Stortinget ber regjeringa nedsette et bredt sammensatt utvalg som skal foreslå egnede og konkrete tiltak som styrker grunnleggende rettigheter til personer med utviklingshemming sin autonomi, privatliv, familieliv og samfunnsdeltakelse. Mandatet til utvalget må inkludere mål, tiltak, kompetanse, rettsikkerhet, økonomi og styringssystem som sikrer at nasjonale politiske mål innfris.»

Regjeringa har sett ned eit breitt samansett utval, som overleverte utredninga si 3. oktober 2016. Sjå også omtale på s. 78 under punkt 2.8 i Prop. 122 S (2015–2016).

#### Overgripande tema innan likestilling og ikkje-diskriminering

##### *Felles likestillings- og ikkje-diskrimineringslov*

Regjeringa vil styrkje likestillinga og skape eit betre diskrimineringsvern for alle. I oktober 2015 sende regjeringa eit forslag om ei ny, felles likestillings- og diskrimineringslov på brei høyring med frist 22. januar 2016. Målet med å samle dagens fire diskrimineringslover i ei felles lov er eit sterkare og meir brukarvennleg, oversiktleg og samanhengande vern mot diskriminering.

Departementet fekk inn om lag 300 høyringsvar og arbeider i 2016 med å vurdere innspela frå høyringa.

##### *Universell utforming*

*Regjeringens handlingsplan for universell utforming* (2015–2019) blei lagd fram i januar 2016. Planen inneheld 47 tiltak med hovudvekt på IKT og velferdsteknologi. I tillegg blir løpande tiltak på sentrale område følgde opp. Det gjeld mellom anna transport, bygningar og uteområde.

Innan velferdsteknologi tek handlingsplanen mellom anna føre seg kvardagsteknologi i form av praktiske produkt som kan kjøpast i vanlege butikkar. Dåverande Statens institutt for forbruksforskning (SIFO) fekk i 2015 i oppdrag å greie ut korleis forbrukarar kan få best mogleg informasjon om slike produkt.

BLD vil koordinere handlingsplanen med bistand frå Bufdir. Deltasenteret i Bufdir er staten sitt kompetansesenter for deltaking og tilgjengelegheit. Ein sentral del av arbeidet til Deltasenteret er å skaffe fram og ta i bruk kunnskapsgrunnlag om universell utforming og å støtte prosjekt og tiltak gjennom økonomiske tilskot. I 2015 prioriterte direktoratet prosjekt for universell utforming av IKT, registrering av universell utforming i bygningar og uteområde, i tillegg til universell utforming i reisekjeda.

Eit prosjekt om kollektivtransport var prioritert ved tildelinga frå tilskotsordninga for universell utforming i 2015. Hovudresultatet av prosjektet var at Bufdir fekk formalisert samarbeidet med den regionale transportsektoren, og at det blei etablert eit nasjonalt nettverk for universell utforming innan kollektivtransport.

Menneske med nedsett funksjonsevne bruker digitale tenester i mindre grad enn andre. Samtidig er digitalt nærvær ein føresetnad for like moglegheiter til å delta i samfunnet. Bufdir arbeider målretta med digitalt nærvær for menneske med nedsett funksjonsevne gjennom program for universell utforming av IKT.

#### *Vedtak nr. 106, 5. desember 2012*

I samband med behandlinga av Prop. 1 S (2012–2013) vedtok Stortinget 5. desember 2012 oppmodingsvedtak nr. 106:

«Stortinget ber regjeringen leggje fram forslag om en fremdriftsplan for å nå den vedtatte visjonen om et universelt utformet samfunn frem mot 2025.»

Oppmodingsvedtaket har bakgrunn i visjonen om eit universelt utforma samfunn fram mot 2025 frå *Handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet (2009–2013)*. Ei ekstern evaluering og breie innspelsprosessar i 2013 konkluderte med at den breie satsinga i mange sektorar legg til rette for eit universelt utforma samfunn fram mot 2025.

Regjeringa la 29. januar 2016 fram *Regjeringens handlingsplan for universell utforming (2015–2019)*, som har hovudvekt på IKT og velferdsteknologi. I tillegg blir arbeid på sentrale samfunnsområde som bygg, planlegging, uteområde og transport følgt opp.

Departementet har sommaren 2016 motteke ein rapport frå Bufdir som viser ulike framtidsscenario for å få eit meir universelt utforma samfunn. Rapporten er no til vurdering i departementet.

#### *Hatefulle ytringar*

Departementet støtta *Stopp hatprat-kampanjen*, som blei ført vidare i 2015. I samband med kampanjen blei det mellom anna arrangert debattar mellom grupper som er ramma av hatprat. Regjeringa lanserte 27. november 2015 ei politisk erklæring mot hatefulle ytringar, som representantar for partane i arbeidslivet, politiske parti, frivillige organisasjonar, utdanningssektoren, justissektoren, media og enkeltpersonar har slutta seg til. Hausten 2016 lanserer regjeringa ein strategi mot hatefulle ytringar.

Som ein del av arbeidet mot hatefulle ytringar blir det hausten 2016 arrangert ein ungdomskonferanse med hatefulle ytringar som tema. Konferansen er eit samarbeid mellom BLD, Bufdir og *Stopp hatprat-kampanjen*.

Regjeringa ønskjer å få meir kunnskap om området hatefulle ytringar. Bufdir har derfor sett i gang eit forskingsprosjekt som ser på art, omfang og konsekvensar av hatefulle ytringar.

#### *Internasjonalt arbeid*

##### *FN*

Noreg er forplikta til å gjennomføre FN-konvensjonane som staten har slutta seg til, og til å rapportere til FN om gjennomføringa – som hovudregel kvart fjerde år. BLD har ansvar for å samordne gjennomføringa av pliktene Noreg har etter FN-konvensjonen om diskriminering av kvinner, FN-konvensjonen om rasediskriminering, FN-konvensjonen om rettार for menneske med nedsett funksjonsevne og FN-konvensjonen om barnerettane. BLD har òg oppfølgingsansvar for sentrale FN-resolusjonar på eige fagområde.

I 2015 leverte BLD Noregs første rapport til FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD-komiteen). Rapporten gir eit overblikk over norsk politikk for menneske med nedsett funksjonsevne, samtidig som han gjer greie for oppfølginga av dei enkelte artiklane i konvensjonen.

I august 2015 blei Noreg høyrte av CERD-komiteen, som overvakar FN-konvensjonen om rasediskriminering. BLD vil i 2016 levere ein oppfølgingsrapport om nokre av anbefalingane frå komiteen. Rapportane blir publiserte på *regjeringen.no*.

BLD deltek på dei årlege møta i kvinnekommisjonen i FN og følgjer arbeidet i tredje komité i Generalforsamlinga og i FN's sosialkommisjon. I februar 2016 rapporterte Noreg til CEDAW-komiteen, som overvakar FN-konvensjonen om diskriminering av kvinner.



### *Europarådet*

Noreg er medlem av Europarådet, som arbeider for å fremme menneskerettar og demokrati. I 2015 har BLD, i samarbeid med Arbeids- og sosialdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet, følgt opp spørsmål om likestilling, ikkje-diskriminering, familie, barn, fattigdom og andre velferds- og sosialpolitiske tema i European Committee for Social Cohesion, Human Dignity and Equality (CDDECS). CDDECS har utvikla strategiar for Europarådet som skal setje premisane for prioriteringane og innsatsområda for rådet framover på områda likestilling mellom kvinner og menn, rettar for menneske med nedsett funksjonsevne og rettar for barn. Noreg er representert ved Bufdir i ekspertkomiteane i Europarådet.

### *EU/EØS*

Innanfor ramma for EU/EØS-samarbeidet medverkar Noreg til ei ny politikk- og regelverksutvikling innan likestilling og ikkje-diskriminering knytt til utvikling av like moglegheiter for kvinner og menn, rettar for personar med nedsett funksjonsevne og lesbiske, homofile, bifile, transpersonar og interkjønn (LHBTI). BLD deltek i høgnivågrupper og rådgivande komitear der mellom anna omsetjing av europeiske initiativ og direktiv i nasjonale tiltak og regelverk står på dagsordenen.

BLD har mellom anna delteke i Europakommisjonen si høgnivågruppe for ikkje-diskriminering, likestilling og mangfald (GEG), høgnivågruppa om rettar for menneske med nedsett funksjonsevne (DHLG) og Europakommisjonen sin rådgivande komité for like moglegheiter for kvinner og menn (ADV). BLD har leidd og vil halde fram med å leie arbeidet i EFTAs arbeidsgruppe for familie, likestilling og ikkje-diskriminering.

Tema i høgnivågruppene og i den rådgivande komiten har mellom anna vore likestillingsdimensjonen i EUs digitale agenda, konsekvensar og utfordringar ved deltid og ved ein kjønnssegregert arbeidsmarknad, oppfølging av FN-konvensjonen om rettar for personar med nedsett funksjonsevne (CRPD), diskrimineringsstatistikk, strategiske rammer for likestillingspolitikken og tiltaksliste for LHBT-initiativ på europeisk nivå.

### *Nordisk samarbeid / Ministerrådet for likestilling (MR-JÄM)*

Noreg er medlem i Nordisk ministerråd (NMR), som er det offisielle samarbeidsorganet for dei

nordiske regjeringane. Barne- og likestillingsministeren deltek i Ministerrådet for likestilling (MR-JÄM) og Ministerrådet for sosial- og helsepolitikk (MR-S) saman med helse- og omsorgsministeren og arbeids- og sosialministeren.

Danmark hadde formannskapet i Nordisk Ministerråd i 2015 og la opp programmet sitt etter det nyleg vedtekne formannsprogramsprogrammet for 2015–2018, *Tilsammans för jämställdhet – ett starkare Norden*. Som overgripande tema har dei nordiske likestillingsministrane einast om 1) det offentlege rommet og 2) velferd og innovasjon. Som tverrgående tema ønskjer ministrane å leggje hovudvekta på arbeidet med 1) aktiv deltaking frå gutar og menn i likestillingsarbeidet og 2) berekraftig utvikling.

I MR-JÄM fokuserte Danmark i 2015 på det offentlege rommet og likestilling og utdanning. Med dette som hovudtema har ministrane under dansk leiing gjennomført fleire tiltak, eitt av dei var ein større konferanse om hatefulle ytringar retta først og fremst mot kvinner. Eit resultat av konferansen er ein rapport med fleire anbefalingar til oppfølging. I 2016 har Nordisk institutt for kunnskap om kjønn (NIKK) fått i oppdrag å gjennomføre ei kartlegging av hatefulle ytringar i alle dei nordiske landa. Prosjektet skal sjå på kva rettar den enkelte har, og det juridiske handlingsrommet ein har. Oversikta skal vere ferdig våren 2017. Rapporten skal konkludere med råd om politikkutvikling på feltet.

I tillegg har ministrane vedteke at det skal utarbeidast informasjonsmaterieil retta mot barn og unge i alderen 10–18 år. Informasjonsmaterieilet skal gi kunnskap om hatefulle ytringar, konsekvensar av hatefulle ytringar og korleis ein kan førebyggje og nedkjempe slike ytringar. Det er også eit mål at materieilet skal informere om ulike strategiar som barn og unge kan møte hatefulle ytringar med. Materieilet er tenkt brukt i alle dei fem nordiske landa. Vidare har ein arbeidd med tiltak for å bryte kjønnsstradisjonelle utdannings- og yrkesval og med kjønnsdimensjonen i flyttestraumen frå periferi til sentrum i Norden. Det er elles einigheit om å halde fram arbeidet for at gutar og menn skal ha ei aktiv rolle i likestillingsarbeidet. Derfor har ministrane fått gjennomført ei kartlegging om menn og likestilling i dei nordiske landa 2005–2015. Med rapporten følgjer ei rekkje døme på tiltak som bidreg til eit mannsperspektiv innanfor dette politikkområdet. Noreg er representert ved prosjektet *Menn i helse*. På ministermøtet 3. oktober 2016 vil ministrane diskutere om og korleis dei vil følgje opp dette arbeidet.

Finland har formannskapet i 2016. Ved sida av å følgje opp kartlegginga om mannspektivet i likestillingspolitikken vil Finland mellom anna leggje vekt på arbeidet mot vald i nære relasjonar, kjønnslemlesting og menneskehandel. Finnane vil også følgje opp ønsket frå ministrane om arbeid med likestilling i media og arbeid mot hatytringar.

I MRS har BLD ei mindre rolle innan rettane til menneske med nedsett funksjonsevne. Nordisk velferdssenter fekk utarbeidd rapporten *Situasjonen til samer med funksjonsnedsettelse* (Nordens Velferdssenter, 2016). BLD har òg fått omsett FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne til nordsamisk.

BLD følgjer på embetsmannsnivå opp arbeidet mellom ministermøta i embetsmannskomiteane for høvesvis likestilling (EK-JÄM) og sosiale saker (EK-S).

#### Strategiar og tiltak for 2017

Bufdir er BLDs fagdirektorat og skal mellom anna arbeide med å fremme likestilling og ikkje-diskriminering. Direktoratet skal vere eit gjennomføringsorgan for likestillingspolitikken og styrkje kompetansen i kommunar og andre sektorstyresmakter om likestilling og ikkje-diskriminering.

Reform – ressursenter for menn, Likestillingssenteret på Hamar og KUN – senter for kunnskap og likestilling i Steigen, er kunnskaps- og ressursenter for å fremme likestilling og mangfald. BLD vil i 2017 redusere driftstilskota til Likestillingssenteret og KUN til same nivå som løyvinga i 2015. Tilskota til Reform og prosjektstøtta til Senter for likestilling ved Universitetet i Agder skal først vidare.

Arbeidsmarknaden er eit viktig område når det gjeld å skape reell likestilling. Arbeids- og sosialdepartementet, BLD og partane i arbeidslivet vil føre vidare trepartssamarbeidet for likestilling i arbeidslivet. I Arbeidsgruppe for likestilling i arbeidslivet vil styresmaktene og partane arbeide for likestilling mellom menn og kvinner i arbeidslivet.

CORE – Kjernemiljø for likestillingsforskning skal framleis vere eit sentralt, kompetent og kraftfullt miljø for likestillingsforskning om arbeidslivet, med vekt på samspelet mellom familie og arbeidsliv. CORE skal bygge vidare på kompetansen som er bygt opp sidan 2013. Kjernemiljøet skal drive forskning, kunnskaps- og nettverksbygging og formidling av forskingsresultat.

#### Diskrimineringsgrunnlaga

##### *Likestilling mellom kvinner og menn*

BLD vil i 2017 jobbe med å følgje opp Stortingets behandling av Meld. St. 7 (2015–2016) *Likestilling i praksis – Like muligheter for kvinner og menn*.

Meldinga løftar fram utfordringar knytte til likestilling på sentrale samfunnsområde: oppvekst og utdanning, arbeidsliv, vald og overgrep, helse og næringsliv og entreprenørskap. Både manns- og minoritetsperspektiva er gjennomgåande. I meldinga blir strategiar og verkemiddel som skal bidra til eit meir likestilt samfunn, presenterte.

Som ein del av oppfølginga av likestillingsmeldinga vil BLD i 2017 byggje vidare på erfaringane frå pilotprosjektet om sertifisering av verksemder gjennom å føre vidare støtta til ei ordning for likestillings- og mangfaldssertifisering av verksemder i Aust- og Vest-Agder.

BLD føreslår også å auke støtta til prosjektet *Jenter og teknologi*, som er eit samarbeid mellom NHO og andre aktørar med mål om å auke talet på jenter i realfag på alle nivå. Det skal i 2017 mellom anna arrangerast konferansar og opplevings dagar for jenter på ungdomsskolar og vidaregåande skolar, der rollemodellar og bedrifter inspirerer og viser kva moglegheiter som finst innan realfag.

Bufdir skal i 2017 halde fram arbeidet med å samle og systematisere dokumentasjon og statistikk som gjeld likestilling mellom kvinner og menn. Direktoratet skal både vurdere eksisterande indikatorar og utvikle nye. Indikatorar på områda vald, familie og økonomi blei lanserte i 2016, og indikatorar på helse skal etter planen lanserast våren 2017. Indikatorane skal publiserast på heimesida til Bufdir. Arbeidet skal sjåast i samanheng med indikatorarbeidet på andre diskrimineringsgrunnlag og knytast til rapporteringa om internasjonale konvensjonar.

Ulike tilskotsordningar under BLD skal fremme likestilling og ikkje-diskriminering. Tilskotsordningane går til aktivitetar som fremmar mangfald og aukar aktiviteten i frivillige organisasjonar som arbeider med familie- og likestillingspolitikk i Noreg.

#### *Vedtak nr. 602, 603 og 611, 14. april 2016*

I samband med behandlinga av Meld. St. 7 (2015–2016) *Likestilling i praksis – Like muligheter for kvinner og menn* vedtok Stortinget 14 oppmodingar, jf. Innst. 228 S (2015–2016). Departementet har ansvaret for vedtak 602, 603 og 611.

### *Oppmodingsvedtak nr. 602*

«Stortinget ber regjeringen holde en årlig redegjørelse for Stortinget om status i arbeidet med å fremme likestilling og mangfold i alle sektorer. Andelen kvinnelige toppledere i virksomhetene departementet har ansvaret for, skal inngå i redegjørelsen.»

Barne- og likestillingsministeren vil greie ut om likestilling og mangfold første gong våren 2017.

### *Oppmodingsvedtak nr. 603*

«Stortinget ber regjeringen opprette et eget trepartssamarbeid for økt likestilling med partene i arbeidslivet.»

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte om oppmodingsvedtaket om eit eige trepartssamarbeid.

### *Oppmodingsvedtak nr. 611*

«Stortinget ber regjeringen levere et tillegg til statsbudsjettet som gir en likestillingsvurdering av statsbudsjettet i sin helhet.»

Departementet vil koordinere arbeidet med å lage eit eige tillegg til BLDs Prop. 1. S (2017–2018) som gir ei likestillingsvurdering av statsbudsjettet under eitt.

### *Seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk*

Regjeringa la i juni 2016 fram *Trygghet, mangfold, åpenhet. Regjeringens handlingsplan mot diskriminering på grunnlag av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk* (2016–2019). Planen bygger på oppdatert forskning og innspel frå ei rekkje organisasjonar på feltet, og skal bidra til eit målretta og godt forankra arbeid på mange sektorar.

Planen skal vere med på å styrkje rettar og kår for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar, og for første gong er også interkjønn-personar inkluderte i ikkje-diskrimineringsarbeidet frå styresmaktene si side. I planen er det mellom anna forslag om ein konkret innsats mot mobbing og trakassering i skolen og på Internett og mot hatkriminalitet. Det skal skaffast meir kunnskap om ulike former for «regnbogefamiliar» (nære relasjonar til LHBTI-personar) og om kår og utfordringar

blant ulike grupper som ofte elles er lite synlege, som LHBTI-personar med nedsett funksjonsevne, interkjønn-personar og LHBTI-personar med innvandrarbakgrunn. Planen legg opp til ein brei innsats for å styrkje kunnskapen om seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk og om kår og utfordringar for LHBTI-personar overfor ei rekkje sektorar og styresmakter både på nasjonalt og lokalt nivå. Det gode samarbeidet styresmaktene har med organisasjonane på feltet, og Noregs internasjonale innsats på LHBTI-feltet vil bli førte vidare med denne planen. Ni departement vil ha ansvar for å gjennomføre tiltaka i planen. BLD har det overordna koordineringsansvaret, medan Bufdir skal stå for fagleg gjennomføring, oppfølging og årleg statusrapportering.

### *Etnisitet*

*Forum om etnisk diskriminering* skal møtast fire gongar i 2017 for å sikre utveksling av kunnskap og identifisere samarbeidsområde i arbeidet mot etnisk diskriminering.

I 2017 skal Bufdir halde fram arbeidet med å samle og systematisere dokumentasjon og statistikk om likestilling og ikkje-diskriminering på alle grunnlag for diskriminering. Bufdir vil òg halde fram arbeidet med å utvikle indikatorar knytte til etnisk tilhørsle.

For å auke kompetansen og kunnskapsgrunnlaget om etnisk diskriminering initierte Bufdir i 2015 forskingsrapporten *Kunnskapsoppsummering om likestilling og diskriminering knyttet til etnisk opprinnelse og livssyn*. Rapporten viser at innvandrarar i Noreg opplever diskriminering på dei fleste samfunnsområda, og viser spesielt at det er behov for meir kunnskap om diskriminering av samar og nasjonale minoritetar.

Sommaren 2015 fekk Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter (HL-senteret) i oppdrag å gjennomføre ei ny undersøking av haldningane hos den norske befolkninga til jødar og andre minoritetar, og ein analyse av haldningane religiøse og etniske minoritetar har til kvarandre. Rapporten vil vere ferdig hausten 2017.

### *Nedsett funksjonsevne*

I løpet av 2017 vil *Levekårsstatus for personer med funksjonsnedsettelser* bli oppdatert med ny kunnskap og nye data. Eit område for vidareutvikling vil vere å betre datagrunnlaget på kommunenivå.

Programmet *Rettigheter for utviklingshemmede* (det tidlegare informasjons- og utviklingsprogrammet for menneske med utviklingshemming), som

blei digitalisert i 2016, vil i 2017 bli oppdatert i samarbeid med offentlege og private brukarar for å møte målgruppa på best mogleg måte.

Buudir skal i 2017 forvalte tilskot til drift og aktivitetar i regi av organisasjonane for funksjonshemma. BLD føreslår samanslåingar av enkelte av tilskotsordningane, noko som vil gjere det enklare for søkjarane og dessutan vere ressursparande.

#### *Overgripande tema som gjeld likestilling og ikkje-diskriminering*

##### *Felles likestillings- og diskrimineringslov*

Det lovbestemte vernet mot diskriminering er i dag spreidd på fleire lover – likestillingslova, diskrimineringslova om etnisitet, diskriminerings- og tilgjengelova og diskrimineringslova om seksuell orientering, i tillegg til enkelte reglar i andre lover.

Departementet tek sikte på å leggje fram eit forslag om ei felles likestillings- og diskrimineringslov for Stortinget våren 2017.

##### *Hatefulle ytringar*

BLD har ansvaret for å følgje opp regjeringa sin strategi mot hatefulle ytringar og samordne aktivitetane til sektordepartementa når det gjeld hatefulle ytringar.

BLD vil støtte *Stopp hatprat-kampanjen*, som har fått støtte frå 2014.

BLD planlegg som ein del av den norske formannskapet i Nordisk Ministerråd i 2017 å utarbeide kampanjar mot hatefulle ytringar retta mot unge. BLD arbeider for å få på plass ein internasjonal konferanse om hatefulle ytringar og halde dialogmøte med aktørar i det sivile samfunnet for å involvere dei i det vidare arbeidet mot hatefulle ytringar.

BLD vil følgje utviklinga framover gjennom kunnskapsutvikling og forskning om hatefulle ytringar og føre vidare Buudirs løyving til utarbeiding av kunnskapsgrunnlag om hatefulle ytringar.

##### *Universell utforming*

I *Regjeringens handlingsplan for universell utforming* (2015–2019) ligg finansiering av tiltak og prosjekt i kommunar, organisasjonar og private verksemder mv. Tiltaka blir administrerte av Deltasenteret i Buudir. Den breie tilnærminga i handlingsplanen med vekt på dei to sentrale temaa IKT og kvardagsteknologi og oppfølging av tiltak på viktige samfunnsområde vil halde fram i 2017. Ar-

beidet med å etablere ein internettportal for kvardagsteknologi vil truleg bli sett i gang.

EUs tilgjengelighetsdirektiv, European Disability Act, er EØS-relevant. BLD koordinerer arbeidet med å avklare konsekvensar av direktivet ved innføring i norsk lovverk.

Det er planlagt konferansar med temaa universell utforming og velferdsteknologi/kvardagsteknologi under den norske formannskapet i Nordisk ministerråd i 2017.

Deltasenteret i Buudir følgjer opp handlingsplanen for universell utforming, både overordna og gjennom ei rekkje tiltak. I dette arbeidet har Buudir tett kontakt med andre sektordirektorat, faglege organisasjonar og interesseorganisasjonar. Direktoratet vil presentere status og analysar for utviklinga av universell utforming i samfunnet på eigne nettsider og formidle nyheiter om universell utforming frå inn- og utland.

Buudir har òg ansvar for eit forum der mellom anna interesseorganisasjonane deltek. Forumet er ein arena for utveksling av informasjon og synspunkt på tiltak, profil og framdrift i handlingsplanen.

##### *Internasjonalt arbeid*

###### *FN*

I 2017 vil BLD prioritere arbeid med å følgje opp FN-konvensjonar som departementet har ansvar for å samordne gjennomføringa av. Noreg har levert landrapportar til kvinnekomiteen og komiteen som overvakar FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne. Når komiteane kallar inn Noreg til høyring om oppfølginga av desse konvensjonane, startar BLD i samarbeid med andre departement førebuinga til høyringane. Neste rapport til komiteen som overvakar FN-konvensjonen om rasediskriminering, skal leverast hausten 2017.

Oppfølging av Agenda 2030 og FNs berekraftsmål vil stå sentralt også i 2017, sjå omtale av berekraftsmåla under punkt 10 i Del III.

BLD vil delta i FNs kvinnekomisjon i mars 2017. Målet er at Noreg skal vere ei tydelig stemme i FN som taler kvinners og jenters sak.

BLD vil også i 2017 følgje arbeidet i tredje komité i Generalforsamlinga og i sosialkomisjonen.

Noreg har slutta seg til arbeidet med FNs berekraftsmål. BLD har ansvar for å følgje opp tiltaka innanfor fleire av delmåla, i tillegg til det nasjonale koordineringsansvaret for hovudmål 5. Sjå omtale i Del III, FNs berekraftsmål.

*Europarådet*

For mandatperioden 2016–2017 møter Bufdir på vegner av Noreg i styringskomiteane for likestilling og ungdomspolitikken og i ekspertkomiteane for rettar for personar med funksjonsnedsetjing og for barns rettar. Arbeidet med å følgje opp og utvikle vidare strategiane til Europarådet på dei respektive politikkområda står sentralt. BLD har det overordna og koordinerande ansvaret for den norske deltakinga i komitéarbeidet i Europarådet.

*EU/EØS*

Tre direktivforslag på likestillings- og ikkje-diskrimineringsområdet frå Europakommisjonen er til behandling i Rådet for den Europeiske Union og Europaparlamentet: ikkje-diskrimineringsdirektivet (2008), direktivet for balansert kjønnskvoltering til bedriftsstyre (2012) og tilgjengelegheitsdirektivet European Accessibility Act (2015). Europakommisjonen har kalla tilbake forslaget om eit såkalla svangerskapsdirektiv (2008), og vil kome med eit nytt initiativ for ein betre balanse mellom familie- og yrkesliv i 2017. Direktiva og initiativa har til felles at dei er EØS-relevante, og at dei vil kunne setje nokre rammer for politikktutviklinga i Noreg.

BLD vil følgje opp EUs strategiske rammer for utvikling av like mogeligheter for kvinner og menn, personar med funksjonsnedsetjingar og LHBTI-personar der Noreg har samanfallande interesser, og der det er eit tydeleg samspel mellom nasjonale prioriteringar og deltaking i europeisk samarbeid.

Dette vil mellom anna skje gjennom deltaking i Europakommisjonen si høgnivågruppe for ikkje-diskriminering, likestilling og mangfald, høgnivågruppa om rettar for personar med funksjonsnedsetjing og Europakommisjonen sin rådgivande komité for like mogeligheter for kvinner og menn. BLD leier arbeidet i EFTAs arbeidsgruppe for familie, likestilling og ikkje-diskriminering.

*Nordisk samarbeid*

Noreg skal ha formannskapet i Nordisk Ministerråd i 2017. For Ministerrådet for likestilling (MR-JÄM) har barne- og likestillingsministeren eit særleg ansvar. For likestilling mellom kvinner og menn legg samarbeidsprogrammet for 2015–2018, *Tillsammans för jämställdhet – ett starkare Norden*, rammene for arbeidet.

BLD prioriterer arbeidet mot vald, hatefulle ytringar og for likestilling i arbeidslivet. Det er eit mål å arbeide meir langsiktig og med tydelegare prioriteringar. Noreg vil halde fram arbeidet med å løfte fram mannspektivet i satsinga i 2017.

BLD deltek i det nordiske samarbeidet på helse- og sosialområdet gjennom Ministerrådet for sosial- og helsepolitikk (MR-S) og embetsmannskomiteane for helse og sosiale saker (EK-S). BLD deler representasjonen med Helse- og omsorgsdepartementet og Arbeids- og sosialdepartementet. Helse- og omsorgsdepartementet koordinerer arbeidet. Med Noreg som formannskap i Nordisk ministerråd i 2017 er universell utforming og velferdsteknologi blant dei temaa som vil bli sette på formannsskapsprogrammet.

**Delmål 3.2. Eit godt og effektivt handhevingsapparat**

Resultatrapport 2015/2016

*Likestillings- og diskrimineringsnemnda*

Nemnda fekk 98 nye saker til behandling frå Likestillings- og diskrimineringsombodet i 2015. Talet på saker auka med 31 pst. samanlikna med 2014.

Det blei halde 11 møte og behandla til saman 54 saker i nemnda i 2015.

Gjennomsnittlig saksbehandlingstid var i 2015 på 31 veker. For å redusere saksbehandlingstida blei Likestillings- og diskrimineringsnemnda tilført ressursar til ein ekstra stilling i 2016.

*Utgreiing av handhevingsapparatet*

I 2014 leverte Arbeidsforskningsinstituttet rapporten *Hvordan skape et rettssikkert lavterskeltilbud?*, der dei vurderte kva endringar som må gjerast for å leggje til rette for at krava til rettstryggleik blir følgde dersom Likestillings- og diskrimineringsnemnda skal få avgjerdsrett i saker om seksuell trakassering og avgjerdsrett til å gi oppreisning. Resultata blei i 2015 vurderte i samband med arbeidet med ei ny, felles likestillings og diskrimineringslov.

Departementet sette i 2015 i gang ei ny utgreiing av handhevingsapparatet, og i mars 2016 leverte PricewaterhouseCoopers (PwC) utgreiinga *Utredning av håndhevings- og virkemiddelapparatet på likestillings- og ikke-diskrimineringsområdet*. I utgreiinga legg PwC fram forslag til ei ny organisering der pådrivar- og handhevingsrolla til Likestillings- og diskrimineringsombodet blir skilde frå kvarandre, og der saker berre skal behandlast i ein instans.

Strategiar og tiltak for 2017

For at diskrimineringslovgivinga skal vere effektiv, er det sentralt at handhevingsapparatet har nødvendig gjennomslagskraft. Dette er eit viktig

spørsmål i samband med arbeidet med ei ny, felles likestillings- og ikkje-diskrimineringslov.

Regjeringa vil på grunnlag av utgreinga frå PWC, leggje fram forslag til ny organisering av handhevingsapparatet.

### Nærmare om budsjettforslaget

Utgifter under programkategori 11.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
870	Sekretariatet for Likestillings- og diskrimineringsnemnda		5 850	6 431	9,9
871	Likestilling og ikkje-diskriminering		46 535	48 682	4,6
872	Nedsett funksjonsevne		239 673	246 311	2,8
873	Likestillings- og diskrimineringsombodet		52 856	54 065	2,3
	Sum kategori 11.40		344 914	355 489	3,1

Utgifter under programkategori 11.40 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017	Pst. endr. 16/17
01–23	Drift		30 975	30 530	-1,4
50–59	Overføringar til andre statsrekneskap		52 856	54 065	2,3
70–98	Overføringar til private		261 083	270 894	3,8
	Sum kategori 11.40		344 914	355 489	3,1

Rekneskap 2015 kan sjåast under programkategori 11.10.

### Kap. 870 Sekretariatet for Likestillings- og diskrimineringsnemnda

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
01	Driftsutgifter		5 850	6 431
	Sum kap. 0870		5 850	6 431

### Status for verksemda

Kompetansen og oppgåvene til Likestillings- og diskrimineringsnemnda er regulerte i diskrimineringsombodslova med tilhøyrande forskrift.

Nemnda handhevar reglar om diskriminering i desse lovene: likestillingslova, diskrimineringslova, diskriminerings- og tilgjengelova, diskrimineringslova om seksuell orientering, arbeidsmiljølova kap. 13, bustadlovene og skipsarbeidslova.

Nemnda er eit sjølvstendig forvaltingsorgan som administrativt ligg under departementet. Departementet kan ikkje gi instruks om eller gjere om utøvinga av myndigheit i behandlinga av enkeltsaker.

Nemnda er eit kollegialt organ med 16 medlemmer: 1 leiar, 1 nestleiar, 8 andre medlemmer og 6 varamedlemmer. Nemnda er delt i to avdelingar, og leiaren og nestleiareren møter i kvar avdeling. Nemnda har eit eige sekretariat som førebur møta, legg fram saker og utarbeider utkast til vedtak etter rådslåing i nemnda. Departementet har det administrative ansvaret for nemnda, mellom

anna for tilsetjing i sekretariatet. Alle saker i nemnda blir først behandla av Likestillings- og diskrimineringsombodet, som gir fråsegn i saka. I hastesaker kan ombodet gjere bindande vedtak etter diskrimineringsombodslova § 4. Da blir nemnda ordinær klageinstans.

Nemnda kan gjere vedtak eller gi fråsegn om at det ligg føre brot på dei lovene nemnda er sett til å handheve. Likestillings- og diskrimineringsnemnda kan gi påbod om at det diskriminerande forholdet skal stansast eller rettast.

### Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer utgifter til lønn for tilsette og andre driftsutgifter ved sekretariatet, i tillegg til godtgjering mv. til nemndmedlemmer og til eventuelle vitne og sakkunnige som blir kalla inn. Løyvinga er mellom anna auka med om lag 0,4 mill. kroner som følgje av forenkla modell for premiebetalning til Statens pensjonskasse.

Departementet føreslår ei samla løyving på 6,4 mill. kroner i 2017.

## Kap. 871 Likestilling og ikkje-diskriminering

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>		10 983	9 634
70	Likestilling mellom kjønn, <i>kan nyttast under post 21</i>		13 128	17 996
72	Lesbiske, homofile, bifile, transpersonar og interkjønn		10 967	11 274
73	Likestillingssentre		8 008	6 232
79	Internasjonalt likestillings- og ikkje-diskrimineringsarbeid, <i>kan overførast</i>		3 449	3 546
Sum kap. 0871			46 535	48 682

Rekneskap 2015 kan sjåast under kap. 846.

### Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70

Departementet føreslår å knyte stikkordet «kan nyttast under» gjensidig mellom kap. 871, post 21 Spesielle driftsutgifter, og kap. 871, post 70 Likestilling mellom kjønn. Begge postane finansierer likestilling og ikkje-diskriminering.

Forsknings- og utviklingsmidlane på posten blir nytta til å finansiera større og mindre enkeltpro-

sjekt av særleg relevans på områda likestilling og ikkje-diskriminering.

Løyvinga har blitt nytta til å drifte det etablerte kjernemiljøet for likestillingsforskning (CORE), sjå nærmare omtale under delmål 3.1. Departementet føreslår å vidareføre støtta til CORE som eit tilskot. Som ein konsekvens av dette blir kap. 871, post 21 redusert med 4,1 mill. kroner mot ein tilsvarande styrking av kap. 871, post 70 for å sikre korrekt postbruk.

I 2017 blir innsatsen mot hatefulle ytringar ført vidare med 1,3 mill. kroner og pilotprosjektet for arbeidsgivarar om likestilling i arbeidslivet med 1 mill. kroner. Pilotprosjektet blir administrert av Vest-Agder fylkeskommune.

Departementet føreslår i 2017 å styrkje posten med 1,5 mill. kroner til oppfølging av *Trygghet, mangfold, åpenhet. Regjeringens handlingsplan mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk (2017–2020)*, sjå nærmare omtale under delmål 3.1.

Departementet føreslår å styrkje posten med 1 mill. kroner for å vareta likestillings- og ikkje-diskrimineringsområdet i formannskapsåret i Nordisk Ministerråd.

Departementet føreslår ei samla løyving på 9,6 mill. kroner i 2017.

### **Post 70 Likestilling mellom kjønn, kan nyttast under post 21**

Departementet føreslår å knyte stikkordet «kan nyttast under» gjensidig mellom kap. 871, post 70 Likestilling mellom kjønn, og kap. 871, post 21 Spesielle driftsutgifter. Begge postane finansierer likestilling og ikkje-diskriminering.

Posten blir nytta til ei tilskotsordning som forvaltes av Bufdir. Vidare blir posten nytta til tilskot til særskilde tilskotsmottakarar som forvaltes av Bufdir og departementet.

Tilskotsmidlane på posten skal nyttast til enkelttiltak og -prosjekt og til frivillige organisasjonar. Løyvinga har vore nytta til driftstilskot (grunnfinansiering) til Reform – ressurscenter for menn og til Senter for likestilling ved Universitetet i Agder.

Forum for kvinner og utviklingsspørsmål (FO-KUS) har bidrege til ulike aktivitetar på ansvarsområdet til departementet. Det er gitt tilskot til prosjekt i regi av KILDEN informasjonssenter for kjønnsforskning og til Ung Innovasjonspris, som Trondheim kommune deler ut. Det siste tilskotet vil ikkje bli ført vidare i 2017.

Tilskotsordninga *Familie- og likestillingspolitiske organisasjonar* blir forvalta av Bufdir etter retningslinjer gitt av departementet. Ordninga omfattar drifts- og aktivitetstilskot. Retningslinjene for aktivitetstilskot blei endra frå 2016, sjå omtale i Prop. 1 S (2015–2016) og retningslinjene for tilskotsordninga. Departementet legg til grunn at hovudtrekka i retningslinjene for drifts- og aktivitetstilskot blir førte vidare i 2017.

Departementet har fastsett desse overordna rammene for ordninga:

#### Mål

Formålet med tilskotsordninga er å sikre drift, bidra til mangfald og skape større aktivitet i frivillige organisasjonar som arbeider med familie- og likestillingspolitikk. Med likestilling meiner ein i denne samanhengen likestilling mellom kjønn.

Tilskotsordninga skal leggje til rette for at frivillige organisasjonar får høve til å setje dagsorden, supplere og korrigere det familie- og likestillingspolitiske arbeidet til styresmaktene, utvikle demokratiet, skape deltaking og bidra til kunnskap, debatt og haldningsendringar.

#### Kriterium for tildeling

Tilskotsordninga omfattar drift av frivillige organisasjonar som har familie- og likestillingspolitisk arbeid som kjerneverksemd, og som kan dokumentere dette med vedtekter, målsetjingar og planar.

Ein kan òg gi aktivitetstilskot til tiltak/prosjekt som kan skape merksemd, informasjon/kunnskap, debatt og haldningsendringar når det gjeld familie- og likestillingspolitiske spørsmål.

#### Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarar skal sende inn rekneskap og rapport som viser at midlane er brukte i samsvar med vilkåra for tildelinga. Bufdir og Riksrevisjonen kan kontrollere at tilskotsmidlane er nytta etter føresetnadene, jf. løyvingreglementet § 10 andre ledd og riksrevisjonslova § 12 tredje ledd.

#### Budsjettforslag 2017

Departementet føreslår å auke tilskotet til *Jenter og teknologi*, i regi av NHO, til samla 2,5 mill. kroner.

I 2017 skal det utarbeides ei skyggerapportering til FN's rasediskrimineringskomite (CERD). Departementet føreslår å delfinansiere slik rapportering frå det sivile samfunnet med 0,2 mill. kroner.

Departementet føreslår å vidareføre støtta til Kjernemiljø for likestillingsforskning – CORE som eit tilskot. Som ein konsekvens av dette blir kap. 871, post 21 redusert med 4,1 mill. kroner mot ein tilsvarande styrking av kap. 871, post 70 for å sikre korrekt postbruk.

Utover dette føreslår departementet å gi tilskot til desse særskilde tilskotsmottakarane:

- Reform
- Senter for likestilling ved Universitetet i Agder



- FOKUS
- KILDEN informasjonssenter for kjønnsforskning
- Norske Kvinners Sanitetsforening
- Innsats mot hatefulle ytringar – *Stopp hatprat!* Kampanjen i regi av Norges Handikapforbund

Alle tilskot blir vurderte på bakgrunn av søknader frå tilskotsmottakarane.

Departementet føreslår ei samla løyving på 18 mill. kroner i 2017.

### **Post 72 Lesbiske, homofile, bifile, transpersonar og interkjønn**

Løyvinga skal nyttast til tilskotsordninga *Betre levekår og livskvalitet for lesbiske, homofile, bifile, transpersonar og interkjønn (LHBTI)*.

Ordninga omfattar tilskot til tidsavgrensa aktivitetar drivne av frivillige organisasjonar og andre som arbeider for å betre levekåra og livskvaliteten for lesbiske, homofile, bifile, transpersonar og interkjønn. Ordninga omfattar også driftstilskot til dei landsdekkjande LHBTI-organisasjonane og magasinet *Blikk*, i tillegg til regelmessige aktivitetar for å betre levekåra og livskvaliteten for LHBTI-personar.

Ordninga blir forvalta av Bufdir etter retningslinjer gitt av departementet. Departementet legg til grunn at hovudtrekka i retningslinjene for drifts- og aktivitetstilskot blir førte vidare i 2017, med unntak av at interkjønn er teke inn som nytt grunnlag.

Departementet har fastsett desse overordna rammene for ordninga:

#### Mål

Ordninga skal medverke til mangfald og skape auka aktivitet blant organisasjonar som arbeider innanfor dette området. Tidsavgrensa og permanente aktivitetar kan få tilskot og støtte. Det overordna målet er å betre levekåra og livskvaliteten til lesbiske, homofile, bifile, transpersonar og interkjønn. Tilskotsordninga skal gjere det lettare for LHBTI-organisasjonar å drive interessepolitisk arbeid og gi service til eigne medlemmer.

#### Kriterium for tildeling

Tilskotsordninga omfattar frivillige organisasjonar og andre aktørar som arbeider for betre levekår og livskvalitet blant lesbiske, homofile, bifile, transpersonar og interkjønn. For organisasjonar som får driftsstøtte, vil det bli lagt vekt på at orga-

nisasjonane er av og for LHBTI-personar, og at dei arbeider for samfunnsmessig likestilling og deltaking for gruppa dei organiserer.

Tilskot til aktivitetstøtte blir gitt etter ei samla vurdering med utgangspunkt i formål og mål for ordninga.

#### Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarar skal sende inn rekneskap og rapport som viser at midlane er brukte i samsvar med vilkåra for tildeling. Departementet og Riksrevisjonen kan kontrollere om tilskotsmidlane er nytta etter føresetnadene, jf. løyvingreglementet § 10 andre ledd og riksrevisjonslova § 12 tredje ledd.

#### Budsjettforslag 2017

Departementet føreslår ei samla løyving på 11,3 mill. kroner i 2017.

### **Post 73 Likestillingsentre**

Løyvinga delfinansierer Likestillingscenteret, som blir drifta av stiftinga Kvinneuniversitetet i Hamar, og verksemda ved KUN – senter for kunnskap og likestilling, som blir drifta av stiftinga Kvinneuniversitetet i Nord og er lokalisert i Steigen.

BLD føreslår å redusere desse driftstilskota med 2 mill. kroner i 2017 og slik at reduksjonen blir fordelt likt mellom dei to sentera, med 1 mill. kroner på kvar. Løyvinga til sentra for 2017 vil etter dette vere på same nivå som løyvinga i 2015. Tilskotet føreslås redusert for at departementet skal kunne prioritere andre områder på budsjettet.

Departementet føreslår ei samla løyving på 6,2 mill. kroner i 2017.

### **Post 79 Internasjonalt likestillings- og ikkje-diskrimineringsarbeid, kan overførast**

Løyvinga dekkjer den norske deltakinga i EU-program innan Programkategori 11.40.

Noreg har delteke i det fleirårige EU-programmet *PROGRESS* (2007–2013). Programmet inneheldt desse områda: sysselsetjing, sosialt vern og inkludering, arbeidsvilkår, arbeid mot diskriminering og for mangfald. Noreg har vidare delteke i EU-handlingsprogrammet for å førebyggje og kjempe mot vald mot barn, ungdom og kvinner og for å verne valdsoffer og risikogrupper (*Daphne III 2007–2013*). Det overordna målet for programmet er å medverke til å verne barn, ungdom og kvinner mot alle former for vald og å oppnå eit

høgt nivå for helsevern, velferd og sosial utjamning.

Sjølvs om programma blei formelt avslutta i 2013, held enkelte aktivitetar fram, og deltakarlanda vil kunne ha økonomiske forpliktingar i 3–5 år etter avslutningsåret. I 2017 vil departementet ha utgifter til begge programma.

Storleiken på dei årlege bidraga til EU-kommisjonen varierer med ulike faktorar, som aktiviteten under programma, EØS-budsjettet og valuta-utviklinga. Det kan derfor vere vanskeleg å anslå utgiftene.

Departementet føreslår ei samla løyving på 3,5 mill. kroner i 2017.

## Kap. 872 Nedsett funksjonsevne

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2017
		2015	Saldert budsjett 2016	
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 71</i>		14 142	14 465
70	Funksjonshemma sine organisasjonar		183 745	197 834
71	Universell utforming og auka tilgjenge, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>		26 784	27 534
72	Funksjonshemma sine levekår og livskvalitet		15 002	6 478
	Sum kap. 0872		239 673	246 311

Rekneskap 2015 kan sjåast under kap. 847.

### Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 71

Løyvinga skal nyttast til målretta informasjons-, forskings- og utviklingstiltak som bidreg til å betre situasjonen for personar med nedsett funksjonsevne. Hovuddelen av løyvinga blir forvalta av Bufdir.

Departementet føreslår ei samla løyving på 14,5 mill. kroner i 2017.

### Post 70 Funksjonshemma sine organisasjonar

Løyvinga har vore nytta til tilskotsordningane *Funksjonshemma sine organisasjonar*, *Ferie- og velferdstiltak for personar med nedsett funksjonsevne* og *Sommarleir for barn og unge med nedsett funksjonsevne med særskilt store hjelpebehov*.

Departementet føreslår å slå saman ordningane *Ferie- og velferdstiltak for personar med nedsett funksjonsevne* og *Sommarleir for barn og unge med nedsett funksjonsevne med særskilt store hjelpebehov* på posten til éi ordning: *Fritidstiltak for personar med nedsett funksjonsevne*. Formålet for ordningane er i stor grad overlappande, og det vil vere forenklande, ressursparande og meir føreseieleg for søkjarane med berre eitt regelverk og éin søknadsprosess.

Driftsmiddeltilskot på 8,9 mill. kroner over post 72 til stiftinga Klar Tale og stiftinga SOR, føreslås flytta til denne posten og innlemma i tilskotsordninga *Funksjonshemma sine organisasjonar*. Sjå nærmare omtale under kap. 872 Nedsett funksjonsevne, post 72 Funksjonshemma sine levekår og livskvalitet.

Tilskotsordningane på posten blir forvalta av Bufdir etter retningslinjer gitt av departementet. Departementet legg til grunn at hovudtrekka i retningslinjene for drifts- og aktivitetstilskot for ordninga *Funksjonshemma sine organisasjonar* blir førte vidare i 2017.

Departementet har fastsett følgjande overordna rammer for ordningane:

#### Mål

##### *Funksjonshemma sine organisasjonar*

Formålet med tilskotsordningane er å gi organisasjonane for funksjonshemma betre høve til å drive interessepolitisk arbeid og yte service til medlemmene sine mellom anna i form av lokale velferdstiltak. I tillegg skal ordningane gjere det lettare for paraplyorganisasjonane *Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO)* og *Samarbeidsforumet Av Funksjonshemmedes Organisasjoner (SAFO)* å drive velferdspolitisk arbeid og yte service til

medlemsorganisasjonane. Tilskotsordninga skal òg medverke til å styrkje organisasjonane når det gjeld sjølvhjelpsarbeid.

#### *Fritidstiltak for personer med nedsett funksjonsevne*

Formålet med tilskotsordninga er å gi organisasjonar/det sivile samfunnet høve til å gi personar med nedsett funksjonsevne gode ferie- og velferdstiltak.

#### Kriterium for tildeling

##### *Funksjonshemma sine organisasjonar*

For å bli godkjend må organisasjonen ha meir enn 250 medlemmer. Det er unntak for organisasjonar som organiserer personar med nedsett funksjonsevne med ein sjeldan diagnose. Organisasjonen må ha medlemmer i minst fem fylke og ha vedtaksfesta at personar med nedsett funksjonsevne sjølve eller deira pårørande skal ha fleirtal i dei styrande organa.

#### *Fritidstiltak for personar med nedsett funksjonsevne*

Alle registrerte frivillige organisasjonar og stiftingar kan søkje. Løyvinga skal gå til tiltak i regi av organisasjonar som er godkjende under regelverket *Funksjonshemma sine organisasjonar*, og til personar med nedsett funksjonsevne under 18 år.

#### Oppfølging og kontroll

Buudir avgjer om organisasjonane har rett til tilskot, og gjer vedtak om tilskot. Tilskotsmottakarar skal sende inn rekneskap og rapport som viser at midlane er brukte i samsvar med vilkåra for tildeling. Buudir og Riksrevisjonen kan kontrollere om tilskotsmidlane er nytta etter føresetnadene, jf. løyvingsreglementet § 10 andre ledd og riksrevisjonslova § 12 tredje ledd.

#### Budsjettforslag 2017

BLD føreslår å flytte 8,9 mill. kroner i driftstilskot til stiftingane Klar Tale og SOR frå kap. 872 Nedsett funksjonsevne, post 72 Funksjonshemma sine levekår og livskvalitet. Departementet føreslår ei samla løyving på 197,8 mill. kroner i 2017.

### **Post 71 Universell utforming og auka tilgjenge, kan overførast, kan nyttast under post 21**

Løyvinga skal nyttast til tiltak i *Regjeringens handlingsplan for universell utforming* (2015–2019), og primært til tiltak som går på tvers av sektorar. Answeret for eit universelt utforma samfunn kviler på ei rekkje departement, og arbeidet følgjer prinsippet om sektoransvar. BLD har ansvar for å koordinere arbeidet med handlingsplanen. I handlingsplanen står IKT og velferdsteknologi sentralt. Samtidig skal det løpande arbeidet på viktige samfunnsområde følgjast opp. Det gjeld mellom anna universell utforming av bygg, anlegg, uteområde og transport.

Departementet vil i 2017 gi tilskot til Standard Norge for utvikling av standardar for universell utforming, Norsk design- og arkitektursenter for innovasjonstiltak og kompetanseheving av formgivarar, Oslo kommune for utvikling av ein informasjonsportal om velferds-/kvardagsteknologi og KS til prosjekt for universell utforming i kommunesektoren.

Løyvinga skal òg nyttast til tilskotsordninga *Universell utforming – kunnskapsutvikling, kompetanseheving og informasjon*, som støttar arbeidet med universell utforming i handlingsplanen. Ordninga blir forvalta av Buudir etter retningslinjer gitt av departementet. Departementet legg til grunn at hovudtrekka i retningslinjene blir førte vidare i 2017.

Departementet har fastsett desse overordna rammene for ordninga:

#### Mål

Tilskotsordninga skal styrkje kunnskapsutveksling, kompetanseheving og informasjon om universell utforming på viktige samfunnsområde som planlegging, bygg, anlegg, uteområde, transport og IKT.

#### Kriterier

Aktuelle mottakarar er statlege, fylkeskommunale, kommunale og private institusjonar og verksemder, stiftingar, forskingsinstitusjonar og interesse- og fagorganisasjonar.

### Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarar skal sende inn rekneskap og rapport som viser at midlane er brukte i samsvar med vilkåra for tildeling. Bufdir og Riksrevisjonen kan kontrollere om tilskotsmidlane er nytta etter føresetnadene, jf. løyvingreglementet § 10 andre ledd og riksrevisjonslova § 12 tredje ledd.

### Budsjettforslag 2017

Departementet foreslår ei samla løyving på 27,5 mill. kroner i 2017.

### Post 72 Funksjonshemma sine levekår og livskvalitet

Løyvinga skal nyttast til tilskotsordninga *Tiltak for å betre levekåra og livskvaliteten til menneske med nedsett funksjonsevne*.

Ordninga blir forvalta av Bufdir etter retningslinjer gitt av departementet.

Departementet foreslår at driftsmidlane til stiftingane Klar Tale og SOR på 8,9 mill. kroner, blir flytta til kap. 872 Nedsett funksjonsevne, post 70 Funksjonshemma sine organisasjonar. Stiftingane vil bli tekne vare på gjennom ein eigen regel i tilskotsordninga *Funksjonshemma sine organisasjonar*. Det vil sørgje for eins praksis med driftstilskot til samanliknbare organisasjonar som får tildelede midlar gjennom denne ordninga, til dømes paraplyorganisasjonane FFO og SAFO og organisasjonane for døvblinde. Utover det legg departementet til grunn at hovudtrekka i retningslinjene blir førte vidare i 2017.

Departementet har fastsett desse overordna rammene for ordninga:

### Mål

Formålet med tilskotsordninga er å betre levekåra og livskvaliteten for personar med nedsett funksjonsevne.

### Kriterium for tildeling

Tilskotsordninga omfattar frivillige organisasjonar og andre aktørar som arbeider for personar med nedsett funksjonsevne. Tiltak som er direkte retta inn mot å betre levekåra og livskvaliteten for personar med nedsett funksjonsevne, kan få støtte gjennom ordninga. Ein kan òg gi støtte til tiltak som skal medverke til debatt og haldningsendringar, skape deltaking og generere og spreie kunnskap.

### Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarar skal sende inn rekneskap og rapport som viser at midlane er brukte i samsvar med vilkåra for tildeling. Tilskotsforvaltaren og Riksrevisjonen kan kontrollere om tilskotsmidlane er nytta etter føresetnadene, jf. løyvingreglementet § 10 andre ledd og riksrevisjonslova § 12 tredje ledd.

### Budsjettforslag 2017

Departementet foreslår ei samla løyving på 6,5 mill. kroner i 2017. Reduksjonen frå 2016 har samanheng med at 8,9 mill. kroner i driftstilskot til stiftingane Klar Tale og SOR foreslås flytta til kap. 872 Nedsett funksjonsevne, post 70.

## Kap. 873 Likestillings- og diskrimineringsombodet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2017
		2015	Saldert budsjett 2016	
50	Basisløyving		52 856	54 065
	Sum kap. 0873		52 856	54 065

Rekneskap 2015 kan sjåast under kap. 849.

### Status og hovudoppgåver for verksemda

Likestillings- og diskrimineringsombodet (LDO) er eit forvaltingsorgan med særskilde fullmakter, og ligg administrativt under BLD. Formål og oppgåver går fram av diskrimineringsombodslova §§ 1 og 3.

Hovudoppgåva til LDO er å fremme likestilling og kjempe mot diskriminering, uavhengig av mellom anna kjønn, etnisitet, religion, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk og alder.

Ombodet handhevar diskrimineringsforboda i likestillingslova, diskrimineringslova, diskriminerings- og tilgjengelova, diskrimineringslova om seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, ikkje-diskrimineringskapittelet i arbeidsmiljølova og diskrimineringsforboda i bustadlova. Ombodet er eit alternativ til domstolsbehandling av saker om diskriminering og skal vere eit lågterskeltilbod som er lett tilgjengeleg for brukarane. Ombodet gir òg rettleiing og er ein pådrivar for likestilling og mangfald.

I tillegg har ombodet ansvar for å overvake at norsk rett samsvarer med FN's kvinnekonvensjon (CEDAW), rasediskrimineringskonvensjonen (CERD) og konvensjonen om rettar for personar med nedsett funksjonsevne (CRPD).

### Resultatrapport og strategiar

#### Resultatrapport 2015/2016

I 2015 fokuserte LDO på fire område for å skape eit meir likestilt samfunn utan diskriminering.

#### *Relevant og god hjelp til mange*

I 2015 fekk LDO 1 793 førespurnader om rettleiing og 181 klagesaker. Det er ein markant auke frå 2014. Det var 17 prosent fleire som nytta LDOs rettleiing i 2015 enn i 2014. Dei fleste som tek kontakt med LDO, gjer det fordi dei opplever seg urettferdig behandla på grunn av kjønn, funksjonsevne eller etnisitet.

I 2015 har det vore ein nedgang i saksbehandlingstida. Saksbehandlingstida for klagesaker er redusert frå 284 dagar i 2014 til 246 dagar i 2015. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for rettleiingssaker er òg vesentleg redusert. I snitt er ei rettleiing no avslutta innan 12 dagar, noko som er ei nedgang på tre dagar samanlikna med året før.

#### *Førebyggje diskriminering*

Ombodet skal påpeike samfunnsskapt barrierar som hindrar like moglegheiter, spreie informasjon

om likestilling og diskriminering og ta initiativ til debattar om status på området og om ulike verkemiddel som kan brukast i arbeidet for eit meir likestilt samfunn.

I 2015 gjennomførte LDO ein kampanje mot diskriminering i samband med graviditet og foreldrepermisjon. Ombodet gjennomførte ei omfangsundersøking for å finne ut kor mange som blir ramma av denne forma for diskriminering. Undersøkinga viste at 55 prosent av kvinnelege og 22 prosent av mannlege arbeidstakarar har opplevd éi eller fleire former for diskriminering i samband med graviditet eller foreldrepermisjon. Kampanjen fekk mykje merksemd.

Foredrag, arrangement, debattmøte og mediedekning er viktige verkemiddel for å skape engasjement for likestilling. Forsking på likestillings- og diskrimineringsfeltet, høyringssvar frå LDO og Noregs forpliktingar etter FN's konvensjonar er utgangspunkt for utspela til ombodet. I desember arrangerte LDO *Fag, fest og finale*, som var avslutningskonferansen for ombod Sunniva Ørstavik.

I 2015 heldt LDO rundt 200 foredrag og innlegg – ein markant auke frå 2014, da talet var 150. Ombodet gjennomførte tre arrangement under den årlege sesjonen i FN's kommisjon for statusen til kvinner. LDO stod for arrangement om å motverke vald mot kvinner, partnardrap og hatytringar.

Ombodet fører tilsyn med dei lovpålagde aktivitets- og rapporteringspliktene og gir rettleiing om dei.

#### *Endring gjennom samarbeid*

For å lykkast i arbeidet med å hjelpe dei som har vore utsette for diskriminering, og endre strukturanne som skaper diskriminering, er LDO avhengig av å samarbeide med andre aktørar. I 2015 laga ombodet ei plattform for kontakten med det sivile samfunnet.

Samarbeid med det sivile samfunnet er viktig av fleire grunnar. LDO jobbar systematisk med å styrkje og systematisere dette samarbeidet.

LDO har eit brukarutval som er sett saman av relevante interesseorganisasjonar innanfor dei prioriterte satsingsområda til ombodet. I 2015 blei det gjennomført fleire møte med brukarutvalet, som består av 14 ressurspersonar med brei kunnskap og kompetanse. Tema som blei diskuterte i møta, var mellom anna utgreiing om handhevingsapparatet, ein likestilt skole, kampen mot vald og felles likestillings- og diskrimineringslov.

Kvart år markerer ombodet den internasjonale 16-dagarskampanjen mot kjønnsbasert vald. Også

i 2015 samarbeidde LDO med Krisesentersekretariatet om kampanjen. Temaet var partnardrap.

#### *Tilsyn med FN-konvensjonar*

I februar 2015 la ombudet fram rapporten til FNs rasediskrimineringskomité. Ombudet peikte på tre alvorlege manglar i norsk politikk: Styresmaktene lyttar ikkje til dei som blir diskriminerte, dei lét ikkje diskriminering få konsekvensar, og dei har ein politikk som handlar meir om å endre minoriteten enn å motarbeide fordommar og diskriminering hos majoriteten.

Ombudet lanserte i 2015 rapporten *Hatytringer og hatkriminalitet*, som eit konkret innspel til korleis regjeringa kan ta tak i utfordringane.

LDO har hausten 2015 lansert den første supplerande rapporten til CRPD-komiteen. Rapporten tek for seg ni ulike område som ombudet meiner det er særleg grunn til å passe på for å sikre menneskerettane til personar med nedsett funksjonsevne.

#### Strategiar og tiltak for 2017

LDO vil halde fram arbeidet med å gi enkeltpersonar og andre rettleiing, og målet er at dei skal få

hjelp før førespurnader blir formelle klagesaker. Samtidig vil ombudet halde fram arbeidet med å redusere saksbehandlingstida.

Hanne Inger Bjurstrøm starta som nytt ombod i januar 2016. Ombudet vil over dei neste fem åra arbeide målretta rundt fem sentrale temaområde på likestillings- og diskrimineringsfeltet og er no i ein strategiprosess der også det sivile samfunnet er inkludert. Ombudet har fått innspel frå viktige brukarorganisasjonar og frå partane i arbeidslivet.

LDO vil prioritere å ta tak i prinsipielle diskrimineringsspørsmål på eige initiativ. Ombudet vil òg halde fram arbeidet for at alle som har plikter etter lovverket, skal kjenne til og ha kunnskap om korleis dei kan leggje til rette for likestilling og motarbeide diskriminering i praksis.

Tilsynet med FN-konvensjonane skal framleis vere uavhengig, tilgjengeleg og effektivt.

#### **Post 01 Basisløyving**

Løyvinga skal dekkje lønn til dei tilsette og andre driftsutgifter.

Departementet føreslår ei løyving på 54,1 mill. kroner i 2017.

## Programområde 28

### Programkategori 28.50 Stønad ved fødsel og adopsjon

#### Mål

Regjeringa har som mål å ha ei foreldrepengeordning som gir foreldre valfridom og fleksibilitet til å

velje den beste omsorgsløysinga for eigne barn. For 2017 blir desse måla prioriterte:

Hovudmål	Delmål
2: Trygge rammer for familiane	2.1: Valfridom og fleksibilitet for familiane

Foreldrepengeordninga er ein viktig del av familiepolitikken. For ei samla framstilling av politikkområdet, sjå innleiinga til programkategori 11.10 Familie og oppvekst.

#### Resultatrapport og strategiar

##### Delmål 2.1: Valfridom og fleksibilitet for familiane

Barn og familiar er ulike og har ulike behov. Politikken skal fremme valfridom og fleksibilitet og gjere det mogleg for familiane å velje dei løysingane som passar best for dei.

Resultatrapport 2015/2016

##### Uttak av foreldrepengear

Tal frå Arbeids- og velferdsdirektoratet viser ein nedgang i delen dagar fedre tek ut, sett i forhold til alle dagar med foreldrepengeutbetaling i 2015. Fleirtalet av fedre har over fleire år valgt å ta ut akkurat dei vekene som svarar til fedrekvoten. Denne tendensen held fram i 2015 og 2016. Det inneber at det gjennomsnittlege talet på dagar fedre tek ut, går ned. Samtidig såg ein i 2015 ein ten-

dens til at nokon fleire fedre tok ut meir enn 14 veker permisjon.

ISF har på oppdrag frå BLD utarbeida temanotata *Fedrekvoten – norm for fedres permisjonsbruk i Norge og Norden. En litteraturstudie og Deling av foreldrepermisjon: Konsekvenser for arbeid – familietilpassning og velferd i Norge og Norden*. Også ISF finn at feirtallet av fedre brukar den øyremerkte fedrekvota, mens mor brukar den delbare permisjonen. I følgje temanotata tilpassar fedra ofte permisjonen til sin arbeidssituasjon, mens mor tilpassar permisjonen til barnets omsorgsbehov.

Ein aukande del av foreldra velgjer 100 prosent foreldrepenge/dekningsgrad under foreldrepermisjonen i staden for 80 prosent foreldrepenge og lengre stønadperiode. Aukinga har sannsynligvis samanheng med at 100 prosent dekningsgrad er meir økonomisk lønsamt enn uttak med 80 prosent. Det kan òg tyde på at stønadsperiodens lengde ved 100 prosent dekningsgrad oppleves som tilfredsstillande. Tabellen nedanfor viser at delen menn med gradert uttak har vore relativt stabilt dei siste fire åra. For alle dei fire åra har prosentdelen menn med gradert uttak vore på i underkant av 25 prosent.

Tabell 4.10 Fødsler og bruk av foreldrepengeordninga 2012–2015

	2012	2013	2014	2015	Endring 2014/2015
Talet på fødsler	59 403	58 174	58 344	58 240	-104
Talet på levandefødde barn	60 255	58 995	59 084	59 058	-26
Talet på foreldrepenge dagar ved fødsel og adopsjon	12 514 314	12 482 424	12 651 525	12 843 255	191 730
Uttak av foreldrepenge dagar fordelt på kjønn (fødsel og adopsjon)					
– Kvinner, prosent	79,7	78,3	77,0	78,5	2
– Menn, prosent	20,3	21,7	23,0	21,5	-2
Talet på kvinner med minst éin dag med foreldrepenge dagar ved fødsel	88 626	85 509	86 285	85 367	-918
– av desse med 80 prosent lønnskompensasjon	38 133	35 132	29 921	26 838	-3 083
Gjennomsnittleg uttak av foreldrepenge dagar av kvinner ved fødsel	112	114	113	118	5
Talet på menn med minst éin dag med foreldrepenge dagar ved fødsel	58 426	58 916	59 524	58 382	-1 142
Gjennomsnittleg uttak av foreldrepenge dagar av menn ved fødsel	43	46	49	47	-2
Gjennomsnittleg foreldrepengegrunnlag for kvinner ved fødsel (kr)	333 654	345 869	358 867	370 970	12 103
Gjennomsnittleg foreldrepengegrunnlag for menn ved fødsel (kr)	383 820	395 232	407 591	427 590	19 999
Talet på kvinner med gradert uttak av foreldrepenge dagar ved fødsel	5 330	4 810	4 774	4 590	-184
Talet på menn med gradert uttak av foreldrepenge dagar ved fødsel	13 239	14 127	14 783	13 976	-807
Talet på kvinner med svangerskapspenge dagar	4 892	5 110	5 312	5 800	488
Talet på kvinner med minst éin dag foreldrepenge dagar ved adopsjon	448	327	287	270	-17
– av desse med 80 prosent lønnskompensasjon	234	156	101	86	-15
Gjennomsnittleg uttak av foreldrepenge dagar av kvinner ved adopsjon	98	89	98	99	1
Talet på menn med minst éin dag med foreldrepenge dagar ved adopsjon	393	288	228	221	-7
Gjennomsnittleg uttak av foreldrepenge dagar av menn ved adopsjon	46	53	51	46	-5
Gjennomsnittleg foreldrepengegrunnlag for kvinner ved adopsjon (kr)	373 600	369 210	399 425	421 770	22 345



Tabell 4.10 Fødsalar og bruk av foreldrepengeordninga 2012–2015

	2012	2013	2014	2015	Endring 2014/2015
Gjennomsnittleg foreldrepengegrunnlag for menn ved adopsjon (kr)	408 518	417 995	433 453	455 610	22 157
Talet på menn med minst éin dag med foreldrepengear ved fødsel utan rett til fedrekvote (mor har hatt eingongsstønad)	1 063	1 092	1 178	1 330	152
Gjennomsnittleg uttak av foreldrepenge-dagar av menn utan rett til fedrekvote	80	80	80	81	1
Talet på kvinner med eingongsstønad ved fødsel	9 350	9 827	10 559	10 588	29
Talet på menn med eingongsstønad ved fødsel	25	25	24	17	-7

Kjelde: SSB og Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Hausten 2016 ga departementet Institutt for samfunnsforskning i oppdrag å undersøkje kjennetegn ved fedre som har rett til fedrekvote, men som ikkje tek ut heile kvota. Dei skal mellom anna kartleggje kvifor desse fedra ikkje tek ut heila kvota og kva som skal til for at dei i større grad skulle nytja seg av kvota.

#### *Ny sjølvbeteningsløysing for foreldrepengear*

Arbeids- og velferdsetaten arbeider med å utvikle ei ny sjølvbeteningsløysing for foreldrepengear, Prosjekt 2 i IKT-moderniseringa. Sjå nærmare omtale av Arbeids- og velferdsetatens forvalting på BLD sitt ansvarsområde under programkategori 11.10 Familie og oppvekst, samt omtale i Prop. 1 S (2016–2017) for Arbeids- og sosialdepartementet.

#### *Formell undersøking i fedres rett til foreldrepermisjon*

Norske styresmakter mottok 13. juli 2016 eit brev frå EFTAs overvåkningsorgan (ESA) kor dei åpner formell undersøking i fedres rett til foreldrepermisjon. I brevet viser ESA til at fleire bestemmelser i folketrygdlova inneber at fars rett til foreldrepermisjon blir gjort avhengig av mors situasjon. Det er mellom anna eit krav om at mor er i aktivitet (i arbeid, heltidsstudent el.) for at far skal få rett til uttak av foreldrepengear frå fellesperioden. ESAs førebelse vurdering er at desse bestemmelsene inneber ei forskjellsbehandling på bakgrunn av kjønn, som er i strid med EØS-avtala.

#### *Eingongsstønad ved fødsel*

Kvinner utan rett til foreldrepengear får eingongsstønad ved fødsel og adopsjon. Frå 1. januar 2016 er stønaden på 46 000 kroner. Satsen for eingongsstønaden er auka med meir enn 10 000 kroner frå 2013. Det har over tid vore ein nedgang i talet på mottakarar av eingongsstønad, men både i 2013, 2014 og 2015 har det vore ein auke. Ifølgje tal frå Arbeids- og velferdsdirektoratet fekk 10 605 personar eingongsstønad i 2015. I første halvår 2016 har det blitt utbetalt eingongsstønad til 5 827 personar. Det er same nivå som i 2015.

Arbeids- og velferdsdirektoratet har på oppdrag frå BLD i *Arbeid og velferd* nr. 3, 2015 analysert mottakarane av eingongsstønad. Mottakarane er kvinner i svært ulike livssituasjonar. Gruppa omfattar tenåringsmødrer, studentar, innvandrarar med store barnekull og – truleg – norske kvinner der familien har valt ei arbeidsdeling der mor er heimeverande. Ei svak tilknytning til arbeidslivet og låg inntekt over tid er felles for dei fleste. Mange av kvinnene som får eingongsstønad, ser ut til å ha eit varig behov for stønader og offentlege ytingar.

#### Strategiar og tiltak for 2017

##### *Fordeling av foreldrepengear ved samlivsbrot*

Regjeringa sende i 2016 på høyring eit forslag til lovendring om at foreldra sjølve skal avtale fordelinga av foreldrepengear ved samlivsbrot. Lovendringa skal gjere det lettare for fedrane å behalde fedrekvoten etter eit samlivsbrot.

### Ny sjølvbeteningsløysing for foreldrepenngar

Oppfølging av IKT-moderniseringsarbeidet på foreldrepengeområdet vil vere ei sentral oppgåve i

2017. I den samanheng vil ein vurdere behovet for endringar og forenklingar i regelverket for foreldrepenngar.

## Nærmare om budsjettforslaget

### Kap. 2530 Foreldrepenngar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2015	Saldert budsjett 2016	Forslag 2017
70	Foreldrepenngar ved fødsel, <i>overslagsløyving</i>	18 338 415	19 330 000	19 810 000
71	Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, <i>overslagsløyving</i>	443 103	468 000	470 000
72	Feriepenngar av foreldrepenngar, <i>overslagsløyving</i>	462 083	475 000	495 000
73	Foreldrepenngar ved adopsjon, <i>overslagsløyving</i>	60 047	65 000	54 000
	Sum kap. 2530	19 303 648	20 338 000	20 829 000

#### Mål

Stønadene under dette kapitlet skal sikre inntekt i samband med svangerskap, fødsel og adopsjon og gi støtte til kvinner som ikkje har tent opp rett til foreldrepenngar.

#### Tildelingskriterium

Tildelingskriterium er omtalte under dei enkelte budsjettpostane nedanfor og går òg fram av folketrygdlova kap. 14.

#### Oppfølging og kontroll

Foreldrepenngar blir forvalta av Arbeids- og velferdsetaten, jf. tilsvarende punkt under kap. 844 Kontantstøtte.

#### Budsjettforslag 2017

Det er ikkje føreslått endringar i regelverket for foreldrepenngar.

Satsen for eingongsstønad ved fødsel og adopsjon er føreslått auka til 46 920 kroner.

Utgiftsanslaga under kap. 2530 byggjer mellom anna på den siste befolkningsframskrivinga til Statistisk sentralbyrå. Ein antar at talet på barn i aldersgruppa for foreldrepenngar vil auke noko. Ein antar òg at oppteningsgrunnlaget for foreldra som mottek foreldrepenngar aukar litt meir enn lønnsveksten.

Departementet føreslår ei løyving på 20 829 mill. kroner under kap. 2530, postane 70–73.

### Post 70 Foreldrepenngar ved fødsel, overslagsløyving

Foreldrepenngar ved fødsel blir betalte ut etter reglane i folketrygdlova §§ 14-4 til 14-16. Det er eit vilkår for rett til foreldrepenngar at stønadmottakaren har vore yrkesaktiv med pensjonsgivande inntekt i minst seks av dei ti siste månadene før stønadsperioden tek til, jf. folketrygdlova § 14-6. Visse trygdeytningar, etterlønn, lønt utdanningspermisjon og avtening av militær- og sivilteneste blir likestilte med yrkesaktivitet etter denne regelen og gir oppteningsrett til foreldrepenngar. Stønadsperioden ved fødsel er 49 veker med 100 prosent lønnskompensasjon eller 59 veker med 80 prosent lønnskompensasjon, jf. folketrygdlova § 14-9. Val av kompensasjonsnivå gjeld for begge foreldra og for heile stønadsperioden.

Inntekt over seks gonger grunnbeløpet i folketrygda (6 G) gir ikkje grunnlag for foreldrepenngar, jf. folketrygdlova § 14-7. Per 1. mai 2016 utgjer grunnbeløpet 92 576 kroner. Ettersom stønadsperioden med 100 prosent dekning er avgrensa til 49 veker, kan det maksimalt betalast ut 523 410 kroner per stønadstilfelle.

Når begge foreldra har tent opp rett til foreldrepenngar, har kvar av foreldra 10 veker øyremerkte til seg (mødrekvoten og fedrekvoten). Mor må starte sin permisjon seinast tre veker før

fødselen, og disse vekene kjem i tillegg til mødrekvoten. Bortsett frå dei vekene som er øyremerkte til kvar av foreldra, kan foreldra dele stønadsperioden mellom seg i samsvar med reglane i folketrygdlova § 14-13. Fellesdelen i stønadsperioden er på 26/36 veker avhengig av valt dekningsgrad.

Når berre far har rett til foreldrepengar, kan han ta ut inntil 40/50 veker dersom mor går ut i arbeid eller utdanning eller er for sjuk til å ta seg av barnet, jf. folketrygdlova § 14-14. Når mor har uførepensjon, kan far ta ut inntil 10 veker med foreldrepengar (tilsvarande fedrekvoten) utan at det blir stilt krav til mors aktivitet, jf. folketrygdlova § 14-14.

Foreldrepengar kan takast ut gradert i samsvar med ei skriftleg avtale med arbeidsgivaren om delvis arbeid, jf. vilkåra i folketrygdlova § 14-16. Folketrygdlova § 14-11 gir òg rett til å utsetje stønadsperioden når den som tek imot foreldrepengar, er i arbeid på heiltid. Uttak av foreldrepengar må vere avslutta seinast innan barnet fyller tre år.

Under post 70 høyrer også svangerskapspengar som blir gitt i samsvar med vilkåra i folketrygdlova § 14-4.

#### **Post 71 Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, overslagsløyving**

Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon blir ytt til kvinner som ikkje har tent opp rett til foreldrepen-

gar, jf. folketryglova § 14-17. Stønaden er i 2016 på 45 295 kroner. Ved fleirbarnsfødslar og fleirbarns-adopsjonar blir det ytt éin eingongsstønad per barn. Departementet føreslår å prisomrekne stønaden, slik at han i 2017 vil vere på 46 920 kroner.

#### **Post 72 Feriepengar av foreldrepengar, overslagsløyving**

Feriepengar av foreldrepengar blir gitt i samsvar med vilkåra i folketrygdlova § 14-8. Folketrygda yter feriepengar til arbeidstakarar med 10,2 prosent av utbetalte foreldrepengar for dei første 12 vekene av kvar stønadsperiode, alternativt for 15 veker dersom det er valt 80 prosent lønnskompensasjon.

#### **Post 73 Foreldrepengar ved adopsjon, overslagsløyving**

Foreldrepengar ved adopsjon blir gitt etter vilkåra i folketrygdlova §§ 14-5 til 14-16 ved adopsjon av barn under 15 år. Ved adopsjon er stønadsperioden 46 veker med 100 prosent lønnskompensasjon eller 56 veker med 80 prosent lønnskompensasjon, jf. folketrygdlova § 14-9. Når begge foreldra har tent opp rett til foreldrepengar, har kvar av foreldra 10 veker øyremerkte til seg (fedrekvoten og mødrekvoten).

Sjå elles omtalen under post 70.



*Del III*  
*Omtale av særlege tema*



## 5 Likestilling i budsjettet og oppfølging av aktivitets- og rapporteringspliktene

Barne- og likestillingsdepartementet (BLD) har som hovudoppgåver på dette feltet å

- forvalte dei nasjonale likestillings- og ikkje-diskrimineringslovene og sikre gjennomføring av internasjonale bindingar i form av menneskerettskonvensjonar og EU-direktiv i norsk rett
- koordinere likestillings- og ikkje-diskrimineringspolitikken til regjeringa
- bidra til utvikling av ein kunnskapsbasert politikk for likestilling og gode system for dokumentasjon og analyse av likestillingsstatus.

Handhevingsapparatet for likestillings- og diskrimineringslovgivinga er Likestillings- og diskrimineringsombodet og Likestillings- og diskrimineringsnemnda. BLD forvaltar òg krisesenterlova, ekteskapslova og regelverk knytte til foreldrepen- gar i folketrygdlova. BLD er ansvarleg for å utarbeide og utvikle lovgiving på desse felta.

I tillegg forvaltar BLD ei rekkje tilskotsordningar som skal bidra til å fremme likestilling knytt til ulike grunnlag. Arbeidet mot vald i nære relasjonar er ein viktig del av innsatsen for å fremme likestilling.

BLD er òg ansvarleg for å følgje opp kvinneskrediskrimineringskonvensjonen, rasediskrimineringskonvensjonen og barnekonvensjonen og dessutan FN-konvensjonen om rettane til personar med nedsett funksjonsevne. I tillegg skal BLD utarbeide nasjonale rapportar til dei internasjonale overvakingsskomiteane. Likestillings- og diskrimineringsombodet har ein særskild og sjølvstendig tilsynsfunksjon for kvinneskrediskrimineringskonvensjonen, rasediskrimineringskonvensjonen og FN-konvensjonen om rettane til personar med nedsett funksjonsevne. Barneombodet har same funksjon for barnekonvensjonen. Vidare er BLD ansvarleg for å følgje opp arbeidet med Europarådskonvensjonar og EU-direktiv på dette feltet.

BLD skal systematisk samarbeide med andre departement for å samordne regjeringa sin innsats for likestilling og for å bidra til å nå likestillingspolitiske mål.

Arbeidet med kunnskapsutvikling, dokumentasjon og analyse inneber eit ansvar for å med-

verke til å utvikle kunnskap om likestilling og ikkje-diskriminering ut frå ulike diskrimineringsgrunnlag. Det inneber også eit ansvar for å etablere gode system for å dokumentere og analysere likestillingsstatusen på ei rekkje samfunnsområde og følgje med på utviklinga over tid. Alle departementa har ansvar for å skaffe fram kunnskap om likestilling på sine ansvarsområde i tråd med sektoransvarprinsippet. For BLD er det viktig å ha oversikt over den kunnskapen som finst.

BLD har gitt Fylkesmannen ansvaret for å vere pådrivar for at kommunane arbeider aktivt for å fremme likestilling knytt til ulike diskrimineringsgrunnlag. Offentlege og private verksemdar har plikt til å ta omsyn til likestillings- og ikkje-diskrimineringsperspektiva både som tenesteytarar og som arbeidsgivarar på lokalt og regionalt nivå. Det er gjort nærmare greie for gjennomførte aktivitetar, strategiar og tiltak på likestillings- og ikkje-diskrimineringsområdet under programkategori 11.40 i del II av budsjettproposisjonen.

Departementet ser det som viktig at likestillingspolitikken i størst mogleg grad blir gjennomført innanfor den enkelte sektoren, i ordinære system og i ordinære tiltak. Denne politikken følgjer også av internasjonale føringar som Noreg har slutta seg til. BLD følgjer den internasjonale utviklinga og er ansvarleg for å rapportere om situasjonen i Noreg i ulike internasjonale fora.

### 5.1 Familie- og oppvekstområdet

Begge foreldra er viktige omsorgspersonar for barna. Dette gjeld uavhengig av om foreldra bur saman eller ikkje. Regjeringa ønskjer derfor å legge til rette for at begge foreldra skal ha høve til å vere likeverdige omsorgspersonar, både under samlivet, når samlivet blir løyst opp og i tilfelle der foreldra aldri har budd saman. Regjeringa har lagt fram ein proposisjon med forslag til endringar i barnelova for å fremme likestilt foreldreskap.

## 5.2 Barnevernsområdet

Barn og unge i Norge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling skal få hjelp og støtte, uavhengig av kjønn, landbakgrunn og opphaldsstatus, funksjonsevne og seksuell orientering, og utan omsyn til kvar i landet barna bur. Tal frå barnevernsstatistikken til Statistisk sentralbyrå for 2015 viser at det var fleire gutar enn jenter som tok imot tiltak frå barnevernet. Gjennom heile 2015 var det rundt 55 prosent gutar og 45 prosent jenter som fekk barnevernstiltak. Kjønnfordelinga har vore stabil dei siste åra.

Det var relativt små kjønnsskilnader i 2015 både når det gjaldt talet på plasseringar i fosterheim og barnevernsinstitusjonar og bruken av fleire typar hjelpetiltak. Det var ein tendens til at gutar oftare hadde hjelpetiltak som bustad med oppfølging, utdanning/arbeid og støttekontakt enn jenter. Dei tok òg oftare imot behandlingstilbod som PMTO (foreldreopplæring). BLD og Bufdir vil i utviklinga av barnevernstiltaka framleis ta omsyn til tilrettelegging for begge kjønna der det er behov for det. For barnevernsinstitusjonane

gjeld dette til dømes i arbeidet med internkontroll, kvalitetsarbeid og utviklinga av behandlingsmetodar.

Det kjem mange fleire einslege mindreårige gutar enn jenter til landet. Av dei som budde i omsorgssenter ved utgangen av 2015, var om lag 98 prosent gutar.

## 5.3 Status i departementet og dei underliggjande verksemdene for 2015

Likestillingslova § 23, diskrimineringslova om etnisitet § 20, diskriminerings- og tilgjengelova § 24 og diskrimineringslova om seksuell orientering § 19 pålegg arbeidsgivarar ei aktivitetsplikt. Arbeidsgivarar skal arbeide aktivt og målretta for å fremme likestilling og hindre diskriminering ut frå kjønn, nedsett funksjonsevne, etnisitet, religion, livssyn, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk. Tabellane under viser statusen for likestilling når det gjeld kjønn i BLD og dei underliggjande verksemdene.

Tabell 5.1 Barne- og likestillingsdepartementet (kjønn, lønn, stilling) per 31.12.2015. Prosent og tal (N).

	Kjønnsbalanse				Lønn <sup>1</sup>
	Menn	Kvinner	Personer (N)	Årsverk (N)	
Totalt i verksemda	30,2	69,8	202	197	94,8
Ekspedisjonssjefar	40,0	60,0	5	5	102,3
Avdelingsdirektørar	38,1	61,9	21	20	87,6
Fagdirektørar	25,0	75,0	8	7,7	95,8
Seniorrådgivarar	31,7	68,3	101	97,3	100,5
Rådgivarar	23,1	76,9	26	27	97,5
Seniorkonsulentar	16,7	83,3	6	6	93,6
Førstekonsulentar	28,6	71,4	28	27,4	102,1

<sup>1</sup> Kvinnerens lønn i prosent av menns lønn



Tabell 5.2 Barne- og likestillingsdepartementet (deltid, tilsettingsforhold, permisjon, legemeldt sjukefråvær, kjønn) per 31.12.2015. Prosent.

	Deltid <sup>1</sup>		Mellombels tilsette		Foreldrepermisjon		Legemeldt sjukefråvær	
	M	K	M	K	M	K	M	K
Totalt i verksemda	6,6	8,5	16,4	12,1	0	3,7	3,06	5,9

<sup>1</sup> Prosentdelen kvinner og menn som arbeider mellombels deltid på grunn av graderte permisjonar (AAP, omsorg for barn, etc).

Tabell 5.3 Barne-, ungdoms- og familieetaten (kjønn, lønn, stilling) per 31.12.2015. Prosent og tal (N).

	Kjønnsbalanse				
	Menn	Kvinner	Personer (N)	Årsverk (N)	Lønn <sup>1</sup>
Totalt i verksemda	38,3	61,7	6 332	3 667,8	107,5
Direktørar og avdelingsdirektørar	42,9	57,1	38	34,7	101,0
Seksjonssjefar og arkivleiarar	32,0	68,0	47	44,4	94,5
Leiarar av institusjonar, familievernkontor	37,0	63,0	126	118,9	98,8
Avdelingsleiarar i institusjonar	29,5	70,5	201	182,9	99,4
Fagstillingar profesjonsutdanning/masternivå	24,3	75,7	841	642,4	97,5
Seniorrådgivarar og prosjektleiarar	35,7	64,3	452	378,9	96,9
Rådgivarar	21,7	78,3	493	410,2	99,1
Fagstillingar høgskole lågare grad	37,3	62,7	1 900	952,8	97,5
Førstekonsulentar og senior-konsulentar	14,6	85,4	251	201,9	99,4
Miljøarbeidarar	59,0	41,0	1 775	577,8	101
Kontorstillingar og saksbehandlarar lågare nivå	10,0	90,0	161	104,8	116,4
Andre stillingar hushald, drift, reinhald	31,5	68,5	47	18,1	99,9

<sup>1</sup> Kvinnens lønn i prosent av menns lønn

Kjelde: Statistikk frå Barne-, ungdoms- og familieetaten.

Tabell 5.4 Barne-, ungdoms- og familieetaten (deltid, tilsettingsforhold, permisjon, legemeldt sjukefråvær, kjønn) per 31.12.2015. Prosent.

	Deltid		Mellombels tilsette		Foreldrepermisjon		Legemeldt sjukefråvær	
	M	K	M	K	M	K	M	K
Totalt i verksemda	56,8	44,2	46,7	33,8	0,2	1,0	8,0	9,3

Kjelde: Statistikk frå Barne-, ungdoms- og familieetaten.

Tabell 5.5 Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker (kjønn, lønn, stilling) per 31.12.2015. Prosent og tal (N).

	Kjønnsbalanse				
	Menn	Kvinner	Personer (N)	Årsverk (N)	Lønn <sup>1</sup>
Totalt i verksemda	25	75	128	121	75,4
Direktør	0	100	1	1	-
Dagleg leiar/fylkesnemndleiar	33	67	12	12	98,8
Fylkesnemndleiar	44	56	62	61	100,0
Rådgivar	0	100	2	2	-
Seniorrådgivar	0	100	3	3	-
Seniorkonsulent	0	100	7	7	-
Førstekonsulent	0	100	22	20	-
Konsulent	6	94	19	14	92,7
Prosjektleiar	0	100	1	1	-

<sup>1</sup> Kvinners lønn i prosent av menns lønn

Tabell 5.6 Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker (deltid, tilsettingsforhold, permisjon, lege-meldt sjukefråvær, kjønn) per 31.12.2015. Prosent.

	Deltid		Mellombels tilsette		Foreldrepermisjon		Legemeldt sjukefråvær	
	M	K	M	K	M	K	M	K
Totalt i verksemda	0	21	15	9	3	2	2,0	5,1

Tabell 5.7 Forbrukarombodet (kjønn, lønn, stilling) per 31.12.2015. Prosent og tal (N).

	Kjønnsbalanse				
	Menn	Kvinner	Totalt antall ansatte (N)	Årsverk (N)	Lønn <sup>1</sup>
Totalt i verksemda	45	55	28	28,5	96
Toppleiing (ombod)	0	100	1	1,0	-
Mellomleiing (juridisk direktør, fagdirektør, avdelingsdirektør)	60	40	5	5,0	100
Seniorrådgivar	50	50	4	4,0	94
Rådgivar	55	45	10	11,4	104
Førstekonsulent	29	71	7	6,3	101
Konsulent/sekretær	0	100	1	0,8	-

<sup>1</sup> Kvinners lønn i prosent av menns lønn

Tabell 5.8 Forbrukarombodet (deltid, tilsettingsforhold, permisjon, legemeldt sjukefråvær, kjønn) per 31.12.2015. Prosent.

	Deltid		Mellombels tilsette		Foreldrepermisjon		Legemeldt sjukefråvær	
	M	K	M	K	M	K	M	K
Totalt i verksemda	0	3,5	3,5	0	3,5	7,0	1,9	1,2

Tabell 5.9 Barneombodet (kjønn, lønn) per 31.12.2015. Prosent og tal (N).

	Kjønnsbalanse				
	Menn	Kvinner	Personer (N)	Årsverk (N)	Lønn <sup>1</sup>
Totalt i verksemda	22,2	77,8	18,0	17,6	102,9

<sup>1</sup> Kvinners lønn i prosent av menns lønn

Tabell 5.10 Barneombodet (deltid, tilsettingsforhold, permisjon, legemeldt sjukefråvær, kjønn) per 31.12.2015. Prosent.

	Deltid		Mellombels tilsette		Foreldrepermisjon		Legemeldt sjukefråvær	
	M	K	M	K	M	K	M	K
Totalt i verksemda	0	14,3	0	14,3	50,0	0	0,8	1,0

Tabell 5.11 Likestillings- og diskrimineringsombodet (kjønn, lønn, stilling) per 31.12.2015. Prosent og tal (N).

	Kjønnsbalanse				
	Menn	Kvinner	Personer (N)	Årsverk (N)	Lønn <sup>1</sup>
Totalt i verksemda	26	74	68	52,3	100,3
Toppleiing (ombod)	0	100	1	0,9	-
Avdelingsleiar	20	80	5	4,7	102,6
Fagdirektør	29	71	7	5,8	100,0
Seniorrådgivar	34	66	29	22,0	101,2
Rådgivar	20	80	20	16,1	101,1
Førstekonsulent	0	100	2	1,2	-
Konsulent	0	100	1	0,9	-
Sekretær	100	0	1	0,3	-
Førstesekretær	100	0	2	*	-

<sup>1</sup> Kvinners lønn i prosent av menns lønn

Tabell 5.12 Likestillings- og diskrimineringsombodet (deltid, tilsettingsforhold, permisjon, legemeldt sjukefråvær, kjønn) per 31.12.2015. Prosent.

	Deltid		Mellombels tilsette		Foreldrepermisjon		Legemeldt sjukefråvær	
	M	K	M	K	M	K	M	K
Totalt i verksemda	11,1	4,1	11,1	10,2	5,6	2,0	1,1	1,9

Tabell 5.13 Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukartvistutvalet (kjønn, lønn) per 31.12.2015. Prosent og tal (N).

	Kjønnsbalanse				
	Menn	Kvinner	Personer (N)	Årsverk (N)	Lønn <sup>1</sup>
Totalt i verksemda	18	82	11	10,2	102

<sup>1</sup> Kvinners lønn i prosent av menns lønn

Tabell 5.14 Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukartvistutvalet (deltid, tilsettingsforhold, permisjon, legemeldt sjukefråvær, kjønn) per 31.12.2015. Prosent.

	Deltid		Mellombels tilsette		Foreldrepermisjon		Legemeldt sjukefråvær	
	M	K	M	K	M	K	M	K
Totalt i verksemda	50	0	50	0	0	11,1	0,9	1,2

## 5.4 Barne- og likestillingsdepartementet

BLD har som mål å vere ein likestilt og inkluderande organisasjon. Lokale og arbeidsverktøy skal vere universelt utforma og medarbeidarar i senioralder skal ha like gode høve til jobbutvikling og kompetanseutvikling som andre medarbeidarar.

Departementet har i fleire år hatt som mål å rekruttere fleire menn, særleg til avdelingar og stillingstypar der prosentdelen kvinner er høg. Departementet har rutinar for å kalle inn kvalifiserte mannlege søkjarar til intervju. I 2015 var 32,4 prosent av søkjarane menn. Per 31. desember 2015 er 69,8 prosent av dei tilsette kvinner og 30,2 prosent menn.

Når det gjeld rekruttering av personar med nedsett funksjonsevne og personar med innvandrarakgrunn, er regelen i BLD at minimum éin søkjar skal kallast inn til intervju om han eller ho er formelt kvalifisert. Alle ledige stillingar blir òg

lyste ut på nettstader for unge funksjonshemma og for innvandrarungdom. Departementet bruker moderat kvotering av underrepresenterte grupper. BLD deltek i statens traineeprogram for personar med høgare utdanning og nedsett funksjonsevne 2015–2016.

BLD har gjennom IA-avtalen lagt opp til utvida bruk av støtteordningar som tilretteleggingstilskot, lønnstilskot og praksisplassar gjennom Nav.

Tabellen med tilstandsrapportering for BLD viser at kvinner samla sett tener 94,8 prosent av det menn tener.

Per 31. desember 2015 arbeidde 6,6 prosent av mennene og 8,5 prosent av kvinnene i BLD deltid. Tala refererer til prosentdelen av kvart kjønn som mellombels arbeider i ein mindre stillingsprosent på grunn av permisjon (til dømes delvis AAP/uføre eller omsorg for barn). Når det gjeld mellombelse tilsetjingar per 31. desember 2015, er prosentdelen menn med mellombels tilsetjing 16,4 prosent, medan det tilsvarande talet for kvinner er 12,1 prosent.

## 5.5 Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat)

Likestillingsperspektivet i Bufetat er integrert som ein viktig del i fleire prosessar internt i verksemda, mellom anna i personalpolitikken og rekrutteringspolitikken. Kvinnene utgjorde per 31. desember 2015 61,7 prosent og mennene utgjorde 38,3 prosent. For menn er dette ein auke på eitt prosentpoeng samanlikna med 2014.

Rekrutteringspolitikken har eit uttalt mål om balanse mellom kjønna i dei ulike stillingskategoriane på alle nivå i verksemda, men òg sett i samanheng med kjønnsfordelinga i den enkelte eininga/avdelinga/seksjonen. Bufetat følgjer dei sentrale føringane for å utforme stillingsannonser, slik at ein oppmodar alle uavhengig av alder, seksuell orientering, kjønn og kjønnsidentitet, funksjonshemming, nasjonal eller etnisk bakgrunn om å søkje ledige stillingar. I tillegg blir søkjarar oppmoda til å opplyse om dei har funksjonshemmingar eller ikkje-vestleg bakgrunn.

Bufetat er representert med deltakarar i Statens mangfaldsnettverk saman med mange andre statlege verksemdar, hovudsakleg direktorat. Statens mangfaldsnettverk har i 2015–2016, med økonomisk støtte frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet og hovudsamanslutningane, planlagt eit prosjekt for å kartleggje rekrutteringspraksisen med omsyn til mangfald i verksemdene. I prosjektet skal det utarbeidast tiltak for å medverke til ein ikkje-diskriminerande rekrutteringspraksis i statlege verksemdar.

Tabell 5.3 viser at det er overvekt av kvinner i alle stillingskategoriane i Bufetat bortsett frå i kategorien miljøarbeidarar, der det er 59 prosent menn. Bufetat har flest kvinnelege leiarar på alle nivå i verksemda. Bufetat har ei relativt jamn lønnsfordeling mellom kvinner og menn innanfor dei ulike stillingskategoriane.

I den grad ein kan peike på skilnader i lønn, går dei i favør av mennene i stillingsgruppa seksjonssjefar og fagstillingar på høgare nivå og blant seniorrådgivarar og prosjektleiarar. I desse gruppene har kvinner mellom 94,5 og 97,5 prosent av lønna menn har. Samla for verksemda tener kvinner 107,5 prosent av lønna til menn. Forklaringa må sjåast i samanheng med gruppa kontorstillingar og saksbehandlarar som er overrepresentert av kvinner som til dømes har stått lenge i stillinga og har betre lønn enn den relativt låge prosentdelen menn i denne gruppa. I Bufetat utgjer tilsette i vikariat og med mellombels tilsetjing 39 prosent av den totale

arbeidsstokken. Denne gruppa består i hovudsak av tilsette i turnus, som gjerne er menn utan formell utdanning og kvinner med formalkompetanse, derfor går skilnaden i lønn i favør av kvinnene.

## 5.6 Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker

Per 31. desember 2015 var det 128 tilsette i fylkesnemndene. 25 prosent av dei var menn.

Hovudårsaka til den ujamne kjønnsfordelinga er at det i all hovudsak er kvinner som er tilsette i merkantile stillingar og stab. I stillingsgruppa for nemndleiarar var 56 prosent kvinner.

Alle nemndleiarane har same lønn, uavhengig av kjønn, medan dei som er daglege leiarar i tillegg til stillinga som nemndleiar, har eit tillegg som blir regulert av kor mange tilsette det er i nemnda dei leier.

Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker følgjer dei sentrale føringane for å utforme stillingsannonser, slik at dei oppmodar alle uansett alder, seksuell orientering, kjønn og kjønnsidentitet, funksjonshemming, nasjonal eller etnisk bakgrunn til å søkje ledige stillingar. I tillegg blir kvalifiserte søkjarar med innvandrarbakgrunn inviterte til intervju.

Det er eit mål at alle lokale skal ha universell utforming og vere tilgjengelege for alle.

## 5.7 Forbrukarombodet

Kjønnsfordelinga hos Forbrukarombodet har i 2015 vore 55 prosent kvinner og 45 prosent menn – det same som året før. I leinga var halvparten menn og halvparten kvinner. Totalt for verksemda er lønna for kvinner 96 prosent av lønna for menn, men for eit par stillingskategoriar ligg kvinner høgare enn menn.

I politikken for rekruttering og tilsetjing har Forbrukarombodet mellom anna nedfelt at kunningering av ledige stillingar må innehalde ei mangfaldserklæring der ein oppmodar alle kvalifiserte til å søkje, uansett alder, kjønn, etnisitet og nedsett funksjonsevne.

Forbrukarombodet er oppteke av å halde på tilsette i ulike livsfasar, slik at dei kan utvikle seg og ha eit godt arbeidsforhold i dei ulike fasane av livsløpet. Gjennom seniorpolitikken blir det fokusert på yrkesaktivitet etter fylte 50 år, og det blir gjennomført seniorsamtalar etter fylte 55 år.

## 5.8 Barneombodet

Situasjonen i 2015 var i det store og heile som i 2014. Barneombodet har gjennom fleire år hatt eit fleirtal av kvinnelege tilsette og i 2015 var 78 prosent av dei tilsette kvinner. Trass i eit sterkt ønske om betre kjønnsbalanse er ubalansen blitt større i løpet av året. Av dei fire medlemmene i leiargruppa er éin mann, resten er kvinner.

Personar med funksjonsnedsetjingar har ikkje vore å finne blant søkerane til stillingane Barneombodet har lyst ut det siste året. 10 prosent av dei tilsette ved kontoret har ikkje-vestleg bakgrunn.

Barneombodet har ingen lønnsforskjellar som kan knytast til kjønn, verken i leiargruppa eller i fagstaben. Kvinner tener 102,9 prosent av lønna til menn på kontoret.

Det gjennomsnittlege kvartalsvise sjukefråværet er redusert for både menn og kvinner – frå 1,2 og 1,3 prosent i 2014 til 0,8 og 1 prosent i 2015.

## 5.9 Likestillings- og diskrimineringsombodet

LDO er framleis ei kvinnedominert verksemd, trass i høgt medvit om dette ved rekruttering til ledige stillingar. Frå 2014 til 2015 var det ei forbetring frå 25 til 26 prosent menn.

Den overordna personalpolitikken til LDO omfattar desse delområda: rekruttering, lokal lønns- og kompetanseutvikling, livsfasepolitikk og arbeidsmiljø. Felles for alle punkta er målet om mangfald, eit inkluderande arbeidsliv og god tilgjengelegheit. LDO skal leggje til rette for at tilsette i alle livsfasar får ein god arbeidssituasjon og kan utvikle seg gjennom heile yrkeskarrieren.

Staben til LDO skal spegle mangfaldet blant innbyggjarane gjennom

- ei jamn kjønnsfordeling i verksemda
- at det skal vere minst 40 prosent av kvart kjønn i leiarstillingane
- at minst 15 prosent av dei tilsette i verksemda skal ha innvandrarakgrunn
- at minst 10 prosent skal ha nedsett funksjonsevne

LDO har både medarbeidarar med innvandrarakgrunn og medarbeidarar med nedsett funksjonsevne. Måltala som er sette på desse områda, er oppfylt.

LDO har i 2015 satsa på ei likestilt rekruttering for å lykkast med mangfaldsmålet. Ombodet har ei mangfaldserklæring i stillingsannonsar og

nyttar målretta rekrutteringskanalar for å oppnå måla. Dersom det er kvalifiserte søkerar med innvandrarakgrunn eller nedsett funksjonsevne, skal minimum éin i kvar kategori inviterast til intervju. LDO nyttar òg til ein viss grad målretta rekrutteringskanalar.

Satsinga på likestilt rekruttering har to hovudmålsetjingar:

- 1) å sørge for at rekrutteringa er profesjonell, likestilt og ikkje-diskriminerande
- 2) å sørge for at LDO kan gi betre rettleing om likestilt rekruttering eksternt

Som ein del av arbeidet har LDO vurdert sin eigen rekrutteringspraksis og utvikla eit rammeverk for likestilt rekruttering. Alle styrande dokument for rekruttering og eigen rekrutteringspraksis er gjennomgått for å identifisere diskrimineringsrisiko.

LDO har eit mål om likelønn mellom kjønna i verksemda. I nokre stillingskategoriar er det berre tilsett kvinner eller berre menn. Alle stillingar i LDO skal la seg kombinere med familieliv og omsorgsoppgåver.

Medarbeidarar som treng tilrettelegging, har fått det anten det gjeld teknisk utstyr eller sjølve kontoret, eventuelt også etter medverknad frå Nav. Tilsette kan òg få arbeidstilhøva lagde til rette gjennom ordninga med å arbeide heimanfrå. Som del av arbeidet med ein tilretteleggingsplan har LDO etablert ei eiga ordning med samtalar for alle når dei byrjar i LDO, og undervegs i tilsetjingsforholdet. Formålet med desse samtalanene er å avdekkje individuelle behov.

## 5.10 Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukartvistutvalet

Per 31. desember 2015 hadde sekretariatet 11 tilsette – ni kvinner og to menn. Det var ti heile stillingar og éi stilling på 20 prosent. Stillinga på 20 prosent blei delt mellom ein mannleg og ein kvinneleg sekretær gjennom året. Sekretariatet har ikkje spesielle retningslinjer, planar eller liknande for likestillingsarbeidet.

Sekretariatet har ikkje lønsskilnader som kan knytast til kjønn.

Når sekretariatet lyser ut ledige stillingar, blir personar med innvandrarakgrunn og/eller nedsett funksjonsevne oppmoda om å søkje. Per 31. desember 2015 hadde sekretariatet ingen med nedsett funksjonsevne.

Lokala til sekretariatet er lagde til rette for rullestolbrukarar.

For å nå betre ut til grupper med innvandrarbakgrunn er informasjonen på nettsidene til Marknadsrådet og Forbrukartvistutvalet omsett til engelsk.

### **5.11 Sekretariatet for Likestillings- og diskrimineringsnemnda**

---

Per 31. desember 2015 hadde sekretariatet fire tilsette kvinner og ingen menn. Alle dei tilsette hadde full stilling.

Når sekretariatet lyser ut ledige stillingar, blir personar med innvandrarbakgrunn og/eller nedsett funksjonsevne oppmoda om å søkje.

Lokala til sekretariatet er lagde til rette for personar med nedsett funksjonsevne. Sekretariatet har ein handlingsplan for universell utforming og auka tilgjengelegheit.

### **5.12 Andre kommentarar til omtalen**

---

Forbrukarrådet rapporterer i eigen årsrapport.

## 6 Forsking og utvikling

I Meld. St. 7 (2014–2015) *Langtidsplan for forskning og høyere utdanning 2015–2024* varsla regjeringa ein ambisiøs politikk for forskning og høgare utdanning. Satsinga gir tydelege rammer gjennom langsiktige mål og prioriteringar, og konkrete satsingar på forskingsinfrastruktur, rekrutteringsstillingar og tiltak for å stimulere til god deltaking i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, *Horisont 2020*.

Noregs forskingsråd har desse måla:

- auka vitenskapleg kvalitet
- auka verdiskaping i næringslivet
- å møte store samfunnsutfordringar
- eit velfungerande forskingssystem
- god rådgiving

Kunnskapsdepartementet held fram arbeidet med å utvikle styringssystemet for Forskingsrådet i samarbeid med dei andre departementa og Forskingsrådet. Styringssystemet og det samla resultatet av verksemda til Noregs forskingsråd i 2015 er nærmare omtalt i budsjettproposisjonen til Kunnskapsdepartementet for 2017.

*Barne- og likestillingsdepartementets forskningsstrategi 2016–2020* blei ferdigstilt våren 2016. Langtidsplanen er eit viktig grunnlag for strategien. Oppfølginga av strategien vil bli konkretisert i budsjettproposisjonane, i meldingar og handlingsplanar og i tildelingsbrev til Bufdir, Noregs forskingsråd og kunnskapsmiljø.

BLDs forskingsinnsats skal nå måla for forskning, som er:

1. langsiktig og målretta kunnskapsoppbygging
2. høg kvalitet
3. å gi eit godt grunnlag for politikktutvikling og forvaltning

Tiltak i strategien:

- Breie kunnskapsstatusar skal liggje til grunn for vidare forskingsinnsats og prioriteringar.
- Deltaking i program via Noregs forskingsråd skal vurderast ved behov for langsiktig kunnskapsoppbygging på forskningssvake område.
- Forskingsrådet skal arbeide for å utvikle kvaliteten i kunnskaps- og kompetansemiljøa.

- Kunnskap frå forskning skal vere tilgjengeleg for, og brukast systematisk av departement, etatar, kommunar og allmenta.
- Utviklinga og endringane på BLDs ansvarsområde skal følgjast mellom anna gjennom forskning på registerdata, longitudinelle studiar og levekårsundersøkingar.

Det skal òg gjennomførast forskingsbaserte evalueringar av større tilskotsordningar, reformer og tenester. Forskingsprosjekt skal i større grad involvere fleire fagdisiplinar for betre å vurdere den samla effekten på politikktutviklinga. Utviklinga av statistikken og indikatorane skal halde fram, og kunnskap om effekten av dei ulike verkemidla og tiltaka skal byggjast opp.

Departementet medverkar til langsiktig og målretta kunnskapsbygging gjennom støtte til forskning, mellom anna i regi av Forskingsrådet, til programma *Velferd, arbeid og migrasjon* (VAM) og *Gode og effektive helse-, omsorgs- og velferdstenester* (HELSEVEL). Løyvinga blir òg brukt til å finansiere deler av administrasjonsutgiftene i Forskingsrådet knytt til ordningane. For nærmare omtale av finansieringa av administrasjonsutgiftene i Noregs forskingsråd visast det til Kunnskapsdepartementets budsjettproposisjon, kap. 285, post 55.

Departementet gir òg midlar til CORE – Kjernemiljø for likestillingsforskning, dei tre regionale kunnskapscentera for barn og unge, Norsk senter for studier av problemferd og innovativ praksis, Nasjonalt kunnskapscenter om vald og traumatisk stress, og programmet *Sivilsamfunn og frivillig sektor 2013–2017*. I tillegg får Forbruksforskningsinstituttet SIFO midlar som skal dekkje konkrete forvaltingsrelaterte forskingsoppgåver på forbrukarfeltet.

Gjennom avtalar med Statistisk sentralbyrå (SSB) får departementet statistikk på dei ulike ansvarsområda til departementet. BLD finansierer ein likestillingskoordinator i SSB. I tillegg konkurranseutset departementet forskingsoppdrag som grunnlag for politikktutvikling og i enkelte faglege spørsmål.



Bufdir og AVdir har oppgåver knytte til forskning og analyse mellom anna på barnevernsområdet, familievernområdet, likestillings- og ikkje-diskrimineringsområdet og overføringsordningane til barnefamiliane. Eit viktig arbeid, som

blir utført i regi av Bufdir, er å utvikle og implementere indikatorar på nokre av ansvarsområda direktoratet har. Slike indikatorsystem kan bli eit viktig grunnlag for å gjennomføre ulike forskingsprosjekt.

## 7 Forenklingsarbeid, modernisering, effektivisering og betre gjennomføringskraft

Arbeids- og velferdsetaten har ansvar for forvaltninga av sentrale ytingar på desse ansvarsområda til BLD: barnetrygd, kontantstøtte, foreldrepengar og regelverket for barnebidrag.

Stortinget samtykte den 26. mai 2016 i at Arbeids- og sosialdepartementet kunne starte opp Prosjekt 2 i moderniseringa av IKT i Arbeids- og velferdsetaten, jf. Innst. 291 S (2015–2016). Det er gjort greie for grunnlaget for vedtaket i Prop. 67 S (2015–2016).

I Prosjekt 2 er det planlagt å utvikle ei gjenbrukbar vedtaksløysing for individbaserte ytingar. Vedtaksløysinga vil saman med plattformar for digitale sjølvbeteningsløysingar brukast til å lage nye løysingar for foreldrepengar og eingongsstønad. Prosjektet er planlagt gjennomført i perioden 2016–2019.

Prosjekt 2 er ledd i ei langsiktig og omfattande modernisering av IKT-systema i arbeids- og velferdsetaten. Eit hovudmål er å gi betre tenester til brukarane og større effektivitet i saksbehandlinga. Hovudstrategien er å gi brukarane betre tilgang til og innsyn i eiga sak, døgnopne dialogtenester over nettet og fleire sjølvbeteningsløysingar knytte til sentrale ytingar. Det er gjort nærare greie for IKT-moderniseringsprogrammet og anna utviklingsarbeid i arbeids- og velferdsetaten i Prop. 1 S (2016–2017) frå Arbeids- og sosialdepartementet.

Det blir arbeidd aktivt med forenkling, modernisering og betre gjennomføringskraft i barnevernet. Bufdir har i fleire år arbeidd med å betre kvaliteten i tenestene, samtidig som det er gjennomført store effektiviseringar og omstillingar i Bufetat. Frå 2009 til 2015 auka aktiviteten, målt i talet på opphaldsdagar, med 25 prosent, medan dei reelle utgiftene auka med 6 prosent i same periode. I 2015 heldt nedgangen i utgifter per opphaldsdag fram. Ressursbruken i Bufetat og Bufdir, målt i talet på årsverk, er redusert med i underkant av 20 prosent sidan 2010. I 2015 blei talet på årsverk redusert med 4 prosent, samtidig som bemanninga ved familievernkontora og omsorgssentera er blitt styrkt. Det har vore ei vridning i tiltaka frå ressurskrevjande plasseringar i institusjon til min-

dre ressurskrevjande tiltak som plassering i fosterheim, i tråd med barnevernfaglege føringar.

Regjeringa legg opp til ei ny ansvarsdeling mellom det kommunale og det statlege barnevernet, der kommunane får eit større fagleg og økonomisk ansvar. Formålet er eit betre barnevern som gjer at fleire barn får rett hjelp til rett tid. Regjeringa er oppteken av at det skal leggjast meir vekt på førebygging og tidleg innsats i arbeidet med utsette barn og familiar, noko som vil redusere behovet for inngripande og kostbare barnevernstiltak og betre kvaliteten i tenestetilbodet.

Regjeringa ønskjer også å leggje om ordninga med refusjon av utgifter til kommunale barnevernstiltak for einslege mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar til ei ordning med fast tilskot. Ei ordning med fast tilskot vil vere meir effektiv både for staten og kommunane fordi ei slik ordning er enklare å administrere enn ei ordning der dokumenterte utgifter blir refunderte. Det vil òg vere enklare for kommunane å berre måtte søkje eitt direktorat om tilskot til busetjing av flyktningar. Den nye tilskotsordninga vil gjere inntektene til kommunane og utgiftene til staten meir pårekelege. Ho vil gi auka kostnadskontroll for staten, samtidig som kommunane får større fleksibilitet fordi dei kan prioritere midlane slik dei meiner det er mest formålstenleg. I dagens ordning må kommunane dekkje 20 prosent av utgiftene utover eigendelen uansett kor effektivt dei driv. I ei ordning med fast tilskot vil kommunane kunne tilpasse seg slik at dei får full kostnadsdekking. Kommunane kan òg dra nytte av eventuelle stordriftsfordelar, slik at det blir meir lønnsamt å busetje fleire barn.

I Bufdir har digitale løysingar og IKT vore prioritert mellom anna gjennom å gi gode forenkla løysingar for brukarane. Bufdir skal halde fram med å arbeide systematisk for at alle tenesteytarane i barnevernet kan gjere seg nytte av likestilte digitale tenester med barna i sentrum. Direktoratet skal koordinere den digitale utviklinga i barnevernet, der også kommunane og andre etatar på velferdsområda tek del.

I samband med at regjeringa legg fram ei kvalitets- og strukturreform for barnevernet for Stortinget, tek departementet i 2017 sikte på å greie ut moglegheitene for betre digital samhandling i barnevernet.

I Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker har lang saksbehandlingstid for saker med forhandlingsmøte i fleire år vore ei utfordring. Resultata frå 2015 viser at den positive utviklinga med lågare saksbehandlingstid frå 2013 og 2014 held fram. Sentraleininga for fylkesnemndene skal halde fram med å leggje til rette for å få ned saksbehandlingstida, jamne ut skilnader i saksbehandlingstid og auke produktiviteten i nemndene. Fylkesnemndene skal utvikle vidare og implementere eit sikkert elektronisk system for ekstern dokumentutveksling. Det nye systemet skal forenkle og effektivisere prosessane som involverer eksterne aktørar, og leggje til rette for full elektronisk saksbehandling på sikt.

I rapporten *Gjennomgang av det statlige forbrukerapparatet* frå våren 2015 konkluderer Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) med at Forbrukarrådet og Forbrukarombodet kvar for seg oppnår gode resultat, men at apparatet samla sett er fragmentert og lite kostnadseffektivt. På grunnlag av rapporten har regjeringa bestemt at dei ti regionkontora til Forbrukarrådet skal grupperast om til tre større einingar i Tromsø, Stavanger og Skien. Større einingar skal gi sterkare fagmiljø, høgare effektivitet og betre servicetilbod til brukarane. Endringane skal vere gjennomførte innan 1. mai 2017 (sjå nærmare omtale under delmål 1.2 i programkategori 11.00).

Ein viktig strategi i regjeringa sitt arbeid med forenkling er å identifisere, redusere og fjerne tidstjuvar. Det dreier seg dels om å gjere møtet og samhandlinga med offentleg sektor enklare for innbyggjarane og næringslivet og dels om å effektivisere offentleg sektor, slik at dei tilsette kan få meir tid til kjerneoppgåvene og betre kvaliteten i oppgåveløysinga.

Verksemdene under BLD har føreslått ei rekke forenklingar av regelverk, prosedyrekrav osv. som er fastsette av andre, og som dei meiner er

tidstjuvar for verksemda. I tillegg har andre statlege verksemdar meldt inn tidstjuvar der BLD har ansvar for oppfølging.

Eit resultat av jakta på tidstjuvar er at rapporteringskrava på barnevernsområdet no er forenkla.

Eit anna tiltak som er sett i verk, er elektronisk løysing for søknad om separasjon og skilsmisse. Prosjektet var eit samarbeid mellom Bufdir og fylkesmennene i Oslo og Akershus og Sogn og Fjordane. Hausten 2015 blei det mogleg å søkje elektronisk om separasjon hos Fylkesmannen. Tal viser at 35–40 prosent av separasjonssøknadene no kjem inn elektronisk. Erfaringane med ordninga har vore gode. Eit digitalt skjema for skilsmisse etter to års samlivsbrot (ekteskapslova § 22) blei lansert i juni 2016. Arbeidet med å digitalisere søknadsprosessen og saksbehandlinga i separasjon- og skilsmissesakar held fram. Det digitale skjemaet for skilsmisse etter eitt års separasjonstid (ekteskapslova § 21) skal vere klart hausten 2016. Utviklingsprosjektet er planlagt slutført i 2017.

Som ein del av arbeidet mot tidstjuvar er Forbrukarrådet i gang med å få på plass ei ny kundesenter- og registerløysing for behandling av førespurnadene frå brukarane. Løysingane vil gi større intern fleksibilitet og betre kundeservice. Ein offentleg elektronisk postjournal som forenkler sakbehandlinga og sikrar større innsyn i aktivitetane til Forbrukarrådet, er på plass. I tillegg er det sett i gang eit arbeid med å få på plass ei løysing som skal sikre elektronisk overføring av klagesakene som går frå Forbrukarrådet til Forbrukartvistutvalet. Løysinga vil forenkle saksgangen mellom dei to verksemdene, som begge behandlar ei aukande mengd saker.

Forbrukarrådet har òg sett i gang andre og mindre forenkling- og effektiviseringstiltak, som å lage nye retningslinjer for klagesaksbehandlinga.

Verksemdene under BLD har ei konstruktiv tilnærming til arbeidet med å fjerne tidstjuvar. Departementet forventar gode resultat frå dette arbeidet på sikt, i form av auka effektivitet og betre tenester for brukarane.

## 8 Omtale av klima- og miljørelevante saker

### 8.1 Omtale av klima- og miljørelevante saker på forbrukarområdet

---

Klima- og miljøpolitikken til regjeringa byggjer på at alle samfunnssektorar har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljøomsyn til grunn for aktivitetane sine og for å medverke til å nå dei nasjonale klima- og miljøpolitiske måla. Vidare har sektorstyresmaktene ansvar for å gjennomføre tiltak innfor sine eigne område som er nødvendige for å kunne nå måla i klima- og miljøpolitikken.

Informasjon om miljømessige og sosiale aspekt ved varer og tenester gjer det mogleg for forbrukarane å velje produkt som gir minst mogleg belastning på miljøet og ressursane. Gjennom etterspurnad kan forbrukarar påverke næringsdrivande til i større grad å ta omsyn til berekraft ved avgjerder om investeringar og produksjon.

Miljømerkeordningane Svana og EU Ecolabel er viktige verkemiddel. Ved utgangen av 2015 var det 12 589 svanemerkte produkt på den norske marknaden. Det er ein auke på over 4 000 produkt samanlikna med utgangen av 2014. Nytt digitalt rapporteringssystem og fleire lisensar forklarar den store auken i 2015.

Skolen er ein viktig arena for å skape forståing for ressurs- og klimaproblema og for å skape reflekterte haldningar til forbruk. BLDs arbeid med å fremme undervisning i forbrukaremne tek opp spørsmål som er knytte til dette området.

I Noreg blir det kasta om lag 360 000 tonn mat kvart år. Mesteparten av det som blir kasta, kjem frå private hushald. Departementet støttar derfor

arbeidet til Matvett AS for å redusere matsvinn. Arbeidet må sjåast i samheng med samarbeidet mellom styresmaktene og bransjeorganisasjonane om ein bransjeavtale for å redusere matsvinn (nærmare omtalt under delmål 6.3).

### 8.2 Mål for det vidare arbeidet på forbrukarområdet

---

BLD vil i 2017 halde fram med å byggje opp under dei offisielle merkeordningane Svana og EU Ecolabel som viktige forbrukarretta verktøy for å gjere miljømedvitne val. Målet er at talet på miljømerkte produkt på den norske marknaden skal auke.

Departementet vil i 2017 arbeide vidare med Landbruks- og matdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og matbransjen om ein bransjeavtale for å redusere matsvinnet i samfunnet. Bransjeavtalen skal gjelde frå 2017 og omfatte heile verdikjeda for mat.

Forbruksforskningsinstituttet SIFO har utvikla ei metode for å evaluere utviklinga i forbruket i Noreg frå eit berekraftsperspektiv. Med utgangspunkt i denne forskinga skal SIFO drøfte og gi tilrådingar om tiltak for å redusere miljøbelastninga som følgjer av forbruket.

Departementet vil òg føre vidare tiltak som er retta mot skolen, der miljø og berekraft er sentrale tema.

## 9 Arbeid med menneskerettar

FNs verdserklæring om menneskerettar frå 1948 slår fast at «alle menneske er fødte frie og med same menneskeverd og menneskerettar». Det handlar om likestilling, ikkje-diskriminering og fridom for alle, vaksne og barn, uavhengig av eigenskapar som kjønn, etnisk bakgrunn, funksjonsevne og seksuell orientering. Menneskerettane er universelle, udelelege og gjensidig forsterkande.

I samarbeidet i Europarådet har Noreg dels rettslege forplikningar som følgje av Europarådet sine konvensjonar, deriblant landrapporteringar, dels politiske forplikningar gjennom deltaking i Europarådet sitt arbeid generelt og resolusjons- og konvensjonsarbeidet spesielt. Mellom anna koordinerer BLD den norske kontakten med kommisjonen mot rasisme og intoleranse (ECRI). ECRI la fram sin femte rapport om Noreg i 2015.

### *FN-konvensjonen om barns rett*

BLD har ansvaret for å fremme og koordinere arbeidet med ei betre overvaking av gjennomføringa av FN-konvensjonen om barnerettane. Barnekonvensjonen er eit viktig instrument for å ta vare på rettane til barn og gir gode retningslinjer for korleis rettane kan takast vare på og utviklast vidare i samfunnet vårt.

Artikkel 12 i barnekonvensjonen slår fast at barn som er i stand til å danne seg egne synspunkt, skal ha rett til fritt å gi uttrykk for desse synspunkta i alle forhold som gjeld dei sjølve. Reglane i barnekonvensjonen kjem til uttrykk i mellom anna adopsjonslova, barnelova og barnevernlova. Regelen om barns medverknad og det beste for barnet blei i 2014 teken inn i Grunnlova § 104.

På regionalt plan blei Fylkesmannen i Troms i 2015 tildelt midlar frå BLD for å arbeide med *Sjumilssteget*. *Sjumilssteget* handlar om å setje i verk barnekonvensjonen i kommunane og hjelpe kommunane med å konkretisere artiklane i barnekonvensjonen, slik at dei kan brukast til å kvalitetssikre tenestene til barn og unge. Fylkesmannen i Troms har formidla metodikken til alle fylka. Over halvparten av kommunane/bydelane i

landet har delteke i satsingar initierte av fylkesmannsembetet og innført ein variant av metoden.

Noreg har i oktober 2016 levert sin femte og sjette statsrapport til FNs barnekomité. I arbeidet med rapportane har frivillige organisasjonar vore inviterte til å kome med innspel. Det er òg tildelt midlar til Forum for barnekonvensjonen for at dei skal kunne utarbeide ein rapport frå sivilsamfunnet til FNs barnekomité om barns rett i Noreg. Bufdir har i 2016 utarbeidd ein eigen rapport som synleggjer stemmene til barn og unge, og barne rapporten er send til barnekomiteen saman med statsrapporten.

### *FN-konvensjonen mot alle former for diskriminering av kvinner*

På bakgrunn av Noregs åttande rapport til FN om oppfølginga av FNs kvinneediskrimineringskonvensjon og eksaminasjon i 2012 fekk Noreg tilrådingar frå FNs kvinneediskrimineringskomité. Det blei etablert eit samarbeid med både relevante departement og frivillige organisasjonar om oppfølginga. På førespurnad frå komiteen blei ein midtvegsrapport utarbeidd og oversend i 2014. Noreg leverte sin niande rapport om oppfølging av kvinneediskrimineringskonvensjonen i februar 2016. Noreg har fått førespurnad om å møte FNs kvinneediskrimineringskomité hausten 2017 for å gå igjennom den siste rapporten frå Noreg. Det blir utarbeidd ein «skyggerapport» frå det sivile samfunnet, noko som sikrar at det sivile samfunnet får fremma synspunkta sine.

### *FN-konvensjonen mot alle former for rasediskriminering*

Den 21. og 22. norske rapporten til rasediskrimineringskomiteen blei levert i 2013. Komiteen hørde Noreg i august 2015. Den norske delegasjonen var breitt samansett med representantar frå fleire departement og blei leidd av barne-, likestillings- og inkluderingsministeren. Den 23. og 24. norske rapporten skal leverast komiteen i september 2017.

*FN-konvensjonen om rettar for personar med nedsett funksjonsevne*

Noreg ratifiserte konvensjonen i 2013 og leverte sin første rapport til komiteen i juli 2015. Tidspunkt for høyring og dialog med komiteen som overvakar konvensjonen, er så langt ikkje fastsett. Det blir utarbeidd ein «skyggerapport» frå det sivile samfunnet, noko som sikrar at det sivile samfunnet får fremma synspunkta sine.

*Seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk*

Noreg er ein pådrivar for å få på plass eit meir konkret og kraftfullt internasjonalt regelverk som kan sikre rettane til LHBTI-personar mellom anna innanfor FN og Europarådet. Statar er forplikta til å sikre dei grunnleggjande menneskerettane til LHBTI-personar, jf. dei ulike konvensjonane om universelle, grunnleggjande rettar. Kva det inneber i praksis, med utgangspunkt i dei særskilde utfordringane LHBT-personar møter, er utdjupa og konkretisert mellom anna i dei såkalla Yogyakarta-prinsippa og i Europarådet sin LHBT-rekommandasjon (CoE CM Rec 2010/5).

Noreg, ved BLD, Utanriksdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet, har vore med på utviklinga av LHBT-rekommandasjonen til Europarådet. Dette er det første internasjonale juridiske dokumentet som spesifikt tek utgangspunkt i utfordringane LHBT-personar har. Rekom-

mandasjonen er eit såkalla ikkje-bindande juridisk dokument som den europeiske menneskerettstolten i Strasbourg og nasjonale domstolar stadig oftare viser til.

Den europeiske komiteen mot rasisme og intoleranse, ECRI, har nyleg inkludert spørsmål om rettar og kår for LHBT-personar i sine sykliske rapportar om medlemslanda. Den siste landrapporten frå ECRI om Noreg kom i februar 2015. I rapporten blei det mellom anna lagt vekt på behovet for ein ny nasjonal LHBT-handlingsplan på tvers av sektorane og for at eit relevant lovverk og helsetilbod blir betre tilpassa behova til ulike grupper av transpersonar. I 2016 blei ein ny, tverrsektoriell LHBTI-handlingsplan lansert av regjeringa, medan Stortinget med stort fleirtal vedtok ei ny lov om endring av juridisk kjønn.

*Anna arbeid*

BLD følgjer også med på dei årlege møta i tredje komité i Generalforsamlinga i FN, som dekkjer menneskerettsspørsmål knytte til likestilling og diskriminering på grunnlag av kjønn, etnisitet, nedsett funksjonsevne, seksuell orientering, barn o.a. BLD har også oppfølgingsansvar for FN-resolusjonar på departementet sitt ansvarsområde.

BLD deltek på dei årlege møta i FN's kvinnekommisjon, som er den politiske møteplassen for fagstatsrådar, det sivile samfunnet og FN-organa.

## 10 Oppfølging av FNs berekraftsmål

Noreg har slutta seg til arbeidet med FNs berekraftsmål, som består av 17 mål og 169 delmål. FNs berekraftsmål er ein felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, førebyggje ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Måla skal fungere som ei felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn. Barne- og likestillingsdepartementet har ansvar for oppfølging av tiltak innanfor fleire av delmåla og for det nasjonale koordineringsansvaret for hovudmål 5 Oppnå likestilling og styrkje stillinga til jenter og kvinner.

FNs berekraftsmål nr. 1: Utrydde alle former for fattigdom

Arbeidet i BLD mot barnefattigdom er knytt opp til FNs delmål 1.2. Landa skal «innan 2030 og i samsvar med nasjonale definisjonar minst halvere prosentdelen menn, kvinner og barn i alle aldrar som lever i fattigdom».

Strategien mot barnefattigdom er den første i sitt slag, og blei lansert våren 2015. Dei 64 tiltaka i strategien *Barn som lever i fattigdom* skal bidra til at alle barn får like moglegheiter til å delta og utvikle seg. Målet med strategien er å førebyggje at fattigdom går i arv, og dempe negative konsekvensar av å vekse opp i familiar med vedvarande låg inntekt. Som ei oppfølging av strategien har kommunane, frivillige organisasjonar og staten gått saman om ein felles innsats, *Fritidserklæringa*. Målet er at alle barn, uavhengig av den økonomiske og sosiale situasjonen til foreldra, skal kunne delta regelmessig i ein organisert fritidsaktivitet.

Årsakene til fattigdom er mange. Strategien inneheld derfor både universelle ordningar og målretta tiltak retta inn mot særskilde grupper. Innrettinga på strategien er brei og heilskapleg, og tiltaka retter seg inn mot å verne om familien og lage ei trygg ramme for barn og unge.

Eingongsstønaden ved fødsel og adopsjon er auka med over 10 000 kroner frå 2014 til 2016, og departementet føreslår at han blir sett til 46 920 kroner frå 1. januar 2017. Mottakarane av eingongsstønad er inga einsarta gruppe. Eit viktig fellestrekk er likevel at dei har låg eller inga inntekt. Det er også slik at menn som får barn med

mottakarar av eingongsstønad, i snitt har lågare inntekt enn andre menn. Auken i eingongsstønaden er derfor eit godt tiltak for å minske skilnader i inntekt og hindre fattigdom.

Sjå også budsjettproposisjonen frå Arbeids- og sosialdepartementet om oppfølging av berekraftsmål nr. 1.

FNs berekraftsmål nr. 5: Oppnå likestilling og styrkje stillinga til jenter og kvinner

Sjølv om Noreg i det store og heile er eit likestilt samfunn, har vi likestillingsutfordringar som vald i nære relasjonar, seksuell trakassering, valdtekt, sterk sosial kontroll, kjønnslemlesting og tvangsekteskap. Framleis tek unge kjønnsstradisjonelle val når det gjeld utdanning og yrke. Færre kvinner enn menn har leiande stillingar i bedrifter og styre der reglane om kjønnsrepresentasjon ikkje gjeld. Færre kvinner enn menn startar som gründerar. Det er også likestillingsutfordringar på helseområdet og i politikken. Regjeringa har retta innsats mot desse områda. Hausten 2015 fremma regjeringa ei stortingsmelding om likestilling mellom kvinner og menn. Kvar enkelt sektor har eit eige ansvar for å fremme likestilling. Det sivile samfunnet har òg ei viktig rolle. Regjeringa vil arbeide saman med sivilsamfunnet, næringslivet, partane i arbeidslivet og andre aktørar for å auke likestillinga.

Delmål 5.1 har som målsetjing å gjere slutt på alle former for diskriminering av jenter og kvinner i heile verda. Regjeringa vil styrkje likestillinga og skape eit betre diskrimineringsvern. Hausten 2015 sende regjeringa eit forslag om ei ny felles likestillings- og diskrimineringslov på brei høyring. Målet med ei felles lov er eit meir brukarvennleg, oversiktleig og samanhengande vern mot diskriminering. For meir informasjon, sjå hovudmål 4, delmål 4.1 i proposisjonen.

Delmål 5.2 og 16.2 handlar om å avskaffe alle former for vald mot jenter og barn. Noreg har utfordringar knytte til vald i nære relasjonar og til vald og seksuelle overgrep mot barn. Regjeringa prioriterer arbeidet med å førebyggje og avdekkje vald og seksuelle overgrep, mellom anna gjennom

oppfølging av ei rekkje handlingsplanar på feltet. Det gjeld *Et liv uten vold – Handlingsplan mot vold i nære relasjoner* (2014–2017), ein tiltaksplan for å førebyggje og motverke vold og seksuelle overgrep mot barn og ungdom *En god barndom varer livet ut* (2014–2017) og *Handlingsplan mot tvangsekteskap, kjønnslemlestelse og alvorlige begrensninger av unges frihet* (2013–2016). BLD, Justis- og beredskapsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet samarbeider tett i dette arbeidet. Regjeringa følgjer opp vedtak i Stortinget om å leggje fram ein opptrappingsplan som skal medverke til å redusere forekomsten av vald i nære relasjonar og styrkje varetakinga av barn som er utsette for vald og overgrep. Opptrappingsplanen blir lagt fram hausten 2016. BLD koordinerer arbeidet. Sjå nærare omtale under 1.2 i del I. Noreg deltek aktivt i internasjonale fora mot vald i nære relasjonar og vald og seksuelle overgrep mot barn, både i regi av FN og i regi av Europarådet. Sjå også budsjettproposisjonen til Justis- og beredskapsdepartementet.

Delmål 5.3 om å «avskaffe all skadeleg praksis, til dømes barneekteskap, tidlege ekteskap, tvangsekteskap og kvinnelig omskjering» blir mellom anna følgt opp gjennom reguleringa i ekteskapslova. Justis- og beredskapsdepartementet har ansvar for tvangsekteskap og kvinneleg omskjering.

Etter norsk lov er minstealderen for ekteskap 18 år. For personar under 18 år må foreldre og Fylkesmannen gi løyve til å inngå ekteskap, men Fylkesmannen kan ikkje gi løyve dersom personen er under 16 år. Det er få slike saker. For ekteskap som er inngått i utlandet, gjeld særskilde reglar, sjå rundskriv Q-20/2016. Sjå også budsjettproposisjonen til Justis- og beredskapsdepartementet.

Noreg har ei god og fleksibel foreldrepengeordning som er med på å «fremme delt ansvar i hushaldet og familien», jf. delmål 5.4. Fellesperioden i ordninga blei auka frå 1. juli 2014, noko som har gitt familiane større valfridom og fleksibilitet til sjølve å fordele ein større del av stønadsperioden for foreldrepengear slik dei ønskjer. Samtidig blei kvotane for både mor og far sette til 10 veker. Kvotane til mor og far fremmar delt ansvar i hushaldet og familien. For meir informasjon, sjå Meld. St. 24 (2015–2016) *Familien – ansvar, frihet og valgmuligheter*.

Delmål 5.5 handlar om å «sikre kvinner fullstendig og reell deltaking og like moglegheiter til leiande stillingar på alle nivå i avgjerdsprosessane i det politiske, økonomiske og offentlege liv».

Meld. St. 7 (2015–2016) *Likestilling i praksis* handlar om tiltak som skal sikre like moglegheiter for kvinner og menn.

Delmål 5c handlar om å «vedta og styrkje god politikk og gjennomførbar lovgiving for å fremme likestilling og styrkje jenter og kvinner si stilling på alle nivå». Noreg har kome langt når det gjeld likestilling. Kvinner og menn har dei same formelle rettane og pliktene. Gode omsorgs- og velferdsordningar støttar opp under dei formelle rettane. Det høge talet på kvinner som tek høgare utdanning, og som er i lønna arbeid, har i løpet av dei siste 50 åra bidrege til store endringar i samfunnet. Sjå Meld. St. 7 (2015–2016) *Likestilling i praksis*.

FNs berekraftsmål nr. 10: Redusere ulikskapar i og mellom land

Delmål 10.2 krev at ein: «innan 2030 sørgjer for å myndiggjere og fremme sosial, økonomisk og politisk inkludering av alle, utan omsyn til alder, kjønn, funksjonsevne, rase, etnisitet, nasjonalt opphav, religion eller økonomisk eller annan status». Organisasjonane som fremmar likestilling, funksjonshemma sine organisasjonar, LHBTI-organisasjonar, innvandrorganisasjonar, religiøse organisasjonar og barne- og ungdomsorganisasjonane er viktige arenaer for utvikling og demokratiopplæring. Organisasjonane fremmar medlemmene sine synspunkt og tru. Departementa har kontakt med organisasjonane i utforminga og gjennomføringa av politikken. Betydninga deira er også reflektert i den offentlege stønads- og tilskotspolitikken. For meir informasjon, sjå budsjettproposisjonen programkategori 11.10 og 11.40. Sjå også budsjettproposisjonane til Justis- og beredskapsdepartementet og Kulturdepartementet.

FNs berekraftsmål nr. 16: Fremme fredelige og inkluderande samfunn med sikte på berekraftig utvikling, sørgje for tilgang til rettsvesen for alle og bygge godt fungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå

Delmål 16.1 handlar om å «oppnå ein monaleg reduksjon i alle former for vald og valdsrelaterte dødsfall», og delmål 16.2 handlar om å «stans overgrep, utnytting og menneskehandel og alle former for vald mot og tortur av barn». Delmål 8.7 handlar om å få slutt på menneskehandel. BLD koordinerer arbeidet med opptrappingsplanen mot vald og seksuelle overgrep. Planen har særleg vekt på barn. Opptrappingsplanen blir lagd



fram hausten 2016. Sjå også budsjettproposisjonen til Justis- og beredskapsdepartementet, som har eit hovudansvar for delmåla som er omtalte ovanfor.

Barnevernet i Noreg har som hovudoppgåve å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid, og å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår. Det følgjer av barnevernlova, som gjeld for alle som oppheld seg i riket. Tenester og tiltak etter lova skal vere forsvarlege. Den norske barnevernlova byggjer på FN's barnekonvensjon, og loven er gitt forrang gjennom den norske lova om menneskerettar.

Omsynet til det som er det beste for barnet, er eit grunnleggjande prinsipp og er nedfelt både i barnevernlova og i Grunnlova. Barn har best av å vekse opp med sine primære omsorgspersonar, men dersom barnet er utsett for omsorgssvikt, vald eller seksuelle overgrep, kan det vere nødvendig å plassere det utanfor heimen. Ei slik avgjerd blir gjort av ei fylkesnemnd for barnevern og sosiale saker, eit uavhengig domstolliknande organ som er leidd av ein dommar. Avgjerda kan påklagast til Tingretten.

Å hindre menneskehandel er eit prioritert område for regjeringa. Barn er særleg sårbare og har derfor eit særskilt behov for vern, bistand og tilrettelagd oppfølging. Utnytting av barn til menneskehandel krenkjer menneskerettane på det grovaste og er ei alvorleg form for kriminali-

tet. Barnevernet har eit viktig ansvar for barn som kan vere utsette for menneskehandel i Noreg. Barnevernlova blei endra i 2012 for å gi betre vern og omsorg til barn som ein mistenkjer er utsette for menneskehandel. Med den nye føresegna kan barn som er utsette for menneskehandel, plasserast på barnevernsinstitusjon utan samtykke. Formålet er å ta vare på behovet for vern av barnet. Barnevernet, politiet, utlendingsstyresmaktene og andre hjelpetenester har ansvar for å sikre at mindreårige som er utsette for menneskehandel, blir tekne hand om på ein forsvarleg måte. Det er utarbeidd eit eige rundskriv om vern av barn som er utsette for menneskehandel. Rundskrivet er revidert med bakgrunn i den nye føresegna i barnevernlova. Barnevernlova gjeld for alle barn i Noreg, uavhengig av opphaldsstatus. Einslege mindreårige asylsøkjjarar er også omfatta av barnevernet.

#### *Personar med nedsett funksjonsevne, nemnde under fleire delmål*

Personar med nedsett funksjonsevne i Noreg skal på lik linje med alle andre ha høve til personleg utvikling, deltaking og livsutfalding. Norsk politikk følgjer prinsippa i FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne. Personar med nedsett funksjonsevne er ei prioritert gruppe i norsk utviklingssamarbeid.

## 11 Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemder

I tilknytning til budsjettproposisjonen for 2017 er det sett opp to standardtabellar med nøkkeltal for Likestillings- og diskrimineringsombodet og Forbrukarrådet:

Tabell 1. *Utgifter og inntekter etter art*: Formålet med tabellen er å vise brutto utgifter og inntekter for verksemda basert på kontantprinsippet og artsinndelt etter dei prinsippa som gjeld for dei bruttobudsjetterte verksemdene.

Tabell 2. *Inntekter etter inntektskjelde*: Dei fleste nettobudsjetterte verksemdene har fleire inntektskjelder, og formålet med tabell 2 er å gi ei oversikt over dei ulike kjeldene.

Tabell 3. *Verksemda sine kontantbeholdningar per 31. desember med spesifikasjon av dei formåla kontantbeholdningane skal nyttast til*: Formålet med tabellen er å vise dei totale overføringane til neste budsjettår og samansetjinga av overføringane.

### 11.1 Likestillings- og diskrimineringsombodet

Tabell 11.1 Utgifter og inntekter etter art

Beløp i NOK	Rekneskap			Budsjett
	2013	2014	2015	2016
<i>Utgiftsart</i>				
<i>Driftsutgifter</i>				
Lønnsutgifter	40 995 270	39 624 241	41 832 994	41 676 000
Varer og tenester	11 837 960	17 439 863	14 847 772	13 952 000
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>52 833 230</i>	<i>57 064 104</i>	<i>56 680 766</i>	<i>55 628 000</i>
<i>Investeringsutgifter</i>				
Investeringar, større utstyrsinnkjøp og vedlikehald	0	-316 938	0	0
<i>Sum utgifter til større utstyrsinnkjøp og vedlikehald</i>	<i>0</i>	<i>-316 938</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Overføringar frå verksemda</i>				
Utbetalningar til andre statlege rekneskapar	0	0	0	0
Utbetalningar til andre verksemder	0	0	0	0
<i>Sum overføringar frå verksemda</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

Tabell 11.1 Utgifter og inntekter etter art

Beløp i NOK	Rekneskap			Budsjett
	2013	2014	2015	2016
<i>Finansielle aktiviteter</i>				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>52 833 230</i>	<i>56 747 166</i>	<i>56 680 766</i>	<i>55 628 000</i>
<b>Inntektsart</b>				
<i>Driftsinntekter</i>				
Inntekter frå sal av varer og tenester	0	0	0	0
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	1 834 167	1 798 003	1 699 349	1 489 000
Andre driftsinntekter	0	0	0	0
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>1 834 167</i>	<i>1 798 003</i>	<i>1 699 349</i>	<i>1 489 000</i>
<i>Inntekter frå investeringar</i>				
Sal av varige driftsmiddel	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>				
<i>Overføringar til verksemda</i>				
Inntekter frå statlege løyvingar	54 140 000	54 035 000	53 981 000	52 856 000
Andre innbetalingar	2 704 742	1 111 341	445 546	158 000
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>56 844 742</i>	<i>55 146 340</i>	<i>54 426 546</i>	<i>53 014 000</i>
<i>Finansielle aktiviteter</i>				
Innbetaling frå sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalingar	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>58 678 909</i>	<i>56 944 343</i>	<i>56 125 895</i>	<i>54 503 000</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdninga</i>	<i>5 845 679</i>	<i>119 761</i>	<i>2 071 767</i>	<i>-1 125 000</i>

Tabell 11.2 Inntekter etter inntektskjelde

Inntektskjelde	Rekneskap			Budsjett
	2013	2014	2015	2016
Beløp i NOK				
<i>Løyvingar til finansiering av statsoppdraget</i>				
Løyvingar frå fagdepartementet	54 140 000	54 035 000	53 981 000	52 856 000
Løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
Løyvingar frå andre statlege forvaltingsorgan	0	0	0	0
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	0	0	0	0
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>54 140 000</i>	<i>54 035 000</i>	<i>53 981 000</i>	<i>52 856 000</i>
<i>Offentlege og private bidrag</i>				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	0	0
Bidrag frå private	0	0	0	0
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	0	0	0	0
<i>Sum bidrag</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Oppdragsinntekter m.m.</i>				
Oppdrag frå statlege verksemder	2 507 855	0	0	0
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	0	0	0	0
Andre inntekter og tidsavgrensingar	2 031 054	2 909 344	2 144 895	1 647 000
<i>Sum oppdragsinntekter m.m.</i>	<i>4 538 909</i>	<i>2 909 344</i>	<i>2 144 895</i>	<i>1 647 000</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>58 678 909</i>	<i>56 944 343</i>	<i>56 125 895</i>	<i>54 503 000</i>

Tabell 11.3 Kontantbeholdninga til verksemda per 31. desember med spesifikasjon av dei formåla kontantbeholdningane skal nyttast til

Balansedag 31. desember	2013	2014	2015	Endring
Beløp i NOK				2014–2015
<i>Kontantbeholdning</i>				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	16 531 820	16 412 059	14 340 292	2 071 767
Behaldning på andre bankkonti	0	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	0	0	0	0
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>16 531 820</i>	<i>16 412 059</i>	<i>14 340 292</i>	<i>2 071 767</i>
<i>Avsetjingar til dekking av oppståtte kostnader med forfall i neste budsjettår</i>				
Feriepengar m.m.	3 261 359	3 319 362	3 498 274	-178 912
Skattetrekk og offentlege avgifter	2 869 058	2 944 763	3 052 208	-107 445
Gjeld til leverandørar	-201 768	473 110	126 389	346 721
Gjeld til oppdragsgivarar	246 873	-625 126	-2 489 231	1 864 105
Anna gjeld med forfall i neste budsjettår	1 806 664	1 423 561	1 736 142	-312 581
<i>Sum til dekking av oppståtte kostnader med forfall i neste budsjettår</i>	<i>7 982 185</i>	<i>7 535 670</i>	<i>5 923 782</i>	<i>1 611 888</i>
<i>Avsetjingar til dekking av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekte i framtidige budsjettår</i>				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	0	0	0	0
Større fleirårige investeringsprosjekt som er sette i gang, og som er finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Konkrete, ikkje fullførte prosjekt som er sette i gang, og som er finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Andre avsetjingar til vedtekne formål som ikkje er sette i gang	0	0	0	0
Konkrete, ikkje fullførte prosjekt som er sette i gang, og som er finansierte av løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
<i>Sum avsetjingar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

Tabell 11.3 Kontantbeholdninga til verksemda per 31. desember med spesifikasjon av dei formåla  
kontantbeholdningane skal nyttast til

Balansedag 31. desember	2013	2014	2015	Endring
Beløp i NOK	2014–2015			
<i>Andre avsetjingar</i>				
Avsetjingar til andre formål/ ikkje spesifiserte formål	8 549 635	8 876 389	6 384 589	2 491 800
Fri verksemdskapital	0	0	0	0
<i>Sum andre avsetjingar</i>	<i>8 549 635</i>	<i>8 876 389</i>	<i>6 384 589</i>	<i>2 491 800</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>16 531 820</i>	<i>16 412 059</i>	<i>14 340 292</i>	<i>2 071 767</i>

## 11.2 Forbrukarrådet

Tabell 11.4 Utgifter og inntekter etter art

Beløp i NOK	Rekneskap			Budsjett
	2013	2014	2015	2016
Utgiftsart				
<i>Driftsutgifter</i>				
Lønnsutgifter	84 894 714	86 553 211	93 341 174	104 351 000
Varer og tenester	36 043 266	37 886 711	40 956 218	61 929 000
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>120 937 980</i>	<i>124 439 922</i>	<i>134 297 392</i>	<i>166 280 000</i>
<i>Investeringsutgifter</i>				
Investeringar, større utstyrsinnkjøp og vedlikehald	2 739 217	2 543 658	7 054 809	2 290 000
<i>Sum utgifter til større utstyrsinnkjøp og vedlikehald</i>	<i>2 739 217</i>	<i>2 543 658</i>	<i>7 054 809</i>	<i>2 290 000</i>
<i>Overføringar frå verksemda</i>				
Utbetalningar til andre statlege rekneskapar	0	0	0	0
Utbetalningar til andre verksemdar	200 000	200 000	200 000	200 000
<i>Sum overføringar frå verksemda</i>	<i>200 000</i>	<i>200 000</i>	<i>200 000</i>	<i>200 000</i>

Tabell 11.4 Utgifter og inntekter etter art

Beløp i NOK	Rekneskap			Budsjett
	2013	2014	2015	2016
<i>Finansielle aktiviteter</i>				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	1 637	25 099	11 949	10 000
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>1 637</i>	<i>25 099</i>	<i>11 949</i>	<i>10 000</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>123 878 834</i>	<i>127 208 679</i>	<i>141 564 149</i>	<i>168 699 000</i>
<b>Inntektsart</b>				
<i>Driftsinntekter</i>				
Inntekter frå sal av varer og tenester	5 594 453	1 497 171	-467 866	0
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	4 373 462	3 180 721	3 317 618	3 000 000
Andre driftsinntekter	137 292	1 138 996	10 266	0
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>10 105 206</i>	<i>5 816 888</i>	<i>2 860 018</i>	<i>3 000 000</i>
<i>Inntekter frå investeringar</i>				
Sal av varige driftsmiddel	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Overføringer til verksemda</i>				
Inntekter frå statlege løyvingar	119 273 274	125 720 363	144 374 194	160 853 000
Andre innbetalingar	2 353 050	1 562 470	2 595 581	3 222 000
<i>Sum overføringer til verksemda</i>	<i>121 626 324</i>	<i>127 282 833</i>	<i>146 969 775</i>	<i>164 075 000</i>
<i>Finansielle aktiviteter</i>				
Innbetaling frå sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalingar (til dømes innbetaling av rente)	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>131 731 530</i>	<i>133 099 721</i>	<i>149 829 793</i>	<i>167 075 000</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdninga</i>	<i>7 852 696</i>	<i>5 891 042</i>	<i>8 265 643</i>	<i>-1 624 000</i>

Tabell 11.5 Inntekter etter inntektskjelde

Inntektskjelde	Rekneskap			Budsjett
	2013	2014	2015	2016
Beløp i NOK				
<i>Løyvingar til finansiering av statsoppdraget</i>				
Løyvingar frå fagdepartementet	119 273 274	125 004 123	144 374 194	160 853 000
Løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
Løyvingar frå andre statlege forvaltingsorgan	516 240	716 240	0	0
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	0	0	0	0
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>119 789 514</i>	<i>125 720 363</i>	<i>144 374 194</i>	<i>160 853 000</i>
<i>Offentlege og private bidrag</i>				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	0	0
Bidrag frå private	0	0	0	0
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	1 699 946	1 963 761	1 851 008	1 977 000
<i>Sum bidrag</i>	<i>1 699 946</i>	<i>1 963 761</i>	<i>1 851 008</i>	<i>1 977 000</i>
<i>Oppdragsinntekter m.m.</i>				
Oppdrag frå statlege verksemder	0	0	0	
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	
Oppdrag frå private	0	0	0	
Refusjonar	4 373 462	3 180 721	3 317 618	3 000 000
Andre inntekter og tidsavgrensingar	5 868 609	2 234 876	286 974	1 245 000
<i>Sum oppdragsinntekter m.m.</i>	<i>10 242 071</i>	<i>5 415 597</i>	<i>3 604 592</i>	<i>4 245 000</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>131 731 530</i>	<i>133 099 721</i>	<i>149 829 793</i>	<i>167 075 000</i>



Tabell 11.6 Kontantbeholdninga til verksemda per 31. desember med spesifikasjon av dei formåla  
kontantbeholdningane skal nyttast til

Balansedag 31. desember	2013	2014	2015	Endring
Beløp i NOK	2014–2015			
<i>Kontantbeholdning</i>				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	25 304 192	31 195 234	39 460 878	8 265 643
Behaldning på andre bankkonti	0	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	0	0	0	0
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>25 304 192</i>	<i>31 195 234</i>	<i>39 460 878</i>	<i>8 265 643</i>
<i>Avsetjingar til dekking av oppståtte kostnader med forfall i neste budsjettår</i>				
Feriepengar m.m.	7 214 519	7 108 376	7 511 706	403 330
Skattetrekk og offentlege avgifter	5 973 348	6 214 221	6 770 517	556 296
Gjeld til leverandørar	3 509 608	2 033 539	5 512 971	3 479 431
Gjeld til oppdragsgivarar	778 423	1 499 761	770 312	-729 449
Anna gjeld med forfall i neste budsjettår	4 516 444	6 307 006	7 917 250	1 610 244
<i>Sum til dekking av oppståtte kostnader med forfall i neste budsjettår</i>	<i>21 992 342</i>	<i>23 162 905</i>	<i>28 482 757</i>	<i>5 319 852</i>
<i>Avsetjingar til dekking av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekte i framtidige budsjettår</i>				
Prosjekt finansierte av Noregs forskings- råd	0	0	0	0
Større, fleirårige investeringsprosjekt som er sette i gang, og som er finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Konkrete, ikkje fullførte prosjekt som er sette i gang, og som er finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Andre avsetjingar til vedtekne formål som ikkje er sette i gang	0	0	0	0
Konkrete, ikkje fullførte prosjekt som er sette i gang, og som er finansierte av løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
<i>Sum avsetjingar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

Tabell 11.6 Kontantbeholdninga til verksemda per 31. desember med spesifikasjon av dei formåla  
kontantbeholdningane skal nyttast til

Balansedag 31. desember	2013	2014	2015	Endring
Beløp i NOK	2014–2015			
<i>Andre avsetjingar</i>				
Avsetjingar til andre formål/ ikkje spesifiserte formål	-741 169	-1 784 088	-2 817 068	-1 032 980
Fri verksemdskapital	4 053 020	9 816 419	13 795 190	3 978 772
<i>Sum andre avsetjingar</i>	<i>3 311 851</i>	<i>8 032 331</i>	<i>10 978 122</i>	<i>2 945 791</i>
 <i>Langsiktig gjeld (netto)</i>				
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	-1	-1	-1	-1
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>-1</i>	<i>-1</i>	<i>-1</i>	<i>-1</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>25 304 192</i>	<i>31 195 234</i>	<i>39 460 878</i>	<i>8 265 643</i>

Barne- og likestillingsdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2016–2017) om statsbudsjettet for år 2017 blir dei forslag til vedtak førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

---

## Forslag

Under Barne- og likestillingsdepartementet blir i Prop. 1 S (2016–2017) statsbudsjettet for budsjettåret 2017 dei forslag til vedtak som følgjer førde opp:

### Kapitla 800–873, 2530, 3842, 3847, 3855, 3856, 3858

#### I

#### Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
800	Barne- og likestillingsdepartementet		
	01 Driftsutgifter	152 486 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	9 751 000	162 237 000
840	Tiltak mot vald og overgrep		
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	19 795 000	
	61 Tilskot til incest- og valdtektssenter, <i>overslagsløyving</i>	86 617 000	
	70 Tilskot til valdsførebyggjande tiltak mv., <i>kan nyttast under post 21 og kap. 858 post 01</i>	54 348 000	
	73 Tilskot til sentre for valdsutsette barn, <i>kan overførast</i>	20 420 000	181 180 000
841	Samliv og konfliktløyving		
	21 Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, <i>overslagsløyving</i>	13 946 000	
	22 Opplæring, forskning, utvikling mv.	6 069 000	
	23 Refusjon av utgifter til DNA-analysar, <i>overslagsløyving</i>	6 168 000	
	70 Tilskot til samlivstiltak, <i>kan nyttast under kap. 858 post 01</i>	6 941 000	33 124 000
842	Familievern		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	295 956 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	33 671 000	
	70 Tilskot til kyrkja si familievernteneste mv., <i>kan nyttast under post 01</i>	171 220 000	500 847 000
843	Adopsjonsstønad		
	70 Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, <i>overslagsløyving</i>	13 797 000	13 797 000
844	Kontantstøtte		
	70 Tilskot, <i>overslagsløyving</i>	1 539 000 000	1 539 000 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
845	Barnetrygd		
	70 Tilskot, <i>overslagsløyving</i>	15 180 000 000	15 180 000 000
846	Familie- og oppveksttiltak		
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 50 og post 71</i>	13 346 000	
	50 Noregs forskingsråd , <i>kan nyttast under post 21</i>	3 253 000	
	60 Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn, <i>kan overførast</i>	29 789 000	
	61 Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom, <i>kan nyttast under post 71</i>	178 412 000	
	62 Utvikling i kommunane	79 647 000	
	70 Barne- og ungdomsorganisasjonar	123 716 000	
	71 Utviklings- og opplysningsarbeid mv., <i>kan nyttast under post 21</i>	21 227 000	
	79 Tilskot til internasjonalt ungdomssamarbeid mv., <i>kan overførast</i>	8 656 000	458 046 000
847	EUs ungdomsprogram		
	01 Driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	8 212 000	8 212 000
848	Barneombodet		
	01 Driftsutgifter	15 595 000	15 595 000
853	Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker		
	01 Driftsutgifter	217 539 000	
	45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	7 639 000	225 178 000
854	Tiltak i barne- og ungdomsvernet		
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 71</i>	68 374 000	
	22 Barnesakkunnig kommisjon	7 870 000	
	50 Forsking og utvikling	18 688 000	
	60 Kommunalt barnevern	693 944 000	
	61 Utvikling i kommunane	10 339 000	
	65 Refusjon av kommunale utgifter til barneverntiltak knytte til einslege, mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar, <i>overslagsløyving</i>	470 000 000	
	71 Utvikling og opplysningsarbeid mv., <i>kan nyttast under post 21</i>	33 155 000	
	72 Tilskot til forskning og utvikling i barnevernet, <i>kan overførast</i>	72 804 000	1 375 174 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
855	Statleg forvaltning av barnevernet		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 22 og post 60</i>	4 414 113 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	23 162 000	
	22 Kjøp av private barnevernstenester, <i>kan nyttast under post 01</i>	2 036 363 000	
	60 Refusjon av kommunale utgifter til barneverntiltak, <i>kan nyttast under post 01</i>	209 723 000	6 683 361 000
856	Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar		
	01 Driftsutgifter	1 083 662 000	1 083 662 000
858	Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 855 post 01</i>	259 289 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	14 325 000	273 614 000
860	Forbrukarrådet		
	50 Basisløyving	132 146 000	
	51 Marknadsportalar	26 098 000	158 244 000
862	Positiv miljømerking		
	70 Driftstilskot til offentleg stifting for positiv miljømerking	7 558 000	7 558 000
865	Forbrukarpolitiske tiltak		
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i>	2 187 000	
	50 Forsking og undervisning, <i>kan nyttast under post 21</i>	9 252 000	
	70 Tilskot, <i>kan nyttast under post 21</i>	1 375 000	
	79 Rammeprogrammet til EU om forbrukarpolitikk, <i>kan overførast</i>	5 973 000	18 787 000
867	Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukartvistutvalet		
	01 Driftsutgifter	11 498 000	11 498 000
868	Forbrukarombodet		
	01 Driftsutgifter	27 115 000	27 115 000
870	Sekretariatet for Likestillings- og diskrimineringsnemnda		
	01 Driftsutgifter	6 431 000	6 431 000
871	Likestilling og ikkje-diskriminering		
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	9 634 000	
	70 Likestilling mellom kjønn, <i>kan nyttast under post 21</i>	17 996 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	72	Lesbiske, homofile, bifile, transpersonar og interkjønn	11 274 000	
	73	Likestillingsentre	6 232 000	
	79	Internasjonalt likestillings- og ikkje-diskrimineringsarbeid, <i>kan overførast</i>	3 546 000	48 682 000
872		Nedsett funksjonsevne		
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 71</i>	14 465 000	
	70	Funksjonshemma sine organisasjonar	197 834 000	
	71	Universell utforming og auka tilgjenge, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	27 534 000	
	72	Funksjonshemma sine levekår og livskvalitet	6 478 000	246 311 000
873		Likestillings- og diskrimineringsombodet		
	50	Basisløyving	54 065 000	54 065 000
2530		Foreldrepengar		
	70	Foreldrepengar ved fødsel, <i>overslagsløyving</i>	19 810 000 000	
	71	Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, <i>overslagsløyving</i>	470 000 000	
	72	Feriepengar av foreldrepengar, <i>overslagsløyving</i>	495 000 000	
	73	Foreldrepengar ved adopsjon, <i>overslagsløyving</i>	54 000 000	20 829 000 000
		Sum Utgifter		49 140 718 000
		Sum departementets utgifter		49 140 718 000

Inntekter:

Kap.	Post		Kroner	Kroner
3842	Familievern			
	01	Diverse inntekter	696 000	696 000
3847	EUs ungdomsprogram			
	01	Tilskot frå Europakommisjonen	2 364 000	2 364 000
3855	Statleg forvaltning av barnevernet			
	01	Diverse inntekter	15 160 000	
	02	Barnetrygd	3 959 000	
	60	Kommunale eigendelar	1 434 736 000	1 453 855 000
3856	Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar			
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	930 193 000	930 193 000
3858	Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet			
	01	Diverse inntekter	458 000	458 000
Sum Inntekter				2 387 566 000
Sum departementets inntekter				2 387 566 000

*Fullmakter til å overskride gitte løyvingar:*

II

Stortinget samtykkjer i at Barne- og likestillingsdepartementet i 2017 kan:

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinnekt under
kap. 842 post 01	kap. 3842 post 01
kap. 847 post 01	kap. 3847 post 01
kap. 855 post 01	kap. 3855 postane 01, 02 og 60
kap. 856 post 01	kap. 3856 post 01
kap. 858 post 01	kap. 3858 post 01
kap. 868 post 01	kap. 3868 post 01

Meirinnekt som gir grunnlag for overskriding skal òg dekkje meirverdiavgift knytt til overskridinga, og gjeld derfor òg kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltingsorgana som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift.

Merinntekter og eventuelle mindreinntekter er teke med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.



*Andre fullmakter:*

III

Satsar for barnetrygd

Stortinget samtykkjer i at Arbeids- og velferdsdirektoratet for 2017 i medhald av lov 8. mars 2002 nr. 4 om barnetrygd § 10 kan betale ut barnetrygd med 11 640 kroner per barn per år.

Einslege forsørgjarar som fyller vilkåra for rett til utvida stønad etter barnetrygdlova og full over-

gangsstønad etter folketrygdlova, og som har barn i alderen 0–3 år, har rett til et småbarnstillegg på 7 920 kroner per år. Dette tillegget gjelder per einsleg forsørgjar, uavhengig av kor mange barn i alderen 0–3 år vedkomande faktisk forsørgjer.

IV

Satsar for kontantstøtte

Stortinget samtykkjer i at Arbeids- og velferdsdirektoratet for 2017 i medhald av lov 26. juni 1998 nr. 41 om kontantstøtte til småbarnsforeldre § 7 kan betale ut kontantstøtte med desse beløpa:

Avtalt opphaldstid i barnehage per veke	Kontantstøtte i prosent av full sats	Kontantstøtte per barn i alderen 13–23 månader
Ikkje bruk av barnehageplass	100	6 000
Til og med 19 timer	50	3 000
20 timer eller meir	0	0

V

Sats for eingongsstønad ved fødsel og adopsjon

Stortinget samtykkjer i at Arbeids- og velferdsdirektoratet for 2017 i medhald av lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd § 14-17 kan betale ut:

Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon	46 920 kroner per barn
---------------------------------------	------------------------

Tinging av publikasjonar

Offentlege institusjonar:

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

Internett: [www.publikasjoner.dep.no](http://www.publikasjoner.dep.no)

E-post: [publikasjonsbestilling@dss.dep.no](mailto:publikasjonsbestilling@dss.dep.no)

Telefon: 22 24 00 00

Privat sektor:

Internett: [www.fagbokforlaget.no/offpub](http://www.fagbokforlaget.no/offpub)

E-post: [offpub@fagbokforlaget.no](mailto:offpub@fagbokforlaget.no)

Telefon: 55 38 66 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

[www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)

Trykk: 07 Xpress AS – 10/2016

